

# **Årsrapport 2015**

**Fylkesmannen i Møre og Romsdal**

## **Innhold**

<b>I - Fylkesmannens beretning</b>	Side 3
<b>II - Introduksjon til embetets hovedtall</b>	Side 5
<b>III - Årets aktiviteter og resultater</b>	Side 7
<b>IV - Styling og kontroll i embetet</b>	Side 18
<b>V - Vurdering av framtidssikter</b>	Side 20

## I - Fylkesmannens beretning

Året 2015 skriv seg inn i historia som eit særst travelt år hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Oppgåva med **kommunereforma** tek mykje tid, og involverer langt fleire i embetet enn berre prosessrettleiar. Runden med kommunebesøk og utarbeiding av kommunebilete for kvar av dei 36 kommunane har også teke mykje tid. Likevel må vi seie at "timinga" var god. Vi har fått møtt formannskap og øvste administrative leining i alle 36 kommunane, og gjennom perioden fra hausten 2013 har vi også hatt med oss prosessen med kommunereforma i god dialog med kommunane.

I løpet av hausten var **asyl- og flyktningsituasjonen** svært krevjande. Kanskje ikkje mest for Fylkesmannen i Møre og Romsdal samanlikna med andre embeter i landet som fikk grenseproblematikken i tillegg, men våre kommunar har verkeleg tatt oppmodinga frå UDI og IMDI med å opprette asylmottak og auke bosettinga av flykningar. Hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal såg vi fort behovet for å opprette ei stilling som **flyktningskoordinator**, som kan ta over oppgåvene fra Bereskapsavdelinga når situasjonen går over i nye fasar. Busetting og integrering vert viktige suksesskriteriar, og her har fylkesmannen ei viktig samordningsrolle. Vi skal vere godt budd på denne med den omprioriteringar av ressursar vi har gjort internt. Flyktningskoordinator er plassert i fagstaben hos embetsleiinga, nettopp fordi at dette er opppgåver på tvers av fleire avdelingar. Samordning i høve til kommunedialogen!

Frå 1. april 2015 vart Fylkesmannen i Møre og Romsdal med i prosjektet med **samordning av statlege motsegner**. Dette er eit godt prosjekt, og gjer planarbeidet for kommunane enklare. Det gir nok litt ekstra utfordringar internt mellom statsetatane pga knappe fristar, men dette trur vi at vil gå seg til.

Vi har også i 2015 vidareført satsinga "**Betre oppvekst**" med auka fokus på barn og unge sin oppvekstvilkår. Vi ser at også kommunane vert mer bevisst på å ta med hensyn til barn og unge i sine vurderingar. Dei fleste av våre motsegner til kommunale planar handlar om at det ikkje er teke tilstrekkeleg nok omsyn til barn og unge på dei ulike områda. Det kan vere mangel på leikeareal. Det kan vere støy osv. I 2015 har vi også gjennomført ei stor kartlegging blant alle kommunane i Møre og Romsdal for å sjå korleis dei samhandlar til det beste for barn og unge. Materialet er ikkje ferdig analysert, men vi ser at kommunane har mykje å hente på auka samhandling mellom dei ulike fagområda som alle jobber til barna sitt beste.

**Avdelingane leverer godt i høve til oppdraga** dei har fått frå departement og direktorat. Nokre avdelingar har hatt større utfordringar enn andre pga lengre sykefråver, men her har avdelingsleiinga prioritert om på oppgåvene, og greier å levere ganske bra til tross for redusert bemanning. Vi arrangerer årleg 4 leiarsamlingar, samt ein medarbeiderdag for å ha fokus på oppdrag og utvikling. Jammlege direktørmøtar er også ein føresetnad for heilskapleg leing. Allmøter vert halde ein gong i kvartalet.

I løpet av hausten 2015 vart det tilsett ny Landbruksdirektør; Frank Madsøy. Han kom frå jobben som ass. regional- og næringsssjef i Fylkeskommunen, og har også tidlegare arbeidd hos Fylkesmannen. Våren 2016 vil det bli tilsett ny fylkeslege, då noverande fylkeslege; Christian Bjelke går av med pensjon til somaren. Vi planlegg ei størresatsing på leiarutvikling når desse to nye direktørane er på plass.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har **godt samarbeid med andre embeter**. Spesielt vil vi peike på samarbeidet gjennom dei årlege 5-fylkesmannsmøtane. Likedan beredskapssamlingane "totalforsvarsmøtar" kor både politi, fylkesmenn, forsvar m.fler samlast årleg for læring og erfaringsutveksling. Vi har også eit godt samarbeid med Fylkesmennene i Trøndelag når det gjeld feks tilsyn i spesialisthelsetenesten.

Samordning er viktig å få til på alle nivå. Her har fylkesmannen ei særst viktig rolle.

Samordning internt mellom dei ulike fagavdelingane, samordning med andre statlege verksemdar, med fylkeskommunen med frivillige organisasjonar og andre embeter.

Vi ser at vi kan gjere enda meir for å få til ein betre samordna, regional stat. Dette vil ha ekstra fokus i året som kjem.

Samla sett er Fylkesmannen godt nøgd med sine medarbeiarar og oppnådd resultat for 2015, samtidig som vi held oss innanfor tildelte budsjetttrammar.

Molde, 29.02.2016

Lodve Solholm (sign.)

## II - Introduksjon til embetets hovedtall

### Kap 525/Økonomi

	Samlet bevilgning	Budsjettavvik (kr)	Budsjettavvik (%)	Driftsutgifter	Lønnsandel av driftsutgifter	Husleie	Husleie(% av driftsutgifter)
FMMR	81456000	1708876	2	79934188	80,4	7999766	10

### Regnskapstall sortert på poster

	052501	052521	Post 01 (untatt 052501)	Post 20-29 (untatt 052521)	Post 30-39	Post 40-49	Post 60-69	Post 70-79	Post 80-89
FMMR	81303634	4678976	16996141	60925996	2933642	0	88875710	7835930	3181800

### Administrativ kostnadsdekning

	Totalt	% av lønn (andre kap enn 525.01)
FMMR	4199594	0

### Sykefravær

	Totalt(%)	Kvinner(%)	Menn(%)	Egenmeldt(%)	Legemeldt(%)
FMMR	5,72	5,05	0,67	1,22	4,5

### Ansatte

	Antall årsverk totalt	Antall kvinner	Antall menn	Antall årsverk midlertidige ansatte
FMMR	139	102	45	7

### Aldersfordeling

	Gjennomsnitt	Under 20	20-29	30-39	40-49	50-59	Over 60
FMMR	47	1	10	33	38	35	31

### Lønn per 31.12

	Lønnsutgifter per årsverk(alle kapitler)	Gjennomsnitt per årsverk Kvinner	Gjennomsnitt per Årsverk Menn
FMMR	538167	521014	580658

### Stillingskoder

	Stillingskode	Stillingsbetegnelse	Gjennomsnittslønn per stillingskode	Gjennomsnittslønn per stillingskode Kvinner	Gjennomsnittslønn per stillingskode Menn
FMMR	1072	Arkvileder	0	0	0
FMMR	1059	Underdirektør	0	0	0
FMMR	1211	Seksjonssjef	610104	591400	629400
FMMR	1060	Avdelingsdirektør	0	0	0
FMMR	1061	Assisterende direktør	631660	635050	629400
FMMR	1062	Direktør	757900	757900	757900
FMMR	1538	Fagdirektør	0	0	0
FMMR	1063	Førstesekretær	354350	354350	0
FMMR	1065	Konsulent	414560	414560	0
FMMR	1408	Førstekonsulent	411612	406828	427150
FMMR	1363	Seniorkonsulent	0	0	0
FMMR	1068	Fullmektig	171850	171850	0
FMMR	1069	Førstefullmektig	0	0	0
FMMR	1070	Sekretær	0	0	0
FMMR	1409	Sekretær	343413	343413	0
FMMR	1433	Seniorsekretær	0	0	0
FMMR	1071	Kontorleder	0	0	0
FMMR	1411	Avdelingsingeniør	0	0	0
FMMR	1084	Avdelingsingeniør	0	0	0
FMMR	1275	Ingeniør	0	0	0
FMMR	1085	Avdelingsingeniør	0	0	0
FMMR	1083	Ingeniør	0	0	0
FMMR	1087	Overingeniør	440052	429787	476722

**Årsrapport 2015 Fylkesmannen i Møre og Romsdal - Innhold:**

FMMR	1007	Overingeniør	449052	426767	470733
FMMR	1181	Senioringeniør	488052	467720	570800
FMMR	1088	Sjefingeniør	0	0	0
FMMR	1434	Rådgiver	468240	457272	499967
FMMR	1364	Seniorrådgiver	537504	534479	550287
FMMR	1113	Prosjektleder	110840	110840	110840
FMMR	1117	Fagarbeider	0	0	0
FMMR	1203	Fagarbeider m/fagbrev	320900	320900	0
FMMR	1362	Lærling	158550	158550	0
FMMR	0129	Assisterende fylkesmann	1040800	1040800	0
FMMR	0431	Fagkonsulent	0	0	0
FMMR	0382	Fylkesagronom	0	0	0
FMMR	0434	Fylkesskogmester	519800	0	519800
FMMR	0822	Fylkessykepleier	0	0	0
FMMR	1261	Fylkesjordsjef	0	0	0
FMMR	0435	Fylkesskogsjef	0	0	0
FMMR	0774	Ass. fylkeslege	870000	0	870000
FMMR	0779	Fylkeslege	1084700	0	1084700
FMMR	1057	Informasjonssjef	0	0	0
FMMR	1184	Kokk	0	0	0
FMMR	1127	Husholdsleder	0	0	0
FMMR	1129	Renholdsbetjent	0	0	0
FMMR	1130	Renholder	0	0	0
FMMR	1132	Renholdsleder	0	0	0

**Turnover**

	Turnover(%)
FMMR	8,18

**Andel administrasjon av totalt antall årsverk**

	Økonomi(%)	Lønn(%)	Innkjøp(%)	IKT(%)	Personal(%)	Arkiv(%)	Resepsjon(%)	Sentralbord(%)
FMMR	0,85	0,78	0,07	1,58	1,43	6,6	0,72	0

**Medarbeiderundersøkelsen(hvert annet år), score på følgende spørsmål**

	I vårt embete stimuleres det til læring og samarbeid på tvers av avdelingene	I vårt embete utvikler vi oss faglig ved gjensidig kontakt med andre embeter
FMMR	0	0

## III - Årets aktiviteter og resultater

### Fylkesmannens aktiviteter og resultater for 2015

#### Kommunereforma

Kommunane i Møre og Romsdal kom godt i gang med arbeidet med kommunereformprosessen allerede hausten 2014. I løpet av 2015 har alle 36 kommunane brukt mykje tid og lagt ned mykje arbeid, og det ser ut til at alle kommunane vil følgje bestillinga frå Stortinget og gjere vedtak innan 01. juli 2016. Dette vedtaket er ei tilråding til Fylkesmannen på kva dei meiner er beste løysinga på kommunestrukturen for fortsatt å kunne gje gode velferdstenester til innbyggjarane sine.

#### Kommuneøkonomi

Kommunane i Møre og Romsdal får stadig høgare netto lånegjeld. I løpet av 2014 auka netto lånegjeld med 5,7 % til 96,8 % av brutto driftsinntekter. Det er omlag 15 prosentpoeng høgare enn kommunane ellers i Noregutanom Oslo.

Vi har hatt mange møtar med kommunane i løpet av 2015 der kommuneøkonomi er tema. Det er møter der kommunane treng råd og rettleiing, samt ønskjer å diskutere sin eigen situasjon. Andre møter var til dømes knytt til skjønnsfordelinga, inntektssystemet, kommunale garantier, kommunereforma, Robek og den økonomiske utviklinga til kommunane mm.

Talet på Robek kommunar gjekk ned frå 8 til 7 i 2015 - Rauma og Kristiansund nyinnmeldt. Volda, Ørsta og Gjernes utmeldt. Det var til dømes 8 kommunar som fikk underskot i 2014. Oppfølging av Robek-kommunar har difor vore ei av to hovudprioriteringar innanfor kommuneøkonomien i 2015. Vi har fått signal om at ein kommune vil bli utmeldt i 2016.

#### Om flyktningar og asylsøklar

I 2015 kom det 31.000 asylsøklarar til Noreg. Av desse er 40 % under 18 år. I Møre og Romsdal er det ved årsskiftet 3 kommunar som har mottak for einslege mindreårige asylsøklarar. Det er Sunndal, Hareid og Ulstein. I tillegg kjem nye mottak Halså og Herøy.

Det erordinære mottak i Sunndal, Ulsteinvik, Tingvoll, Vestnes, Volda og i Ålesund. I tillegg har vi tre akuttmottak; to i Kristiansund og eit i Herøy. Fylkesmannen har gitt stor honnør til kommunane som har handtert ein stor auke i asylsøklarar på svært kort tid.

I 2015 busette kommunane i Noreg tilsaman 11.000 flykningar. I 2016 er kommunane bedne om å busette 18.000 flykningar. Dei skal integrerast i samfunnet vårt med skule, arbeid, fritidsaktivitetar og venskap. Fylkesmannen har fått ei sentral samordningsrolle i høve til arbeidet med asylsøklarar og flykningar. Allereie på politikeropplæringa inviterte Fylkesmannen i Møre og Romsdal inn både Husbanken og IMDI for å ha tett kontakt med kommunane og gje oppdatert informasjon. Fylkesmannen har på tampen av 2015 vedtatt omprioriteringar i budsjettet for 2016, slik at vi får tilsett ein eigen flykningekoordinator i embetet til å handtere samordningsrolla på ein enda betre måte.

#### Besøksrunde til alle kommunane i Møre og Romsdal

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har i perioden 2013-2015 gjennomført ein besøksrunde til alle 36 kommunane i fylket. Dette for å kunne gjere jobben som bindeledd mellom kommunane og sentrale styresmakter enda betre. På våre kommunebesøk har det vore sett av ein heil dag, og vi har møtt formannskapet, øvste administrative leiding i kommunen, samt representantar frå Ungdomsråda. Vår Fylkesmann har vore spesielt oppteken av å trekkje fram ungdomane og gje dei taletid. Alle ordførarar fekk overrekket plakaten frå Barnekonvensjonen med oppmoding om å hengje den på ein synleg plass i rådhuset.

#### Barn og unge

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har for perioden 2013 – 2016 sett barn og unge på dagsorden gjennom ei særskild satsing på tvers av fagavdelingane. Denne satsinga, kalla *Betre oppvekst*, rettar søkelys på barn og unge

sine oppvekstvilkår i Møre og Romsdal, og har klare koplinger til FN sin barnekonvensjon. Med barn og unge meiner vi alle mellom 0 og 20 år.

Hovudmål for satsinga er at barn og unge sine oppvekstvilkår skal bli vurdert i alle avgjerdsler og i all aktivitet hos Fylkesmannen. «Betre oppvekst» er eit samordningstiltak for heile embetet. Satsinga skal føre til at ulike instansar, både offentlege, private og frivillige arbeider heilskapleg og målretta mot denne gruppa.

Det er utarbeidd fire strategimål for satsinga. Dette på bakgrunn av FN sin barnekonvensjon, Fylkesmannen i Møre og Romsdal sin strategiplan, embetsoppdraget og nasjonale føringar frå fleire departement.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal skal arbeide for å

- sikre medverknad frå barn og unge
- betre det fysiske oppvekstmiljøet for barn og unge
- betre det psykososiale oppvekst-miljøet for barn og unge
- redusere dei negative konsekvensane av sosiale skilnader

Fylkesmannen har i 2015 gjennom ført fleire fagsamlinger der barn og unge har vore tema, mellom anna, "trivsel og tryggleik" i samarbeid med frivillig sektor og fylkeskommunen, om unge sin overgang til voksne i samarbeid med nasjonal kompetansesenter for psykisk helse og Kompetansesenter for rusfeltet, "å snakke med barn om vanskelige ting" i samarbeid med RVTs, og Barnehagekonferansen 2015.

Ved tildeling av prosjektskjønn har prosjekt som kan betre det psykososiale oppvekstmiljøet for barn og unge vore eit av tildelingskriteria i 2015.

Som eit ledd i satsinga *Betre oppvekst* har Fylkesmannen i samarbeid med fylkeskommunen i 2015 invitert alle kommunane i Møre og Romsdal til deltaking i ei brei kartlegging av kommunane sitt tenestetilbod til barn og unge. Kartlegginga er etter modell frå Fylkesmannen i Troms si satsing *Sjumilssteget*. Gjennom denne kartlegginga ser vi at det framleis er store skilnader på kor flinke kommunane er til å følgje opp barn og unge. Omlag 2/3 seier at dei har mål for bruk av råd og fagpersonar som fremjer barn og unge sine interesser. Skulane har i stor grad handlingsplanar mot mobbing. Det er bra! Likevel opplever barn og unge mobbing og krenkande åtfærd. Her syner kartlegginga at det er lite informasjon om kor barna skal henvende seg om dei opplever slikt.

### **Planlegging, byutvikling og geodata**

Fylkesmannen har hatt fokus på dei områda som er vektlagt i embetsoppdraget. Vi har lagt stor vekt på rettleiing og tidleg medverknad i planarbeidet, og aktiv formidling av dei nasjonale forventningane. Nasjonal politikk blir formidla gjennom rettleiing på ulike måtar, m.a. gjennom møte, forehandsfråsegner og høyringsfråsegner. Fylkesmannen har eit tett samarbeid med fylkeskommunen i plansaker. Dette omfattar både samarbeid i enkeltsaker, så vel som kontakt og rettleiing gjennom dei regionale plannettverka og i regionalt planforum.

Fylkesmannen er også ein viktig høyrings- og samarbeidspart i samband med regionale plansaker. I 2015 har Fylkesmannen deltatt i prosessen rundt ny *Regional delplan for attraktive byar og tettstader*. Planen vart vedtatt i fylkestinget 15.06.2015. Føremålet med planen er å avklare den overordna senterstrukturen i fylket og gi retningslinjer for lokalisering av handel, tenester og andre utbyggingsføremål i kommunane. Planen skal legge til rette for utvikling av funksjonelle arbeids-, bu- og serviceregionar, fremme ei meir berekraftig by- og tettstadsutvikling og styrke samordna bustad-, areal- og transportplanlegging i og mellom kommunane. Planen skal vidare legge til rette for ein robust region- og senterstruktur uavhengig av framtidig kommunestruktur. Fylkesmannen har i 2015 også deltatt i arbeidet med, og levert innspel til, andre regionale delplanar (RDP). Dette omfattar m.a. *RDP for folkehelse*, *RDP for klima og energi* og *RDP for kulturminne*.

Ei generell utfordring for fleire av kommunane i fylket har vore mangel på oppdaterte kommuneplanar. Mange kommunar slit elles både med både kapasitet og kompetanse på planområdet. Fylkesmannen har saman med fylkeskommunen eit viktig ansvar for rettleiing og kunnskapsformidling retta mot kommunane på planområdet. Fylkesmannen i samarbeid med fylkeskommunen fekk i 2015 på bakgrunn av søknad frå KMD tildelt kr. 140.000 til kompetanseutvikling og opplæringstiltak retta mot ulike typar opplæringstiltak i kommunane.

Fylkesmannen har i 2015 behandla til saman 1066 plan- og dispensasjonssaker (ekspedisjonar) etter plan- og bygningslova. Dette fordeler seg på 428 plansaker og 638 dispensasjonssaker. Klagesaksbehandling i plan- og byggesaker lagt til justis- og beredskapsavdelinga er ikkje medrekna her.

Fleire av plansakene er både komplekse og konfliktfylte, og krev tett oppfølging i form av møte og synfaringar. Lovverket stiller her store krav til Fylkesmannen både som sektormyndigheit og som samordnar. Meir konkret ser vi m.a. her at Fylkesmannen i 2015 har lagt inn meir ressursar i tidleg kontakt i planprosessar, med

oppfølgjande arbeidsmøte og synfaringar for å redusere talet på konflikhtar i plansaker. Fylkesmannen har i 2015 fremma motsegn til 66 planar; av dette 55 reguleringsplanar og 11 kommune(del)planar. Talet på motsegner ligg om lag på nivå med tala frå dei siste føregåande åra. I høve til det samla talet på plansaker er det likevel relativt få motsegner.

Samla sett er dei fleste av motsegnene av «teknisk» eller planfagleg karakter. Dette relaterer seg gjerne til konkrete manglar knytt til analysar og utgreiingar. I praksis vil slike motsegner lett kunne løysast gjennom tilleggsutgreiingar eller mindre justeringar i plandokumentet eller i plankartet. På kommuneplannivå har strandsoneforvaltning som motsegnstema vore ein gjengangar. Meir konkret har dette m.a. vore knytt til spørsmål om nauststorleik i planføresegnene.

Fylkesmannen har i 2015 ikkje hatt oversendingssaker til departementet.

**Forsøksordninga med samordning av statlege motsegner** i kommunale plansaker starta 01.09 2013. Målet er å medverke til ei effektivisering av kommunane sitt planarbeid og at dialogen med statlege sektormyndigheiter skal bli enklare. Rettleiing om nasjonal politikk/mulig grunnlag for motsegn skal formidlast så tidleg som råd i planprosessen. Dette vil kunne redusere talet på motsegner.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal er med blant 6 nye fylke som frå 01.04.2015 har deltatt i andre fase av dette forsøket. Den praktiske gjennomføringa av forsøksordninga er lagt opp litt ulikt frå fylke til fylke. Hos FMMR er det tatt utgangspunkt i eksisterande modell for plansaksbehandling. Erfaringane så langt er jamt over positive vurdert både frå kommunane, involverte statsetatar og Fylkesmannen si side. Største utfordringane så langt er knytt til knappe tidsfristar i høyringsfasen. Statens vegvesen er den av statsetatane som oftast er part i sakene.

### **Kart og geodata – GIS link**

Kartportalen GisLink ([www.gislink.no](http://www.gislink.no)) er ei nettbasert kartteneste som er open for allmenn bruk. Portalen vart etablert i 2004 og er eigd og drifta av fylkesmennene og fylkeskommunane i Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag. GisLink gjev oppdatert informasjon til kommunar, regional forvaltning, private verksemdar og ålmenta.

Noreg Digitalt samarbeidet sørjer for at oppdaterte data alltid er tilgjengeleg via GisLink. GisLink er under kontinuerleg utvikling, og vil truleg bli konvertert til nytt format 1. halvår 2016 (HTML5).

### **Helse og sosialavdelinga**

Avdelinga med ansvar for helse, sosial og barnevernstenesta har i 2015 hatt god nytte av organiseringa som vert gjennomført i 2014 og 2015. Vi har arbeid konkret med saksbehandling både når det gjeld fristar og kvalitet. Nye funksjonar i registrerings verktøyet «Nestor» har gitt oss god støtte. På alle områda har vi arbeid med malar og prioritering av innkomne saker og gjennomført ROS analyser. «Klart språk» har vert innarbeid. Vi ser at dette gir gode resultat. Vidare har vi samarbeid bra med andre avdelingar og hatt fokus på barn og unge arbeid med strategi og sjekklister. I 2015 starta vi prosjekt med brukarinvolvering som vi vil vidareføre i 2016.

### **Sosiale teneste**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har tett og jamleg kontakt med NAV Møre og Romsdal, både på leiar og rådgivarnivå. Dette er nedfelt i ein samarbeidsavtale som revideras årleg. Vi deltek på 4 årlege leiarsamling, der vi legg fram styringssignal til kommunane, informerrar om lover og forskrifter, samt har opplæring i sentrale tema.

Arbeidsgruppe NAV med 3 møter- har hatt fokus på KVP, arbeid og psykisk helse/rus, barn/unge og opplæring/utviklingstiltak. For å understøtte partnerskapet deltar direktør saman med NAV-direktør i «rådmannsutvalget».

Vi har gitt lovopplæring, helde kurs i rådgiving og gitt tilskot til samlingar der vi og har delteke. Fylkesmannen hadde 2 dagers opplæring for ny tilsette i lov og rundskriv, og gjennomførte ein fagdag om EØS-borgare. 121 deltok.

Ved handsaming av klagesakar, tilsyn og opplæring har omsynet til barn og unge vært i fokus. I 2015 hadde vi auking av klagesakar på 70 %, men behandla 90 % av sakene innan 3 månader.

Det blei i 2015 gjennomført 14 egen-vurderingstilsyn med sosiale tenester til personer mellom 17-23, ein systemrevisjon om same tema ble utsatt grunna sjukdom/ressursar. Grunna risikovurdering etter tidligare KVP-tilsyn vil dette bli vidareført i 2016. Vi ser at det er ei utfordring for kommunane å forstå korleis dei rent konkret skal få til system og styring.

## **Helse og omsorgsområdet**

Samhandling har og i 2015 vert eit sentralt fokus. Vi har deltatt i utval og dialogkonferanse mellom kommunar og helseforetak. Og i andre høve er dette eit viktig tema.

Vi har hatt to tilsyn med samhandlinga mellom kommunar og sjukehus i 2015. Eit om utskriving av pasientar til kommunal omsorg og eit om samhandlinga med rehabilitering. Både tilsyna viste svikt i kommunikasjon, leing og teneste.

Fylkesmannen har stimulert kommunane til oppfølging av kvalitetsavtalen i ulike fora som nyhetsbrev, omsorgskonferanse, læringsnettverk i forbetningsarbeid og i velferdsteknologi/ innovasjon. Vi har også gitt bidrag til å starte eit nettverk for sjukeheimslegar økonomisk og fagleg, dette for å auke kvalitet og volum i denne tenesta.

Kompetanse- og innovasjonstilskotet er fylgt opp som ein del av «Omsorg 2020». Fire av kommunane i Møre og Romsdal har starta opp med prosjekt « Menn i helse» med 40 deltagare.

I 2015 har fylkesmannen hatt tvang med heimel i kap. 4a (pasientar utan samtykkekompetanse) på turnuskurset. Vi har og i eige prosjekt involvert pårørande til pasientar på sjukeheim ( 30 pårørande) på førehand av tilsyn. Vi ser framleis eit stort behov for opplæring og rettleing i kommunane på dette området.

Almenlegetenesta i fylket fungerer stort sett bra, og i høve til samhandling. Vi ser at einskilte kommunar, særleg med små legekontor er sårbare og nyttar vikarar i stort utstrekning. I 2015 har vi kartlagt legevaktorganiseringa, har hatt møte med alle kommunelegar og dialogmøter med nokre kommunar. Vi har hatt tilsyn med forskrivning av vanedannande medisinar som eigen vurdering-tilsyn.

Fylkesmannen har utarbeida ein strategi for omsorg 2020 i perioden 2016-2020 med formål om å tydeleggjere Fylkesmannen sitt arbeide i perioden. Vi har eit utstrakt samarbeid med Utviklingssenter for sjukeheim og heimetenester. For å vise moglegheiter med velferdsteknologi har vi og fått laga ein film..

Vi har i 2015 hatt tilsyn med psykisk/helse og rus i 2 kommunar der vi avdekte lovbrøt i ein kommune. Ved kommunebesøka Fylkesmannen gjennomførte i 2014 og 2015 fekk vi god oversikt på dette feltet.

Klager innan helse og omsorgstenesta har blitt behandla etter fristane. I 2015 har vi jobba aktivt med å få kontroll over rettighetsklagar og tvangsvedtak for psykisk utviklingshemma. Ved slutten av året har vi fått god kontroll med sakstida og fristbrøt er stort sett grunna lang behandlingstid i spesialisthelsetenesta. Stadleg tilsyn med psykisk utviklingshemma har vi berre gjennomført i nokre prioriterte høve, men vil auke desse i 2016 i staden for andre tilsyn.

## **Barnevern**

Klagesakar og tilsyna er stort sett gjennomført etter plan og innan dei fristane som gjeld. Eit tilsyn gjaldt kommunane sitt arbeid meldingar og tilbakemeldingar til melder. To av desse tilsyna vert gjennomført som eigenvurderingstilsyn.

Fylkesmannen Har hatt fristtilsyn i tre barnevern tenester. I den eine som vi har fylgt i fleire år var det gitt pålegg. Avvika er nå retta.

Som rapportert og for 2014 ser vi betring av fristbrøt og kvalitet på arbeidet. Alvorlege saker knyta til private institusjonar har vi og behandla i 2015. Desse er ressurskrevjande både for tenesta og Fylkesmann.

I 2015 har det vore gjennomført ein 3 dagars konferanse i Geiranger i tillegg til ein rekke andre konferansar og møter.

## **Barnehage- og opplæringssektoren**

### **Samordningsrolla/tverrfagleg innsats**

Vi har hatt fokus på samordning internt i embetet også i 2015. Oppvekst- og utdanningsavdelinga er lokalisert saman med Barnevern. Vi samarbeider med Helse- og sosialavdleinga om konkret saksbehandling og ulike satsingar. Satsinga Barn og unge går rett inn i vårt oppdrag, og embetets satsingsområdet på psykososialt miljø er med å utvida og forsterker våre tiltak.

Vi har etablert eit Samarbeidsråd for kvalitet på barnehage- og opplæringsområde der KS, Utdanningsforbundet, Høgskulen i Volda og Fylkeskommunen er med. Vi har sett opp prioriterte område i ein handlingsplan som den enkelte forpliktar seg til å ha arbeide med – dermed får vi synergieffekter på tiltaka. Døme på område er mobbing og læringsmiljø, kompetansekrav for lærarar og barnehagelærarar, gjennomføring i vg opplæring.

Høgskulen i Volda og Statped Midt er også med slik at desse miljøa har vorte kobla saman og begynt samarbeidet. Vi deltek også på regionsmøte som Statped har med repr for ppt, kommunane og fylkesmannsembeta i Region Midt. Vi har eit godt samarbeid med Statped Midt og er i gang med eit spennande prosjekt med kompetanseheving for spesialpedagogar i barnehagane for å oppdage barn med spesielle behov og sette inn tiltak tidlegare.

## **Sikring av rettstryggleiken for barn og unge**

### Tilsyn

Tilsyn har vore ei prioritert oppgåve og vi har oppfylt aktivitetskravet på barnehageområdet, og manglar to poeng på opplæringsområdet. Tilsyna er utført i samsvar med metodehandboka og instruksverk. Vi har valt ut tilsynsobjekta utifrå risikovurdering og brukt bla. statistikk frå klagebehandling, Elevundersøkinga, data frå Skoleporten m.m.

Ei vidareføring av tilsyn med kap 9a bygg på ei risikovurdering utifrå konkrete klagesaker, og tal frå Elevundersøkinga og andre henvendelsar. Dette tilsynet er ei oppfølging av aktivitetar i samband med embetet si satsing på målretta tiltak mot mobbing. Tilsyna her er ei direkte oppfølging av rettleiing om temaet på ein fagdag om våren.

Vi ser god effekt av det felles nasjonale tilsynet på opplæringsområdet: Elevens utbytte av opplæringa. Rettleiinga i forkant med eigenvurderingsskjema blir tatt godt imot av skulane/kommunane, og dei legg ned eit godt arbeid i forkant av tilsyna. 26 av 36 kommunar og 6 private skular har vore med i satsinga Vurdering for læring, der nettop paragrafar i vurderingsforskrifta er sentral. Vi ser tydelege spor i tilsynet etter dei skulane om har deltatt i denne satsinga, så det å sette i verk tiltak på kvalitetsutviklingsområdet samtidig som ein gjennomfører tilsyn på dei same områda, gir god effekt.

Vi har også utført tilsyn med kommunen som barnehagemyndigheit i 5 kommunar og gjort det i samsvar med oppdraget. Vi ser at kompetanse i kommunane blir stadig betre, men enno er det ein del variasjon mellom kommunane. I tilsyna vi har hatt, har vi inntrykk av at kommunane har god forståing for lov og regelverk, men at det ikkje alltid er like lett å ha rett praksis. Eksempel kan nemnast forskrift om pedagogisk bemanning. I fleire av regionane er det samarbeid om tilsynsarbeid mellom kommunane.

Vi vurderer det slik at vi har fleire medarbeidarar med god kompetanse på feltet, men det har også vore behov for opplæring av nyttilsette og medarbeidarar med mindre erfaring. Vi har hatt ein sjukmeldingsprosent på 15 i 2015, med to av sentrale medarbeidarar på tilsyn som langtidssjukmeldte. Vi er svært tilfreds med at vi har klart å nå aktivitetskravet på barnehageområde, og manglar berre to poeng for å nå kravet på opplæringsområdet. Det skuldast sterk prioritering av personalressursane der vi har brukt forholdsvis større del av dei gjenverande stillingsressursane til tilsyn for å oppretthalde aktiviteten på området. Andre oppgåver, som oppgåver som intern kvalitetsutvikling og arbeid med høyringar m.m. har såleis blitt nedprioritert.

### Klagesaker

Dei fleste klagenes gjeld standpunktarakter grunnskulen (48), spesialundervisning (19), spesialpedagogisk hjelp (6), skuleskyss (17), skulebytte (9), psykososialt miljø (5) og tilskot til private barnehagar (2). Talet på klagesaker har vore stabilt dei siste åra. Fylkesmannen stadfester om lag 70% av vedtaka, og endrar eller opphevar ca. 30% av vedtaka. Gjennom klagebehandling og tilsyn ser vi at mange skular og kommunar manglar tilstrekkeleg kompetanse nå det gjeld rettar og plikter etter forvaltningslova (saksbehandling). Det er mykje utskifting av leiarar både i skolar og kommunar, og behovet for rettleiing er stort. Fylkesmannen har derfor i 2015 og også i 2016 auke fokuset på dette i rettleiinga, klagebehandling og tilsyn.

Når det gjeld kap 9a-saker, så har vi i Region Midt etablert ei gruppe med saksbehandlarar frå kvart embete som har faste møte der saker om psyko-sosialt miljø vert drøfta. Dette er god kompetanseheving og fører til at vi får ei meir lik saksbehandling i embeta. Vi har også god nytte av instruksen som Udir har utarbeidd. I tillegg til denne intruksen har vi laga interne rutiner for behandling av skriv, klage, henvendelser til embetet. Vi har også etablert ei gruppe på avdelinga som jobber spesielt med dette temaet.

Vi ser at det dei tre siste åra har vore ein markant nedgang i talet på klager på standpunktarakterar. I åra fram til 2012 låg talet klager stabilt på i overkant av 100 klager i året, har talet gått jamt ned: og i 2015 48 klager der vi

avviste 40% og sendte 60% tilbake for ny vurdering. Det er framleis mest klager i praktisk estetiske fag og klager i valfaga.

Når det gjeld nedgangen vi ser i talet på standpunktklager, ser vi den i samanheng med auka fokus på god undervegsvurdering i fylket. Dette fokuset meiner vi i høg grad har samanheng med den nasjonale satsinga «Vurdering for læring», samt rettleiingsaktivitet med fokus på undervegsvurdering i samband med fellesnasjonalt tilsyn med Elevane sitt utbytte av opplæringa.

Saksbehandlingstid for klagesaker i 2015 - kompetanse/kapasitet:

Ved gjennomgang av saksbehandlingstida for klagesakene, finn ein at for nokre saker har saksbehandlingstida overskride 3 månader. Det gjeld bla. fem klagesaker etter § 7-1 - skoleskyss. Grunnen til det er tilsette som har vore langtidssjukmeldte, jf punkt ovanfor om tilsyn. Det er dei same personane som arbeider med tilsyn og klagesaker på avdelinga. Vi har to juristar på avdelinga og i tillegg pedagogar som har god realkompetanse i juss. I tillegg bruker vi juss kompetanse frå andre avdelingar i embetet etter behov. Så vi vurderer det slik at vi har god kompetanse på feltet.

### **Auka kvalitet og kompetanse i barnehage og grunnopplæringa**

Vi vurderer det slik at vi har nådd måla i oppdraga om kvalitet og kompetanse i barnehage og grunnopplæring. Nedanfor vil vi grunngi dette.

Skule- og barnehageeigar gir gode tilbakemeldingar på mange av tiltaka innan kompetanse og kvalitet i barnehage og skole. Vi har 3-4 møte med dei 4 regionskontaktane for barnehage og skule der vi informerer, motiverer for deltaking og etterspør kva behov dei har for støtte. Vi blir einig om kva område den enkelte kommunen jobber med sjølv, kva regionane skal gjennomføre og kva fylkesmannen skal bidra med. I tillegg har vi møte med rådgivarane på kommunenivå i kvar av dei 4 regionane og felles fagdag for heile fylket der vi informerer og motiverer om dei nasjonale satsingane og sprer erfaringar. Det er eit svært godt samarbeid innan kvar region med fleire typar nettverk så Fylkesmannen er opptatt av at det er kommunar i kvar region som kjem med på enkeltatsingar slik at det blir spreidd til andre kommunar i regionen, t.d. realfagkommunar.

Vi ser at det har vore ei aukande deltaking i vidareutdanningsstrategien for lærarar i vårt fylke etterkvart som ordninga har vorte meir fleksibel. Dei er godt informert om tilboda om vidareutdanning, men til tross for gode vikar- og stipendordningar, er det fleire kommunar som melder tilbake at dei har så store reiseutgifter at dei har råd berre til å tilby vidareutdanning for nokre lærarar som søkjar. Mange kommunar i fylket er i robek-registeret og har svak økonomi. Vi ser fram til at ordninga blir enda meir fleksibel der tilbydarane har opplæringa ute i kommunane. Høgskulen i Volda har signalisert at dei svært gjerne går inn i slike ordningar.

Satsinga på vidareutdanning av barnehagelærarar har gitt resultat i vårt fylke. Det ser vi på den nedgangen det har vore på talet på årsverk med dispensasjon for pedagogiske leiarar. Sidan 2012 er talet nesten halvert.

Vi vurderer det slik at den kollektive læringa gjennom barnehage- og skulebasert kompetanseutvikling ser ut til å ha effekt. På barnehageområdet ser vi dette på større utviklingsprosjekt som regionane har sett i verk og med utgangspunkt i reelle behov som barnehagane har –temaet i 2015 har vore leike- og læringsmiljø og relasjonar. Satsingane har ofte vore knytt til Høgskulen i Volda som har brukt Fou ressurs og leia nettverka. Ungdomstrinnsatsinga går vidare etter same arbeidsmåte – og det er positivt at lærarutdanninga ved høgskulane er så sterk involvert. Men vi ser at Fylkesmannen burde vere meir inne for å koordinere dei ulike aktørane.

Vi ser at det har betre effekt på sikt å koble ein del av kvalitetsutviklingsarbeidet til faste kompetansemiljø i fylket. Det er gode tilbakemeldingar på den rettleiinga Læringsmiljøsentret gjer mot kommunar med skular med høge mobbetal over tid, men dei klarer ikkje å dekke opp det store behovet i vårt fylke med over 200 skular i 36 kommunar. Vi ser også at det er behov for kompetansemiljø som kan støtte skulane også etter at satsingane er over. Derfor har kommunane i samarbeid med Fylkesmannen sett i gang ei skolering av pp tenesta der temaet er læringsmiljø og mobbing med fagleg støtte av Læringsmiljøsentret og der Fylkesmannen har gått inn med prosjektskjønnsmidlar. Vi får ei oppdatert ppt teneste og etablering av eit beredskapsteam som kommunane kan få støtte og rettleiing frå i kompliserte mobbesaker. Høgskulen i Volda er også involvert i satsinga.

I satsinga **Vurdering for læring** følgjer Møre og Romsdal Udir sine samlingar og opplegg. Men for å få det implementert godt i skulane, har vi etablert eit fylkesnettverk og engasjert ein fagperson frå Høgskulen i Volda som fagleg rettleiar i nettverket. Vi ser at denne modellen gir effekt som nemnt tidlegare i samband med omtale av det nasjonale tilsynet og også i samband med nedgang i karakterklager på standpunkt. Vi ser altså at det å sette inn fleire statlege verkemiddel samtidig, nemleg kvalitetsutvikling og tilsyn, gir god effekt.

Det blir brukt mykje statlege midlar på kompetanse- og kvalitetsutvikling. Vi vurderer det slik at det kan vere ei utfordring å møte dei reelle behova i barnehage og opplæring. Utfordringar er å få til endringar og få det

utførelse av møte dei reelle behova i barnehage og oppføring. Omforringar er å ta til endringar og ta dei implementert i barnehagar og skular. Vår erfaring er at for å få dette til, må det vere eit behov, og det må vere eit kompetansmiljø som kan støtte og rettleie også i tida etter at satsingsperioden er over. Dette er tenkinga som ligg til grunn for vår strategi med bruk av Høgskulen i Volda og satsinga på PP tenesta som er faste kompetansmiljø i kommunane.

## **Miljøforvaltning**

På miljøområdet har vi hatt fokus på dei prioriterte områda gitt i embetsoppdraget frå Miljødirektoratet, samt på å få gjennomført spesifikke oppdrag og oppgåver med tilleggsfinansiering.

Miljøhensyn i prosessar etter plan- og bygningsloven: Vi har hatt meir fokus på einskapleg praksis, og der vi dei siste åra jobba mykje med å kople saman data frå ulike aktuelle kunnskapsdatabaser, for å kunne lage kartlag for plansjekk etter ulike tema. Det siste temaet som er trekt inn i GisLink er arealplanar som er på høyring. Det gir høve til svært effektiv behandling av plansaker sidan dei fleste relevante temakart er tilgjengeleg i same kartportal som planframlegget.

Kartportalen GisLink ([www.gislink.no](http://www.gislink.no)) er ei nettbasert kartteneste som er open for allmenn bruk. Portalen vart etablert i 2004 og er eigd og drifta av fylkesmennene og fylkeskommunane i Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag. GisLink gjev oppdatert informasjon til kommunar, regional forvaltning, private verksemdar og ålmenta. GisLink er under kontinuerleg utvikling, og vil truleg bli konvertert til nytt format 1. halvår 2016

Naturdata: Vi har arbeid ein del med kvalitetssikring og oppdatering av data, og har ikkje vesentlege etterslep på data som skal inn i naturbase. Det er gjort ei re-kartlegging i Rindal kommune. Prosjektet gjaldt mellom anna kvalitetssikring av område som blei tilrettelagt for naturbase av NTNU i 2004 og var ei vidareføring av kartleggingsprosjektet som NINA hadde i kommunen i 2007-2008. Det er også re-kartlagt lokalitetar med kystlynghei og slåttemark, og gjort registreringar av nye lokalitetar med slåttemark. Arbeidet med re-kartlegging og kvalitetsheving av naturtypelokalitetar i skog er påbegynt.

Sidan versjon 4.0 av naturbase blei skrinlagt, er det trong til ei vesentleg nysatsing for å betre tilgangen på eksisterande naturdata. I dagens situasjon går det fleire planprosessar der eksisterande kunnskapsgrunnlag ikkje blir fanga opp.

Klima: Mot slutten av året fikk vi på plass ei styrking innafor planområdet som gjer at vi framover skal få meir fokus på arbeidet med koordinering av ulike klimatiltak i forbindelse med planarbeid i kommunane. Dette er noko vi vil ta tak i samråd med Beredskap og Landbruksavdelinga, samt fylkeskommunen.

Vassforvaltning: Vi har hatt fokus på å forbetre kunnskapsgrunnlaget gjennom bruk av overvåkingsmidlar i kystnære sjøområder med store areal- og interessekonfliktar. Fylkesmannen har dei siste åra medfinansiert slik overvaking saman med fylkeskommunen, kommunar og aktuelt næringsliv.

Vann-nett og vannmiljø er sentrale databaser for å samanstille kunnskapen om tilhøva i vatn. Det har vore ein krevjande jobb å ferdigstille Vann-nett i samband med at den regionale vassforvaltningsplanen skulle inn i høyringsfasen. Spesielt mykje tid har gått med til arbeidet med sterkt modifiserte vassforekomstar. Fylkesmannen stiller spørsmål ved om den høge presisjonsgraden og omfanget av det som skal leggest inn i Vann-nett er hensiktsmessig, sidan kunnskapsgrunnlaget er så vidt tynt, og skjønnsrommet så stort.

Forureina sediment: Arbeidet med Borgundfjord-prosjektet i Ålesund har hatt høg prioritet. Det er gjennomført møter med alle involverte grunneigara. Alle grunnundersøkingane er utført og dei aller fleste rapportane er mottatt. Vi har deltatt på alle aktuelle møter om opprydding i sjøen i regi av Ålesund kommune og Miljødirektoratet.

Vi har no gått igjennom alle eldre rapportar frå prioriterte skipsverftlokalitetar, med kartleggingsdata for grunnforureining og forslag til tiltaksplanar. Fleire av desse rapportane har betydelege manglar, spesielt med tanke på prøvetetthet og spreivingsvurderingar, og det er difor sendt ut krav om suppleringar til fleire verft. Dette arbeidet vil fortsette i 2016. Det er viktig å fullføre opprydding på land på ein tilfredsstillande måte før ein startar arbeidet med opprydding i sjø.

Avfallsplanar i hamner: Dette arbeidet er omfattande i eit fylke med mange hamner og vi har ikkje hatt kapasitet til følgje opp dette oppdraget på ein tilfredsstillande måte. Vi har framskaffa ein oversikt over hamner i 18 av 36 kommunane i fylket, som utgjer omtrent 350 hamner. Vi har ingen store offentlege trafikkhamner i Møre og Romsdal. Antall hamner i fylket er estimert til omtrent 700, og så langt har vi fått inn 7 planar som inkluderer til saman 40 hamner. Ingen har så langt fått godkjent avfallsplan.

Tilsyn: Tilsyn er høgt prioritert og vi har år gjennomført totalt 91 tilsyn. Det siste året har vi hatt meir fokus på erfaringsutveksling for å sikre meir einskapleg praksis internt. Vi deltok på alle tilsynsaksjonar initiert av Miljødirektoratet, noko som er ein fin anledning til å få til betre nasjonal samhandling. Vi deltok på fellesaksjonar innafor vaskeri- og renseri (16 tilsyn), biloppsamlingsplasser (8 tilsyn), mineralavfall (10 brevkontrollar) og mudre- og utfyllingssaker (4 tilsyn). I tillegg har vi hatt interne bransjevisse «aksjonar» på dei frekvensbaserte tilsyna for å på den måten få effektivisert aktiviteten. Vi har i år gjennomført 82 inspeksjonar, 4 revisjonar og 5 uttrykkingstilsyn.

## **Landbruk**

Vi har eit godt samarbeid med landbruksnæringa gjennom det regionale partnerskapet, og vi arbeider tett saman med fylkeskommunen og Innovasjon Norge. Gjennom konseptet Hoppid.no har vi løfta kvaliteten på grunderopplæring og rådgjeving fleire hakk. Rådgjevarane i Hoppid gir støtte til 'landbruksetablerarar' på linje med andre grunderar.

Fylkesmannen har tatt initiativ og er medspelar i fleire prosjekt for å løfte lokalt landbruk. Mellom desse er strategirådgjeving for mjølkeprodusentar, eliteprogram for, og "Økt sau- og storfekjøttproduksjon i M&R". Tiltretteleggings- og utviklingsmidlane er heilt avgjerande for alle desse tiltaka.

Mjølkeproduksjonen i Møre og Romsdal har utvikla seg omtrent som for landet elles. Mange går ut av næringa, men mellom dei som ser framover er det stor vilje til å investere. For få år tilbake var det etableringa av samdrifter som stod bak dei største utbyggingane. I dag er ein del samdrifter under avvikling, og tyngda av utbyggingssakene er enkeltbruk. I løpet av den siste tiårsperioden har mange investert i driftsbygningar med plass til 50 kyr eller meir. Eigeomsstrukturen er ikkje tilpassa så store einingar, og meir og meir av produksjonen er basert på leigejord - i gjennomsnitt rundt 50 prosent.

2015 vart eit nytt rekordår for skogbruket i Møre og Romsdal, med totalt hogst på 282 000 m<sup>3</sup>. Dette er over dobbelt så mykje som i 2011 (132 159 m<sup>3</sup>). Andelen gran går opp, med over 90 % av totalen. Dei føregåande åra har auka hogst kome dels som følgje av opprydding etter stormar, noko som ikkje er tilfelle i 2015. Tilveksten er langt større enn hogstkvantumet, og det er grunn til å vente at hogsttala kjem til å gå opp kvart år framover.

KOSTRA-tal for 2015 viser at det vart omdisponert 783 dekar dyrka og dyrkbar jord til anna enn landbruk. Dette er fordelt på 463 dekar dyrka og 320 dekar dyrkbar jord, ei stor auke frå 2013 som var på totalt 688 dekar og 334 dekar dyrka og 354 dekar dyrkbar jord. Det er pedagogisk utfordrande å formidle at eit sterkt jordvern er framtidretta arealforvaltning då fleire og fleire matprodusentar legg ned verksemda og i staden vil bygge bustadar og næring på landbruksjorda som ikkje vert drive lenger. Framleis så er det ei utfordring at regulering ofte er grunneigarstyrt og at andre samfunnsmessige interesser vert vektlagt sterkare enn jordvern gjennom dispensasjonssaker i LNF-område.

## **Samfunnstryggleik og beredskap**

I 2015 har Fylkesmannen i Møre og Romsdal sitt arbeid på samfunnstryggleik- og beredskapsområdet vore i godt samsvar med prioriteringane gitt i tildelingsbrevet. Vi har ført tilsyn med kommunal beredskapsplikt i 13 kommunar, vi har arbeidd med fylkesROS og vi har revidert, vidareutvikla og øvd embetet sitt beredskapsplanverk og beredskapsorganisasjon.

Vi meiner også at vi er godt å jour med andre vesentlege oppgåver som oppfølging av samfunnstryggleik i planar etter plan- og bygningslova, øving for kommunane, CIM-bruk og CIM-rettleiing og utøving av fylkesmannen si rolle som samordningsstyresmakt -- for ikkje å seie rolla som knutepunkt, nettverksbyggjar og drivkraft i den regionale beredskapsfamilien.

Utover normalaktivitet som møte i fylkesberedskapsrådet, totalforsvarsmøte og fagsamlingar for kommunane, har vi i rolla som samordningsstyresmakt teke initiativ til og fått i gang fleire vesentlege tiltak i 2015:

- Vi har gjennomført eit større arbeid med å revidere beredskapsplanverket for fjellskred og flodbølger. Arbeidet er gjennomført i samsvar med nasjonal beredskapsplan for fjellskred som vart ferdigstilt i mai 2015. Arbeidet omfattar deltaking frå elleve kommunar og mellom 50 og 100 nasjonale, regionale og lokale beredskapsaktørar, infrastruktureigarar og næringsverksemdar inngår. Dei reviderte planane er no på høyring. Dette er eit krevjande, omfattande og langsiktig arbeid. Vi har starta arbeidet med planlegging av ei samhandlingsøving knytt til fjellskred i forbindelse med årets «Åknes konferanse» i september 2016.

- Vi har gjennomført ein stor fagkonferanse om fjellskred: «Åknes-konferansen», i august 2015 med tett oppunder 200 deltakarar, der sentrale tema i fjellskredberedskapen vart satt på dagsordenen. Vi ser føre oss at dette blir ein fast konferanse framover.
- Vi bidreg til eit fylkesdekkande nettverk for kommunane sine psykososiale kriseteam, eit svært ettertrakta tilbod i kommunane.
- Vi driftar eit regionalt tryggingforum for fylket, og vi får svært gode tilbakemeldingar frå samarbeidspartnerane våre for dette. Regionalt tryggingforum for Møre og Romsdal har fast representasjon frå politidistrikta, PST-einingane, heimevernsdistriktet og fylkesmannen. Fylkesmannen er sekretariat for forumet. Forumet er ein fast arena for drøfting og samarbeid om førebyggjande tryggingsteneste. Det vert gjennomført to faste møte kvart år og elled ved behov.
- Under perioden med ny skredfare frå Veslemannen, arrangerte vi hyppige telefonmøte i fylkesberedskapsrådet for eit situasjonstilpassa utval av medlemmer. Dette oppleve vi er ein god arena for å bygge felles situasjonsforståing og for å drøfte samhandling. Denne måten å bruke fylkesberedskapsrådet har hausta gode tilbakemeldingar frå alle involverte.
- I samband med asylsituasjonen har vi gjennomført ein fagdag for alle kommunane knytt til asylsituasjonen. Fagdagen hadde fokus på behovet for at kommunane bur seg på å ta i mot fleire, både i asylmottak og gjennom busetjing, og integrering på lengre sikt. Asylsituasjonen var òg hovudtema under fylkesmannen sitt faste årlege møte med fylkesberedskapsrådet. Vi deltek og i eit nettverk i regi av KS i fylket, knytt til den auka ankomsten av asylsøkarar.

Samla sett meiner vi at oppgåveløysinga og resultatoppnåinga på samfunnstryggleik- og beredskapsområdet er god. I tråd med føringane gitt i tildelingsbrevet har vi i arbeidd med fylkesROS-en, og særleg lagt vekt på forhold knytt til kritisk infrastruktur og kritiske samfunnsfunksjonar. I den kommuneretta aktiviteten (øvingar, tilsyn og rettleiing) er aktiviteten vår høgre enn minimumskrava. Dette er ei medviten prioritering, og vi ser også resultat i form av gode tilbakemeldingar og god kommunal krisehandteringsevne. Vi meiner også at vi har godt tak på rolla som regionalt knutepunkt og drivkraft -- både i kvardagens arbeid med risiko og beredskap, men også når noko skjer.

Asylsituasjonen kravde tidvis mykje ressursar av oss andre halvår av 2015. Beredskapsavdelinga fekk etter kvart ein viktig rolle i handtering av situasjonen. Spesielt gjaldt dette koordinering internt i embetet og mellom aktørar utanfor embetet. Asylsituasjonen var òg ein ny type krise for oss, der vi hadde liten erfaring å støtte oss på. Det var derfor naudsynt å setje seg inn i tidvis mykje ny kunnskap for at vi kunne gjere jobben på ein tilfredsstillande måte. Dette brukte vi derfor ein del ressursar på. Vi hadde ein person på avdelinga som fekk «hovudansvaret» for å handtere situasjonen. Det viste seg etterkvart, på grunn av store mengder informasjon, oppgåver og korte tidsfristar, at dette ikkje var tilstrekkeleg. På somme tidspunkt var heile beredskapsorganisasjonen på ein eller anna måte involvert i handteringa av asylsituasjonen. Ved sida av å handtere asylsituasjonen prioriterte vi å oppretthalde vår utadretta verksemd, spesielt mot kommunane. Dette betydde at vi måtte nedprioritere dei meir internt retta oppgåvene, som ikkje påverka så mange andre enn oss. For oss betydde dette at vi måtte nedprioritere internt planarbeid. Det står no att kun ei mindre utgreiing for den komplette fylkesROS'en vert lagt fram. Slik året 2015 utvikla seg på beredskapsområdet i Møre og Romsdal var det naudsynt å prioritere kommunane og asylsituasjonen framfor ei ferdigstilling av fylkesROS.

## Verjemål

Status:

Frå fylkesmannen tok over rolla som verjemålsmynde i 2013 har det vore ei stor auke i saksmengda. Frå 2600 aktive verjemål i 2013, til 3800 aktive verjemål ved utgangen av 2015. Midlane vi har til forvaltning har i same periode dobla seg - frå 400 millionar kroner i 2013, til over 800 millionar kroner i 2015.

I 2015 tok vi i mot 14139 inngåande journalpostar i Ephorte på verjemålsområdet.

I løpet av 2015 gikk vi frå 30 Einslege mindreårige asylsøkarar (EMA) ved inngangen til året, til 240 EMA pr 31. desember 2015.

I 2015 har vi prioritert oppnemning av representantar til EMA og oppnemning av midlertidige verjer ved

tilrettelagte avhør på barnehuset. Søknader om uttak frå konto, og alle saker som gjeld mindreårige har og vore høgt prioritert. Vi prioriterer å vere tilgjengelig for verjene, men ser at dette er so ressurskrevjande at vi framover må redusere «opningstida» for å frigjere tid til saksbehandling.

Grunna asylsituasjonen har det vore naudsynt å nedprioritere regnskapskontrollen slik at berre 60% av dei uttrekte regnskapa er kontrollert. Arv- og gavesaker har og vore nedprioritert i 2015.

Som tala viser er verjemålsprosjektet ei svært krevjande oppgåve for fylkesmannen. Den økonomiske ramma - inkludert tilleggsløyvingane - var ikkje tilstrekkeleg til å løyse oppdraget. Verjemålsprosjektet legg beslag på ressursar både på arkivet og på servicekontoret, som går utover den tildelte ramma.

I 2015 gikk vi med eit meirforbruk på verjemålsprosjektet med **kr 790 503,-**

### **Embetets arbeid med tidstyver**

Embetet arbeider med kontinuerleg forbetring og av både interne og eksterne rutiner. I 2015 har vi prioritert følgende tidstjuvarbeid (dette gjeld både innmeldte og nye tidstjuvar)

#### Interne tidstjuvar

- Overgang frå to til eitt tidssystem for alle tilsette.
- Vi har tatt i bruk Agresso planlegger, der alle direktørane har tilgang
- Innført reiserekningar med elektroniske bilag
- Tatt i bruk web-løysing for tilsettingar
- All informasjon til tilsette på intranett – slutt på sending av epostar til alle tilsette
- Gjennomgang av klagesakshandtering på helse- og sosialområdet som har resultert i at vi no held klagesaksfristen.
- Sagt opp Miljøfyrtårnsertifisering, embetet har ikkje senka fokus på miljøretta tiltak i forbindelse med våre reiser og kontorhald, men vi ser ikkje vinning i å bruke så store ressursar til rapportering.
- Rekvisitalager tilgjengeleg for alle

Alle desse løysingane har gjort interne rutiner meir effektive og den tida som er spart er brukt til innsats på fagområda.

#### Eksterne tidstjuvar

- Tatt i bruk digitale skjemaløysingar etterkvart som desse har vorte gjort tilgjengeleg ( separasjon, rovvilterstatning, klage på standpunkt karakter)
- Klart språk
- Elektronisk dokumentutveksling på plass med Helsetilsynet og Statens Sivilrettsforvaltning.
- Riksrevisjonen skal revidere embetet sine regnskap og har tilgang til våre elektroniske systemer for å kunne utføre denne revisjonen. Vi opplever likevel at Riksrevisjonen ber om å få tilsendt desse rapportene frå oss på epost, desse rutinane bør Riksrevisjonen endre.

Embetet er utålmodig med omsyn til gjenbruk av data, særleg gjeld dette elektronisk dokumentutveksling med andre offentlege etatar.

Det er særleg bruk av dei digitale skjemaløysingar som er ei forenkling for våre eksterne brukarar.

<b>Resultatområde</b>	<b>Kapittel 1510</b>	<b>Fagdep.</b>
Arbeids- og sosialdepartementet	kr 1 382 828,32	kr 1 688 478,15
Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet	kr 2 693 981,55	kr 715 453,66
Justis- og beredskapsdepartementet	kr 3 585 018,40	kr 8 673 935,81

**Årsrapport 2015 Fylkesmannen i Møre og Romsdal - Innhold:**

---

Kommunal- og moderniseringsdepartementet	kr 34 335 245,82	kr 1 400 986,99
Kunnskapsdepartementet	kr 6 526 151,25	kr 2 363 691,74
Landbruks- og matdepartementet	kr 11 578 072,82	kr 0,00
Klima- og miljødepartementet	kr 9 308 574,62	kr 5 727 483,10
Andre	kr 3 355,34	kr 0,00
Sum:	kr 69 413 228,00	kr 20 570 029,00

## IV - Styring og kontroll i embetet

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har pr. 31.12.2015 147 tilsette i faste og midlertidige stillingar, 102 kvinner og 48 menn. Dette utgjorde til saman 139 årsverk.

Tala viser ein nedgang på 6 tilsette frå 2014, 2 av desse vil bli tilsett i 2016, resten skuldast færre vikariat.

Embetet si øvste leiing er fylkesmann Lodve Solholm og assisterande fylkesmann Rigmor Brøste.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal er lokalisert på fylkeshuset i Molde, verneområde-forvaltarar er i lokalisert i Geiranger og Rindal, og vi har tilsette som er knytt til Herje smoltfisk lokalisert på Åfarnes.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal skal vere ein synleg og viktig medspelar. Vi skal arbeide til beste for alle som bur i fylket ut frå vår visjon: *Trygg framtid for folk og natur* og våre verdiar: *Engasjert, Rettferdig, Open og Kompetent*.

Fylkesmannen har i 2015 arbeidd vidare med å sette den nye leiarstrukturen i embetet etter OU-prosessen i 2014.

Vi har redusert talet på tilsette med personal og økonomiansvar slik at vi i større grad enn tidlegare har fokus på strategisk leiing og innførte fagansvarlege i kvar avdeling. Etter eit år med denne organiseringa gjennomførte vi hausten 2015 ei evaluering av den nye administrative strukturen. I denne kom det fram at vi enno har nokre utfordringar før den nye organiseringa er heilt på plass, men undersøkinga viste òg at den er i tråd mde målsettinga. Vi har også som ledd i leiarutviklinga i embetet gjennomført ei felles samling for alle avdelingsdirektørane, ass. direktørane og fagansvarlege med tema God ledelse - med eller uten personalansvar.

Fylkesmannen har leiarmøter annakvar måndag. Som følge av OUprosessen har vi òg gjort ei endring i møtestrucuturen, slik at vi annakvart leiarmøte vert gjennomført med både direktør og assisterande direktør tilstade.

Å arbeide med strategisk leiing handlar mellom anna om at fagdirektørane må sjå og arbeidet med heile embetet og ikkje berre si eiga avdeling. Her har vi framleis litt å arbeide med, men meiner at vi har kome oss godt i gang gjennom OUprosessen.

Det at satsinga på barn og unge "Betre oppvekst" og arbeidet med folkehelse er plassert i stab med rapportering til ass. fylkesmann, er også eit strategisk grep som har blitt gjort. Saman med rådgiverane innan kommuneøkonomi skal vi jobbe meir heilheitleg på tvers av og saman med fagavdelingane.

Når det gjeld risikostyring har alle fagavdelingane jobba fram dette i sine handlingplanar for året. Det har også vore tema på leiarsamlingar, og på nyåret 2016 skal våre vi revidere vår risikostyringspolicy.

Det er etablert faste møte med tillitvalde og leiinga, ca 4 gonger pr.år.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal er IA-bedrift og vi har fokus på nærværsfaktorer. Det vert arbeidd godt med oppfølging av sjukemeldte, der vi òg har valt å knytte til oss ei bedriftshelseteneste. Dessverre så har vi hatt ein liten oppgang i sjukefråveret i 2015, frå til

Også i 2015 hadde vi ein medarbeiderdag for våre tilsette

Embetet har også i 2015 bidratt med ressurser til sentrale arbeidsgrupper og slik bidratt til fellesskapet. Vi oppfordrer tilsette til å vere framoverlente og delta i slike. Embetet har hatt ressurser i følgende grupper

Referansegruppe ny fylkesmannsstruktur

Representert fylkesmannsembeta i arbeidet med betre styring av fylkesmannen

Styringsgruppe sentral ephorte

Referansegruppe for digital hos DIFI

IKT-fagutvalg

Fagutvalg for arkiv

Fagutvalg for økonomi

I tillegg representerer vi KMD i IA-rådet i Møre og Romsdal, sit i arbeidsgruppe for samarbeid og medbestemmelse i Midt Norge. Samt at ein av våre tilsette er sensor for kontorlæringer i fylket.

Administrative ressurser i embetet

Vi har rapportert bruk av administrative ressurser i embetet, og ønsker å kommentere desse. Vi opplever at det er stor forskjell frå embete til embete på kva for administrative tenester som vert utført av administrativt personell i forhold til fagtilsette. Som eit døme på denne forskjellen registrerer arkivpersonellet hos oss all post inn i vergemålssystemet Vera (Arve), ei oppgave som blir utført av saksbehandlere i andre embete, eit anna døme er innsynsbegjeringar, hos oss er det administrativt personell som utfører desse, medan i andre embete så vert dette gjort av fagtilsette. Så dersom det skal samanlikne bruk av administrative ressurser så er det ein stor jobb med definisjon av kva for oppgåver som faktisk vert utført.

## V - Vurdering av framtidsutsikter

### Klimaforlik - Parisavtalen!

På tampen av 2015 fekk verda eit nytt klimaforlik - Parisavtalen! Den vil bidra til auka innsats for utsleppsreduksjonar og forsterke arbeidet med klimatilpasningar. Kommunane vil ha ein nøkkelrolle som planstyresmakt, og i løpet av 2016 skal også kommunane utarbeide nye planstrategiar. Dvs kva for planar dei ønskjer å utarbeide/rullere i løpet av denne valperioden. Det viktigaste verktøyet for politikarane er å styre gjennom planar.

Fylkesmannen har ei rolle som rådgivar og kontrollor til kommunane. Viktige stikkord er energi- og klimaplanlegging i kommunane, klimatilpassing og arbeidet med bymiljøavtalane.

Fylkesmannen arbeider med fleire klimaretta tiltak. Miljøprogrammet for landbruk stimulerer til miljørett sprenging av husdyrgjødsel, og ambisjonen for 2016 er at 150 000 dekar skal kome inn under ordninga. Det blir satsa aktivt for meir bruk av massivtre som klimanøytralt byggemateriale. Bygging av Romsdalsmuseet og tilbygget ved Romsdal vidaregåande skule er gode døme på bruk av massiv tre. Skogsplanting er eit anna eksempel på tiltak med tydeleg miljøpotensiale. For å oppnå måla i Parisavtalen reknar vi med at det kjem endå klarare krav frå sentrale myndigheiter for komande år.

### Samferdselsprosjekt

Det er mange store og ressurskrevjande samferdselsprosjekt i Møre og Romsdal som krev regional koordinering. Det er ekstra krevjande å finne gode trasear (alternativ) og løysingar i vår geografi i dei prosjekta der vegane skal dimensjoneraast for meir enn 90 km/h. Det er store masseoverskudd i alle dei store prosjekta på grunn av lange strekningar med tunnell, og det er utfordrande å finne gode og relevante utnyttingsformål for massane. Samordningsforsøket på plan har gjort det enklare å komme i tidleg dialog om utfordringar som skal løysast i slike samansette prosjekt.

### Nedgangstider i oljenæringa

Den krevjande situasjonen innafor oljenæringa har gitt oss nokre nye miljøutfordringar knytt til oljeriggar og skip i opplag ved land nær bustadområder. Dei største utfordringa er knytt til støy da riggane ikkje er konstruert med tanke på å ligge nær bustadområder. Støy frå riggane har vore svært problematisk for fleire av dei næraste naboane. Reguleringsplanane for industrikaiene er ikkje tilpassa denne aktiviteten, og det er ikkje lagt føringar for støy. Dette er òg svært store installasjonar som naboar opplever som store landskapsmessige inngrep. Dersom dette blir vedvarande blir det behov for ei meir overordna plan for korleis ein skal handter og plassere desse installasjonane midlertidig.

### Tilgang til naturdata må bli betre

Det siste året har det vore gjort store endringar knytt til tilgang på naturdata. I dagens situasjon går det fleire planprosessar der eksisterande kunnskapsgrunnlag ikkje blir fanga opp. Etter at versjon 4.0 av naturbase vart skrinlagt, er det trong til ei vesentleg nysatsing for å betre tilgangen på eksisterande naturdata. Denne kunnskapen er etterspurd lokalt både av kommunar og av firma som arbeider med planlegging. Vi ser fram til at dette blir gjort tilgjengeleg att, som ein vesentleg del av kunnskapsgrunnlaget for god samfunnsplanlegging lokalt, regionalt og nasjonalt.

### Om flyktningar og asylsøklarar

Vi må i 2016 rekene med aukande arbeid i forhold til alle flyktningar og asylsøkare som kommer. Særleg med hensyn til opplevde traumar og psykisk helse. Kompetanse på desse orpåda blir sørs viktig i både primærhelsetenesta og i sjukhusa. At vi i fylket og får tilsyn med dei nye omsorgsentra for enslige mindreårige asylsøkare gjer og at vi hos fylkesmannen må auke kompetanse og forståelse for språk og kulturforskjeller.

Ei stor utfordring for skulane framover er å gi tilpassa opplæring og inkludere alle barn og unge i skulen. Med aukande tilstrøyming av flyktningar og asylsøjarar vil det stille store krav til kommunar og skular. Likeverd og inkludering er verdiar som er nedfelt i lovverket vårt som også ligg til grunn for føremålparagrafen i barnehage

~~Inkludering av verjere som er medlem i lovverket vårt som også ligg til grunn for foretaksparagrafen i barnehage og skule. Det er viktig at vi ser på mangfaldet som noko verdifullt. Innhaldet i normalitetsomgrept må utvidast. Utfordringa vil vere korleis føst og fremst skulen, men også barnehagen skal tilpasse seg og endrast slik for å imøtekome behova til ei stadig meir samansett barne- og elevgruppe. Dette må møtast med nytenking og ein forsterka innsats på læringsmiljø og bevisst haldningsarbeid for elevar og personalet i barnehage og skule.~~

### Verjemål:

For fylkesmannen er den store utfordringa med verjemål framover at talet på tilsette som arbeider med verjemål ikkje samsvarer med det store talet på saker som skal løysast. Den store auka i saksmengda, fører til ei stor belastning på dei tilsette, og kan medføre at arbeidet ikkje held den høge kvaliteten som er forventa. Befolkninga vert stadig rikare, og folk har ein stadig meir komplisert økonomi, med ulike verdipapir og til dømes eigedom i utlandet. Dei til dels kompliserte formuesforholda, gjer det utfordrande å rekriterere verjer, og stiller store krav til kompetansen hos fylkesmannen som skal rettleie verjene.

Ordninga med framtidsfullmakt og legalfullmakt er i liten grad tatt i bruk, og fylkesmannen har ambisjon om å gjere desse ordningane meir kjend i håp om at fleire kan ta hand om si eiga framtid med private ordningar. Dette kan på sikt redusere behovet for verjemål.

### Samfunnstryggleik:

Mange små kommunar gjer at fagmiljøa innanfor samfunnstryggleik og beredskap er små og sårbare. Særleg merbart er dette når det gjeld planlegging og førebuing, til dømes ROS analysane. Klimaendringane gjer at vi rekne med fleire hendelsar som sett krav til kommunane si evne til å førebu og handtere krisesituasjonar. Kommunane er likevel gode på krisehandtering.

## **Leiingskommentar årsrekneskapen 2015**

### **Formål**

Fylkesmannen er Kongens og regjeringa sin representant i fylket og skal arbeide for at vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og regjeringa vert fulgt opp. Fylkesmannen sitt ansvar er fastsatt i Instruks for Fylkesmenn, gitt ved kgl. Res. 7.8.1981, endra ved kgl. Res. 10.11.1988 og 6.7.1999.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal er eit ordinært statleg forvaltningsorgan og er direkte underlagt Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Embetet og fører regnskap etter kontantprinsippet. I tillegg til ordinær tildeling (kap. 0525) frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet får Fylkesmannen i Møre og Romsdal ei rekkje belastningsfullmakter (fag- og prosjektmidler) frå fleire fagdepartement, direktorat og tilsyn.

### **Bekreftelse**

Eg bekrefter at årsrekneskapen er avlagt jfr Reglement for økonomistyring i staten og Virksomhets- og økonomiinstruks for Fylkesmannen, fastsatt av KMD 27.06.2014, og rundskriv R-115 frå Finansdepartementet.

Årsrekneskapen gir eit dekkjande bilde av Fylkesmannen i Møre og Romsdal sine tildelingar og av rekneskapsførte utgifter og inntekter.

### **Vurdering av vesentlege forhold**

Driftstildelingene og tilhørende regnskapstall, er synleggjort i bevilgningsrapporten på utgiftskapittel 0525 og inntektskapittel 3525, og oppsummert i note B. Her fremkommer at mindreforbruk på kap/post 052501 utgjør kr 1.705.877,- og på kap/post 052521 kr 905.006,-

Dette mindreforbruket skuldast noko uforutsette forseinkingar ved tilsettingar, sjukefråvèr samt prosjekterelaterte ekstratildelingar på slutten av året. Også på eksternfinansierte prosjekter kap/post 0525.21. har Fylkesmannen i Møre og Romsdal eit mindreforbruk i 2015, dette skuldast aktivitetar seint på året som enno ikkje er gjort opp (inntektene er komne i 2015, utgiftene kjem i 2016).

Artskontorapporteringa viser summen av dei ordningane som fylkesmannen utbetaler på i tillegg til eige driftskapittel. Rapporten viser noko endringar i utgifter og inntekter frå førre år.

Vi har ei auke i lønnsutgifter frå 2014 til 2015, denne auka gjeld lønnsutgifter som er knytt til prosjekterelatert aktivitet. Prosjekt på miljøvernområdet, kommunereform, prosjektfinansierte stilling frå HOD som i 2016 er lagt inn i ordinær tildeling samt ei betydeleg auke i vergegodtgjeringar.

Det er ei auke i tilskotsforvaltninga og andre overføringar frå staten frå 2014 til 2015, sjå note 7.

Våre inntekter er knytt til administrative kostnadsdekking av prosjektfinansierte oppdrag samt inntekter på kurs.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har ikkje gjeld utover skyldig skattetrekk.

Uteståande med statskassa utgjorde per 31.12.15 kr 3.502.949,-. Regnskapet viser eit avvik, dette avviket skuldast ei brevleg ompostering som er utført i statsregnskapet. Endring i mellomværende frå 2014 til 2015 blir kr 461 634,- når denne er foretatt. Oppstillinga av artskontorapporteringa viser kva eigedelar og gjeld det uteståande er samansett av.

**Tilleggsopplysninger**

Riksrevisjonen er ekstern revisor og stadfestar årsrekneskapen vår. Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert per no, men revisjonsrapporten er forventa å vere klar i 2. kvartal 2016. Revisjonsrapporten er unntatt frå innsyn fram til Stortinget har motteke Dokument 1 frå Riksrevisjonen.

Molde 19.02.2016

Lodve Solholm (sign)

## Oppstilling av bevilgningsrapportering, 31.12.2015

Utgiftskapittel	Kapittelnavn	Post	Postekst	Note	Samlet tildeling*	Regnskap 2015	Merutgift (-) og mindretutgift
0525	Fylkesmannsembetene - driftsutgifter	01	Driftsutgifter	A,B	81 456 000	81 119 568	336 432
0525	Fylkesmannsembetene - spes. driftsutgifter	21	Spesielle driftsutgifter	A,B	1 239 000	4 698 976	-3 459 976
0225	Tiltak i grunnopplæringen - driftsutgifter	01	Driftsutgifter		460 000	475 856	
0225	Tiltak i grunnopplæringa - særskilde driftsutg	21	Spesielle driftsutgifter		1 364 000	1 363 852	
0225	Tilskudd til oppl. av barn og unge i statl. asy	64	Diverse		8 889 000	8 889 478	
0225	Tilskudd til leirskoleopplæring	66	Diverse		1 982 000	1 982 000	
0226	Kvalitetsutvikling i grunnopplæringen - spes	21	Spesielle driftsutgifter		8 333 238	7 871 874	
0226	Kvalitetsutvikling i grunnopplæringen - vide	22	Diverse		17 070 945	16 892 144	
0231	Barnehager - spes. driftsutgifter	21	Spesielle driftsutgifter		6 576 000	6 390 807	
0310	Tilskudd til tros- og livssynssamfunn	70	Tilskudd		åpen fullmakt	2 566 080	
0469	Vergemålsordningen - driftsutgifter	01	Driftsutgifter		9 103 883	9 913 174	
0469	Vergemålsordningen - spes. driftsutgifter	21	Spesielle driftsutgifter		åpen fullmakt	3 511 957	
0470	Fri rettshjelp - Driftsutgifter	01	Driftsutgifter		åpen fullmakt	3 864 837	
0500	Kommunal- og moderniseringsdepartement	21	Spesielle driftsutgifter		800 000	669 362	
0571	Rammetilskudd til kommuner - spes. driftsutg	21	Spesielle driftsutgifter		900 000	1 046 634	
0621	Tilskudd til sosiale tjenester og sosial inklud	21	Spesielle driftsutgifter		2 155 560	2 132 423	
0621	Sosiale tjenester og tiltak for vanskeligstilte	63	Diverse		6 831 188	6 736 290	
0718	Rusmiddelforebygging - spes. driftsutgifter	21	Spesielle driftsutgifter		425 818	457 534	
0719	Annet folkehelsearbeid - spes. driftsutgifter	21	Spesielle driftsutgifter		25 000	25 000	
0721	Statens helsetilsyn - Driftsutgifter	01	Driftsutgifter		1 008 000	1 039 589	
0734	Særskilte tilskudd til psykisk helse og rustilte	01	Driftsutgifter		åpen fullmakt	1 432 686	
0761	Omsorgstjeneste - spes. driftsutgifter	21	Spesielle driftsutgifter		933 400	962 797	
0761	Omsorgstjeneste - Kompetanse og innovasjo	68	Diverse		14 452 999	14 452 930	
0762	Primærhelsetjeneste - forebyggende helsetjet	60	Diverse		1 000 000	1 000 000	
0762	Forebygging av uønsket svangerskap og abo	73	Tilskudd		675 000	675 000	
0765	Psykisk helse og rusarbeid - spesielle driftsut	21	Spesielle driftsutgifter		526 000	523 822	
0765	Psykisk helse og rusarbeid - kommunale tjen	60	Diverse		6 960 000	6 953 252	
0765	Psykisk helse og rusarbeid - kompetansetilta	61	Diverse		2 504 800	2 504 800	
0765	Psykisk helse og rusarbeid - rusarbeid	62	Diverse		15 348 960	15 348 960	
0781	Forsøk og utvikling mv - spes. driftsutgifter	21	Spesielle driftsutgifter		åpen fullmakt	23 971	
0783	Personell - spes. driftsutgifter	21	Spesielle driftsutgifter		925 000	917 620	
0854	Tiltak i barne- og ungdomsvernet - spes. drif	21	Spesielle driftsutgifter		1 470 901	1 413 805	
0854	Kommunalt barnevern	60	Diverse		31 008 000	31 008 000	
1144	Miljørettet prosjektarbeid m.m.	77	Tilskudd		160 000	161 609	
1400	Spesielle driftsutgifter	21	Spesielle driftsutgifter		120 000	118 712	
1410	Miljøovervåking og miljødata	21	Spesielle driftsutgifter	1	656 400	346 400	
1420	Miljødirektoratet - spes. driftsutgifter	21	Spesielle driftsutgifter	1	2 315 150	2 444 916	
1420	Statlige vannmiljøtiltak	22	Diverse		9 806 000	11 495 591	
1420	Klima, naturmangfold og forurensing- oppdr	23	Diverse		2 613 480	2 316 774	
1420	Tiltak i verneområder	31	Diverse		2 125 000	2 126 968	
1420	Oppryddingstiltak	39	Diverse		802 842	806 674	
1420	Erstatning for beitedyr tatt av rovdyt	72	Tilskudd		2 000 000	1 732 581	
1420	Forebyggende og konfliktdempende tiltak i r	73	Tilskudd		2 200 000	1 974 149	
1420	Verdensarvområder	81	Diverse		1 110 000	1 110 000	
1420	Tilskudd til prioriterte arter og utvalgte natu	82	Diverse		2 072 000	2 071 800	
1425	Tilskudd/rammeoverføring	01	Driftsutgifter		270 000	270 000	
1425	Tilskudd til fiskeformål	70	Tilskudd		350 000	350 000	
1425	Tilskot til viltformål	71	Tilskudd		376 511	376 511	
1633	Nettoordning for mva i staten	01	Driftsutgifter			4 612 678	
Sum utgiftsført					251 402 075	271 180 441	

Inntektskapittel	Kapittelnavn	Post	Postekst	Samlet tildeling	Regnskap 2015	Merinntekt og mindreinntekt (-)
3525	Inntekter ved oppdrag	01	Driftsinntekter	B	4 364 982	4 364 982
3525	Ymse inntekter	02	Ymse	B	1 369 446	1 369 446
5309	Tilfeldige inntekter, ymse	29	Ymse		317 554	
5700	Arbeidsgiveravgift	72	Arbeidsgiveravgift		10 914 320	
Sum inntektsført					0	16 966 302
<b>Netto rapportert til bevilgningsregnskapet</b>					<b>254 214 139</b>	
<b>Kapitalkontoer</b>						
60069901	Norges Bank KK /innbetalinger				10 329 238	
60069902	Norges Bank KK/utbetalinger				-265 005 011	
715215	Endring i mellomværende med statskassen				461 634	
Sum rapportert						0
<b>Beholdninger rapportert til kapitalregnskapet (31.12)</b>						
<b>Konto</b>	<b>Tekst</b>			<b>2015</b>	<b>2014</b>	<b>Endring</b>
6260	Aksjer			0	0	0
0	Mellomværende med statskassen			-3 522 949	-3 984 582	461 634

\* Samlet tildeling skal ikke reduseres med eventuelle avgitte belastningsfullmakter. Se note B for nærmere forklaring.

Viser til brevlig ompostering vedr kappost 1410.21 hvor bleastning på kr 310.000,- har blitt bokført på kappost 1420.21. Brevlig ompostering er foretatt i

**Virksomhet: A6 - Fylkesmannen i Møre og Romsdal**

<b>Note A Forklaring av samlet tildeling utgifter</b>			
<b>Kapittel og post</b>	<b>Overført fra i fjor</b>	<b>Årets tildelinger</b>	<b>Samlet tildeling</b>
0525.01	1 585 000	79 871 000	81 456 000
0525.21	1 239 000	0	1 239 000
xxxxxx			0
xxxxxx			0

**Note B Forklaring til brukte fullmakter og beregning av mulig overførbart beløp til neste år**

Kapittel og post	Stikkord	Merutgift(-)/ mindre utgift	Utgiftsført av andre i hht avgitte belastnings-fullmakter (-)	Merutgift(-)/ mindreutgift etter avgitte belastnings-fullmakter	Merinntekter / mindreinntekter(-) iht merinntektsfullmakt	Omdisponering fra post 01 til 45 eller til post 01/21 fra neste års bevilgning	Innsparinger(-)	Sum grunnlag for overføring	Maks. overførbart beløp *	Mulig overførbart beløp beregnet av virksomheten
0525.01/3525.02		336 432		336 432	1 369 446			1 705 877	3 993 550	1 705 877
0525.21/3525.01	Kan overføres	-3 459 976		-3 459 976	4 364 982			905 006	905 006	905 006

\*Maksimalt beløp som kan overføres er 5% av årets bevilgning på driftspostene 01-29, unntatt post 24 eller sum av de siste to års bevilgning for poster med stikkordet "kan overføres". Se rundskriv R-2 for mer detaljert informasjon om overføring av ubrukte bevilgninger.

**Forklaring til bruk av budsjettfullmakter****Forklaring til bruk av budsjettfullmakter****Fullmakt til å overskride driftsbevilgninger mot tilsvarende merinntekter**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har i 2015 fått fullmakt for å overskride driftsbevilgningen på kap 0525 post 01 med inntil 2% av bevilgningen på posten mot tilsvarende merinntekt på kap. 3525 post 02, jf.

Bevilgningsreglementet § 11 fjerde ledd nr.1 og FIN rundskriv R-110/2013, pkt. 2.4.

Fylkesmannen har også fått fullmakt til å overskride driftsbevilgninger på kap 0525.21. Fullmakten gjelder tilgangen til å overskride driftsbevilgninger på kap 0525 post 21 mot tilsvarende merinntekter på kap 3525 post 01, jf.

Romertallsvedtak II i Prop.1S (2013-2014), Innst.16S (2013-2014).

**Mulig overførbart beløp på kap 0525**

Fylkesmannens ubrukte bevilgning på kapittel/post 0525.01 beløper seg til kr 1 705 877,-. Da dette beløpet er under grensen på 5 % regnes hele beløpet som mulig overføring til neste budsjettår. Beløpet som står på kapittel/post

0525.21 kan overføres i sin helhet da stikkordet "kan overføres" er knyttet til kapittel/posten. Beløpet inngår i beregningen av mulig overførbart beløp til neste år.

Mulig overføring til neste år er en beregning, og Fylkesmannen får tilbakemelding fra overordnet departement om endelig beløp som overføres til neste år. Departementet vurderer blant annet andre virksomheter og

departementet selv som disponerer midler på de samme kombinasjonene av kap/post som Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Overførbarheten er begrenset til 5 % av bevilgningen for hele posten, jamfør bestemmelser i

bevilgningsreglementet og det årlige rundskrivet om overførbare bevilgninger (R-2). Beregningene over viser Fylkesmannen i Møre og Romsdal sin andel av bevilgning på den enkelte kombinasjon av kap/post .

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har hatt en brevlig ompostering foretatt i periode 13, denne er hensyntatt ved rapportering. Regnskapsført grunnlag for overføring før ompostering i statsregnskapet er kr 925 006,-

## Oppstilling av artskontorrapporteringen, 31.12.2015

	Note	2015	2014
<b>Driftsinntekter rapportert til bevilgningsregnskapet</b>			
Innbetalinger fra gebyrer	1	0	0
Innbetalinger fra tilskudd og overføringer	1	1 272 905	2 714 993
Salgs- og leieinnbetalinger	1	4 461 523	4 840 179
Andre innbetalinger	1	0	0
<i>Sum innbetalinger fra drift</i>		5 734 428	7 555 172
<b>Driftsutgifter rapportert til bevilgningsregnskapet</b>			
Utbetalinger til lønn	2	88 773 332	85 464 617
Andre utbetalinger til drift	3	43 087 671	47 134 717
<i>Sum utbetalinger til drift</i>		131 861 003	132 599 334
<b>Netto rapporterte driftsutgifter</b>		<b>126 126 576</b>	<b>125 044 162</b>
<b>Investerings- og finansinntekter rapportert til bevilgningsregnskapet</b>			
Innbetaling av finansinntekter	4	-3 015	-424
<i>Sum investerings- og finansinntekter</i>		-3 015	-424
<b>Investerings- og finansutgifter rapportert til bevilgningsregnskapet</b>			
Utbetaling til investeringer	5	4 639 267	3 837 322
Utbetaling til kjøp av aksjer	5,8B	950	0
Utbetaling av finansutgifter	4	2 188	0
<i>Sum investerings- og finansutgifter</i>		4 642 405	3 837 322
<b>Netto rapporterte investerings- og finansutgifter</b>		<b>4 645 420</b>	<b>3 837 746</b>
<b>Innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten</b>			
Innbetaling av skatter, avgifter, gebyrer m,m,	6	130 859	181 475
<i>Sum innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten</i>		130 859	181 475
<b>Tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten</b>			
Utbetalinger av tilskudd og stønader	7	130 042 290	113 789 994
<i>Sum tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten</i>		130 042 290	113 789 994
<b>Inntekter og utgifter rapportert på felleskapitler *</b>			
Gruppelivsforsikring konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)		186 696	180 414
Arbeidsgiveravgift konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)		10 914 320	10 476 817
Nettoføringsordning for merverdiavgift konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)		-4 612 678	0
<i>Sum rapporterte utgifter på felleskapitler</i>		6 488 338	10 657 231
<b>Netto rapportert til bevilgningsregnskapet</b>		<b>254 195 089</b>	<b>231 833 196</b>
<b>Oversikt over mellomværende med statskassen **</b>			
<b>Eiendeler og gjeld</b>		<b>2015</b>	<b>2014</b>
Fordringer		117 803	-950
Kasse		0	0
Bankkontoer med statlige midler utenfor Norges Bank		0	0
Skyldig skattetrekk		-3 605 381	-3 988 919
Skyldige offentlige avgifter		0	0
Annen gjeld		-15 371	5 287
<b>Sum mellomværende med statskassen</b>	8	<b>-3 502 949</b>	<b>-3 984 582</b>

\* Andre ev. inntekter/utgifter rapportert på felleskapitler spesifiseres på egne linjer ved behov.

## Note 1 Innbetalinger fra drift

	31.12.2015	31.12.2014
<i>Innbetalinger fra gebyrer</i>		
Byggesaksgebyr	0	0
Tilsynsavgift elsikkerhet	0	0
Gebyrer / avgift omsetning produksjon sprengstoff første omsetningsledd	0	0
<b>Sum innbetalinger fra gebyrer</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<i>Innbetalinger fra tilskudd og overføringer</i>		
Tilskudd fra statlige virksomheter	1 272 905	2 696 993
Tilskudd fra kommunale og fylkeskommunale etater	0	18 000
<b>Sum innbetalinger fra tilskudd og overføringer</b>	<b>1 272 905</b>	<b>2 714 993</b>
<i>Salgs- og leieinnbetalinger</i>		
Inntekter fra oppdragsvirksomhet, avgiftspliktig	0	2 679
Inntekter fra salg av oppdrag, avgiftfri	3 122 077	3 988 330
Inntekter av oppdrag, utenfor avgiftsområdet	1 339 446	849 171
<b>Sum salgs- og leieinnbetalinger</b>	<b>4 461 523</b>	<b>4 840 179</b>
<i>Andre innbetalinger</i>		
<b>Sum andre innbetalinger</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Sum innbetalinger fra drift</b>	<b>5 734 428</b>	<b>7 555 172</b>

**Note 2 Utbetalinger til lønn**

	<b>31.12.2015</b>	<b>31.12.2014</b>
Lønn	76 302 967	73 282 587
Arbeidsgiveravgift	10 914 320	10 476 818
Pensjonsutgifter*	0	0
Sykepenger og andre refusjoner(-)	-3 756 267	-3 442 962
Andre ytelser	5 312 312	5 148 174
<b>Sum utbetalinger til lønn</b>	<b>88 773 332</b>	<b>85 464 617</b>
<i>* Denne linjen benyttes av virksomheter som innbetaler pensjonspremie til SPK.</i>		
<b>Antall årsverk:</b>	<b>x</b>	<b>x</b>

**Note 3 Andre utbetalinger til drift**

	<b>31.12.2015</b>	<b>31.12.2014</b>
Husleie	4 689 169	4 650 179
Vedlikehold egne bygg og anlegg	18 916	0
Vedlikehold og ombygging av leide lokaler	818 363	2 984 918
Andre utgifter til drift av eiendom og lokaler	4 681 112	3 476 553
Reparasjon og vedlikehold av maskiner, utstyr mv.	253 477	219 535
Mindre utstyrsanskaffelser	618 263	540 633
Leie av maskiner, inventar og lignende	717 339	730 143
Kjøp av fremmede tjenester	14 509 492	17 895 792
Reiser og diett	5 649 083	4 831 375
Øvrige driftsutgifter	11 132 458	11 805 588
<b>Sum andre utbetalinger til drift</b>	<b>43 087 671</b>	<b>47 134 717</b>

**Note 4 Finansinntekter og finansutgifter**

	31.12.2015	31.12.2014
<i>Innbetaling av finansinntekter</i>		
Renteinntekter	-3 015	-424
Valutagevinst	0	0
Annen finansinntekt	0	0
<b>Sum innbetaling av finansinntekter</b>	<b>-3 015</b>	<b>-424</b>

	31.12.2015	31.12.2014
<i>Utbetaling av finansutgifter</i>		
Renteutgifter	2 188	0
Valutatap	0	0
Annen finansutgift	0	0
<b>Sum utbetaling av finansutgifter</b>	<b>2 188</b>	<b>0</b>

**Note 5 Utbetaling til investeringer og kjøp av aksjer**

	<b>31.12.2015</b>	<b>31.12.2014</b>
<i>Utbetaling til investeringer</i>		
Immaterielle eiendeler og lignende	26 890	70 197
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	0	0
Beredskapsanskaffelser	0	0
Infrastruktureiendeler	0	0
Maskiner og transportmidler	120 455	0
Driftsløsøre, inventar, verktøy og lignende	4 491 922	3 767 125
<b>Sum utbetalt til investeringer</b>	<b>4 639 267</b>	<b>3 837 322</b>

**Note 6 Innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten**

	<b>31.12.2015</b>	<b>31.12.2014</b>
Tilfeldige og andre inntekter.	130 859	181 475
<b>Sum innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten</b>	<b>130 859</b>	<b>181 475</b>

**Note 7 Tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten**

	<b>31.12.2015</b>	<b>31.12.2014</b>
Tilskudd til kommuner	111 229 327	97 291 144
Tilskudd til fylkeskommuner	4 115 155	4 996 825
Tilskudd til private	5 468 017	4 553 685
Tilskudd til organisasjoner	4 402 991	4 921 340
Tilskudd til statsforvaltningen	4 826 800	2 027 000
<b>Sum tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten</b>	<b>130 042 290</b>	<b>113 789 994</b>

## Note 8 Sammenheng mellom avregning med statskassen og mellomværende med statskassen

## Del A Forskjellen mellom avregning med statskassen og mellomværende med statskassen

	31.12.2015	31.12.2015	
	Spesifisering av bokført avregning med statskassen	Spesifisering av rapportert mellomværende med statskassen	Forskjell
Finansielle anleggsmidler			
Investeringer i aksjer og andeler*	950	950	0
Obligasjoner	0		
Sum	950	950	0
Omløpsmidler			
Kundefordringer	211 644	0	211 644
Andre fordringer	117 803	117 803	0
Bankinnskudd, kontanter og lignende	0	0	0
Sum	329 447	117 803	211 644
Langsiktig gjeld			
Annen langsiktig gjeld	0	0	0
Sum	0	0	0
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	27	0	27
Skyldig skattetrekk	-3 605 381	-3 605 381	0
Skyldige offentlige avgifter	0	0	0
Annen kortsiktig gjeld	-16 321	-16 321	0
Sum	-3 621 675	-3 621 702	27
<b>Sum</b>	<b>-3 291 278</b>	<b>-3 502 949</b>	<b>211 670</b>

\* Virksomheter som eier finansielle anleggsmidler i form av investeringer i aksjer og selskapsandeler fyller også ut note 8 B

## Del B Spesifisering av investeringer i aksjer og selskapsandeler

	Ervervesdato	Antall aksjer	Eierandel	Stemmeandel	Årets resultat i selskapet	Balanseført egenkapital i selskapet	Balanseført verdi i regnskap*
Aksjer							
Selskap 1							
Selskap 2							
<b>Balanseført verdi 31.12.2015</b>							<b>0</b>

\* Investeringer i aksjer er bokført til anskaffelseskost. Balanseført verdi er den samme i både virksomhetens kontospesifikasjon og kapitalregnskapet.

# Innhold

Kongehuset	Side 2
Arbeids- og sosialdepartementet	Side 2
Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet	Side 6
Helse- og omsorgsdepartementet	Side 10
Justis- og beredskapsdepartementet	Side 22
Kommunal- og moderniseringsdepartementet	Side 30
Kulturdepartementet	Side 48
Kunnskapsdepartementet	Side 49
Landbruks- og matdepartementet	Side 68
Klima- og miljødepartementet	Side 84
Samferdselsdepartementet	Side 91
Statens Helsetilsyn	Side 92
Utenriksdepartementet	Side 95
Andre	Side 95

Fylkesmannsembetene utfører fagoppgaver for flere departementer og direktorater/tilsyn. Hvert departement er faglig overordnet embetene på det aktuelle fagområdet. I årsrapporten del III er det gitt en kort omtale og vurdering knyttet til hvert departementsområde. Nedenfor følger embetets mer utførlig resultatrapportering knyttet til embetsopdraget for de ulike departementene.

## **Kongehuset**

### **Resultatområde 00 Kongehuset**

#### **00.1 Kongelige besøk**

HKH Kronprins Haakon gjesta Volda vg skule i Volda og held opplæring i Dignity Day den 2.6.2015. han besøkte også Ulstein Group i Ulsteinvik same dag.

#### **00.2 Saksforberedelse av tildeling av ordener og medaljer**

Det er delt ut åtte Kongens fortjenstmedaljar (3 kvinner og 5 menn) og to St. Olavs Orden (menn).

## **Arbeids- og sosialdepartementet**

### **Resultatområde 73 Sosiale tjenester**

I 2014 endra Fylkesmannen si organisering og innførte fagkoordinatorar. Sosiale tjenester har koordinator som mellom anna skal være pådrivar for at vi skal sjå alle oppdrag som gjeld sosiale tenester i NAV i samanheng (klage, tilsyn og utviklingsoppgåver).

#### **73.1 Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen**

Fylkesmannen har behandla 158 saker etter lov om sosiale tjenester i NAV (STL).

Vi mottok 85 saker i 2012, 98 i 2013, 107 i 2014 og 162 saker i 2015.

Vedtaket blei stadfesta i 74% av sakene, endra i 14% av sakene og oppheva i 11% av sakene.

90% av sakene er behandla innan 3 månader.

Vi viser elles til rapportering til Statens helsetilsyn for 2015 gjennom NESTOR.

Fylkesmannen hadde i 2015 opplæring i lov og rundskriv for nyttilsette i NAV. Opplæringa gikk over 2 dagar. Vi har også delteke med innlegg på NAV Møre og Romsdal sitt inntrykkskurs for nyttilsette i 2015.

Fylkesmannen gjennomførte også ein fagdag om *EØS-borgarar og tenester frå NAV* i samarbeid med NAV Eures. 121 deltok.

I tillegg hadde fylkesmannen to-dagars grunnkurs og to dagars vidaregående kurs i økonomisk

Nytt om sosialtenestelova, korleis den er å forstå og skal andvendast, er tema på alle 4 møter med Navleiarar i Møre og Romsdal

## **73.2 Sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen – formidlingstiltak og kompetanseutvikling**

### **Kompetansehevede tiltak:**

Fylkesmannen har tett og jamnleg kontakt med NAV Møre og Romsdal, både på leiar- og rådgivarnivå. Dette er nedfelt i ein samarbeidsavtale som reviderast 1 gong i året. Vi samarbeider om

- NAV leiarmøter (fire to-dagersmøter i 2015)
- Arbeidsgruppe NAV – (3 - møter i 2015) vi vekslar på å kalle inn. Tema er:
  - KVP
  - arbeid og psykisk helse/rus og barn og unge.
  - opplærings-/ utviklingstiltak

Vi samordnar kompetansetiltaka og prøver å unngå at aktivitetane kolliderer når det gjeld tid eller tema. Vi let kvarandre delta på våre respektive arenaer eller vi lagar felles arena.

Vi understøtter Standard for arbeidsretta brukaroppfølging, og viser til den når det er aktuelt. I Nav MR sitt arbeid med å innføre og implementere Veiledningsplattforma i fylket, har vi medvirka i drøftingar av strategisk tenkning og planlegging rundt dette. Vidare har vi bidratt i planleggjing og drøftingar av innhald på grupperettleiarsamling, samt delteke på samlinga. Vår erfaring med HPMT er relevant i denne samanhengen.

Som rapportert i 73.1 har Fylkesmannen gjennomført opplæring i STL. I samarbeid med NAV MR kobla vi på formålspargrafen i NAV lova, Standard for arbeidsretta brukaroppfølging og veiledningsplattforma. NAV MR sine rådgivarar var med i planlegging, gjennomføring og evaluering. Dette for å sikre sammenheng og samordning.

Vår vurdering er at elementar frå Veiledningsplattforma m/fordypningsmodular kan vere anvendbare når vi skal ha lovopplæring/fagdagar, og at vi med dette kan bidra til å koble sammen lovforståing, faglig utvikling, Nav sin oppfølgingsmetodikk og vidareutvikle samarbeidet mellom oss og Nav MR. I lys av dette, ser vi det derfor som ein fordel å kunne få tilgang til Veiledningsplattforma sine fordjupningsmodular via Navet.

### **Partnerskapet i NAV**

For å understøtte partnerskapet deltar vår direktør i "Samarbeidsarena NAV". Dette er møte med rådmannsutvalget, saman med NAV Møre & Romsdal og KS. få møter i 2015

I 2013 starta Fylkesmannens sentrale leing sine kommunebesøk. Alle dei 36 kommunane har fått besøk i løpet av 2013 - 2015. I samband med det laga vi "kommunebilde" for kvar enkelt kommune på alle dei mest aktuelle områda. Under overskrifta sosiale tenester beskreiv vi det enkelte NAV kontor med tilhøyrande dialogpunkt, dvs. spørsmål om korleis partnerskapet fungerer lokalt og korleis NAV sosiale tenester er forankra i kommuneleinga. Forankringa er variabel; frå relativ tett kontakt mellom kommuneleing og Nav leiar, til styring gjennom økonomiske budsjett der målet er lavast mogelege kostnader for kommunen heller enn kvalitet på tenestene.

### **Samarbeid mellom NAV Møre og Romsdal og Høgskulen i Volda**

Det er utarbeidd samarbeidsavtale. Fylkesmannen er ikkje avtalepart eller den som kallar inn, men skal delta i eit årleg møte mellom partane. Det har ikkje vore gjennomført slikt møte i 2014.

Fylkesmannen har utlyst og tildelt tilskot til fagsamlingar i tenesteområda i NAV (TO Sunnmøre, Nordmøre og Romsdal) med utgangspunkt i tema frå kommunebrevet. Vi har delteke på ei av tre samlingar.

Vi opplever det som vanskelig å måle kvalitetsforbetring etter Fylkesmannens innsats. Det er mykje som spelar inn på kvaliteten, men vi har i alle høve fått gode tilbakemeldingar etter lov-kurs, NAV- leiarmøter og kommunebesøk.

### 73.3 Kvalifiseringsprogrammet

Vi viser til kvalitativ årsrapportering til AV-dir. Sjølv om direktoratet henvender seg til Fylkesmannen om rapportering, samarbeider vi med NAV fylke også på dette punktet, i år blei samarbeidet om rapportering begrensa pga sjukdom, men NAV direktør gikk igjennom rapporten og hadde mogelegheit til å uttelse seg. Vi får til meir på KVP området saman enn kvar for oss. Vi ser at det er nødvendig og nyttig å innhente oppdatert informasjon frå kommunen/NAV-kontora når vi rapporterer, dette gjorde vi også i år. Nytt i år var at vi henvendte oss også til kommunleinga og utfordra dei på å svare saman med Nav-leiar. KVP er fortsatt ei ny ordning for kommuneleinga.

Vi har gjennomført STL opplæring for nye der KVP fekk stor plass. Vi samarbeidde tett med NAV fylke både i planlegging, innhald og gjennomføring. Vi har lagt inn "standarden", NAV lova og hatt fokus på praksis; der kommune møter stat (regelverk).

Fylkesmannen legg vekt på å sjå tilsyn, klage og utvikling i samanheng og forankre KVP gjennom å dele erfaringar frå KVP tilsyn (landsbasis) på alle relevante møtearenaer. I år arrangerte vi ein to dagars KVP samling for NAV kontor og kommuneleing (sistnevnte gruppe var få) i tillegg til å dele funn frå tilsyn, hadde vi fagleg "påfyll" og erfaringsdeling frå to NAV kontor.

Vi arrangerte og ein fagdag for erfarne KVP veiledarar med fokus på kartlegging og innhald i program. Vår erfaring er at kompetansen kva gjeld behovs- og arbeidsevnevurdering er mangelfull i NAV kontor. Vi har utarbeida eit Tipshefte kva angår KVP innhald. Vi ser og at det er eit potensiale til å utvikle veiledningskompetanse og forståelse av KVP som rettighet og mulighet, gjennom å koble lovforståig, Veiledningsplattform med fordjupningsmodular, Standard og arbeidsmarkedsplattform.

KVP er alltid tema på dei 4 NAV-leiarmøtene i året. I 2015 starta vi førebuing med på nytt lage KVP nettverk for NAV kontora. Vi oppfatta interessa som liten, men vil arbeide vidare med dette i 2016.

Vi hadde ingen klagesaker på KVP i 2015. Derimot meiner vi at vi ga god og konkret rettleiing ut mot dei 5 kommunane vi avdekte avvik hos i 2015. I 2015 plukka vi ut etter ei risiko og sårbarheitsvurdering ytterligere 2 kommuner som har fått varsel om KVP tilsyn i 2016

#### KVP-kunnskap

Vi gjev råd og veiledning om KVP via e-post og telefon (kontinuerleg).

Fylkesmannen lyste ut tilskot til med utgangspunkt i kommunebrevet der KVP og er tema, det var ingen NAV kontor som valgte KVP som tema i 2015.

KVP informasjon har også vore formidla inn i Ringar i vatn (nettverkssamling for rus og psykisk helse). KVP «roll up» og KVP brosjyre var del av denne informasjonen.

Sjå elles rapporten med vedlegg for meir informasjon

### 73.4 Økonomisk rådgivning

I 2015 var det gjennomført to-dagars grunnkurs og to-dagars vidaregåande kurs for kommunane. Dette blei gjort i samarbeid med kompetansekontakt Inger-Helene Søggen og Tor H. Waardal hos Fylkesmannen i Hordaland.

Fylkesmannen deltok på konferansen "*Penger til besvær*" 28. - 29.10.

Fylkesmannen har gitt tilskott på kr 20.000 til vertskommunen til økonomikontaktperson i kvart av dei tre tenesteområda i fylket. Desse har gitt råd og rettleiing til dei andre økonomirådgivarane i fylket og har også arrangert fleire samlingar innan tenesteområdet sitt.

Lovopplæringa i 2015 omfatta også råd og rettleiing etter § 17 og vi har fokus på at det skal vere vedtak på tenesta.

## 73.5 Boligsosialt arbeid

Fylkesmannen har i løpet av 2015 gjennomført mange fagsamlingar knytt til rus og psykisk helse. Bustad er tema i mange av våre aktiviteter; lovkurs, navleiarmøter og vi har delt frå busstadsosialt prosjekt på navleiarmøte også i 2015. Videre har vi høgt fokus på bustad i klagesaker og at vi har hatt fleire hendelsebaserte tilsyn i 2015.

I 2015 vart Fylkesmannen i Møre og Romsdal tildelt kr.3 607 695,- i tilskotsmidlar som er ei auke fra året før. Dette er fordelt på 7 prosjekt og 8 kommunar. Dei fleste av prosjekta er knytt til forsterka tenester inn i bolig.

I 2015 vart det arrangert eiga samling med prosjektkommunane. Eit serskilt tema var å rette fokus på implementering av boligsosiale prosjekt etter at prosjektperioden slutta. Ein har også arbeidd målretta med å hauste erfaringar frå kommunar som har lukkast godt med prosjektarbeid. I tillegg også ha fokus på langsiktig planlegging innan fagfeltet mellom anna med vekt å bustadsosiale handlingaplanar.

Gjennom strategiplana Bustad for velferd har Fylkesmannen deltek i læringsnettverka som er koordinert frå Husbanken-Midt Noreg.

Fylkesmannen har mage tverrfaglege møteplassar også innan fagområder ut over helse- og sosialteneste. I 2015 har Fylkesmannen gjennomført dialogmøte med alle kommunane i fylket (36). Kommunane melder om store utfordringar innan området og ein vurderer at Fylkesmannen har ei viktig pådrivarrolle i denne samanheng.

## 73.6 Barn og unge

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har ei eiga satsing for barn og unge. Målsettinga er at barn og unge sine oppvekstvilkår skal bli vurdert i all aktivitet hos Fylkesmannen. Vi arbeider for å

- sikre barn og unges medverknad
- betre det fysiske oppvekstmiljøet for barn og unge
- betre det psykososiale oppvekstmiljøet for barn og unge
- utjamne konsekvensar av sosiale ulikskap

Alle avdelingane i embetet er representert i ei arbeidsgruppe. Det er utvikla ein kvalitetstrategi for at arbeid med barn og unge skal vere gjennomgåande i all aktivitet hos Fylkesmannen. I tillegg er det utvikla eigne kvalitetsindikatorar i sosiale tenester for å sikre at vi huskar barn/unge-perspektivet i alle våre aktiviteter. Barn og unge-perspektivet kjem til uttrykk på mange område, som kurs, sakshandsaming, tilsyn osv. Barn og unge står på saklista til NAV leiarmøte kvar gong, på siste møte fordjuping og utdeling av barnekonvensjonen. Det blir på desse møta lagt til rette for presentasjon/erfaringsdeling fra barnefattigdomsprosjek

Vi lyste ut midlar til fagsamling i NAV sine tenesteområder, TO Nordmøre hadde barnefattigdom som tema, TO Romsdal hadde "Fattigdom i Norge" v Stein Langeland der barnefattigdom inngikk. TO Sunnmøre hadde innlegg om unge og Ungdomsteamet i NAV Ålesund. nettverksamling for rus/psykisk helse hadde tema ungdom i overgang frå barn til vaksen, tittel «Unge vaksne – kor er dei, kor skal dei?»

Tilskot til nedkjemping av barnefattigdom er gitt til 3 komunar i fylket. Tilskotsforvaltninga blir sett i samanheng med tilskot innan bustadsosialt arbeid og kommunalt rusarbeid. Samarbeid om oppfølging av tilskuddskommunar blir teke opp i internt tilskuddforum. Fylkesmannen inviterte alle kommunane til ei samling om sosiale skilnader og prosjektarbeid i desember.

I 2015 har embetet gjennomført ei kartlegging i alle kommunar om oppvekstvilkår for barn og unge, etter modelle frå "Sjumilssteget" 35 av 36 kommunar har svart. Dette materialet skal analyseras og vil ligge til grunn for aktivitet i 2016.

**Kessursrapportering**

<b>Resultatområde</b>	<b>Kapittel 0525</b>	<b>Fagdep.</b>
73.3 Kvalifiseringsprogrammet	kr 11,42	kr 263 729,29
73.9 Andre oppgaver – Sosialtjeneste (rest 73)	kr 893 678,29	kr 1 294 537,23
74 Tilsyn etter lov om sos. tj. i NAV	kr 233 372,29	kr 130 211,63
Andre oppgaver under ASD	kr 255 766,32	kr 0,00
Sum:	kr 1 382 828,00	kr 1 688 478,00

**Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet****Resultatområde 42 Familierett****42.1 Ekteskapsloven**

Det er utferdiget 520 separasjonsbevillinger i 2015 og utferdiget 435 bevillinger om skilsmisse dette året. Talet er stabilt i høve til fjoråret.

I en del av søknadene fra utenlandske borgarar er det avvik mellom opplysningar registerert i folkeregisteret og søkjarande sin eigne opplysninger, dette fører til meirarbeid i form av kontakt med folkeregisteret og Udi.

**42.2 Anerkjennelsesloven**

Fylkesmannen har handsama 56 søknader om godkjenning av utenlandsk skilsmisse og/eller skiftefritak i 2015.

Dette er ein liten nedgang i saksmengda fra 2014 da det vart handsama 83 søknader.

**42.3 Barneloven**

Fylkesmannen har ikkje behandla saker som gjeld avtaler om foreldreansvar m.m. til stadfestelse i 2015, eller behandlet saker om reiseskostnader ved samvær.

Vi har mottatt tre skriftlige saker som gjeld spørsmålet , men ingen med realitetsavgjerd.

Det har vært ein del rettleiing pr. telefon, både når det gjeld reisekostnader og utleveringer av opplysninger om barnet.

**42.4 Veiledning og informasjon**

Fylkesmannen har i snitt ein telefon i veka knytt til spørsmål om barnelova. Spørsmåla gjeld reisekostander, meking, opplysningar om barnet og ellers Fylkesmannen si rolle knytt til ei aktuelle sakene.

**Resultatområde 43 Føre tilsyn med kommunenes plikt til å sørge for et krisesentertilbu**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal gjennomførte i desember 2014 og våren 2015 besøk på våre tre krisesenter i fylket. Besøkene ble gjort for å kartlegge hvilket tilbud som inngikk hos de enkelte sentrene, samt fysisk utforming av sentrene. Samtidig fikk vi en oppdatering av hvilke kommuner som hadde gjort avtaler med de enkelte krisesentrene. I tillegg gjennomførte vi på slutten av 2015 en fagdag for ansatte i krisesentrene og voldskordinator hos politiet. 35 av våre 36 kommuner har samarbeidsavtale med krisesentrene. Den siste

kommunen har avtale i annet fylke.

## **Resultatområde 44 Føre tilsyn med familievernkontor**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har ikkje gjennomført tilsyn med våre 3 familievernkontor i 2015. Det vert gjort ei risikovurdering gjennom året, men vi har ikkje sett noko grunn for å prioritere tilsyn her i 2015..

## **Resultatområde 45 Barn og unge**

### **45.1 Veiledning og samordning**

Fylkesmannen har gjennomført desse aktivitetane i 2015:

- opplæring for nyttilsette i kommunal barnvernteneste - 3 dagar
- barnevernkonferanse i Geiranger - 3 dagar
- møte med barnvernleiarane i fylket
- deltar i lokalt samarbeidsutvalg for barn og unge
- koordinert to samarbeidsmøte mellom fylkesmannen, bufetat og fylkesnemnda
- hatt undervisning for barneansvarlege i helseforetaket om meldeplikt og opplysningsplikt
- dialogkonferanse om skolesatinga i barnevernet

### **45.2 Fritak for taushetsplikt**

Det er i løpet av året behandla 8 søknader om fritak frå teieplikt etter barnevernlova, alle i samanheng med straffesaker.

### **45.5 Opplæringstilbud i å samtale med barn om vold og seksuelle overgrep i undersøkelser**

Fylkesmannen har saman med RVTS arrangert i alt tre fagdagar med tils. ca. 400 deltakarar i 2015. Fagdagane er følgt opp med veiledningstilbod 3 dagar.

### **45.7 Tilskudd til kommunalt barnevern**

Fylkesmannen har fordelt 1 1/2 stilling til barnevernet i kommunane i 2015, tildel "ekstramidlar" og vidareført den tidlegare tildelingat itil styrking av barnevernet.

## Resultatområde 46 Universell utforming

## Resultatområde 47 Integrering av innvandrere

### 47.1 Statsborgerseremonier

Talet på deltakarar har auka jamt for kvart år. 201 nye statsborgarar deltok dette året. Dei representerte 37 land og kom frå 29 kommunar i Møre og Romsdal.

Statsborgerseremonier

Embeter	Antall seremonier	Prosent nye statsborgere som har deltatt
FMMR	1	39
<b>Sum</b>	<b>1</b>	

### 47.2 Bosetting av flyktninger

I planarbeidet blir busetting av flyktningar eit tema. Det vil vere eit tema som blir følgt opp i gjennomgang av kommunale planstrategiar i 2016.

Det er gjennomført møter med 10 kommunar våren 2015. Tema har blant anna omfatta busetting av flyktningar og kommunale vedtak i tråd med oppmodingar frå IMDI. I tillegg har det vært tema i anna kontakt med kommunane. Det er skjedd ei endring i løpet av hausten, både når det gjeld oppmodingar frå IMDI og auke i talet på personar som kommunane fattar vedtak om busetting for.

Busetting og integrering av flyktningar har vært tema i politikeropplæringa som er gjennomført i fylket.

### 47.3 Introduksjonsordning for nyankomne innvandrere (introduksjonsloven)

Det kom kun inn tre klagesaker på introduksjonsordning, der vi stadfesta alle vedtaka fra kommunane. To av sakene gjaldt stans av programmet, ei gjaldt avslag på forlenging av program. Sakene kom fra fylkets to største byer, og alle tre klagarar var menn.

Vi har gitt informasjon om Introduksjonslova i samband med møte i skuleleiarnettverket for vaksenopplæring i Møre og Romsdal, på Fylkesmannen si heimeside og i samband med tilsyn.

Når det gjeld rapportering om tilsyn, viser vi til pkt. 47.5.

Vi vurderer det slik at vi har god kompetanse på feltet.

### 47.4 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere og norskopplæring for asylsøkerere

#### Resultatområder

#### 47.4 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere og norskopplæring for asylsøkere

#### Norskopplæring

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har i 2015 fått til saman 549000,- kroner frå Vox til

Midlane vart brukt til den årlege Geirangerkonferansen for norsklærarar/leiarar, som i år gjekk over 3 dagar hausten 2015. Tema for norskopplæringa var på dag 1: Vurdering av munnlege ferdigheiter, arbeidsretta norskopplæring. Dag 2: Rolleforståing og læringsleing i vaksenopplæringa. Dag 3: Frå B1 til B2 med rask progresjon, sensor og eksaminator si rolle. Alle kursa vart godt motteke av dei omlag 130 norsklærarar som deltok på konferansen i Geiranger.

Fylkesmannen har hatt god kontakt med Vox og har delteke på møte og kurs/samlingar som Vox har hatt med fylkesmennene og skoleleiarane vår og haust 2015. Vi har også hatt god kontakt både med leiarnettverket og Arbeidsutvalet for leiarnettverket i M&R og har delteke på aktuelle møte med dei både vår og haust.

Det har i 2015 og vore prioritert sensorskolering internt og eksternt på vaksenopplæringsentra i forhold til gjennomføring av munnleg norskprøve. Dei lærarane som fekk skolering på området, har hatt ansvaret for den eksterne sensorskoleringen i fylket. Det jobbes og med å få til eit nettverk i fylket for bruk av eksterne sensorar.

14213,- i ubrukte midlar vart tilbakeført til Vox ved utgang av 2015.

Fylkesmannen vurderer måloppnåinga som god.

### **Grunnskoleopplæring**

Fylkesmannen har fått 154400 kroner i midlar frå Vox til etterutdanning av lærarar og leiarar i grunnskoleopplæring/grunnleggande ferdigheiter i 2015.

Midlane er brukt til opplæring for om lag 80 lærarar/leiarar på den 3 dagars samlinga i Geiranger hausten 2015. Dag 1: Lesing og skriving som grunnleggande ferdigheit, Stat.ped. generell informasjon og aktuelle tema. Dag 2: Rolleforståing og læringsleing i vaksenopplæringa. Dag 3: Rekning som grunnleggande ferdigheit, kognitiv rehabilitering.

Fylkesmannen har delteke på samlingar Vox har hatt med fylkesmennene og grunnskoleleiarane.

Fylkesmannen vurderer måloppnåinga som god.

### **47.5 Tilsyn med kommunenes gjennomføring av introduksjonsloven**

Vi har plukke ut to kommunar for skriftleg tilsyn på introduksjonslova. Dokumentasjon har kome inn og den er under behandling. Rapportane er enno ikkje ferdigstilt, men vi er i ferd med å sluttstille rapportane. Dette på grunn av langtidssjukmelding for to av våre tilsette som arbeider med tilsyn.

Dette er felles nasjonalt tilsyn for årene 2013 - 2016. Det gjeld organisering av kommunen sitt arbeid med introduksjonsloven, med særleg fokus på at deltakarane får fulltids opplegg. Utvalet av tilsynsobjekter vart gjort dels ut frå kva for kontakt Fylkesmannen har hatt med kommunane tidlegare, dels kjennskap til kommunane gjennom media, og dels ut frå hvilke kommuner som tar i mot mange flyktingar/asylsøkarar.

### **Resultatområde 48 Fremme likestilling og motvirke diskriminering**

### **Ressursrapportering**

Resultatområde	Kapittel 0525	Fagdep.
41 Tilsyn og klagebehandling etter barnevernloven	kr 789 655,67	kr 104 831,72
42 Familierett	kr 704 651,28	kr 0,00
43.1 Tilsyn med kommunale krisesentertiltak	kr 322,85	kr 0,00
43.9 Andre krisetiltak	kr 0,00	kr 0,00
44 Tilsyn med familievernkontor	kr 0,00	kr 0,00
45 Barnevern	kr 551 956,17	kr 610 621,94
47 Integrering av innvandrere	kr 216 774,94	kr 0,00
47.5 Tilsyn med introduksjonsloven	kr 160 264,64	kr 0,00
Andre oppgaver under BLD	kr 270 356,00	kr 0,00
Sum:	kr 2 693 981,00	kr 715 453,00

## Helse- og omsorgsdepartementet

### Resultatområde 76 Samhandling, kvalitet og helseberdskap

#### 76.1 Samarbeid mellom kommune- og spesialisthelsetjenesten

Gjennomført tilsyn med samhandling mellom spesialisthelsetenesta og kommunal helse- og omsorgsteneste. Bidratt med foredrag/innlegg på felles kurs/møter. Bl.a. om seminar om tvangsbruk i psykisk helsevern.

Vi har deltatt i overordnet samhandlingsutvalg ( 4 møter)mellom kommuner og helsefortaket og dialogmøter mellom de samme.

I møter med kommunene har vi tydeliggjort intensjonene med samhandlingsreformen og viderføreing av denne i de nye meldingene. Også i møter ang. kommunereformen og flykninger har vi i innlegg vist til det samme. Vi har mellom tjenesten særlig tatt opp problemer med kompetanse i kommunene/ hjelp fra helsefoertaket som nedfelt i avtalene. Ferdigbehandlede psienter er et økende problem fra slutten av 2015. tatt opp bekymringer rus psykiatri fra rådmannsutvalget med helseforetaket i eget møte.

#### 76.2 Kvalitetsforbedring i helse og omsorgstjenesten

Fylkesmannen har stimulert kommunane til oppfølging av kvalitetsavtalen 2012-2015 i ulike fora som nyhetsbrev, omsorgskonferanse, læringsnettverk i forbetningsarbeid, læringsnettverk i velferdsteknologi/innovasjon.

##### Tilsynserfaringar

Fylkesmannen har lagt informasjon om tilsynserfaringar inn i dei ulike kurs og konferansar som vart arrangert. Tilsynserfaringar vart lagt fram mellom anna på omsorgskonferansen, demenskonferansen, fagdag for sjukeheimslegar m.fl. Ved tilsyn blir kommunane rettleia på kvalitetssystem og internkontroll.

##### IPLOS

IPLOS var tema på vidaregåande kurs i saksbehandlingskurs i Molde, Ålesund og Kristiansund. Der blei det oppfordra til å nytte IPLOS i planlegging av tenestar og styring. IPLOS var tema i nyhetsbrev. IPLOS blir etterspurt og nytta i klagesaker. IPLOS er tema på avdelingsmøte.

##### Legetenester i sjukeheim

Fylkesmannen har bidratt til oppstart av nettverk for sjukeheimslegar. Det er gjennomført fagdag for sjukeheimslegane. Det var ca.30 deltakarar. Tema var ernæring, samtykkekompetanse og behandling av demens med tilleggssymptom samt andre relevante alderspsykiatriske lidningar.To kontaktpetsonar for nettverket er oppnemnt ein for Nordmøre og Romsdal og ein for Sunnmøre.

Det er laga oversikt over status for sjukeheimslegar frå KOSTRA og satt det saman med normtal frå 2007, for å sjå utviklinga. Dette er gjort kjent for kommunane gjennom nyhende-brev og nettside.

Dette er også tema på dialogmøte med kommunane som blir gjennomført av leiinga frå Fylkesmannen og vårt dialogspunktet til diskusjon i alle kommunar er:

"Har kommunen riktig normtall på legetimar pr. veke pr. bebuar i sjukeheim i 2013, basert på risiko - og behovsvurdering?"

### **Omsorgskonferansen**

Fylkesmannens årlege omsorgskonferanse vart arrangert i Molde 23. og 24. september. Tittel på konferansen var «Framsiktig omsorg-frå utfordring til mulighet».Målgruppa var både kommune og helseforetak. Tema var leiing og planarbeid, frivillighet, tenestedesign, kompetanse, velferdsteknologi, kvardagsrehabilitering, frisklivssentraler, m.m Det var ca. 150- 200 deltakarar på konferansen.

### **Kvalitet**

Det ble gjennomført læringsnettverk i forbetningsrabid i 2014 og 2015. Utviklingssentra i fylket har vært ansvarleg for dette arbeidet som ein viktil del av deira ansvar som pådrivar for kunnskap og kvalitet.Høgskulane i Molde og Ålesund og Senter for omsorgsforskning har vore aktive rettleiarar i nettverket.

Nasjonalt kunnskapssenter for helsetjenesten har hatt ansvar for prosessleiing. Nokon av tema var etisk refleksjon, sikker medikamentutdeling, dokumentasjon ved innkomst, tilstedeværelse og det gode møtet. Det gode møtet blei også ei bok.

Erfaringskonferansen vart gjennomført 21.mai 2015.

### **Pasientsikkerhet**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Utviklingssentra for sjukeheim og heimetenesta har arbeid systematisk med forbetningsarbeid og pasientsikkerhet frå 2013.

Alle kommunane i Møre og Romsdal fekk invitasjon til å delta i Pasientsikkerhetskampanjen om riktig legemiddelbruk i sjukeheim og heimetenesta. Det var 14 kommunar som deltok i sjukeheim og 15 kommunar i heimetenesta. Første samlinga var samkjørt mellom legenettverk og læringsnettverk for riktig legemiddelbruk.

Etter gjennomføringa av læringsnettverka i riktig legemiddelbruk blei det starta opp ei vidareutdanning «Trygg legemiddelhåndtering» 10 studiepoeng. Vidareutdanninga er eit samarbeidsprosjekt mellom Høgskolen i Molde og Rokilde Utviklingssenter for sjukeheim(USH). Det er ei vidareføring av den Nasjonale Pasientsikkerhetskampanjen i 2012-2015.

### **Gode døme frå kommunane:**

*Heimetenesta i Kristiansund arbeider med å implementere pasientsikkerhetsprogrammet sin faglege retning for trygg legemiddelbruk for heimebuande. Arbeidet er prosjektorganisert og knytt til Scottish fellowship sitt program om pasientssikkerhet og kvalitetsforbetring. Utviklingssenteret har ansvaret for prosjektleiinga.*

*Målet med prosjektet er å implementere gode rutinar for trygg legemiddelhandtering ved å teste og tilpasse anbefalte veiledere. Det er lagt stor vekt på brukarinvolvering i dette arbeidet.*

*Målet for prosjektperioden er å gjennomføre 15 legemiddelgjennomgangar innan juni.*

*Utvalg 350 heimebuande pasientar fordelt på 7 geografiske distrikt mottok i dag ulike former for assistanse til legemiddelbruk/ legemiddelhandtering. Prosjektgruppa har kartlagt alle distrikta og funna viser at ca 80 % av pasientane står på 5 eller fleire medisinar. Mange står i tillegg på risikomedisin der det er behov for særleg overvaking. Det er i tillegg registrert at om lag halvparten av tilfella med polyfarmasi står pasienten på 10 eller fleire ulike legemiddel. Så mange som 80 % av legemidlane mangler dokumentasjon av indikasjoner i pasientjournal.*

*Korleis? Det blir utført 15 grundige LMG av utvalgte pasienter. Det blir gjennomført ved at pasientar og pårørande blir involvert ved heimebesøk frå sjukepleiar. «Hva er viktig for deg?» er eit viktig tema i desse samtalan som skal bidra til å få innsikt i både pasienten og evt pårørande sine erfaringer og preferanser.*

LMG er i samarbeid med farmasøyt og lege, og pasientane følges opp i etterkant med nye heimebesøk.

**Korleis vite at ei endring er ei forbetring?** Alle steg i prosessen blir grundig overvaka, monitorert og evaluert. Kvar endring i legemiddelforordning registrerast om ein forbettringsmarkør for riktig legemiddelbruk. Samtaleskjema og prosedyrer blir testa og evaluert.

**Involvering og metode.** I forbettringsarbeidet nyttar ein «forbedringshjulet» PDSA, ulike måleverktøy og prinsipp frå innovasjon- og tenestedesign, spesielt med tanke på involvering. Pasientar og pårørande involverast i eigne møter, tilsette inviterast til ukentlege «Legemiddelkvarter» med sjuekpleiar i forbetringsteamet. Farmasøytar og fastlegar er vidare involvert i prosessen og deltek i samarbeid med forbetringsteamet i å utvikle gode og trygge rutiner.

**Forskning.** Høgskolen i Molde har etablert utdanning i Trygg legemiddelhandtering og deltek i prosjektet. I tillegg har to av teammedlemmane i heimetenesta gjennomført denne utdanninga. Høgskolen i Molde ønsker å forske på delar av prosessen som pågår- og vil i første omgang gjere ei evaluering av samtaleguidar for legemiddelgjennomgang. Vi har delatt som forelesere.

### **Film om «Trygg legemiddelhandtering i hjemmet»**

Eit team frå heimetenesta i Kristiansund har jobba med å identifisere svakheter ved legemiddelhandtering i heimen. De har visualisert funna i ein kortfilm. I samarbeid med elevar frå vidaregåande skule, medie- og kommunikasjonslinja (filmproduksjon), Utviklingssenteret (pådrivar) og Fylkesmannen i Møre og Romsdal (tilskot) har filmen blitt realisert. Forbetringsteamet skal vidareføre det gode arbeidet som har starta ved å integrere filmen i et verktøy for refleksjon og læring i heimebasert omsorg.

### **Ålesund kommune**

Som vidareføring av pasientsikkerhetsprogrammet har alle fem sjukeheimane i Ålesund kommune hatt fokus på samstemming og legemiddelgjennomgang. I tillegg også fokus på utdeling og risikoanalyse av utdelinga. Ei av avdelingane har tatt i bruk velferdsteknologi i form av pilli. Eit av resultat av dette arbeidet er ei meir presis utdeling av medisin utanom måltida til korttidspasientar.

UHT har vore viktig samarbeidspart for å gjere risikoanalyse for utdeling i sjukeheimane. Gjennomførte intervju, befarung og målingar i 14 dagar ved alle avdelingane.

### **Helse Møre og Romsdal, Molde sjukehus**

Samstemming av legemiddelliste ved utskriving. Målet med prosjektet var å sikre overføring av riktig legemiddelinformasjon ved utskriving. Prosjektleiar Gøril Reset Simonsen.

- Kommunane som deltok i utdanninga «Trygg legemiddelhandtering» 2014-2015 hadde desse tema
- Legemiddelgjennomganger
- Bevisstgjerung av medikamentbruk og bivirkningar
- · Samstemming av legemiddellister. Bevisstgjerung av medikamentbruk og bivirkningar
- · Samstemming av legemidler
- · Forbedring av rutiner
- · Legemiddelgjennomganger
- · Gode legemiddelhandteringsrutiner
- · Samstemming av legemiddellister

### 76.3 Felles digitalt nødnett

Har videreformidla henvendelser fra direktoratet, og bistått i samhandlinga med kommunane.

### 76.4 Helseberedskap og smittevern

Fylkesmannen har oppdatert oversikt over fastlegene i fylket, jf. pkt. 84.1. Oversikt over kommuneloverlegar er å finne i dataverktøyet CIM.

Smittevernkurs: Det er ikke arrangert smittevernkurs for helsepersonell i fylket, men emnet er tatt opp i møte med kommuneoverlegene.

### 76.5 Personell og kompetanse

Turnusteneste:

- antall distriktplassar: 34
- fylkesveiledere: 3 x 16 % stilling
- 4 kurs for turnuslegar og fysioterapeutar (2 høst og 2 vår)

Turnusplass i Nordal kommune underkjent fra vår 2016, men avvik vil bli rettet fra høsten 2016. Ny plass i Herøy fra høsten 2015, og i Volda fra vår 2016.

### Kompetanse- og innovasjonstilskot/ Omsorg 2020

**Kompetanse- og innovasjonstilskotet** er fylgt opp som ein del av Omsorg 2020.

Møre og Romsdal med kommunane Molde, Eide, Kristiansund, Fræna og Navkontora i desse kommunane har starta opp planlegging av prosjektet «Menn i Helse» for oppstart i 2015.

Det årlege møtet med alle kommunane vart arrangert i februar. Det var ca 40 deltakarar. Der gjekk vi gjennom rapportering og søknadsprosedyrer for det nye kompetanse- og innovasjonstilskotet. Høgskulane i fylket deltok med informasjon om dei ulike helse- og sosialfaglege utdanningane. Fylkeskommunen deltok om utdanningar på vidaregåande nivå.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har sidan 2008 gitt tilskot frå kompetanseløftet til desentralisert vernepleierutdanning ved Høgskulen i Molde. Andre kullet er ferdigutdanna våren 2016. Fylkesmannen vonar at den solide auken i talet på utdanna vernepleiarar vil føre til reduksjon i talet på søknadar om dispensasjon frå utdanningskravet knytt til HO-lovens kap 9.

Tilskot til utdanning er tildelt kommunane i to tildelingsrundar, vår og haust. Tilsaman fekk vi omlag 13 mill. Resultat og plantal 2013 for Kompetanseløftet 2015 vart rapportert i en fylkesrapport til Helsedirektoratet 01.mars.

IS- 0315 [Brukerveiledning til WHO's globale kode for internasjonal rekruttering av helsepersonell](#) er lagt ut på nettsiden og tema i fylkesmannens nyhetsbrev.

## 76.6 Rettssikkerhetsarbeid

Pasient og brukarrettighetslova kap. 4A

Fylkesmannen har hatt tvang med heimel i kap. 4A som tema: på årets turnuskurs, i møte med fylkestannlegen og i samling for ein del av spesialisthelsetenesta i Molde.

Vi har grunnkurs i kap. 4A hvert andre år og nytt kurs er planlagt for 2016. Dei åra vi ikkje har grunnkurs har vi større fokus på tilsyn. I 2015 gjennomførte vi 10 egenmeldte tilsyn, 3 systemrevisjonar og 4 umeldte tilsyn på området. I tilknytning til lukking av avvik er det gitt mykje rettleiing.

Fylkesmannen hatt deltat i innvolveringsprosjektet der vi har involvert pårørende på forhånd av tilsyn. Ca 30 pårørende til pasientar innlagt på sjukeheim var deltakarar i eit møte. Der fekk dei kjennskap til regelverket, og vart oppmoda til å komme med relevante tilbakemeldingar til Fylkesmannen i forhold til deira opplevingar rundt tema. Dei fekk moglegheit til å komme med informasjon til Fylkesmannen både i gruppa og individuelt. Fylkesmannen har søkt Helsetilsynet om å delta vidare i prosjektet med å videreutvikle innvolvering av pårørende i tilsynet.

I 2015 har Fylkesmannen teke imot 238vedtak. 177 av vedtaka gjeld tiltak som varar meir enn 3. mnd. Tilnærma alle vedtak vi tek i mot vart svara med utgåande brev. I 2015 hadde vi 13 vedtak som vart oppheva. Det var 5 vedtak som vart endra helt eller delvis. Auka av opphevingar og delvis endringar skyldast i hovudsak endringar i vår praksis i behandlinga av vedtak som gjelde bruk av psykofarmika, jr . Helsedirektoratets svar i brev av 07.04.2015

Framleis ser vi eit stort behov for meir opplæring og rettleiing av kommunar på dette feltet, både når det gjeld samtykkevurdering og melding av tiltak.

I samarbeid med Helse Møre og Romsdal HF arrangerte Fylkesmannen eit to dagars kurs bruk av tvang og makt overfor personar med psykisk utviklingshemming. Målet med kurset var å auke kompetanse og erfaring i etisk og fagleg refleksjon, slik at ein kan førebyggje bruk av unødig tvang og makt. I tillegg skulle deltakarene få erfaring i praktiske tilnærmingar som kan komme til nytte ved eigen arbeidsstad. Målgruppa for kurset var personell og leiarar som yter tenester til personar med utviklingshemming og personell med særskilt ansvar for å jobbe med problemstillingar i høve til helse- og omsorgstenestelova kapittel 9. Kurset fekk sær god mottaking og det var over 180 deltakarar.

## Resultatområde 77 Andre oppdrag

### 77.1 Fritak for forvaltningsmessig taushetsplikt

Fritak for forvaltningsmessig taushetsplikt

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittelig saksbehandlingstid
FMMR	5	2
<b>Sum</b>	<b>5</b>	

### 77.2 Særfradrag

ingen saker i 2015

Særfradrag for utgifter til behandling utenfor den offentlige helsetjenesten. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid.

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittelig saksbehandlingstid
FMMR		
<b>Sum</b>	<b>0</b>	

### 77.3 Førerkortsaker

Har ikkje fått inn data frå Helsedirektoratet over registrerte tal. Har av praktiske årsaker tatt utgangspunkt i data

frå første halvår 2015 (1279 saker). Erfaringsvis er andre halvår tilnærmet lik i antal saker.

For Fylkesmannen er forarkortsaker eit stort saksområde med hyppige henvendelser på telefon, e-post.

Fylkesmannen har vidare vore aktiv med kurs, herunder hatt innlegg på Trygg trafikk sin landskonferanse i 2015 og felleskonferanse for politi/Statens vegvesen/fylkesmenn på Hell. Vi har hatt ei sentral rolle i arbeidet med § 34 i vegtrafikklova. Dette er et prosjekt som no kjem inn i nasjonal transportplan.

**Fører kort. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid**

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMMR	2400	26
<b>Sum</b>	<b>2400</b>	

## 77.4 Pasientjournaler

Ingen problemer i forhold til å oppbevare journalane. Men i dei tilfella nokon vil ha innsyn, er det ofte praktisk umogleg å gi dette. Dette sidan journalane blir levert inn elektronisk, med eit journalsystem Fylkesmannen ikkje har tilgang på.

**Pasientjournaler. Antall saker.**

Embeter	Antall
FMMR	1
<b>Sum</b>	<b>1</b>

## Resultatområde 83 Folkehelsearbeid

### 83.1 Folkehelsearbeid generelt

Det er 23 av 36 kommunar i fylket som har utarbeidd eller kome godt i gang med arbeidet med oversiktdokumentet.

Mange kommunane melde at dei har utfordringar. Det gjeld til dømes innan, opplæring av nye politikarar for å få ei felles forståing av begrepa innan folkehelse, analysedelen i oversiktsarbeidet om korleis finne dei reelle utfordringar og dei seier at dei har behov for rettleiing underveis. Fylkesmannen vil i 2016 følgje opp kommunane som er kome kort med oversiktsarbeidet. Vi vil legge vekt på korleis få fram drøftingar av utfordringar og mål i planarbeidet når det gjeld folkehelse.

Det har vore ei god utvikling med arbeidet å forankre folkehelsearbeidet i kommunane. Forankringa og etablering av tverrsektoriell gruppe melder dei fleste at det har vore tidkrevjande. Det er skilnader korleis samordningsrutinar innan i organisasjonen blir ivareteke. Alle kommunane i fylket har stilling for folkehelsekoordinator men mange av dei slit med tidsaspektet i forhold til lave stillingsprosentar. Desse personane er ofte det koordinerande leddet i samordninga for folkehelsearbeidet.

Fylkesmannen har utvikla kommunebilde i samband med besøk i kommunane som vise den samla kunnskapen som fylkesmannen har for den einssilde kommune, og i alle kommunebilde inngår fagkunnskap om folkehelse. Vi ser at det bidrar til prosessar i kommunane, for det vidare arbeidet.

Gjennom arbeidet med kommunale planar som fylkesmannen gjer, som til dømes planforum og uttale til kommunale planar er folkehelse eit fast tema. Vi er kjent med at mange kommunar no er i gang med ny planstrategi og at det er samhandling på område mellom to kommunar som vil gå saman om planstrategien.

Etter fylkesmannens syn arbeider mange av kommunane systematisk med lokalt folkehelsearbeid. Utfordringane for fylkesmannen er å sikre at alle 36 kommunane, også dei som ikkje er kome godt nok i gang med oversiktsarbeidet, sikre gode prosessar i arbeidet med planstrategi for å få fram mål i høve til dei lokale utfordringane.

Fylkesmannen har nært samarbeid med fylkeskommunen om folkehelsearbeidet og gir fagleg råd og rettleiing. Det er arrangert møteplassar, som til dømes partnerskapsforum, arbeidsmøter, folkehelsekoordinatorsamlingar

Etter tilsynet i 2014 har vi nytta kunnskapen i erfaringsoverføring og kompetanseheving. Det er gjennomført seminar for å dele erfaringar frå oversiktsarbeidet og UNGDATA, med vekt på å kome frå oversikt til handling. Seminaret blei arrangert i samarbeid med fylkeskommunen og Kompetansesenteret Rus. I tillegg har oversiktsarbeidet vore tema på plan samling og i kommunemøter som leiinga i embete har hatt i 10 kommunar i 2015.

Det er ikkje gjennomført tilsyn på folkehelseområdet i 2015.

I FRI satsinga var det 3 kommunar som fekk tilskot til systematisk tobakksførebyggande arbeid blant ungdom.

Kompetansehevande tiltak om alkoholloven:

Fylkesmannen samarbeider tett med Kompetansesenter for rusfeltet i Møre og Romsdal om kompetanseheving på alkoholloven for kommunane. Vi har utarbeid en strategi og arbeidsmodell for arbeidet. Saman arrangerer vi samling for alle saksbehandlarar i kommunane kvart andre år. Det vart gjennomført i 2015. To gongar i året skal vi arrangere dialogmøte om folkehelse og alkoholpolitikk for politikarar og tilsette i kommunane for nabokommunar i delar av fylket (inntil 8 kommunar i kvart dialogmøte). På grunn av låg påmelding vart det ikkje gjennomført i 2015. Fylkesmannen tilbyr politikaropplæring for nye politikarar. Alkoholloven og folkehelse er eit av tema på desse møta.

Handlingsplan for uønska svangerskap og abort:

Det er seks kommunar /studentskipnader som er tildelt tilskot til oppfølging av handlingsplan for uønska svangerskap og abort i 2015. Hovedtype av tiltak er lavterskel tilbod (rådgiving og testing av clamidia) for ungdom og unge vaksne.

## **83.2 Barn og unge: forebygging, oppfølging og behandling**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har ei eiga satsing for barn og unge. Målsettinga er at barn og unge sine oppvekstvilkår skal bli vurdert i all aktivitet hos Fylkesmannen. Vi arbeider for å

- sikre barn og unges medverknad
- betre det fysiske oppvekstmiljøet for barn og unge
- betre det psykososiale oppvekstmiljøet for barn og unge
- utjamne konsekvensar av sosiale ulikskap

Alle avdelingane i embetet er representert i ei arbeidsgruppe. Det er utvikla ein kvalitetstrategi for at arbeid med barn og unge skal vere gjennomgåande i all aktivitet hos Fylkesmannen for å sikre at vi huskar barn/ungeperspektivet i alle våre aktivitetar. Barn og unge-perspektiviet kjem til uttrykk på mange område, som kurs, sakshandsaming, tilsyn osv.

I 2015 har embetet gjennomført ei kartlegging i alle kommunar om oppvekstvilkår for barn og unge, etter modelle frå "Sjumilssteget" 35 av 36 kommunar har svart. Dette materialet skal analyseras og vil ligge til grunn for aktivitet i 2016. Fylkesmannen og direktørane har besøkt ca 10 kommunar i fylket der mellom anna barn og unges medverknad har stått i fokus. vidare har vi saman med fylkekommunen KoRus og frivillig sektor arrangert konferansen Trygghet og trivsel i frivillig sektor for å bevisstgjere dei som jobber i frivillig sektor om det ansvaret dei har for å legg til rette for gode trygge rutinar. Fylkeskommunen og fylkesmannen har og arrangert ein større tverrfagleg oppvekstkonferanse "Robust oppvekst".

Det er gjennomført kompetanseheving for å styrke skolemiljø i tråd med forskrift om miljøretta helsevern. 16 kommunar deltok.

Det er arrangert fagdag om vald i nære relasjonar. Tema var den førebyggjande helsetenesta sin rolle og korleis ein skal sikre tilnærming i arbeidet. Det er og arrangert fagdagar om korleis ein skal samtale med barn om vald.

## **Resultatområde 84 Kommunale helse- og omsorgstjenester**

## 84.1 Allmenhelsetjenesten

Vi har ved fleire høve vore i kontakt med Legeforeningen og representantar for kommunane. Vår samla oversikt tilsier at det er stabilitet i fastlegetilgangen i dei fleste kommunane. Forøvrig er det enkeltkommunar, særleg med små legekontor, som er svært sårbare og som har hatt vanskar med å skaffe vikarar. Vi har faste møtar med kommunelegane der nesten alle kommunar er tilstades, Fylkesmannen har og vært tilstades i dialogmøte mellom kommuneleiinga og legane i ein kommune med mykje konflikter.

I 2014 hadde vi tilsyn med skulehelsetenesten i to store kommunar. Det ble laga gode planar for å utvikle tenesten, men selvom regjeringa ga ekstra midler til kommunane er v i uskre på volum og kvalitet på tenesta.

Fylkesmannen ser ein tendens til aukande legevaktssamarbeid i fylket. Også her blir det brukt mykje vikarar og utanlandsk personell. Dette ser vi og i hendelsesbaserte helseklager. Vi har kartlagt legevaktorganiseringa i fylket, og gitt eiga tilbakemelding til Helsedirektoratet om dette.

Vi har ikke prioritert egne samlinger om pakkeforløpe for kreft, men er orentert om at kommunen kjenner retningslinjene.

## 84.2 Helsetjenesten til innsatte i fengsel

Fylkesmannen har gjennomført ulike kompetansetiltak og fagdagar i 2015. Helsetenesta til innsatte i fengsel er invitert i ulike samanhengar. Her kan nevnt Nettsamlinga som ringar i vatn, ei samling for dei som har sitt virke innan rus og psykisk helse i kommunane i helseføretaket. Fylkesmannen har også ei brei satsing innan fagfelte bustadsoialt arbeid og barnefattigdom. Her er også kommunehelsetenesta i kommunane Fræna og Ålesund vore deltakarar. Det er desse kommunane som gir tenester til kvart sitt fengsel. I tillegg har også spesialisthelsetenesta v/ DPS vore godt representert.

## 84.3 Helse- og omsorgstjenester i et flerkulturelt samfunn

Fylkesmannen er av Helsedirektoratet gitt i oppdrag å rapportere om flyktningsituasjonen i Møre og Romsdal.

Gjennom egne rapporteringsrutinar har kommunane med etablert mottak gjeve mellom anna fylgjande innspel:

- krevjande med koordinering mellom helsetenestane intert i kommunen, mange av flyktingane har samansette helseproblem
- kontakten med UDI er beskrevet som mangelfull
- til tider har det vore manglande ajourhold på kven som har gjennomgått screening i samband med tbc-kontroll før ankomst kommunen
- informasjon kring den enkelte sin helsetilstand kjem forsinka fram til kommunen
- i all hovudsak er det bra tilgang på kompetanse med utfordringane er knytt til kapasitet
- borna vert prioritert med tilgang til helsestasjon og vaksiner
- fleire av kommunane har etablert «ekstrakontor» i nærleiken av mottak
- det har vore naudsynt med omdisponering av helsepersonell intern i kommunen
- fleire kommunar beskriv utfordringar knytt til traumatiserte flyktingar og adekvat oppfølging i denne samanheng

Fylkesmannen har ikkje registrert krav om ekstra helsepersonell frå kommunar knytt til nasjonal helse-pool. Det er planlagt to fagdagar 9. og 10. mars 2016 knytt til migrasjon og flyktingehelse i samarbeid med ulike faginstansar (RVTS og NAKMI). Det er stor interessa for deltaking. Antar ca 250 deltakarar.

## 84.4 Forebyggende helsetjenester

### Frisklivssentraler

Det er etablert frisklivssentral i 12 kommunar. Det er kommunane: Surnadal, Volda, Giske, Molde, Ulstein, Rauma, Eide, Fræna, Kristiansund, Sunndal, Vestnes og Norddal. I tillegg er 3 kommunar, Ørsta, Aukra og Vanylven, i gang med å etablere frisklivssentral. Det er utvikla ulike tiltak innan frisklivssentralane, men tiltak innan fysisk aktivitet og kosthald er dei områder som det er særskilt stor aktivitet. I tillegg har fleire kommunar tilbod for barn og unge og deira foreldre innan forebygging av overvekt i samarbeid med helsestasjonstenesta.

Fylkesmannen har starta samarbeid med utviklingssentralen for friskliv i region Midt-Norge. Det er gjennomført samarbeidsmøte med utviklingssentralen. Fylkesmannen i Sør-Trøndelag, Nord-Trøndelag, Møre og Romsdal, Utviklingssentralen for Midt-Norge og Helse Midt-Norge RHF planlegger å arrangere regional samling for i april i 2016.

Det er gjennomført prosjekt for kronikargrupper i seks kommunar. I den samanheng er det etablert samhandlingsnettverk med lærings- og meistringssenteret i Helse Møre og Romsdal HF. Samhandlingsnettverket gjennomførte oppfølgingsdag etter prosjektslutt med kommunane for kompetanseheving og erfaringsutveksling. I tillegg er det arrangert dagsseminar for tilsett i Frisklivssentralane i fylket med fokus på tema innan fysisk aktivitet.

Det var 12 kommunar som søkte om tilskot, og åtte kommunar fekk tilskot til etablering eller utvikling av frisklivssentral i 2015.

## **84.5 Tannhelse**

Vi har i 2015 hatt et møte med fylkestannlegen.

## **84.6 Habilitering og rehabilitering, individuell plan og koordinator**

Gjennom samarbeid med Helseføretaket har vi oversikt over kommunane sine koordinerende einingar/kontaktpersonar.

Tema rundt Individuell plan er teke opp i ulike konferansar i 2014. Her har juridiske rettar vore sentralt og gode erfaringar kring konkrete tiltak har vore formidla.

Vi har eit godt samarbeid med habiliteringstenestene i fylket og gjennomfører eit årleg samarbeidsmøte for drøfting av utfordringar og felles tiltak.

Fylkesmannen arrangerte rehabiliteringskonferansen i samarbeid med Helse Møre og Romsdal "Makt til å mestre"

Fokus var på brukarar og pårørande si moglegheit til mestre livet og helsepersonell si moglegheit til å mestre eiga arbeid.

Det var omlag 150 deltakarar.

## **84.7 Omsorg 2020**

### **Omsorg 2020**

Fylkesmannen har utarbeida ein strategi for Omsorg 2020 i perioden 2016-2020 med formål om å tydeleggjere Fylkesmannen sitt arbeid i perioden.

Målgruppa er tilsette hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal som arbeider med helse- og omsorgstenestane, både med utviklingsoppgåver, klage- og tilsynssaker. Det kan samstundes være nyttig for andre hjå Fylkesmannen og Fylkesmannen sine samarbeidspartar å kjenne til strategien.

I Møre og Romsdal er det etablert nettverk for tilsette i omsorgstenestene. Fylkesmannen deltek på nettverksmøter, saman med USHT som administrerer nettverka. I tillegg deltek senter for omsorgsforskning, Høgskulane og Helse og Møre og Romsdal. Dette er ein arena som blir nytta til å bistå kommunane i deira arbeid med å nå målsettingane i Omsorg 2020, og bidreg til erfaringsutveksling mellom kommunar, og til at kommunene set fokus på forskning, fagutvikling og innovasjon.

Frå 2014 vart det allereie eksisterande faglege nettverket i fylket supplert med eit "Læringsnettverk i forbedringsarbeid". Sju team har delteke. Sjø under samhandling og kvalitet

Prosjektleiari for omsorgsplan er med i planforum og gjev innspel til kommunale planer.

Det er gjennomført to regionale møte med Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Nord- og Sør-Trøndelag og Husbanken om tiltak i Omsorgsplan 2015/Omsorg 2020. Tema under møte i Sør-Trøndelag var det nye kompetanse- og innovasjonstilskotet og frivillighet, der fleire frivillige organisasjonar deltok, som mellom anna Kirkens Bymisjon, organisasjonen FIRE- Eitt skritt vidare, Nasjonalforeningen for Folkehelse.

Møtet hausten 2015 var i Møre og Romsdal med tema leing, velferdsteknologi, erfaringar med kompetanse- og innovasjonstilskot, planarbeid, frivillighet og erfaringar frå samhandlingstilsynet.

Det blei arrangert fagdag "Vold mot eldre" saman med RVTS Midt. Det var fokus på vold mot eldre, eldre ine rettigheter, plikter til hjelparene, samt kor viktig det er å redusere skam og tabu.

## **Velferdsteknologi**

Velferdsteknologi har vore eit prioritert område i samband med tildeling av Prosjektskjønn 2015 i Møre og Romsdal. Av ein samla pott på 8,230 mill. er 7 kommunar tildelt 3,1 mill i samband med velferdsteknologiske prosjekt.

Dei to utviklingssentra i fylkes har ein viktig pådrivar- og koordinatorrolle i fylket. Gjennom etablering av fagnettverk er erfart kunnskap vorte delt og bygd vidare på. I tillegg har det vore stort fokus på fagmetodikk, - det å jobbe med innovative løysingar. Utviklingssentra har også hatt ein sentral rolle i opplæring i verkty som Samveis Veikart og Velferdsteknologien sin ABC.

Med mål å ha ein god oversikt over arbeidet innan fagområdet Velferdsteknologi har ein etablert ei samarbeidsgruppe der Utviklingssentra, KomUt og Fylkesmannen deltek. Dette er eit resultat av eit samarbeidsmøte mellom fylkesmannen, KS, KomUt, regionråda, Ålesund kommune, utviklingssentra. Møre og Romsdal har ikkje kommunar som er med i Det nasjonale Velferdsteknologi-prosjektet.

Det midnorske velferdsteknologinettverket har hatt fylkesvise læringsnettverk for velferdsteknologi i 2014-2015. I Møre og Romsdal var det 11 ulike kommuner som var med på samlingane. Det Midnorske velferdsteknologiprojektet er omtalt i Stortingsmelding 29 om Morgendagens omsorg. I 2014 blei prosjektet avslutta og ordninga blei implementert som det Midt-Norske velferdsteknologinettverket. I 2014 og 2015 har nettverket arrangert læringsnettverk i alle dei tre fylka i Midt-Norge. Det vart gjennomført ein felles midnorsk erfaringskonferanse 28.mai 2015.

Utviklingssenteret for heimetenesta i Ålesund og Arena for læring om velferdsteknologi arrangerte haustseminar om tryggleiksalarm, mottakssentral og signalanlegg. Dette var etter ønske frå fleire kommunar i fylket. Seminaret ga innblikk i nasjonale prosessar, ulike verktoy og løysingar og ikkje minst nyttige erfaringar. Målgruppa var tilsette frå helse og omsorg, IT, bygg og innkjøp.

Fylkesmannen i samarbeid med utviklingssenteret for hjemmetjenester, har fått spilt inn en film om velferdsteknologi "Margot utfordrer velferdsteknologien". Filmen har vært vist på ulike konferanser og i politikeropplæringen i fylket.

## **Investeringsstilskot**

Det er etablert ei eiga arbeidsgruppe i fylkesmanneembetet for gjennomgang av søknader frå kommunane. I gruppa deltek to tilsette frå arbeidsgruppa for Omsorg 2020 og ein tilsett frå administrasjonsstab som arbeider med økonomi.

Fylkesmannen har gitt fagleg uttale (assistanse) under søknadshandsaminga på søknader i 2015 til Husbanken, med spesielt fokus på tilrettelegging for personar med demens og velferdsteknologi. Det blei gitt 12 tilsagn i 2015.

Fylkesmannen bistod Husbanken i å innhente informasjon om prognose på bruken av investeringstilskudd.

Møte med to kommunar, saman med Husbanken, om helsehus/sykehjem om "plattform" for velferdsteknologi. Dette var også ein parallellsesjon på omsorgskonferansen.

## **Utviklingssentra for sjukeheim og heimetenester**

---

Fylkesmannen har eit utstrakt samarbeid med Utviklingssenter for sjukeheim og heimetenester

Fylkesmannen deltek i i styringsrådet, med møte ein gong i året. Fylkesmannen og utviklingsentra har i samarbeid arrangert Omsorgskonferanse, demenskonferanse, læringsnettverk velferdsteknologi og forbetningsarbeid.

## Demensplan 2015

I 2013 blei det sett ned ei arbeidsgruppe av Fylkesmannen, Utviklingsentra og Helse Møre og Romsdal, samt alderspsykiatrisk enhet i Molde og Ålesund for kvalitet og kompetanse innan demensområdet. Dette var ansvarleg for gjennomføring av demenskonferansen i 2015 " Kva gjer dei som lykkast?". Dette har blitt ein årleg konferanse . Tema var personsentrert omsorg, delirium, organisering av tenesta, demensvenleg samfunn, aktivitetstven, frivillighet, erfaringar frå ulike miljøtiltak m.m.

Fylkesmannen har eit godt samarbeid med USHT og alderspsykiatriske einingar i Ålesund og Molde om Demensomsorgs ABC.

Fylkesmannen har gjennomført dialogmøte med alle kommunane i fylket. 20 kommuner vart besøkt i 2014 og 16 kommunar i 2015. Demensomsorgen var tema i desse møta.

Prosjektleiari for omsorgsplan 2015 sit i arbeidsgruppa i Helsedirektoratet for utarbeiding av nasjonale retningslinjer i oppfølging av personer med demens og pårørande.

Vi har eit godt samarbeid med Nasjonalforeningen for folkehelse der aktivitetstven og demenskonferanse er to sentrale tema. Fylkesmannen deltok på samling for styra i demensforeningane i fylket 6. november og hadde innlegg om utfordringar i demensomsorga og status i Møre og Romsdal. I tillegg deltok fylkesmannen på inspirasjonsmøte for tillitsvalte og andre interesserte medlemmar i helselag og demensforeningar i Kristiansund 17. oktober.

Fylkesmannen hadde en kronikk i dei ulike lokalavisene i fylket om demens" Demens - ei utfordring for pasient og lokalsamfunn"

Nasjonalt kartlegging av tenester til personar med demens har blitt brukt i konferanse og nyhetsbrev. Utfordringar i fylket som til dømes demensteam, er tema på demenskonferansen mars 2016. Kartlegginga blir brukt i det vidare arbeidet med Demensplan 2020. Demenskonferansen i 2016 har tittel" Sjå kven eg er" og handler om personsentrert omsorg og brukarmedverlnad " Kva er viktig for deg?"

I samarbeid med Helse Møre og Romsdal HF arrangerte Fylkesmannen eit to dagers kurs bruk av tvang og makt overfor personar med psykisk utviklingshemming. Målet med kurset var å auke kompetanse og erfaring i etisk og fagleg refleksjon, slik at ein kan førebyggje bruk av unødig tvang og makt. I tillegg skulle deltakarene få erfaring i praktiske tilnærmingar som kan komme til nytte ved eigen arbeidsstad. Målgruppa for kurset var personell og leiarar som yter tenester til personar med utviklingshemming og personell med særskilt ansvar for å jobbe med problemstillingar i høve til helse- og omsorgstenestelova kapittel 9. Kurset fekk særskilt god mottaking og det var over 180 deltakarar.

Fylkesmannen gjennomførte også ei samling for overordna fagleg ansvarlege, tilsette som er dagleg ansvarleg eller sakshandsamarar for helse- og omsorgstenestelova kapittel 9. Samlinga hadde fokus på Rundskriv IS10/2015. I tillegg var det ei økt med gruppearbeid om korleis malane for kommunale tvangsvedtak kunne forbeholdast. Innspela frå dette gruppearbeidet har vært viktig for Fylkesmannen si utarbeiding av nye vedtaksmalar som vert publisert i februar 2016.

## Frivillige, ideele og næringslivet

Fylkesmannen informerer og stimulerer kommunene til å samarbeide med frivillige etter en egen strategi.

Dette gjøres gjennom konferanse om frivillighet, frivillighetstorg på konferanser, samarbeid med lag og foreningar, læringsnettverk for frivillige og samarbeid med nasjonalforeningen for folkehelse.

## 84.8 Psykisk helse og rus

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har over ein 5-årsperiode utvikla "merkevaren" Samhandling- som ringar i vatn. Her blir kommunane, spesialisthelsetenesta og ulike kompetansmiljø og sentrale samarbeidsaktører samla i

ei årleg nettverkssamling. Kunnskap vert formidla og erfaring kring arbeid med psykisk helsearbeid/psykiatri og rusarbeid vert delt. Det er i 2015 gjennomført ei samling. Tema for samlingane var unge vaksne som fell utanfor skole/arbeid sine utfordringar. Vi har over fleire år erfart at dette er ein god metode for å fremje samhandling både internt i kommunane, og også mellom kommune og spesialisthelsetenesta. Nasjonalt senter for psykisk helsearbeid og Kompetansesenter for rusfeltet inngår som faste medlemmar i programkomiteen. Tverrfagleg samhandling står i fokus på desse samlingane. I tillegg fekk to av fem DPSmidlar til arrangere temasamling for kommunane dei samhandlar med, som eit ledd i konseptet "Samhandling - som ringar i vatn".

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har gjennomført to tilsyn med kommunale helse og omsorgstenester til personar med rus og psykisk lidning, kommunane Stranda og Halså. Det vart avdekt eit avvik i Halså, ingen i Stranda.

Fylkesmannen deltar i Husbanken sine nettverk knytt til den nye bustadstrategien, "Bolig for velferd". Det er sett ned to tverretatlege grupper: Sårbar overgangar og Barnefamiljar. Vi har ein representant i kvar av gruppene. Kompetansesenter for rusfeltet i Møre og Romsdal har arrangert to opplæringsdagar for Brukarplan. Fylkesmannen har tatt del i samlingane. Det er faste samarbeidsmøter med fylkestannlegen. Tannhelse til rusmisbrukarar blir diskutert der.

20 kommunar mottok tilskot til kommunalt rusarbeid og 8 fekk tilskot til barn/unge/vaksne med langvarige og/eller samansette hjelpebehov. I tillegg blei det delt ut tilskot til 7 kommunar på bustadsosialt tilskot, eit tilskot som skal sjåast i samanheng med det kommunale rusarbeidet. Det er gitt tilskot til vidare/etterutdannig rus og psykisk helsearbeid til 12 kommunar.

Fylkesmannen har i 2015 gjennomført besøk i mange av kommunane i fylket. I forkant har ein tegna utfordringsbilete innan dei ulike fagfelte for den einskilde kommune, også rus og psykisk helse. Mange av kommunane strevar med å oppretthalde og vidareutvikle ein god fagleg standard som vart bygd opp i samband med Opptappingsplan både for psykisk helsearbeid og rus.

I 2013-2015 har kompetansesener for rusfeltet og Fylkesmannen jobba med tema eldre og rus. Fire kommunar har vore med på etablere eit nettverk og sett på rutinar i eigen kommune for å betre tenester til eldre med rusproblem. Kompetansesenter for rusfelte har i 2015 gitt ut ein sluttrapport om dette arbeidet. Vi har og samhandla om innføring av Brukarplan i kommunane.

## Resultatområde 85 Spesialisthelsetjenesten

### 85.1 Abort- og steriliseringsnemndene

Vi har til enhver tid oppdaterte lister over medlemmer i abortnemnd. Det er utfordringar hver sommer, da det er vanskelig å finne vikarer for de faste medlemmene og varamedlemmene.

Steriliseringsnemnda har ikke hatt saker i 2015. Medlemmene er oppnevnt til 2018.

### 85.2 Lov om transplantasjon

Antall saker

Embeter	Antall
FMMR	0
<b>Sum</b>	<b>0</b>

### 85.3 Kosmetisk plastikkirurgiske inngrep

Kosmetisk plastikkirurgiske inngrep. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
---------	--------------	------------------------------------

FMMR	0	0
<b>Sum</b>	<b>0</b>	

## 85.4 Behandling av klager etter psykisk helsevern

I 2015 kom det inn 72 klager til Fylkesmannen frå pasientar som klaga på vedtak om behandling utan eige samtykke etter psykisk helsevernlova, i tillegg var det 1 sak i restanse frå 2014. Dette er ein auke frå året før (2014: 60 saker), og det høgaste som nokon gong har vore.

Av dei 73 sakene vart 2 saker avvist og 71 realitetsbehandla. Av desse gjaldt 67 behandling med medisinar, medan dei 4 siste gjaldt behandling med næringstilførsel.

Gjennomsnittleg sakshandsamingstid låg i 2015 på 2,5 dagar, noko betre enn året før, då gjennomsnittet låg på 3,7 dagar. Dette er kalenderdagar og ikkje virkedagar, men målsettinga er å redusere sakshandsamingstida endå meir. Vi merkar ofte at behandlingsapparatet gjerne vil kome i gang med behandlinga snarast råd, og ventar utolmodig på vår sakshandsaminga av klagen.

## 85.5 Øvrige oppgaver knyttet til det psykiske helsevern

Rapport på stillingstill pr.31.12.14 innsendt til Helfo. 15.01.15.

4 dispensasjonssøknader knytt til faglig ansvarleg i det psykisk helsevernet er teke imot og alle er innvilga. Kopi sendt Hdir.

Ingen søknader registrert knytt til godkjenning av institusjonar som skal ha ansvar for det psykiske helsevernet.

## 85.6 Kontrollkommisjonsoppgaver

Gjennomført i tråd med embetsoppdrag; 2 personer fra fylkesmannen og 7 personer fra kontrollkommisjonene deltok på årlig konferanse for kontrollkommisjoner. Medlemmene i kontrollkommisjonen er stabile, i 2015 ble tre medlemmer re-oppnevnt for en ny periode og en ny pårørende/ brukerrepresentant ble oppnevnt.

## 85.7 Hjemsendelse, hjemhenting og gjennomføring av tvungen psykisk helsevern for pasienter som ikke har bosted i riket

En henvendelse om denne problemstillingen. Henvist videre til Fylkesmannen i Sør-Trøndelag.

## Ressursrapportering

I embetsoppdraget er det gitt føring på at vi skal bruke 50% av ressursene til klage og tilsynsbehandlinga (Helsetilsynet) og 50% til utviklingsarbeid. Hoveddelen av midlane gjeld lønn til personal, og vi har ikke eit system som gir oss nøye nok fordeling for den enkelte ansatte. Nesten alle ansatte har oppgave på begge felta.

Vi meiner at vi fordeler ressursene likt mellom områda

## Justis- og beredskapsdepartementet

### Resultatområde 51 Siviladministrasjon og borgerrettigheter

#### 51.2 Vergemålsloven og utlendingsloven kap. 11 A

### Vurdering av måloppnåelse:

- Oppgåve: Behandle saker i første instans etter verjemålsloven med tilhørende forskrifter, samt utledningsloven kapittel 11 A med tilhørende forskrifter.

Fylkesmannen arbeidar fortfarande med å få på plass ei velfungerande verjemålsforvaltning i første instans som arbeider for at interessene til barn og vaksne med behov for verje samt einslege mindreårige asylsøkjjarar vert ivaretatt. Med grunnlag i aukinga i asylsøkjjarar så vert 2015 prega av effektivitet framfor kvalitet. Fylkesmannen ser at det er eit stort behov for å utarbeide gode rutiner og maler som kan brukast i arbeidet vidare. Dette var det ikke mogleg å prioritere i 2015.

- Oppgåve: Føre tilsyn med verjene og representantane i sitt distrikt

Fylkesmannen fører tilsyn med sine verjer ved det årlege verjerekneskapet samt bekymringsmeldingar. Bekymringsmeldingane blir vurdert etter alvorlighetsgrad og dersom det er behov for å endre verje i desse sakene, så vert det utført etter ei heilheitleg vurdering av saka. Dette gjeld også avvik som oppdagas i verjerekneskapet.

- Oppgåve: Gje verjene og representantane i sitt distrikt naudsynt opplæring, rettleiing og bistand.

Opplæring og rettleiing av verjer vart i 2015 hovudsakleg gjennomført som rettleiing per telefon, e-post og brev. Vidare så vart det tilbudd kurs for alle alminnelege verjer i Møre og Romsdal. Fokus på dette kurset var samtykkekompetanse og rekneskap. Kurset vart halde i Ålesund, Ulsteinvik, Molde og Kristiansund. Fylkesmannen arrangerte vidare to kurs for faste verjer i 2015, eit på våren og eit på hausten. Det vert arrangert kurs for nye representantar kvar gong eit nytt mottak startar opp. Vidare så har våre representantar fått tilbud om å delta på kurs i Oslo som vart arrangert av Fylkesmannen i Oslo og Akershus.

### Vurdering av resultatkrav:

- Oppretting av verjemål

Gjennomsnittleg sakshandsamingsstid for oppretting av verjemål er 80 dagar. Det er ei auke her frå 2014. Dette grunna asylsituasjonen. Vidare så har vi i 2015 registrert inn alle dokument frå innkurv dagleg slik at sakshandsamingstida er reell. Det er mange saker der det manglar opplysninger frå lege eller liknande slik at vi ikkje får oppretta verjemål.

- Hasteoppnevning av midlertidig verje (dommeravhør)

Gjennomsnittleg sakshandsamingstid for å behandle mindreårige uten formue er for 2015 på 8 dagar. Dette er eit prioritert område, og dei vert handsama ut frå hastegrad.

- Hasteoppnevning av setteverje for vaksne

Dette kan ikkje fylkesmannen oppgje tall for da det ikke er sendt ut frå statens sivilrettsforvaltning. Alle saker vert handsama ut frå kor mykje dei hastar.

- Hasteoppnevning av representantar til einslege mindreårige asylsøkjjarar

Gjennomsnittleg sakshandsamingstid for oppretting av verjemål for einslege mindreårige asylsøkjjarar er i 2015 på 8 dagar. Dette er eit prioritert område og det har vore ei stor auke i antall saker her. Oppretting av representantar vert prioritert framfor endring til verjerolle i allereie eksisterande saker.

- Utbetalingar og godtgjering

Gjennomsnittleg sakshandsamingstid for å behandle søknader om godtgjering/utgiftsdekking er i 2015 på 31 dagar. Fylkesmannen prioriterer faste verjer framfor alminnelege verjer på godtgjering. Vidare så prioriterast uttak frå konto da dette har stor betydning for verjetrengande.

- Verjerekneskap

Fylkesmannen skulle kontrollere 15 % av innleverte rekneskap for året 2015. Det vart tatt ei avgjersle om å avslutte kontrollane på slutten av perioden då det auka på med nyankomne einslege mindreårige asylsøkjjarar.

- Antall verjer under oppfølging etter manglende innlevering av rekneskap

I Møre og Romsdal er det 118 verjer til oppfølging etter manglende innlevering av rekneskap i følge tall innhenta frå statens sivilrettsforvaltning.

### § 101 nr 2 og 3

Fylkesmannen har ikkje gått gjennom de eldre sakene med omsyn til individtilpasning. Dette er det ikkje tilstrekkeleg med ressursar til å gjere. Fylkesmannen har fokusert på å gjennomgå kven som skal levere rekneskap, og denne jobben vart gjort i 2014. Vidare så har fylkesmannen gjort endringar i dei verjemåla der det har komme inn nye legerklæringer eller andre grunnlag for at saka bør vurderas på nytt.

### Er alle midlane frå overformynderia overført?

Fylkesmannen har ikkje vore i kontakt med alle bankane for å høyre om det fortsatt kan stå midlar registrert på overformynderia. Det er ordna opp i alle dei sakene som fylkesmannen er merksam på.

### Tilstand og særlege risikomoment i den lokale verjemålsforvaltninga

Fylkesmannen ser frem mot å ta i bruk nytt sakshandsamingssystem. Det er dårleg kvalitet på data som er registrert i ARVE, og det er dermed ein viss risiko for at dette er noko vi må hanskas med også fleire år etter at VERA tas i bruk. Det er ikkje tilstrekkelig med ressursar til å gå gjennom gamle saker frå overformynderia og det er heller ikkje tilstrekkelig med ressursar til å gå gjennom og få oppdatert datakvalitet i dei enkelte sakene. Dette kan gjere at vi ikkje ivaretar rettstryggleiken til verjetrengade godt nok. Fylkesmannen har ikkje ressursar til å gjennomføre samtalar med verjetrengande før verjemål opprettas. Dette kan også føre til at rettstryggleiken til den verjetrengande ikkje er godt nok tatt i vare. Ein må til einkvar tid vege effektivitet opp mot kvalitet, og dette gjer at det er ein risiko for at rettstryggleiken til dei svakaste i samfunnet vert skadelidande.

### Antall saker som gjeld heil eller delvis fratakelse av rettsleg handleevne og som vert brakt inn for tingretten. Det skal rapporteras om utfallet av sakene dersom dette er kjent på rapporteringstidspunktet

Fylkesmannen har gått gjennom alle tidlige umyndiggjorte, tre av desse var vurdert slik at dei skulle delvis først vidare. Den eine har det vore hovedforhandling på. Det vart skriftlig saksbehandling på den eine, og det er ein som er inne til vurdering for skriftleg sakshandsaming i retten no.

Vidare så har fylkesmannen innhenta lister frå folkeregisteret for å vurdere om det kan være fleire som er registrert umyndiggjort enn det fylkesmannen hadde fått beskjed om. Med dette så har fylkesmannen fått rydda opp i personar som har vore registrert umyndiggjort i folkeregisteret utan at det har vore tilfellet.

Fylkesmannen har reist sak mot 3 personar om delvis fratakelse av rettsleg handleevne. Ein av desse vert no anka inn for høgsterett av regjeringsadvokaten. Ein av dei er avgjort i tingretten, fylkesmannen fekk medhald i saken. I ei av sakene venter vi på hovedforhandling. Vidare så skriv fylkesmannen i desse dager på ei ny stevning.

Kommentar til tabellen under: Dette er talet på journalposter i arkivsystemet ephorte.

#### **Oppgaver etter vergemålsloven**

<b>Embeter</b>	<b>Antall saker</b>	<b>Antall tilsyn</b>
FMMR	14130	0
<b>Sum</b>	<b>14130</b>	<b>0</b>

### **51.3 Forlikrådene**

Det er ikkje ført tilsyn med forlikråda i 2015.

### **51.5 Tomtefesteloven**

Fylkesmannen hadde ingen saker etter tomtefesteloven i 2015.

## Resultatområde 52 Borgerrettigheter

### 52.1 Fri rettshjelp

I 2015 har Fylkesmannen i Møre og Romsdal mottatte 1017 henvendingar frå advokater, tolker og privatpersonar i høve saker om fritt rettsråd (utanomrettsleg bistand) og 142 henvendingar knytt til fri sakførsel.

Fylkesmannen har totalt utbetalt kr 3.790.486- gjennom ordninga med fri rettshjelp i 2015 . Av dette beløpet er kr 580.991,66 salær for kontrollkommisjonen.

Kr 225 646,43 av beløpet er utgifter til tolk, i hovudsak asylsaker. Resterande er salær til advokater i fritt rettsråd saker.

Vi rapporterer kvartalsvis detaljert til Statens sivilrettsforvaltning om sakstyper, saksbehandlingstid og utbetalinger. I tillegg rapporteres det til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane om talet på elektroniske saker pr kvartal.

### 52.3 Navneloven

Fylkesmannen fekk inn 5 namnesaker og ferdigbehandla 3 av desse i 2015.

## Resultatområde 53 Forebyggende samfunnssikkerhet

I 2015 har Fylkesmannen i Møre og Romsdal brukt 3,5 dedikerte årsverk til samfunnstryggleik og beredskap.

### 53.1 Oversikt over risiko og sårbarhet

a) FylkesROS Møre og Romsdal blir ferdigstilt i første versjon i løpet av første kvartal 2016. FylkesROSen er utarbeidd i tett samarbeid med fylkeskommunen. Denne heilskaplege analysen vil utfylle FylkesROS-sjø (2007) og FylkesROS-fjellskred (2011). Arbeidet med FylkesROS er ein kontinuerleg prosess, som vi jobbar med som ein del av vår arbeidskvardag. Som det går fram av pkt. 54.1 så har vi hatt utfordringar knytt til fråvær av nøkkelpersonar i arbeidet med ferdigstilling av FylkesROS for Møre og Romsdal. Då fylkesberedskapssjefen slutta hos oss i oktober, **og vi fekk asylsituasjonen å handtere med ein sentral medarbeidar mindre i staben, har vi ikkje greidd å følge opp framdrifta, (sjå kap.55).**

b) FylkesROSen omfattar eit utkast til handlingsplan som er forpliktande for fylkesmannen og vil bli lagt fram for diskusjon i fylkesberedskapsrådet. Fylkeskommunen skal i samsvar med regional planstrategi legge fylkesROSen til grunn for utarbeiding av ein regional delplan for samfunnstryggleik og beredskap. Fylkesmannen vil delta i arbeidet med denne.

c) I 2014 og 2015 har oppfølging av funn og tilrådingar frå fylkesROS-fjellskred sett sterkt preg på aktiviteten vår. Dette gjeld både etablering av eit *statleg* fagmiljø for overvaking av fjellskred (iverksett frå 01.01.2015 då NVE overtok ÅTB og NNFO) men i særleg grad revisjon og vidareutvikling av beredskapsordningane for fjellskred og flodbølgjer. Juni 2015 kom endeleg utgåve av nasjonal beredskapsplan for store fjellskred, eit arbeid Fylkesmannen i Møre og Romsdal tok initiativ til. Og i desember 2015 vart beredskapsplanane for fjellskred knytt til tre overvaka fjellparti ferdigstilt. Desse vart presentert på eit seminar for aktuelle aktørar i januar 2016, og er no ute på høyring.

d) Dei reviderte planane for fjellskred (inkludert oppfølging av fylkesROS) var tema under fylkesberedskapsrådet sitt faste møte i 2015. Fylkesberedskapsrådet har under vegg blitt orientert om arbeidet med fylkesROS, og nokre

## 53.2 Samfunnssikkerhet i planlegging etter plan – og bygningsloven

a) Fylkesmannen har som rutine å rettleie alle kommunar som sender oss plansaker. Dette gjeld kommuneplan, kommunedelplan og reguleringsplan. Vi har utarbeida ulike «standardtekstar» til oppstartsmeldingar som med små justeringar gjev kommunane rettleiing i arbeidet med samfunnstryggleik i planprosessen. Standardtekstane gjev kommunane innføring i kva krav som stillast til gjennomføring av ROS-analysen, og korleis funn skal følgjast opp i plansaker.

Fylkesmannen prioriterer rettleiing til kommuneplanar og kommunedelplanar. Vidare deltek faggruppa i fylkeskommunen sitt planforum der kommunar kan melde inn ulike planar som tema. I 2015 deltok vi på fire av desse møta og gav konkret rettleiing innan samfunnstryggleik. I tillegg har vi hatt fleire enkeltmøte med kommunar for å rettleie dei i arbeidet med samfunnstryggleik både generelt og i konkrete planar.

b) I 2015 hadde Fylkesmannen 20 motsegn til planar ut frå manglande omsyn til samfunnstryggleik og beredskap. Seks av motsegna var til kommuneplanar og 14 var til reguleringsplanar. Motsegna gjaldt mangelfulle risiko- og sårbarheitsanalysar og manglande samsvar mellom avdekt risiko og plankart og føresegnar. Etter ny handsaming i kommunane og oppfyljing av aktuelle krav er alle motsegnene trekte, eller ligg an til å bli trekt. Fylkesmannen har ikkje eigen statistikk som seier kva kommunar som har fått motsegn på samfunnstryggleik og beredskap.

Fylkesmannen klaga i 2015 på ein dispensasjonssak i Nesset kommune. Dette med grunnlag i at det ikkje var dokumentert tilstrekkeleg tryggleik mot skred.

## 53.3 Tilsyn

a) Fylkesmannen i Møre og Romsdal har gjennomført tilsyn med 13 kommunar i 2015, og er no i ferd med å avslutte første tilsynsrunde med alle kommunane med heimel i lov og forskrift om kommunal beredskapsplikt. I alle tilsyna får vi ein skriftleg tilbakemelding frå kommunen, med ein oppfølgingsplan for korleis kommunen vil lukke eventuelle avvik. Om vi finn at oppfølgingsplanen ser akseptabel ut, blir tilsynet avslutta skriftleg. Vi ber på same tid om at kommunane gir fylkesmannen beskjed om dei ikkje greier å følgje sine egne oppfølgingsplanar. Neste kontrollpunkt er då ev. neste tilsyn innan 3-4 år.

b) Vi er no i ferd med å avslutte første runde av tilsyn med kommunane etter ny lov og forskrift tråtte i kraft. Siste tilsyn (nr 36) i denne runden er med Ålesund kommune den 10.februar 2016, då kommunen bad om utsetting av tilsynet i haust. Vi har ikkje gjennomført oppfølgingstilsyn med nokon av kommunane pga. særleg risikoutsattheit i denne runden.

## Resultatområde 54 Beredskapsplanlegging

### 54.1 Fylkesmannens egen beredskapsplanlegging

a) Dei største utfordringane i egen kriseorganisasjon er eit lite fagmiljø som er sårbare ved "turnover", permisjonar, sjukdom eller anna fråvær. Dette har vi fått erfare tidlegare og, men særleg hausten 2015 då fylkesberedskapssjefen som har hatt stillinga sidan 2003 slutta. Dette var samanfallande med at vi fekk utfordringane knytt til asylsituasjonen som vart handtert av personell frå beredskap. Dette har vore ein sterk

- b) Beredskapsplanverket er oppdatert januar 2016 i medhald av plan.
- c) Embetet fekk endeleg installert nytt gradert samband hausten 2015. Dette er no oppe og går, men det har vore ein del utfordringar med å kople seg på lettklienten så vi har i lengre periodar vore tilkopla. Forsvaret gjennomførte opplæring lokalt hos oss hausten 2015, og vi har integrert sambandet i eget beredskapsplanverk og rutinar.
- d) Vi treng meir kompetanse i bruk av SBS, då den som hadde størst kunnskap om SBS har slutta.
- e) Embetet har tilstrekkeleg kompetanse i bruk av CIM til å ivareta eige ansvar og oppgåver ved uønskte hendingar.
- f) Embetet har tilstrekkeleg kompetanse til å rettleie kommunane i bruk av CIM
- g) Vi deltok i **Øving Mannen** våren 2015, ein workshop og diskusjonsøving i regi av NIFS-prosjektet. Vi deltok med kriseleiing og nøkkelpersonar i beredskapsorganisasjonen.

Fylkesmannen sitt øvingsmål var å få testa planverket for fjellskred og flodbølger som no er under utarbeiding og revisjon. Vi ville få testa om planverket er dekkjande både for eigen organisasjon og for det regionale samvirket som vi har eit særskilt oppfølgingsansvar for. Og vi ville bruke planverket sitt møte med eit konkret scenario til å notere behov for endringar og utvidingar av planverket. Vi laga ein oppfølgingsplan der dei viktigaste punkta er lista opp under, og som det går fram under er dette fylgt opp i beredskapsplan:

- Ferdigstilling av beredskapsplanverk (objektplanar, kommunikasjonsberedskapsplan, aktørplanar)
  - Disse vart ferdige i januar 2016 og er no på høyring.
- Fagseminar der det samla planverket blir presentert og drøfta. Gjerne med innslag av diskusjonsøving og gjerne med hovudvekt på kommunikasjonsberedskap
  - Vi har hatt eit fagseminar og presentert beredskapsplanverket no i januar 2016.
  - Vi planlegg ein diskusjonsøving ("Table Top") knytt til Åkneset i september 2016, den eine av dagane knytt til "Åkneskonferansen 2016"
- Større øving der heile planverket vert sett på prøve
  - Dette blir tidlegast i 2017 eller 2018.

For meir informasjon knytt til øvinga er det utarbeida ein eigen evalueringsrapport frå NIFS prosjektet.

## 54.2 Regional beredskapsplanlegging

- a) Fylkesberedskapsrådet deltok saman med fylkesmannens eigen beredskapsorganisasjon under "Øving Kraft-Ekom-Veg i 2011 og under "Øving Selvinnlysende" i 2013. Under sistnemnde øving var det deler av fylkesberedskapsrådet som deltok, i eigenskap av å vere atomberedskapsutval. I tillegg vart det i februar 2014 gjennomført ei varslingsøving for fylkesberedskapsrådet. Øvinga hadde ikkje scenario, men i tillegg til varslingsprosedyren omfatta øvinga også eit telefonmøte for praktisk sjekk av oppkopling og teknisk kvalitet.
- b) Vi deltok som nemnt over i ei samhandlingsøving i "Øving Mannen 2015", sjå pkt. 54.1.

## 54.3 Kommunal beredskapsplikt og kommunenes samfunnssikkerhetsarbeid

- a) Vi har vore på førebauende møte i forkant av tilsyna i alle kommunane i Møre og Romsdal i løpet av 2013, 2014 og 2015. Desse møta er i stor grad rettleiing i lov om kommunal beredskapsplikt, og blir gjennomført i god tid før tilsynet (månader i forkant). Vi nyttar dagen til å gå gjennom krava i lov og forskrift og kva vi ynskje av

dokumentasjon når vi kjem på tilsyn. Vi møte i hovudsak dei same som vi treff på tilsynsdagen: ordførar, rådmann og beredskapskoordinator.

b) Øving for kommunane vart ikkje prioritert i 2015. Gjennom Fylkesmannens øvingskonsept, "Øving Fårikål" i 2012, -13 og -14, som blir tilbudd alle kommunar i fylket, er så å seie alle kommunane øvde tre gonger på tre år. Det er langt over kravet -- både til Fylkesmannen og kommunane.

c) Erfaring frå den siste Fårikåløvinga i 2014 bekreftar at CIM har fått godt fotfeste blant kommunane i fylket. Nokre kommunar har kome veldig langt, og er for superbrukarar å rekne, mens fleirtalet viste under øvinga at dei kan gjere seg nytte av viktige funksjonar, som t.d. rapportering til Fylkesmannen. Berre 2 av 34 kommunar valde å ikkje bruke CIM under øvinga. Det er fortsatt nokre få av kommunane (omlag 2 av 36) som ikkje har teke i bruk CIM i organisasjonen. Vi veit samtidig at nokre kommunar slit med overføring av kompetanse ved turnover, så ein total oversikt over i kor stor grad CIM blir nytta har vi ikkje.

d) Fylkesmannen har gjennom Fårikåløvingane i 2012, 2013 og 2014 øvd kommunane på varsling og mottak av varsel i CIM. Alle kommunane har fått tilbod om å vere med på desse øvingane, og det har vore god deltaking.

## Resultatområde 55 Regional og kommunal krisehåndtering

### 55.1 Håndtering av uønskede hendelser

Vi er under dette punktet bedne om å rapportere om dei uønskete hendingane fylkesmannen har vore involverte i.

#### Veslemannen i Romsdalen

I byrjinga av oktober 2014 vart det påvist risiko for utgliding av eit mindre fjellparti like ved det overvaka fjellpartiet ved Mannen i Romsdalen. Faresonevurderingar konkluderte med at busetnaden på garden Lyngheim og ein strekning av Raumabanen var truga. Ei periode i 2014 vart busetnaden evakuert, og Raumabanen stengd. Denne hendinga er evaluert og rapportert i førre årsrapport.

I mai/juni 2015, når snøsmeltinga starta for fullt igjen, blei det på ny auka rørsle ved Veslemannen i Romsdalen. Dette var forventa etter at ein avdekte rørsle i området hausten 2014, og ein opplevde at partiet er påverka av nedbør/tilgang på vatn. I månadsskiftet juni/juli varsla NVE om at dei auka farenivå til moderat fare og gul beredskap knytt til Veslemannen og det vart heldt eit førebuande møte i Fylkesberedskapsrådet.

I september vart farenivået endra til **høg fare og oransje beredskap**, og det vart nytt telefonmøte i Fylkesberedskapsrådet.

Faren vart etter kvart senka til **moderat fare og gul beredskap** igjen etter ei periode med finever og lite nedbør.

Så kom nedbøren tilbake og vi fekk først **oransje beredskap** og til slutt **raud beredskap** med ny **evakuering av busetnadane i området den 18.09.**

Den 21.09 vart farenivået igjen satt ned til **gul beredskap**, og er no på **grøn beredskap** og lav fare.

Hendinga vekte også denne hausten ekstrem interesse i media, og til sjuande og sist gjekk ikkje skredet denne gongen heller. Rørslene vart bremsa av vinter og frost. Det er sannsynleg at rørslene vil tilta igjen til våren eller sommaren, og alle partar er budde på ein ny runde.

Evalueringa av hendinga i 2014, og Øving Mannen 2015, gjør at vi ikkje har sett behovet for ei evaluering av denne haustens hendingar, men vi vil vurdere behovet for ytterlegare evaluering om vi får ei ny utvikling til våren/sommaren/hausten 2016.

Hausten 2015 vart heile Noreg påverka av den auka straumen av asylsøkarar til landet, så også i Møre og Romsdal. Vi har vore bindeledd mellom dei sentrale aktørane og kommunane, og har rapportert vekentleg til DSB sidan 14.september. Fylkesmannen i Møre og Romsdal oppretta raskt ei intern gruppe med representantar frå dei relevante fagavdelingane som vart leia av fylkesberedskapssjefen. Vi har delteke i vekentlege samordningsmøter med DSB, UDI og andre relevante sentrale etatar. I tillegg har vi bidrege når dei nasjonale fagdirektorata har bedt oss om å følge opp kommunane, som mellom anna kartlegging av potensielle lokale for akuttinnkvartering.

Den 12.11 inviterte vi alle ordførarar, rådmenn og beredskapskontaktar i fylket til eit møte om samfunnsstryggleik og beredskap. Pga. den pressa situasjonen i mottaksapparatet på denne tida kasta vi om på programmet og asylsituasjonen vart satt som hovudtema. UDI, IMDi og Buf-etat hadde innlegg på møtet, vi hadde god deltaking (ca. 100 deltakarar). Arrangementet vart godt mottatt av kommunane.

Asylsituasjonen vart og hovudtema på det faste møtet i Fylkesberedskapsrådet som vart heldt i desember 2015. Også her vart UDI, IMDi og Buf-etat invitert til å orientere medlemmane om situasjonen.

Vi har ikkje avslutta beredskapshandteringa av asylsituasjonen i embetet, men ser at det meste har roa seg, og at vi går over i ein anna og meir langvarig samordningsrolle av behovet for busetjing og integrering. Embetet vil ha ei intern evaluering av handteringa i løpet av første kvartal 2016.

### **Oppfølgingspunkter etter styringsdialogmøte**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal hadde styringsdialogmøte med DSB den 14.04 2015 og etter møtet var dette oppfølgingspunktet til FMMR:

- DSB forventar at FMMR ferdigstiller arbeidet med fylkesROS i løpet av 2015.

FylkesROS vart ikkje ferdig i løpet av 2015 som planlagt.

Som tidlegare nemnt i både pkt. 53.1 og 54.1 så har vi utfordringar med å vere eit så lite fagmiljø. Og når ein sentral medarbeidar som fylkesberedskapssjefen sluttar, **og vi fekk asylsituasjonen for fullt på same tid** vart det for mykje for oss som vart igjen. Handtering av asylsituasjonen har tatt ein god del av våre ressursar over lang tid. Både gjennom arbeidet med å koordinere situasjonsrapporteringa frå kommunane til sentrale aktørar på samordningskanal, og førebu og delta i dei koordinerande møta med Fylkesmennene, DSB/UDI og andre, og utøve vår rolle som samordnar regionalt. Vi har tilrettelagt for møte mellom UDI, IMDi og Buf-etat og alle kommunane, og vi har satt situasjonen på dagsordenen i vårt årlige møte i Fylkesberedskapsrådet.

Vi har **prioritert** å halde oppe framdrifta på den utadretta aktiviteten med **tilsyn og møteforum** med kommunane og gjennomføre vårt arbeid med **førebyggjande samfunnsstryggleik** i arealplansaker. Vi har og prioritert arbeidet med å **ferdigstille beredskapsplanverk** knytt til fjellskred for tre overvaka fjellparti i vårt fylke, noko som er ein del av oppfølginga av fylkesROS. Frå den 01.02.2016 er vi igjen fulltalege og vi prioritera arbeidet med å slutføre første runde av vår fylkesROS høgt. Vi ser føre oss at arbeidet ferdigstillast i løpet av første kvartal 2016.

Dei andre oppfølgingspunktta var lagt til DSB å gjennomføre:

«- DSB vil følge opp problemstillingen rundt uklare ansvarsforhold mellom det sivile og militære knyttet til sikkerhetsadministrasjon.

- DSB vil arbeide for å få på plass bedre oppfølging av embetenes forvaltning av CIM.

- DSB vil vurdere hvordan resultatene fra neste års kommuneundersøkelsen gjennomføres og presenteres.»

## Ressursrapportering

Resultatområde	Kapittel 0525	Fagdep.
51.2 Vergemålsloven	kr 42 628,35	kr 8 641 618,13
51.9 Annen siviladministrasjon (rest 51)	kr 0,00	kr 0,00
52.1 Fri rettshjelp	kr 728 480,85	kr 32 317,68
53 Forebyggende samfunnssikkerhet	kr 879 120,14	kr 0,00
54 Beredskapsforberedelser	kr 1 201 887,83	kr 0,00
55 Regional og kommunal krisehåndtering	kr 725 331,42	kr 0,00
Andre oppgaver under JD	kr 7 569,81	kr 0,00
Sum:	kr 3 585 018,00	kr 8 673 935,00

## Kommunal- og moderniseringsdepartementet

### Resultatområde 60 Ledelse, virksomhetsstyring og administrasjon

#### 60.1 Helhetlig ledelse

Visjonen til Fylkesmannen i Møre og Romsdal er: "**Trygg framtid for folk og natur**"

Våre verdier er: **Engasjert, rettferdig, open og kompetent.**

Hausten 2014 vart det gjort eit omfattande arbeid med involvering av alle tilsette da vår strategiplan skulle rullerast. Oppdatert versjon vart vedteken tidlig i 2015, og er no førande for vårt arbeid innan områder som alle avdelingane har felles, eks "betre oppvekst".

I og med at styringssystemet fra våre oppdragsgjevarar vart lagt om hausten 2015, har vi vore opptatt av å imøtekomme dette med eit godt styringssystem også lokalt hos Fylkesmannen. Derfor vart det i desember 2015 **inngått leiaravtalar** mellom fylkesmannen og alle direktorane, samt administrasjonssjefen. Desse leiaravtalane legg vekt på rolleavklaringar og forventingar til god leing på avdelingane. Her har blant anna den **nye leiarplakaten i Staten** vore med i grunnlaget for leiaravtalen.

I tillegg til leiaravtalen, som er lik for alle, skal den einskilde leiar utarbeide eit **måleskjema** for kva som er spesielt viktig for å nå oppsette resultatmål i inneverande år. Forslag til slike arbeidsmål skal leggjast fram for dei andre på leiar møtet, og innspel og korrigeringar kan gjerast. Dette nettopp for å få leiargruppa til å tenkje helskapleg. Oppfølginga skjer gjennom **resultatssikringsmøtar** minst 4 gonger i året. Ein spesiell metodikk er valt ut, slik at alle leiarane også føler ansvar for dei midlertidige resultatane, og kan eventuelt kome med forslag til kursendring og omprioriteringar.

Året 2016 blir første året vi jobbe med resultatstyring på denne måten, men vi har god tru på at dette vil gi den ønska effekten ifht **helskapleg leing**, god ressursutnytting, god intern samhandling på tvers av avdelingane internt, og dermed god måloppnåelse.

I leiaravtalene er det 3 ansvarsområder som er utdjupa. Det er økonomiansvaret, personalansvaret og fagansvaret. I forbindelse med vår OU prosess for 3 år sida, vart det utarbeidd egne **Hustavler**. Her vart alle medarbeidarane invitert inn til å sette opp dei viktigaste punkta for god leing. Dette er operasjonalisert slik i hustavla, og teke inn i leiaravtalen:

Forventningar til god leiing:

- Eg ser og lyttar til den enkelte
- Eg er tilstades og tilgjengeleg
- Eg har respekt for medarbeidarane mine, og gir konstruktive tilbakemeldingar
- Eg har mot til å sjå og handtere konflikhtar
- Eg gir medarbeidarane ansvar og handlingsrom
- Eg skil mellom vesentlege og uvesentlege oppgåver, og eg har mot til å prioritere

I den årlege medarbeiarsamtalen vil kvar einskild direktør bli spurt om nettopp desse punkta. Dette er med å synleggjer aktivt medarbeiarskap.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har prioritert å arrangere årlege medarbeidardagar for alle tilsette. Dette for å gje rom for refleksjon, ny kunnskap, bygge vidare på endringskompetanse og ikkje minst for at dei tilsette frå ulike avdelingar skal få bli meir kjent på tvers av fagavdelingane.

På hustavla er det også arbeidd fram kva som er dei viktigaste forventningane til tilsette:

- Eg er høfleg og sørvisinnstilt
- Eg er open og imøtekomande
- Eg er profesjonell i jobben min
- Eg medverkar til samhald og trivsel
- Eg er løysningsorientert og positiv til utfordringar
- Eg er lagspelar som motiverer og spelar kollegaene mine gode

I medarbeidersamtalane er dette tema med kvar einskild medarbeiar. Informasjon er ein viktig del av medarbeidsskap. Vi bruker intranettet aktivt, men i tillegg vert det avholdt kvartalsvise allmøter hvor fylkesmannen sjøl alltid er tilstades.

I samband med vår OU prosess, der vi fekk på plass eit nytt organisasjonskart frå 01.01.2014, så låg det i vedtaket at vi skulle gjere ei evaluering av ny administrativ struktur etter 2 år. Dette vart gjort hausten 2015, og resultatet vart lagt fram på medarbeidardagen 5.november. Det meste fungerer bra, men to avdelingar har hatt nokre innkøyringsproblem med nye roller og funksjonar. Det vil det bli jobba vidare med for å få på plass.

Eit anna resultat etter OU-prosessen, og ny administrativ organisert var fagstaben.

Her er samla kompetanse og oppgåver som vi skal jobbe med på tvers i embetet. Dette gjeld fagområda:

- Kommuneøkonomi
- Kommunereform
- Kommunikasjon
- Plansamordning, og forsøk med staleg samordning av motsegner
- Kommunebesøk og utarbeiding av kommunebileter
- Satsinga på " Betre oppvekst"
- Folkehelse
- Flyktningekoordinator

Dette har ført til at vi er mykje meir samordna blant anna i kommunedialogen!

Vår nye organisering skulle gje oss høve til å jobbe meir i matrise avhengig av type oppgåver. Dei aller fleste, både medarbeidarar og leiarar er godt nøgd med den nye organisasjonen, og ønskjer seg ikkje tilbake til slik det var før.

Leiarutvikling er viktig for å heile tida handtere dei utfordringane som kjem. Vi må ha ein dynamisk og omstillingsviljug organisasjon, og derfor har vi sikta oss inn mot det nye toppleiarprogrammet som DIFI har etablert. Piloten skulle gå fra mars 2015 til mars 2016. For oss vil det passe veldig godt å kome med i dette toppleiarprogrammet frå 2017.

## 60.2 Likestilling

Tabell 1, Tilstandsrapport - kjønn

År	Kjønnsbalanse		Månadslønn - Total sum lønn pr. heltidsekvivalent		Deltid - antall av hvert kjønn		Midlertidig ansettelse - antall av hvert kjønn		Foreldrepermisjon - antall av tatt uttak av permisjon		Legemeldt sykefravær - Menn		Legemeldt sykefravær - Kvinner	
	M	K	M(KR)	K(KR)	M	K	M	K	M	K	Sykedager	Avtalte Arbeidsdager	Sykedager	Avtalte Arbeidsdager
2015	45	102	556181	497661	3	16	3	4	0	736	132	9943	1374	23035
2014	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0

Tabell 2, Tilstandsrapport - nivå delt

	År	Kjønnsbalanse			Månadslønn - Månedsfortjeneste pr.	
		M%	K%	Total	M(KR/%)	K(KR/%)
<b>Totalt i virksomheten</b>	2015	45	102	100	100	89,7
	2014	43	104	100	100	0
<b>Toppleidelse, kategori 1</b>	2015	5	3	100	100	80
Embetsledelse/direktør	2014	0	0	100	100	0
<b>Mellomledelse, kategori 1</b>	2015	4	3	100	100	89
Seksjonssjef, ass dir	2014	5	2	100	100	0
<b>Kategori 3</b>	2015	13	34	100	100	97
Saksbehandler 1	2014	11	34	100	100	0
<b>Kategori 4</b>	2015	19	46	100	100	89
Saksbehandler 2	2014	18	47	100	100	0
<b>Kategori 5</b>	2015	2	15	100	100	84,7
Kontorstillinger	2014	2	15	100	100	0
<b>Kategori 6</b>	2015	3	0	100	100	0
Fagarbeiderstillinger	2014	3	0	100	100	0
<b>Kategori 7</b>	2015	0	1	100	100	0
Unge arbeidstakere, inkl. lærlinger	2014	0	2	100	100	100

Tabell 3, Ansatte

År	Ledere med personalansvar i %			Ledere - lønn i forhold til kjønn		Medarbeidere uten personalansvar			Medarbeidere - lønn i forhold til kjønn	
	M%	K%	Antall Totalt	M%	K/M%	M%	K%	Antall Totalt	M%	K/M%
2015	57,1	42,9	14	100	0	27,8	72,2	133	100	89,7
2014	57,1	42,9	14	100	0	27,5	72,5	138	100	89,3

## 60.3 Informasjonssikkerhet og IKT

Embetet har rapportert om informasjonssikkerheten i embetet til KMD i september.

## Resultatområde 61 Samordning og modernisering

Eit viktig utgangspunkt for Fylkesmannen sine samordningsoppgåver er knytt til sektorisering av forvaltninga. Nye ansvarsområde og auka kompleksitet blir møtt med krav om fagleg spesialisering og fordjuping. Følgjene av dette vil ofte vere fragmentering og mangel på heilskapstenking i embetet; både internt og eksternt. Eit overordna mål for Fylkesmannen si samordninga er å redusere ulemmene ved sektoriseringa og medverke til gode

heilskaplege løysingar. Ei viktig utfordring for Fylkesmannen er å framstå som ein samla etat. Samordningsrolla og samordningsoppgåvene til Fylkesmannen er, sett i lys av dette, viktigare enn tidlegare.

Samordning har mange nivå og former. Vi nyttar samordningsstegen som utgangspunkt for rammeverket rundt samordning;

1. aktørane snakkar saman og veit kva dei andre gjer
2. aktørane veit kva dei andre gjer, og tek omsyn til det
3. aktørane planlegg saman
4. aktørane definerer felles mål og integrerer virkemiddelbruken
5. aktørane gjer avvegingar og prioriteringar.

Behovet for samordning er både internt og med eksterne aktørar. Den eksterne samordninga skjer både horisontalt med andre regionale aktørar og vertikalt mellom det lokale og det sentrale. I praksis skjer intern og ekstern samordning etter (1) faste, årlege planer, (2) tidsavgrensa planer eller (3) ad-hoc-initiativ. Samordning skjer òg som ein hybrid av dei ulike samordningsstega, -nivåa og -planene. Det viktigaste er at behovet for samordning vert løyst.

Vi held fram arbeidet med å etablere gode og effektfulle løysingar for korleis vi kan ivareta samordningsoppgåvene. I OU-prosessen som starta i 2012 var samordning eit av dei sentrale hovudområda, der fleire tiltak vart vedteken for å betre samordning. Som eit direkte resultat av OU-prosessen vart det etablert ei eiga stabseining for informasjon og kommunal samordning, direkte underslagt embetsleinga. Ulike oppgåver knytt både til fagleg samordning og til kommuneretta samordning blir lagt hit. Fleire tiltak vil bli iverksett og vi skal i gang med evaluering av dei allereie igangsette tiltaka, sjå hovuddel i årsrapporten.

Fylkesmannen sine ulike samordningsoppgåver er også vektlagt i embetet sin strategiplan for perioden 2015 - 2018. Strategiplanen utgjer ei felles plattform og viser retning på arbeidet i embetet i planperioden. Planen har karakter av å vere embetet sin utviklingsplan og vil vere eit viktig verktøy som grunnlag for oppgåveløysing og utvikling av samhandling på tvers av fagavdelingane.

I strategiplanen blir det peika på Fylkesmannen i Møre og Romsdal i planperioden skal arbeide aktivt for å ha ei høg måloppnåing innan alle embetsoppdrag, og samstundes prioritere følgjande tverrfaglege fellestema:

Betre oppvekst

- søkelys på barn og unge sine oppvekstvilkår; jf. Fylkesmannen si satsing *Betre oppvekst* for aldersgruppa 0 - 20 år

Kommunereforma

- medverke til drøftingar med kommunane rundt spørsmål om ny kommunestruktur

Samordning av statleg motsegn til kommunale planar

- delta i forsøksordning med utvida oppgåver for Fylkesmannen knytt til samordning av motsegner fremma av andre statlege myndigheiter

## **Samordning, samarbeid og samhandling saman med regionale aktørar**

### Regionråda

Fylkesmannen har i 2015 prioritert å delta på møta i regionråda. Det er 3 regionråd i fylket;

- Sunnmøre regionråd har med 17 kommuner
- Romsdal regionråd har med 7 kommuner + en kommune fra Nordmøre
- Nordmøre regionråd har med 11 kommuner

Alle regionråda har sett opp "Fylkesmannen sin halvtime" som fast post på sakskartet. Her gjev vi informasjon om siste nytt; spesiell utfordringar eller at ein av direktørane tek for seg fagtema. Eks skuleeigarrolla. Vi har fått god tilbakemelding på at fylkesmannen prioriterer denne arenaen, og vi ser allereie effekten med at ordførarar og rådmenn tek meir kontakt enn tidlegare

Fylket har mange kommunar. På grunn av storleik og geografi er det lange reiseavstander. Erfaring viser at ikkje alle kommunane deltek på viktige konferansar/samlings på fylkesnivå. For å treffe alle kommunane spelar regionråda ein viktig rolle. Mindre fora gjer også at terskelen for tilbakemelding og dialog med fylkesmannen er lågare.

Nettopp det har vore avgjerande i samband med prosessane i kommunereforma. Vi har nytta regionråda aktivt for å ha møteplassar mellom fylkesmannen og kommunane i regionrådet samt for kommunane imellom. Gjennom regionråda har kommunane samarbeida om faktautgreiingar og innbyggjarhøringar. Regionråda har vore fasilitatorar for møte mellom folkevalte og forhandlingane mellom kommunane som går no.

### Fylkeskommunen

Vi har tett kontakt med fylkeskommunen på ei rekke ulike fagområde. Eksempel på dette er samarbeid om utarbeiding av statistikkhefte og analyse av samfunnsforhold, og spesielt rundt demografiske endringar. I forlenginga av det bidrar fylkeskommunen til rapporten vår om «Utviklinga i kommuneøkonomien», medan vi skriv innlegg om Kostra med tal til deira publikasjon «Fylkesstatistikken». I 2015 var datagrunnlag knytt til kommunereforma diskutert før både fylkesstatistikken og kommunestatistikken.

Vi ser at slik oversikt og samordning er ønskeleg og velkomen, og er grunnlag for heilskapleg og samanhengande analyse, planlegging og styring av fylket frå regionalt plan.

Fylkesmannen og fylkeskommunen samarbeider om felles tiltak for gode oppvekstvilkår for barn og unge i Møre og Romsdal. Samarbeidsavtalen definerer aktuelle område og har som mål å sikre ein samordna innsats på tvers av fagtema og mellom ulike aktørar i fylket. Aktuelle samarbeidsområde omfattar:

- medverkanad frå barn og unge
- regional og kommunal planlegging
- folkehelse
- gjennomføring av vidaregåande skole
- Fylkesmannen si satsing Betre oppvekst

Som eit ledd i satsinga «Betre oppvekst» og på bakgrunn av samarbeidsavtalen har Fylkesmannen og fylkeskommunen i 2015 invitert alle kommunane i Møre og Romsdal til deltaking i ei brei kartlegging av kommunane sitt tenestetilbod til barn og unge. Kartlegginga er etter modell frå Fylkesmannen i Troms si satsing Sjumilssteget. Gjennom denne kartlegginga vil vi sjå nærare på tenestetilbodet i lys av barnekonvensjonens heilskaplege tenking om barn og unge sine oppvekstvilkår.

Fylkesmannen har nært samarbeid med fylkeskommunen om folkehelsearbeidet og gir fagleg råd og rettleiing. Det er arrangert møteplassar, som til dømes partnerskapsforum, arbeidsmøter, folkehelsekoordinatorsamlingar m.m. for å sikre samordning i arbeidet om folkehelse retta mot kommunane.

### KS

Vi samarbeider med KS om å spreie informasjon om det økonomiske opplegget for kommunesektoren. I samarbeid arrangerer vi årlege konferansar knytt til kommuneproposisjonen og statsbudsjettet. Konferansane tener som ein arena der stat ved departement og fylkesmann møter kommunesektoren. Sjølv om hovudbodskapen er det overordna økonomiske innhaldet i budsjettet og den økonomiske stoda og måloppnåinga for kommunane i fylket, er det rom for andre meir spesifikke tema. I fjor vart det lagt vekt på kommunereforma.

Vi samarbeidar med NKK og KS om økonomisjefsamlinga i 2015. Vi ser at den krevjande økonomiske situasjonen i fylket ikkje er forbigjerande. Skal kommuneøkonomien i fylket betre seg og halde seg på eit berekraftig nivå, er det naudsynt å sette trykk god økonomiforvaltning. I samarbeid med KS ønskjer vi å sjå på korleis vi kan bidra til betre økonomiforvaltning i kommunane.

KS har fått delteke i prosjektgruppa vår knytt til kommunereforma. Vi meiner KS kan bidra meir i neste fase av kommunereforma når dei nye kommunane skal bli etablert. KS har ikkje kunnet hatt ein aktiv pådrivarrolla for kommunereforma, men kan kome sterkare att med arbeidsgivarpolitikk i neste fase.

## **61.1 Kommunerettet samordning**

### **61.1.1 Kommunebilde**

Gjennom å etablere og systematisere informasjonsflyt avdelingane imellom og opp mot leiinga, får vi eit heilskapleg grunnlag og eit strategisk verktøy for den kommuneretta samordninga. Dette i skjeringspunktet mellom lokale forhold og lokal utvikling i høve nasjonale styringssignal, satsingar og måltal. Resultatet av dette arbeidet er eit kommunebilde som vert utarbeidd for kvar kommune. Kommunebildet er bygd opp rundt våre forventningar til kommunane på bakgrunn av statlege styringssignal og embetet sin totale kommunekunnskap generert gjennom sakshandsaming, rapporteringar, statistikk og andre kontaktpunkt med kommunane. Grunnlaget her vert nytta i dialogen med kommunane om samarbeid og samhandling om viktige område og utfordringar i fylket.

Fylkesmannen har i perioden mai 2013 til juni 2015 gjennomført ei runde med kommunebesøk/dialogmøte til alle 36 kommunane i fylket. Dialogdokumentet vil saman med kommunestatistikk og andre aktuelle grunnlagsdokument vere eit naturleg utgangspunkt for Fylkesmannens opplegg for samordna kommunebesøk i den aktuelle kommunen. Dokumentet vil bli oppdatert/revidert i samband med dette.

Innhaldsmessig rettar dokumentet søkelys mot følgjande tema:

- Lokal samfunnsutvikling og kommunesamordning
- Justis og beredskap
- Oppvekst og utdanning
- Helse og sosial
- Miljøvern og arealforvaltning
- Landbruk

Tema/kapittelinnending avspeglar i hovudsak strukturen i fagavdelingane hos Fylkesmannen. For kvart tema blir presentasjonen bygd opp rundt tre hovudpunkt:

- *Fylkesmannen sine fokusområde*
  - omfattar relevante og konkrete forhold for gjeldende kommune med utgangspunkt i statlege forventningar og politikk, samt Fylkesmannens kjennskap til kommunen
  - *Fylkesmannen sitt bilde av kommunen*
    - *omfattar ei kort oppsummering av kommunens status i forhold til Fylkesmannens fokusområde og eventuelle andre relevante forhold*
- *Dialogpunkt*
  - omfattar forhold der Fylkesmannen ønskjer ein dialog med kommunen

Avslutningsvis i dokumentet er det lagt opp til dialogpunkt med søkelys på vidare dialog og samarbeid mellom Fylkesmann og kommune, gjerne på tvers av tema og fagområde.

Som vedlegg til dokumentet er det m.a. tatt med aktuelle lenker til:

- Statistikk
- Tabellar/figurar/kart
- Planar/dokument m.m.

Det er viktig å understreke at kommunebildet frå Fylkesmannen si side ikkje er meint som eit uttømande bilde av kommunen, men at dokumentet rettar søkelyset mot forhold der kommunen har eit handlingsrom eller utviklingspotensial som det er viktig å ha dialog om. Dokumentet er meint å gi ei rask, samla oversikt over ulike utfordringar kommunen har. Dei ulike punkta kan elles i ulik grad vere kvalitetssikra, og vil heller ikkje representere ein fasit eller objektivt syn på situasjonen i kommunen.

Kommunebildet blir sendt til kommunen før kommunebesøket. Kommunen kan kome med innspel på tema til kommunebesøket. Frå embetet møter fylkesmannen og assisterande fylkesmann saman med aktuelle direktørar etter kva for tema som er på agendaen. Kommunebilda blir fortløpande lagt ut på Fylkesmannens heimeside etter kvar som dei vert utarbeidde.

### **61.1.2 Forum**

For å sette trykk bak fylkesmannens kommuneretta samordning er det naudsynt med gode verktøy og fora. Kommunebilde, skjønnsmidlane er viktige verktøy, medan viktige fora er:

#### **61.1.2.1 Forum for prosjektskjønn**

Forum for prosjektskjønn skal ivareta utviklingsrolla Fylkesmannen har i høve til kommunane, jf embetsoppdrag 61.2. I forumet deltek leiarar frå kvar avdeling og kommuneøkonomane for å ha god mynde og kompetanse innan alle område. Forumet er eit strategisk tankeloft og skal identifisere, kartlegge og foreslå satsingsområde. Forumet fungerer òg som eit knutepunkt mellom avdelingane for informasjonsutveksling og erfaringsoverføring om gode idéar og modellar for korleis å løyse utviklingsoppdraget.

I 2015 vart det gjort vedtak av leiargruppa om å vri prosjektskjønnet mot nye kommunar frå 2016 av, sjå pkt 61.2.

#### **61.1.2.2 Statistikkforum**

Fylkesmannen er i fleire embetsoppdrag gitt i oppgåve nytte statistikk både til oppgåveløysinga og for å spreie kunnskap om måloppnåing i kommunane for analyse, vurdering og prioritering på nasjonalt-, regionalt og lokalt plan. Statistikkforum skal bidra med meirverdi til dette.

#### **61.1.2.3 Tilskotsforum**

Tilskotsforum skal bidra til oversikt over dei tilskota fylkesmannen forvaltar, både internt og eksternt. Gjennom forumet leggst det opp til kompetanseoverføring om tilskotsmetodikk og verktøy mellom dei ulike tilskota. Forumet kan vere eit grunnlag for eventuell samordning av tilskot. Vi har ein eigen "Tilskotskalender" på heimesida, der vi også linker til tilskotsordningane til departement, direktorat, fylkeskommunen og eventuelle andre.

#### **61.1.2.4 Tilsynsforum**

Arbeid med reetablering av tilsynsforum er påstarta. Med utgangspunkt i dei ulike tilsynsoppgåvene ved fagavdelingane i embetet er det ei målsetting å kunne utvikle ein felles tilsynskultur. Dette omfattar m.a. oppgaver knytt til samordning, planlegging, felles tilsynskalender, erfaringsdeling, felles kurs og møte med kontrollutvala. Tilsynsforum skal vere eit rådgivande organ.

#### **61.1.2.5 Planforum**

Fylkesmannen har saman med fylkeskommunen eit viktig ansvar for rettleiing og kunnskapsformidling retta mot kommunane innan kommunal planlegging etter plan- og bygningslova. Regionalt planforum er her etablert som ein nytting samordningsarena for gjennomgang og drøfting av aktuelle plansaker på høyring. Kommunane vil her tidleg i planprosessen kunne legge fram planutkast for faglege tilbakemeldingar og vurderingar i møte med representantar for fylkeskommunen, Fylkesmannen og frå andre regionale statsetatar.

### **61.2 Modernisering i kommunene**

Organiseringa for prosjektskjønnet liknar meir på ein «fylkesmannstyrt tildelingsmodell» enn ein «normalmodell» i høve til kategoriseringa til NIVI i deira undersøking om fylkesmennene sitt arbeid med omstilling og fornying. Ønskje bak endringa var å bistå kommunane meir aktivt i utviklings- og fornyingsarbeidet. Forum for prosjektskjønn (sjå pkt 61.1.2.1) er det strategiske tankeloftet for dette arbeidet.

Alle kommunane vert invitert til å søkje prosjektskjønn. I brevet til kommunane gir vi informasjon om retningslinene for skjønntildelinga, inkludert eventuelle sentrale satsingar, og våre satsingsområder for fylket. Søknadane frå kommunane blir gjennomgått av fagavdelingane for kvalitetssikring og rettleiing og oppfølging.

Prosjekt som vi støtter gjennom prosjektskjønnet er av reell utviklingskarakter. Dette er typisk utvikling av nye modellar eller arbeidsmetodar, pilotprosjekt eller andre prosjekt som går ut på nybrottsarbeid. Lakmustesten er at resultatet til prosjektet har overføringsverdi til andre kommunar. I det ligg det at vi til dømes ikkje støttar kommunar i prosjekt som går ut på å heve kommunen opp til ein nasjonal standard, eller av typen kompetansetiltak for tilsette i kommunane. Det ser vi på som ordinære driftstiltak, og fell ikkje inn under ordninga.

Endringa vi har gjort inneber at vi har bestemte satsingsområde. Arbeidet med satsingsområda skal vere langsiktig for å gi området eit reelt løft, og for å sikre varig læring og leggje til rette for nettverksbygging mellom kommunane.

For å identifisere satsingsområda nyttar vi vår totale kunnskap om lokale utfordringar og problemstillingar i kommunane, og ser det i høve statlege mål, satsingar og politikk. I 2015 var *Betre oppvekst* (barn og unge), *Velferdsteknologi innen omsorgstjenesta*, *Svartelista plantearter*, *Spesialundervisning og læringsmiljø* samt *Samfunnstryggleik og beredskap* satsingsområda hjå oss.

I 2015 planla og vedtok vi å vri prosjektskjønnet mot nye kommunar som vonaleg kjem ut av kommunereforma. Vi ser at kommunane i dag har eit stort "produksjonsfokus". Nye kommunar vil ha ein unik sjanse til å drive fram innovasjon og utvikling i perioden med planlegging og organisering fram til iverksetting. Det vil vere spesielt interessant å støtte dei nye kommunane for at dei skal ha best muleg sjanse til å ta fleire utviklingssteg fram til dei skal starte og levere tenester. 2016 blir første året med den satsninga.

Satsingsområda må ha ein heilskapleg strategi som inneheld (1) tema, (2) klart definerte mål, (3) opplegg for oppfølging og (4) opplegg for erfaringsspreiing. Strategien for satsinga må vere klar før den vert vedteken og forankra i direktørmøte i embetet.

For å betre samordninga er det oppretta eit internt forum for prosjektskjønnet. Forumet skal operere på eit overordna og strategisk nivå, og har i oppgåve å samordne aktivitetane i prosjektskjønnet. Forumet har medlemmer frå kvar avdeling på minst mellomleingnivå for å sikre forankring samt heilskapleg kommunekunnskap og fagkompetanse innanfor avdelinga si oppgåveportefølje. Deltakarane fungerer som eit knutepunkt mellom prosjektskjønnet og avdelinga, og har eit utvida ansvar i å formidle informasjon om retningslinjene for skjønntildelinga til avdelinga, og for å kome med innspel og tilbakemelding frå avdelinga si til forumet. I forumet vert erfaringar utveksla og diskutert for å spreie gode døme på korleis ein legg opp til gode satsningar.

Vi har også samarbeid med FMST og FMNT innafor satsinga om velferdsteknologi. Somme kommunar i fylket deltek i diverse prosjekt med kommunar i Orkdalsregionen i Sør-Trøndelag som både Fylkesmannen i Sør-Trøndelag og vi støttar.

#### Vellukka prosjekt

- **Averøy kommune, og alle kommunane i fylket - Nettverk for psykososial kriseteam:** Med jamne mellom blir det psykososiale førstelinjetilbodet i kommunane utfordra. Hendingar og stadig aukande krav og forventningar til kommunane gjer at det er behov for styrke det psykososiale førstelinjetilbodet, gitt bakteppe frå til dømes evalueringane etter terroren 22. juli 2011 og andre hendingar. I prosjektet bidrar Helsedirektoratet, Senter for krisepsykologi, Ressurssenter om vald, traumatisk stress og sjølvmoordsforebygging og Støttegruppa etter 22. juli, i tillegg til fylkesmannen. Dette er eit pionerprosjekt i nasjonal samanheng og eit svært ettertrakta tilbod i kommunane. Erfaringsoverføring skjer skriftleg og kombinert med dei fylkesvise samlingane der alle aktørane er samla.

### **61.3 Samordning av statlig tilsyn**

Embetet samordnar tilsynsverksemda internt gjennom Tilsynsforum. Der er alle aktuelle avdelingane representert. Tilsynsforum blir derigjennom kontaktpunktet mellom tilsynsverksemda internt og eksternt ut mot kommunane sin internkontroll samt tilsyn gjennomført av andre statelege etatar. Målet med arbeidet i Tilsynsforum er å bidra til læring og erfaringsutveksling om tilsynsmetodikk, både gjennomføring og oppfølging av tilsyn. Utarbeiding av felles tilsynskalender og gode metodar for lærande tilsyn er grunnelementa her.

Vi ser at det enno er meir å hente for å få tannhjula mellom den interne tilsynsverksemda, kommunane sin internkontroll og andre statlege etatar til å treffe kvarandre og gå rundt. I forlenginga av dette vil det vere interessant å sjå kommunekunnskapen frå den totale tilsynsverksemda opp mot statistikk om kommunane, kommunebilde, nasjonale krav og standardar for å leggje til rette for utvikling og modernisering av teneste i kommunane gjennom å bruke prosjektskjønnet som verkemiddel.

## **Resultatområde 62 Kommuneøkonomi**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal ser på netto driftsresultat som hovudindikatoren for økonomisk balanse i kommunane. Fylkesmannen støttar seg til tilrådinga frå TBU om at netto driftsresultat bør utgjere minimum 1,75 prosent av brutto driftsinntekter over tid. Netto driftsresultat for kommunane i Møre og Romsdal har det siste året heldt seg på 0,1 prosent av brutto driftsinntekt. Det er ein del faktorar som talar for at den underliggende økonomiske balansen i kommunane framleis er svak.

Kommuneøkonomien står ovanfor fleire utfordringar i åra framover:

- Uro i internasjonal økonomi fører til lågare inntektsvekst enn tidlegare år
- Auka pensjonskostnadar på grunn av låg rente, høg lønnsvekst og auka levealder
- Endringar i folketal og alderssamansetning
- Høgare gjeld og forventningar om høgare rente på sikt
- MVA-kompensasjonen frå investeringar kan ikkje nyttast til driftsføremål

Kommuneøkonomien må vere solid no for at den skal kunne stå seg mot utfordringane framover. Rapporten viser at det er fleire utviklingstrekk som tilseier at kommuneøkonomien i Møre og Romsdal svekker seg.

Kommunane i Møre og Romsdal får stadig høgare netto lånegjeld. I løpet av 2014 aleine auka netto lånegjeld med 5,7 prosentpoeng, til 96,8 prosent av brutto driftsinntekt. Det er om lag 15 prosentpoeng høgare enn kommunane i Noreg utanom Oslo. Det er i hovudsak tre årsaker til at gjelda til kommunane i Møre og Romsdal aukar meir enn landsgjennomsnittet (utanom Oslo). Dei er at kommunane i Møre og Romsdal har eit litt høgare investeringsnivå, lånefinansierar ein større del av investeringane og nyttar litt lenger tid på å betale ned gjelda enn landsgjennomsnittet (utanom Oslo).

Gjeldsoppbygginga i kommunane gjer dei meir sårbar for framtidige renteaukingar. Kommunar med høg lånegjeld er avhengig av eit relativt høgare brutto driftsresultat for å få eit netto driftsresultat på nivå med tilrådinga. Brutto driftsresultat for kommunane i Møre og Romsdal har svekka seg det siste året, og har gått ned frå 2,7 prosent i 2012 til 0,6 prosent i 2014, målt i brutto driftsinntekt. I mange kommunar er driftssituasjonen stram. I ein slik situasjon er buffere nødvendig for å kunne takle svingingar på både inntekts- og utgiftssida. Kommunane i Møre og Romsdal har lite oppsparte midlar på disposisjonsfond, og det skal ikkje mykje til før det oppstår underskot.

Skal kommunane i Møre og Romsdal halde netto driftsresultat på nivå med tilrådinga frå TBU, er det naudsynt å auke inntektene eller redusere tenesteproduksjonen for å oppretthalde økonomisk balanse.

I 2015 kom nytt styringssystem for fylkesmennene, kor det er ei dreining mot meir resultatstyring av fylkesmannen. Eit produkt av det skiftet er at fylkesmannen skal bli målt på at det skal vere netto nedgang i talet på Robek-kommunar i løpet av året. På bakgrunn av rekneskapa 2013 og 2014, samt siste økonomirapportering i 2015, er seks kommunar i fare for å bli meldt inn i Robek i 2016. Éin kommune er venta blir meldt ut.

Departementet kan ta dette som eit tidleg varsel om at det vil bli sviktande resultatoppnåing på mål 3.1.5.1, "Antallet kommuner i Robek ved utgangen av 2016 ikke skal overstige antallet ved utgangen av 2015". Vi er forundra over at fylkesmennene skal bli satt under resultatmål som vi sjølv i liten grad kan påverke. I verste fall kan dette resultatmålet føre til undergraving av "God økonomiforvaltning i kommunane" som er overskrifta resultatmålet skiltar under. Om departementet er overtydd om at dette skal vere eit resultatmål for fylkesmannen, må det bli vedtatt vesentlege sterkare verkemiddel enn det fylkesmannen rår over i dag i samband med prosessen til kommunelovutvalet.

Dei siste rapportane frå dei kommunane nemt over tilseier at det var god skatteinngang og at kommunane kan inntektsføre premieavvik i 2015. Unngår dei Robek på grunn av dette aleine, er det ikkje nødvendigvis fordi dei har god økonomiforvaltning og ein berekraftig økonomi. Uansett vil vi intensivere arbeidet mot kommunar i, eller med gryande, økonomisk ubalanse, ikkje minst blir det viktig for at dei nye kommunane gjennom kommunereforma skal få eit solid økonomisk utgangspunkt frå 1.1.2020. Arbeidet med dei nye kommunane vil i åra framover bli satt i samanheng med embetet sin samordningsfunksjon, kommuneøkonomi og utviklingsrolla gitt i dei sektorvise oppdraga i Tildelingsbrev og Virksomhets- og økonomiinstruks.

## **62.1 Kontroll og godkjenning etter økonomibestemmelsene i kommuneloven**

### Lovlegkontroll etter kommunelova § 59

I 2015 handsama vi ingen lovlegkontrollar etter kl § 59 som gikk på økonomireglane i kommunelova kapitel 8 og 9 på budsjett og økonomiplan.

### Godkjenning av låneopptak for interkommunale selskap

Vi har hatt ni søknader inne til handsaming i 2015. Alle vart godkjent i tråd med søknad.

### Godkjenning av kommunale garantiar

Vi fikk inn 16 søknader om kommunale garantiar i 2015. Tre søknader vart avslått grunna den økonomiske situasjonen til garantiobjektet eller at det var næringsvirksomhet. Det vart godkjent fem søknadar om simpel kausjon, og åtte søknadar om sjølvskuldnar kausjon.

### Godkjenning av vedtekter til kraftfond

Vi hadde ein sak i fjor.

### Godkjenning av låneopptak til kommunar i Robek

Godkjenning av låneopptak til kommunar i Robek er nærare omtalt under pkt 62.2.

Vi hadde fleire saker om godkjenning av langsiktige leigeavtalar. Vi har ikkje ført statistikk over desse, men det var mellom fem og ti saker. Det er ikkje bedt om at fylkesmannen rapporterer på dette. Vi vil likevel for 2016 føre statistikk og rapportere på dette for 2016.

## **62.2 Økonomiforvaltning - veiledning**

### **62.2.1 Rettleiing i regelverk og vidareformidling av informasjon**

Rettleiing om økonomireglane i kommunelova kapittel 8 og 9 med tilhøyrande forskrifter, blir gitt skriftleg i samband med kommunane sine budsjett og økonomiplan samt rekneskap. Der vert presiseringar og endringar med betydning for komande handsaming i kommunane gitt informasjon om. Om det skjer presiseringar eller endringar i løpet av året med umiddelbare konsekvensar blir det sendt ut skriftleg, gjerne med kopi på e-post til personane det gjeld (rådmann/økonomisjef), og lagt ut på nettstaden vår.

Vi arrangerer konferansar knytt til kommuneproposisjonen og statsbudsjettet i lag med KS. Tema er naturleg nok det overordna innhaldet i framlegga, men det er også knytt opp mot meir spesifikke tema.

Vi har mykje rettleiing utanom dei faste postane nemnt ovanfor. Denne rettleiinga går pr brev, telefon og/eller e-post. Dette gjeld rettleiing der kommunane henvender seg til oss, men ikkje minst der vi må ta initiativ ovanfor kommunane. Ofte gjeld dette mindre saker, men ikkje desto mindre ressurskrevjande i form av tidsbruk. Det er vanskeleg å planleggje for slik tidsbruk, og i periodar er rettleiingsbehovet frå kommunane omfattande, og større enn det vi har moglegheit til å prioritere om vi skal ivareta andre oppgåver og oppdrag. Vi er lei for at kommunane i alle saker ikkje får oppfylt rettleiingsbehovet.

Vårt inntrykk er at kommunar kan få utfordringar med økonomiforvaltninga om økonomisjefen i kommunen sluttar. Det ser ut for oss som om kommunane ikkje i tilstrekkeleg grad klarer å få eit robust fagmiljø som ikkje er avhengig av ein skilde personar. Vi har døme på kommunar som over ein kort tidsperiode har fått ny rådmann og økonomisjef. Vi ser at dei kommunane har eit vakuum når det gjeld økonomiforvaltninga i kommunen, og har store utfordringar med å overhalde relativt enkle krav i kommunelov og forskrift. Dette ser vi skjer i kommunar opp til 10 000 innbyggjarar. I slike situasjonar har ikkje fylkesmannen kapasitet til å dekke heile rettleiingsbehovet. Vi følgjer likevel dei kommunane tett opp, og vonar at utfordringane vert løyst på kort sikt.

Vi har dialog med kommunerevisjonane løpande, gjerne uformelt via telefon og andre kommunaløkonomiske fora. Sakene her kan vere om både revisjonen av rekneskapen og forvaltningsrevisjon, og om forståinga av lovverk og grad av reaksjon i dei ulike sakene.

Gjennom oppdragsporteføljen møter vi andre aktørar enn kommunane. Til dømes har vi kontakt med bankar og private barnehagar gjennom godkjenning av kommunale garantiar og interkommunale selskap og deira revisorar gjennom godkjenning av låneopptak. Vårt inntrykk er at dei har eit perifert forhold til kommunelova med tilhøyrande forskrifter. Disse opererer med eit tankesett som stemmer overeins med bedriftsøkonomiske prinsipp, men som ikkje er kompatibel med prinsippa i kommunelov og forskrifter. Forståinga for kva som ligg til grunn for den ein skilde regel, og at dei må ta omsyn til dei, kan til tider vere vanskeleg. Det kan vere elementære reglar, til dømes at avdragstida på investeringsobjekt ikkje kan vere lengre enn investeringsobjektet si levetid eller at ein ikkje kan ta opp langsiktige lån til driftsføremål. Det gjer at sakshandsaminga er tidkrevjande for vår del, men ikkje uviktig.

Vi har hatt mange møter med kommunar gjennom 2015. Det er møter der kommunane treng råd og rettleiing, samt ønskjer å diskutere sin eigen situasjon. Andre møter var til dømes knytt til skjønnsstildelinga, inntektssystemet, kommunale garantiar, kommunereforma, Robek og den økonomiske utviklinga til kommunen med meir.

Lokalt har KS og NKK faggrupper for kommuneøkonomi. Vi har i 2015 teke initiativ til å samordne dei fylkesvise økonomigruppene for å få meir trøkk bak samlingane. For å få til dette er det inngått samarbeidsavtale mellom oss, KS og NKK. Vi hadde òg ein vellukka fagdag.

### **62.2.2 Fordeling av skjønnsmidlar**

På bakgrunn av den fylkesvise skjønnsramma deler vi skjønnsramma i tre hovudkategoriar; ordinært skjønn, prosjektskjønn og tilbakeholdt skjønn. Vi har også i oppdrag å bistå departementet ved skjønnsdeling i aktuelle saker, i 2015 var det til flyktnings situasjonen.

#### **62.2.2.1 Ordinært skjønn**

Tildelingsprosessen for kvart år startar i juni. Då sender vi ut invitasjon til alle kommunane i fylket om å kome med innspel til skjønnsfordelinga. I brevet går vi gjennom retningslinjane frå departementet. Grunna at brevet frå departementet ikkje kjem før i andre halvdel av august speglar informasjonen til kommunane siste års retningslinjer. Om lag 2/3 av kommunane har dei siste åra kome med innspel. Vi meiner at kommunane kunne vore meir aktive her.

For å kome fram til tildelinga, er det naudsynt å trekke på heile embetet sin kompetanse og kommunekunnskap. Innspela frå kommunane vert systematisert og sendt til fagavdelingane for kvalitetssikring. Dette vert fulgt opp med eit møte med kvar avdeling der innspela frå kommunane vert gått igjennom. Fagavdelingane har sjølv høve til å kome med innspel på bakgrunn av forhold i retningslinjene, eigne saker, samt offentleg og anna statistikk. Om kommunane har innspel om andre forhold som ikkje inngår i fylkesmannen si oppgåveportefølje vert rette instans kontakta.

Vi ser at somme kommunar har store utgifter som ikkje vert fanga opp av inntektssystemet. Det gjeld utgifter av midlertidig karakter, men ikkje minst utgifter som er gjentakande innanfor utgiftsdrivande tenester. Det er i første rekke utgifter til barnevern, språkdeling, resurskrevjande tenestemottakarar, m.f. Skjønnsmidlane er eit viktig verkty for at kommunane skal ha like moglegheiter til å yte gode tenester.

#### **62.2.2.2 Projektskjønn**

I 2015 handsama vi over 50 søknadar om tilskot til prosjekt. Omsøkt beløp var på om lag 35 millionar kroner. Vi tildelte om lag 8,2 millionar kroner til 29 prosjekt. I tillegg tildelte vi ca 12,1 millionar kroner til kommunereformarbeid gjennom kommunane og dei tre regionråda. Talet på søknadar og omfanget i søknadane tyder på at projektskjønnet er sett på som eit viktig bidrag i innovasjons- og utviklingsarbeidet i kommunane.

Sjå pkt 2.1.2 og 61.2 for meir om tildelinga til innovasjons- og utviklingsprosjekt.

#### **62.2.2.3 Tilbakeholdt skjønn**

Vi held tilbake skjønn til fordeling gjennom året. I løpet av året tildeler vi skjønn knytt til ressurskrevjande tenestemottakarar etter at vi har fått nye og oppdaterte tal frå Helsedirektoratet. Ein del av det tilbakehalte skjønnet går til innovasjons- og utviklingsprosjekt. Vi held igjen 500 000 kr til kvar Robek-kommune som vert utbetalt avhengig av kommunen sitt arbeid med forpliktande plan og budsjettbalanse.

#### **62.2.2.4 Ekstraordinære skjønnsmidlar etter Dagmar**

I 2015 heldt vi fortsatt på med etterverknningar frå Dagmar og fulgte opp bilag som kommunane hadde uteståande. Det er fortsatt ein kommune som ikkje har gjort ferdig reparasjonane og har rapportert at dette vil bli gjort tidleg i 2016.

Vi meiner at ordninga er unødvendig byråkratisk og rigid. Kommunane og vi vil vere betre tent med å ha ordningar som er meir fleksibel når det kommer til tildeling av skjønnsmidlar etter ekstraordinære hendingar. Dette er ein unødvending tidsstjuv.

#### **62.2.2.5 Ekstra skjønnsmidlar på grunn av differensiert arbeidsgivaravgift**

I RNB ble det løyva 7 millionar kroner til kommunar som fekk nedgang i skjønnsmidlar knytt til kompensasjon for tidlegare aukiing i arbeidsgivaravgifta. Kommunane Vanylven, Sande, Herøy, Stordal, Haram, Nesset, Midsund, Eide og Gjemnes fekk kompensasjon for bortfall av kompensasjon som følgje av at dei fekk gjeninnført normal arbeidsgivaravgift.

#### **62.2.2.6 Ekstraordinære skjønnsmidlar på grunn av flyktnings situasjonen**

Vi behandla søknadar frå fem kommunar om ekstraordinære skjønnsmidlar på grunn av flyktningssituasjonen. Kommunane Ålesund, Kristiansund, Ulstein, Volda og Sunndal fekk nærare 5,8 millionar kroner til saman.

### 62.2.3 Robek

Vi ser at mange kommunar i Møre og Romsdal er i ein vanskeleg økonomisk situasjon. Talet på Robek-kommunar gikk ned frå åtte til sju i 2015 - Rauma og Kristiansund kommunar nyinnmeldt, Volda, Ørsta og Gjemnes utmeldt. Det var til dømes 8 kommunar som fikk underskot i 2014. Oppfølging av Robek-kommunane har difor vært ei av to hovudprioriteringar innanfor kommuneøkonomi i 2015. Vi har fått signal om at 1 kommune vil bli meldt ut i 2016.

Vi ser at i somme tilfelle kjem Robek-kriteria seint inn. Fleire av kommunane i Møre og Romsdal blir ikkje meldt inn før dei har meirforbruk som er 4 år gamle. Det gjeld fleire kommunar. Til dømes Ålesund kommune hadde meirforbruk kvart år sidan 2011, og blei ikkje meldt inn før seinsommaren 2014. Økonomirapportering i Ålesund viste førsommaren 2014 at kommunen venta eit meirforbruk på rundt 80 millionar kroner. I praksis hadde då Ålesund kommune fire år med meirforbruk då dei vart meldt inn i Robek.

I samband med lovlegkontrollen av budsjettet til Robek-kommunane, gjer vi òg ein analyse av drifts- og investeringsbudsjettet. Denne tilbakemeldinga gir både kommunen og oss eit grunnlag for dialog om status og arbeidet vidare mot økonomisk balanse, herunder også signal om godkjenning av lån og garantiar.

Som virkemiddel er lovlegkontroll av budsjettet etter vårt syn eit svakt virkemiddel. Lovlegkontrollen testar mellom anna om det er rett organ som har truffet vedtaket og om det er blitt til på lovleg måte. Lovlegkontrollen er i liten grad egna til å teste dei økonomiske realitetane. I praksis er det berre inntekta frå skatt og ramme som vert testa. Vår erfaring er at kommunane sjeldan har store inntektssvikt på dei postane. Kommunane har større utfordringar med å halde utgiftene nede på budsjettert nivå. Kommunane driv i stor grad rammebudsjettering av einingane. Det vil seie at rådmann og einingane har ansvar for å halde seg til vedteke budsjett. Vi ser i mange høve at optimismen mtp realiseringen av kutt er for stor og at budsjettstyringa og -oppfølginga er for svak.

Vi gjentok suksessen frå dei to føregåande åra, og skreiv også i 2015, ein høyringsuttale til budsjettet til alle Robek-kommunar. Dette blei gjort etter at det vart behandla i formannskapet og vi har berre fått positive tilbakemeldingar på at dette vart gjort.

Gjennom 2015 hadde vi mange møte etter ynskje frå den enkelte Robek-kommune. Tema på møta var ofte kommuneøkonomi, men også økonomi knytt opp mot spesielle utfordringar innafor spesifikke fagområde. Dei ulike fagavdelingane intern i embetet blir kopla inn etter behov. Vidare prioriterer vi å gi god og tett oppfølging ved førespurnad på e-post eller telefon frå Robek-kommunane.

I 2015 handsama vi ingen søknad om forlenga inndekningstid knytt til budsjettet for 2015.

Som nemnt er det fleire kommunar enn dei som no er i Robek som har utfordringar med økonomien. Vi har i 2015 hatt formell kontakt med slike kommunar, gjennom at vi har vitja kommunestyret knytt til folkevalttopplæringa. Ikkje minst så er det særleg aktuelt gjennom kommunebesøket knytt til kommunebilde.

Vi har god oversikt over kommunar med ein gryande ubalanse gjennom dei faste oversendingane med budsjett, økonomiplan, rekneskap, Kostra og innspel til skjønnsstiltak, samt gjennom anna uformell kontakt. Vi ser at det er mange kommunar som har ein gryande ubalanse; 16 kommunar har eit gjennomsnittleg NDR dei 5 siste åra som er under éin prosent av driftsinntektene. Vi har ikkje kapasitet til å følgje opp alle dei kommunane i like stor grad som Robek-kommunane, men har både formell og uformell kontakt med kommunane i den kategorien av kommunar med ubalanse i økonomien.

### Lånegodkjenning

Lånegodkjenning er eit sterkt virkemiddel i oppfølginga av Robek-kommunane. Strategien er å bruke lånegodkjenninga som eit aktivt virkemiddel for å bidra til at Robek-kommunane går ut av Robek. I samband med budsjetthandsaminga ønskjer vi å godkjenne ei låneramme som ligg fast for kommunen ut året. Nivået på låneramma Robek-kommunane får godkjent er situasjonsbestemt. Om kommunen følgjer forpliktande plan, betaler ned underskott i tråd med den og kan vise til sunn økonomisk utvikling, godkjenner vi lån til investeringar i VAR-sektoren og såkalla startlån, samt at vi støttar opp om investeringar knytt opp mot tilskot, rente- eller avdragskompensasjon (statlege satsingsområder) om kommunen Kor høg låneramme den enkelte kommune får, er avhengig av korleis den økonomiske situasjonen og utviklinga er. Vi godkjenner ikkje høgare låneramme enn budsjetterte avdrag etter at lån til VAR-sektoren og startlån er tatt ut. Unnataket er innsparingstiltak som føreset investeringar, som til dømes en meir rasjonell skulestruktur. Om kommunen ikkje følg forpliktande plan og ikkje

Søknader om likviditetslån godkjenner vi alltid, og vi prioriterer rask handsaming av dei slik at kommunen ikkje får vanskar med å betale til forfall.

- Gjemnes kommune fekk godkjent eit investeringslån på kr 6,0 mill, eit startlån på kr 3,0 mill og eit likviditetslån på kr 5,0 mill.

- Fræna kommune fekk godkjent eit investeringslån på kr 55,350 mill og kr 10 mill til startlån.

- Stranda kommune fekk godkjent låneopptak i 2015 til å leggje til rette for næringsetablering samt pålagt brannvernstiltak på sjukeheim (sprinkelanlegg). Låneopptak på om lag 5 mill kr til andre investeringar vart avslått.

- Hareid kommune fekk godkjent nye låneopptak på om lag 10 mill kr til etablering av interkommunalt IKT-senter og brannvern.

- Sykkylven kommune fikk godkjent i 4,3 mill kr av 13,5 mill kr som vart omsøkt. Sykkylven kan ikkje pårekne å få godkjent meir låneopptak i denne Robek-perioden.

- Ålesund kommune fekk godkjent låneopptak for å avslutte påbegynte investeringar, investeringar innan VAR og startlån, totalt 304 mill kr. Dette var ein reduksjon på 150 mill kr i høve bystyret sitt vedtak. Vi har hatt ein dialog med Ålesund med presise signal om kva kommunen kan vente i godkjent låneopptak i åra framover, gitt den økonomiske utviklinga i kommunen. Kommunen fekk godkjent langsiktige leigeavtalar som måtte bli fornya.

### Forpliktande plan

Vi legg vekt på å følgje opp kommunane sitt arbeid med forpliktande plan. Vi ser for oss at ei slik plan må innehalde tre punkt. For det første må kommunen sette opp ein tabell som viser når kommunen har fått underskot, kva som eventuelt er allereie inndecka og plan for inndecking av akkumulert underskot. Vi vil også at kommunen skal gjere greie for kva som var årsaka til underskota, med vekt på om det er midlertidige eller permanente forhold som forårsaka underskota. Kommunen må til sist her konkludere med kva som er omstillingsbehovet, på kort og lang sikt. For det andre vil vi at kommunen skal sette seg mål for økonomiforvaltninga, både for sentrale økonomiske indikatorar og for budsjettarbeidet og for oppfølginga gjennom året. I det siste punktet må kommunen, gjerne i form av ein tabell, sette opp kva for tiltak kommunen skal gjennomføre for å få balanse i økonomien. Tiltaka må vere spesifisert på tenestenivå, med venta innsparingseffekt og når dei vert sett i verk. Omfanget av tiltak må minst vere lik det kommunen konkluderer med er omstillingsbehovet i punkt éin. Ved lovlegkontrollen av budsjettet følgjer vi opp at kommunen har utarbeidet ein slik plan for året.

På hausten rapporterer kommunane på forpliktande plan knytt opp mot tilbakeheldt skjønnsstilskot på 500 000 kr. For at kommunane skal få utbetalt skjønnsstilskot må dei oppfylle følgjande kriterier; (1) halde driftsbudsjettet, (2) gjennomføre forpliktande plan og (3) nedbetale underskot i tråd med nedbetalingsplana. Rapporteringa viste at fleire kommunar hadde utfordringar med å halde balansen i driftsbudsjettet, og at somme kommunar låg an til å måtte bokføre tap i staden for gevinst på finansielle instrument. Følgjeleg ville dei heller ikkje nedbetale underskot. På bakgrunn av rapporteringa vart det berre utbetalt skjønnsstilskot til fire av dei sju kommunane i Robek.

Etter vår meining kan skjønnsmidlane vere eit sterkt virkemiddel i oppfølginga av Robek-kommunane. Vi er likevel varsam med å nytte skjønnsmidlane i for stor grad som gulrot for dei aktuelle kommunane. Vi får tilbakemeldingar frå andre kommunar som går på at tildeling av skjønn til kommunar i økonomisk ubalanse er urettmessig. Vi er til dels einige i dei innspela, og ser at vi ikkje ønskjer å premiere dei kommunane som ikkje fører ein ansvarleg budsjettpolitikk i for stor grad.

### **62.2.4 Finansforvaltning**

Vi har fulgt opp om kommunane har vedtatt nytt finansreglement i tråd med ny finansforskrift. Rapporteringa viste at dei fleste kommunane vedtok nye finansreglement i løpet av 2013. Det var berre ein kommune som ikkje rapporterte. I samband med budsjettinnsendinga frå kommunane ba vi om at det vart opplyst når kommunestyret skal vedtak nytt finansreglement for inneverande periode.

Etter vårt syn bør finansreglementet vedtakast tidleg i kommunestyreperioden for forankring hos dei folkevalte. Vi vil kommunisere dette til kommunane, og halde fram med å følgje opp om når finansreglementa vert vedteken.

Vi utarbeider årleg ein statistikkrapport som viser den økonomiske utviklinga og status for kommunane i Møre og Romsdal. I rapporten ser vi på samanhengen mellom dei mest sentrale økonomiske indikatorane, og viser tala på kommunenivå og opp mot eit gjennomsnitt for fylket og landet utanom Oslo. Vi nyttar medviten konserntal. Vi legg vekt på å formidle tala og kommentarane på ein slik måte at ein utan mykje forkunnskap kan forstå innhaldet. Slik vonar vi at rapporten også vert lest og nytta av til dømes folkevalte og andre tilsette i offentlege sektor som ikkje har kommuneøkonomi som fagfelt. Vi får mange gode tilbakemeldingar frå kommunane på rapporten, og fleire nyttar den som eit grunnlag og utgangspunkt opp mot kommunestyret. Rapporten vert sendt departementet.

I samband med innrapporteringa av data frå kommunane til SSB, sender vi ut eit brev med informasjon om tidsfristar og kontaktpersonar hjå fylkesmannen som kommunane kan nytte ved behov.

Oppdraget om å gå igjennom nøkkeltal og identifisere vesentlege feil, og i å veilede kommunane slik at dei rapporterer inn riktige tal, er i hovudsak prioritert ned for oppfølginga av Robek-kommunar. Årsplanmessig er dette samanfalle med ein periode kor vi må prioritere å få ferdig lovlegkontrollen av dei kommunale budsjetta. I og med at overføringa til embeta ikkje er avhengig av talet på Robek-kommunar er det vanskeleg å prioritere begge oppgåvene høgt nok. Det er ikkje heldig. Kostra er, og bør vere, ein grunnpilar for analyse, planlegging og styring på lokal, regionalt og nasjonalt nivå. At Kostra er kvalitetssikra og påliteleg er ein føresetnad for det.

Vi får om lag 10 til 15 spørsmål om innrapporteringa i Kostra, gjerne via telefon eller e-post. Vi gir svar på desse.

Departementet hadde eit initiativ for å betre rapporteringa etter at førebelse tal var rapportert. Undersøkinga viste at det var til dels store hull i rapporteringa. Vi er lei for at rettleiinga frå departement, SSB og fylkesmann ikkje er nok til at kommunane rapporterer korrekt og fullstendig.

Elles nyttar vi ofte Kostra-dataene i dialogen med kommunane. Kostra vert nytta internt som grunnlag i ymse samanhengar og i alle typar kontaktpunkt med kommunane, som konferansar, møter, brev, osv.

## Resultatområde 63 Kommunalrett, forvaltningsrett, kommuneinndeling og valg

### 63.1 Kommunalrett

#### Lovlighetskontroll

Embeter	Saker om lovlighetskontroll etter klage som det er truffet vedtak i			Lovlighetskontroll initiert av fylkesmannen			Vedr. habilitet	Vedr. lukking av møter
	Antall saker	Antall opprettholdt	Antall ulovelig	Antall saker	Antall opprettholdt	Antall ulovelig		
FMMR	9	8	1	0	0	0	2	2
<b>Sum</b>	<b>9</b>	<b>8</b>	<b>1</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>		

### 63.3 Kommuneinndeling

#### 63.3 Kommuneinndeling

Det har vore stor aktivitet både i kommunane og regionråda i Møre og Romsdal i samband med kommunereforma, og fylkesmannen må i den forbindelse gje ros til kommunane og regionråda for arbeidet som er utført i 2015. Fylkesmannen har følgd opp arbeidet med kommunereforma med konferansar, samlingar, møte, råd, rettleiing og skjønnsmidlar. Fylkesmannen har vore invitert til ei rekkje møter ute i kommunane, og har samarbeida tett med regionråda der kommunane har nytta seg av felles aktivitet og møteplassar i sin region.

Kommunane i Møre og Romsdal har no gjennomført **fase 1 og fase 2** av kommunereforma i 2015, og skal no ta fatt på **fase 3** som er vedtaksfasen, frå 1.januar 2016 og fram til endeleg vedtak før 1. juli 2016.

I forbindelse med arbeidet i fase 3 har fylkesmannen etter ønske frå kommunane og regionråda utarbeida ei felles milepælsplan for arbeidet som står att i kommunereforma.

Kommunane har sendt ein undervegsrapport til fylkesmannen i juni 2015, og det er laga ein samlerapport av all informasjonen som blei motteken frå kommunane og regionråda gjennom denne rapporteringa. Undervegsrapporten ga fylkesmannen eit godt bilde på prosessen fram til sumaren 2015, og resultatane har gjeve grunnlag for det vidare arbeidet hausten 2015.

Fylkesmannen har i løpet av 2015 organisert seg slik at i tillegg til fagpersonane som arbeider med kommuneøkonomi, er no 4 juristar også tilgjengeleg for kommunane i arbeidet med kommunereforma. Ein av desse juristane er sett til å leie dette arbeidet internt, og er hovudkontakten ut til kommunane i juridiske spørsmål.

36 kommunestyre i Møre og Romsdal har forberedt og vedteke plan for arbeidet med kommunereforma fram til endeleg vedtak våren 2016.

Kommunane har ønska at regionråda skal koordinere og arrangere felles møter, møteleing, utgreiingar osv. i høve til arbeidet med kommunereforma. Regionråda har difor hatt ein sentral rolle – både samla for heile regionen og delteke i prosessar der deler av regionkommunane har hatt felles prosessar.

Alle utgreiingar som kommunane har hatt ønske om som faktagrunnlag vart utarbeid før årsskiftet. Val av alternativ og forhandlingar om intensjonsavtalar er det første som kommunane har teke til med på nyåret i 2016. Aktivitet i forbindelse med kommunereforma, undervegsrapport og milepælsplan er lagt ut på Fylkesmannen i Møre og Romsdal sine heimesider.

## **63.4 Valg**

Vi har gitt generell veiledning i forbindelse med henvendelser vedrørende konstituering av nytt kommunestyre- og fylkestingvalg, faste utvalg med mer.

## **63.5 Forvaltningslovens og offentleglovas anvendelse i kommunesektoren**

Fylkesmannen har i 2015 behandla 7 klagesaker etter offentleglova. I 3 av desse sakene fekk klagar heilt eller delvis medhald. I tillegg har fylkesmannen behandla sak om innsyn i SMS-kontakt mellom ein ordførar og visse namngitte personar. Fylkesmannen hadde ikkje tilgang til SMS-ane, og hadde derfor ikkje grunnlag for å treffe avgjerd. Vi retta kritikk mot kommunen for deira handtering av saka.

## **Resultatområde 66 Planlegging, bolig- og bygningsrett**

Fylkesmannen gir omfattande rettleiing både i høve tolking og praktisering av plan- og bygningsloven. Ein monaleg del av rettleiinga skjer gjennom telefon og epost, men også gjennom møter. Rettleiing vert ytt både til kommunar, private planleggjarar, Statens vegvesen, fylkeskommunen og privatpersonar. Rettleiinga er ofte ikkje direkte knytt til klagesak hos fylkesmannen. Rettleiingsarbeidet er relativt tids- og arbeidskrevjande.

### **66.1 Byggesaker**

Fylkesmannen behandla 221 klagesaker etter bygningsdelen i plan- og bygningsloven i 2015. I 55 saker vart klagen tatt til følge og kommunen sitt vedtak endra eller oppheva.

Vi behandla 14 krav om sakskostnader etter byggesaksdelen av plan- og bygningsloven i 2015. Vi har også behandla 3 saker om utsett iverksetting.

Etter fleire år med utfordringar i høve saksbehandlingstida, sette vi inn tiltak i bërjinga av 2015 på byggesaksbehandlinga som har gitt god effekt. Vi greidde på denne måten å redusere saksbehandlingstida til kravet på 12 veker.

Fylkesmannen ser eit behov for å auke kompetansen i kommunane og har derfor hatt større fokus på utadretta verksemd. Vi har delteke på nettverksmøte i kommunane og arrangert konferanse i samarbeid med departementet og NKF i samband med nye reglar om unntak frå søknadsplikt. På førespurnad frå kommunane har vi halde

## 66.2 Saker om ekspropriasjon

Fylkesmannen har behandla 6 saker om oreigning i 2015.

Tre av desse var klagesaker der kommunen hadde gjort vedtak om oreigning etter pbl. § 16-2. Alle vedtaka vart stadfesta av fylkesmannen. Ein sak gjaldt søknad om samtykke etter oreigningslova § 2. Samtykke vart ikkje gitt.

To saker gjaldt søknad om å få ta grunn i bruk før skjøn er halde etter oreigningslova § 25. Desse søknadene vart imøtekomne av fylkesmannen.

Saksbehandlingstida på oreigningssakene var innafor kravet på 12 veker

## 66.3 Klage etter eierseksjonsloven og lov om kommunal forkjøpsrett til leiegårder

### Klage etter eierseksjonsloven - antall

Embeter	Antall klager	Tatt til følge	Ikke tatt til følge	lovbestemmelser er vurdert under klagebehandlingen
FMMR	0	0	0	Fylkesmannen hadde ingen klagesaker på dette området i 2015
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>0</b>		

## 66.5 Planlegging, byutvikling og geodata

### 66.5.1 Planlegging og byutvikling - oppdrag spesielt for 2015

#### *Kompetanseheving i kommunane*

Mange kommunar slit både med både kapasitet og kompetanse på planområdet. Fylkesmannen har saman med fylkeskommunen eit viktig ansvar for rettleiing og kunnskapsformidling retta mot kommunane på planområdet. Fylkesmannen i samarbeid med fylkeskommunen fekk i 2015 på bakgrunn av søknad frå KMD tildelt kr. 140.000 til kompetanseutvikling og opplæringstiltak etter plan- og bygningslova retta mot kommunane.

For 2015 vart bruken av kompetansemidlane retta mot fleire mindre opplæringstiltak. Dette omfatta m.a. aktuelle planfaglege tema knytt til plannettverkssamlingane. I Møre og Romsdal er kommunane delte inn i tre plannettverksregionar; Nordmøre, Romsdal og Sunnmøre. Kompetansemidlane for 2015 vart også øyremerka regionvise rundar med politikaropplæringa i regi av fylkeskommunen og Fylkesmannen i etterkant av kommunevalet hausten 2015.

Nye nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging, vedtatt i juni 2015, legg viktige føringar for kommunane sitt arbeid med utarbeiding av neste runde med kommunale planstrategiar for perioden 2016 – 2019. Fylkesmannen i samarbeid med fylkeskommunen følgjer opp kommunane tett i dette arbeidet.

For kommunane vil elles regionalt planforum kunne fungere som ein viktig arena for erfaringsutveksling og læring. Kommunane vil her tidleg i planprosessen kunne legge fram planutkast for faglege tilbakemeldingar og vurderingar i møte med representantar for fylkeskommunen, Fylkesmannen og andre regionale statsetatar.

#### *Forsøk med samordning av statleg motsegn*

Forsøksordninga med samordning av statlege motsegner i kommunale plansaker starta hausten 2013. Målet er å medverke til ei effektivisering av kommunane sitt planarbeid og at dialogen med statlege sektormyndigheiter skal bli enklare. Rettleiing om nasjonal politikk/mulig grunnlag for motsegn skal formidlast så tidleg som råd i planprosessen. Dette vil kunne redusere talet på motsegner. Fylkesmannen i Møre og Romsdal er med blant seks nye fylke som frå 01.04.2015 har deltatt i andre fase av dette forsøket. Den praktiske gjennomføringa av forsøksordninga er lagt opp litt ulikt frå fylke til fylke. Hos FMMR er det tatt utgangspunkt i eksisterande modell for plansaksbehandling.

Ei viktig oppgåve for Fylkesmannen i samband med samordningsforsøket er å sørge for at det blir ein god dialog

Et viktig oppgave for Fylkesmannen i samband med samordningsstørsettet er å sørge for at det blir ein god dialog med kommunen for å finne løysingar. Dette gjeld både i samband med høyringsfasen – og i etterkant av denne.

For høyringsfasen gjeld vidare at

- høyringsfristane er som før
- statsetatane må sende over sine motsegner til Fylkesmannen 14 dagar før fristen
- Fylkesmannen samordnar høyringsuttalane og sender felles brev til den aktuelle kommunen med oversikt over motsegnene
- Fylkesmannen kan avvise motsegner frå ein statsetat, men berre etter at dette er grundig drøfta med den det gjeld
- utsending av samordna brev gjeld berre i dei tilfella det er motsegn frå andre statsetatar enn Fylkesmannen

For vidare saksgang etter høyringsfasen inneber dette at

- meklarrolla er uendra
- fleire saker kan løysast før mekling
- oversending til departementet følgjer vanlege rutinar
- det blir enklare for Fylkesmannen å mekle i saker mellom statsetatar og kommunen
- det kan lagast ein felles mal for utforming av motsegner (ulik praksis i dag)

Erfaringane så langt er jamt over positive vurdert både frå kommunane, involverte statsetatar og Fylkesmannen si side. Største utfordringane så langt er knytt til knappe tidsfristar i høyringsfasen. For perioden 01.04. – 31.12.2015 har Fylkesmannen behandla 20 slike samordningssaker. Fylkesmannen har i ei av desse sakene gått inn for å avskjere motsegn fremma av ein regional statsetat. Avinor, Jernbaneverket, Statens vegvesen, Kystverket og NVE har alle fremma motsegn til plansaker i denne perioden. For fleire av sakene har det vore arrangert eigne samordningsmøte for avklaring og konfliktløysing. Statens vegvesen er den av statsetatane som oftast er part i sakene.

## **66.5. 2 Geodata – oppdrag spesielt for 2015**

*Få ned restansane i delingssaker i kommunane i samarbeid med Kartverket*

Vi har i 2015 ikke hatt ressurser til å prioritere oppfølging av delingssakene. Vi vil gå i gang med dette arbeidet i starten av 2016.

## **66.5 Planlegging, byutvikling og geodata - Faste oppgaver**

### **66.5 Planlegging og geodata – faste oppgåver**

*Berekraftig arealpolitikk og by- og samfunnsutvikling*

Fylkesmannen har hatt fokus på dei områda som er vektlagt i embetsoppdraget. Vi har lagt stor vekt på rettleiing og tidleg medverknad i planarbeidet, og aktiv formidling av dei nasjonale forventningane. Nasjonal politikk blir formidla gjennom rettleiing på ulike måtar, m.a. gjennom møte, førehandsfråsegner og høyringsfråsegner. Fylkesmannen har eit tett samarbeid med fylkeskommunen i plansaker. Dette omfattar både samarbeid i enkeltsaker, så vel som kontakt og rettleiing gjennom dei regionale plannettverka og i regionalt planforum.

Departementet har særskilt påpeika fylkeskommunen og Fylkesmannen sine oppgåver med å sjå til at kommunane har oppdaterte kommuneplanar. Manglande oppdatering/rullering av overordna kommuneplan skaper ofte utfordringar for ei meir heilskapleg og langsiktig utvikling av kommunen som samfunn og organisasjon. Utfordringar knytt til den kommunale planlegginga avspeglar også at kommunane i fylket er svært ulike i forhold til folketal, næringsstruktur, naturgrunnlag, sentralitet m.v. Mål, strategiar og tiltak vil såleis måtte tilpassast situasjon og behov i den enkelte kommune.

Behovet for oppdaterte kommuneplanar vil vere eit viktig vilkår for utvikling og styring av kommunane som samfunn og som organisasjon. Fleire av kommunane i vårt fylke har gamle/utdaterte kommuneplanar. I samband med førre planstrategirunde varsla dei fleste kommunane oppstart med hovudrullering av sine kommuneplanar for planperioden 2011 – 2015. Dette omfatta både samfunns- og arealdelen. Dei fleste av fylket sine 36 kommunar er no godt i gang med eller i ferd med å starte opp med slik rullering. Tidleg kontakt og tett fagleg oppfølging frå Fylkesmannen si side undervegs i planprosessen har høg prioritet.

Plansaksbehandlinga hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal (FMMR) er organisert med faste hovudsaksbehandlarar som har delt kommunane i fylket mellom seg. Innspel frå dei ulike fagavdelingane blir innarbeidd før samordna høyringssvar blir sendt ut. Fylkesmannen har i 2015 behandla til saman 1066 plan- og dispensasjonssaker (ekspedisjonar) etter plan- og bygningslova. Dette fordeler seg på 428 plansaker og 638 dispensasjonssaker. Klagesaksbehandling i plan- og byggesaker lagt til justis- og beredskapsavdelinga er ikkje medrekna her. Plansakene fordeler seg mellom reguleringsplanar, kommune(del)-planar og regionale planar. Av desse utgjer reguleringsplansakene hovudtyngda (385 av 428) .

Fylkesmannen har i 2015 lagt inn meir ressursar i tidleg kontakt i planprosessar, og med oppfølgjande arbeidsmøte og synfaringar for å redusere talet på konflikhtar i plansaker. Fylkesmannen har i 2015 fremma motsegn til 66 planar; av dette 55 reguleringsplanar og 11 kommune(del)planar. Talet på motsegner ligg om lag på nivå med tala frå dei siste føregåande åra. I høve til det samla talet på plansaker er det likevel relativt få motsegner.

Samla sett er dei fleste av motsegnene av «teknisk» eller planfagleg karakter. Dette relaterer seg gjerne til konkrete manglar knytt til analysar og utgreiingar. Fylkesmannen har i tråd med sentrale styringssignal lagt vekt på at motsegn berre blir fremma i saker der nasjonale og viktige regionale interesser blir berørt, og at omsynet til lokalt handlingsrom blir ivaretatt. I forhold til tema det er knytt motsegn til, ser vi at kategorien Barn og unge, ROS/Samfunnstryggleik og Støy oftast går igjen. Dette omfattar både kommune- og reguleringsplansakene.

Det har i 2015 vore gjennomført meklingar knytt til to kommuneplansaker. Dette er færre enn dei føregåande åra. Fylkesmannen har vore part i begge, og spørsmål knytt til natur-/miljøvern, friluftsliv og landbruk har vore meklingsstema. Dette omfattar:

- Sula kommune; kommuneplanens arealdel (to meklingsmøte)
- Sande kommune; kommuneplanens arealdel

Fylkesmannen har i 2015 ikkje hatt oversendingssaker til departementet.

Fylkesmannen kan gripe inn i kommunal arealforvaltning ved å klage på vedtak i kommunale dispensasjonssaker. FMMR har i 2015 behandla 638 dispensasjonssaker. Dette representerer ein liten auke i forhold til dei siste åra. Desse fordeler seg på 547 saker med dispensasjon frå kommuneplan (av desse 196 saker etter pbl §1-8: forbod mot tiltak langs sjø og vassdrag) og 88 saker med dispensasjon frå reguleringsplan.

### *Fylkesmannen som rettssikkerhetsgarantist og samordnar av statlege interesser*

Miljøvernavdelinga har det største koordineringsansvaret for plansakene på embetet. Det har vore ytt juridisk bistand i samband med fråsegner til reguleringsplanar der dette har vore naudsynt. Vi har òg målsetjing om at kommuneplanar med føresegn skal vurderast av jurist. I lys av vår personalmessige situasjon har vi etablert ei ordning der vi har ytt bistand til miljøvernavdelinga på etterspørsel. Vidare har vi ytt bistand når fylkesmannen leiar mekling i motsegnaker etter pbl. § 56.

Det er behandla 37 saker om klager på kommunale vedtak om reguleringsplanar i 2015. Til samanlikning vart det handsama 35 klager i 2014. Kommunestyret sitt eigengodkjenningsvedtak vart stadfesta i 32 av dei sakene som er behandla, medan 5 av sakene vart oppheva eller endra.

Sakshandsamingstid ved utgangen av 2015 var på om lag 6 månader.

Det er ei målsetjing at sakshandsamingstida på reguleringsplaner skal vere tilnærma lik sakshandsamingstid for byggesaker. Av ressursmessige omsyn har vi ikkje greidd å nå dette målet. Vi har prioritert å overhalde den lovfaste fristen for byggesaker.

Kartportalen GisLink ([www.gislink.no](http://www.gislink.no)) er ei nettbasert kartteneste som er open for allmenn bruk. Portalen vart etablert i 2004 og er eigd og drifta av fylkesmennene og fylkeskommunane i Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag. GisLink gjev oppdatert informasjon til kommunar, regional forvaltning, private verksemdar og ålmenta.

Noreg Digitalt samarbeidet sørjer for at oppdaterte data alltid er tilgjengeleg via GisLink. GisLink er under kontinuerleg utvikling, og vil truleg bli konvertert til nytt format 1. halvår 2016 (HTML5).

Vi har hatt meir fokus på arbeidet med meir einskapleg praksis, og der vi dei siste åra jobba mykje med å kople saman data frå ulike aktuelle kunnskapsdatabaser for å kunne lage kartlag for plansjekk etter ulike tema. Det siste temaet som er trekt inn i GisLink er arealplanar som er på høyring. Det gir høve til svært effektiv behandling av plansaker sidan dei fleste relevante temakart er tilgjengeleg i same kartportal som planframlegget.

Det er eit område med stort potensial for betre ressursutnytting og forenkling i arbeidet med lokal og regional samfunnsplanlegging.

## Resultatområde 68 Samepolitiske hensyn

### Resultatområde 69 Partistøtte

Det er i 2015 behandla fortløpande elektroniske søknader via systemet for partistøtteordninga.

Fylkesmannen har ikkje hatt klagesaker i 2015.

## Ressursrapportering

Resultatområde	Kapittel 0525	Fagdep.
Ressursbruk knyttet til adm/felles oppg./drift	kr 26 162 298,53	kr 0,00
Embetsspesifikke landsdekkende oppgaver (f.eks. FRI og trippelnett)	kr 0,00	kr 0,00
62 Kommuneøkonomi	kr 1 373 398,67	kr 0,00
66 Planlegging, bolig- og bygningsrett	kr 4 950 934,67	kr 0,00
Konsultasjoner mellom statlige myndigheter og Sameting	kr 0,00	kr 0,00
Andre oppgaver under KMD	kr 1 848 613,95	kr 1 400 986,99
Sum:	kr 34 335 245,00	kr 1 400 986,00

## Kulturdepartementet

### Resultatområde 95 Tros- og livssynssamfunn

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har totalt 36 registrerte trudoms- og livssynssamfunn pr. 01.01.2015. 29 av trdomssamfunna er registeret med forstandar som har vigselfrett.

Heile 16 av dei registrerte trdomssamfunna er Pinse- meinigheiter. Møre og Romsdal har tre muslimske trossamfunn.

I 2015 er det samla utbetalt i overkant av 2,5 millionar i statstilskott.

## **Resultatområde 96 Gravferdsloven**

**Også i 2015 har mange søkt om løyve til oskespreiing.**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har handsama 70 saker om oskespreiing i 2015. Dette er omtrent same mengd som i 2014, då vart det handsama 65 søknader. Dei fleste sakene er førehandsøknader der søkjar sjølv ber om løyve til spreing av oske etter død og kremasjon.

## **Resultatområde 97 Lov om helligdager og helligdagsfred**

Det er i 2015 handsama 2 søknader om dispensasjon til å halde søndagsopne butikkar, dei to er innvilga ut fra arrangementes art.

Ein har handsama ein søknad om status som typisk turiststad som vart avslått.

## **Kunnskapsdepartementet**

### **Resultatområde 31 Forvaltningsoppgaver - barnehagen og grunnsopplæringa**

#### **31.1 Tilsyn**

##### *Årsrapport for resultatområde 311 Tilsyn for 2015*

Ein er bedd om at årsrapporten skal inneholde ei eigavurdering av i kva grad embetet har innfridd resultatkrava. I denne vurderinga kan det leggjast vekt på ressursar, kompetanse o.a. i embetet. Det skal gjerast greie for eventuelle avvik fra mål og resultatkravene saman med omtale av iverksette tiltak.

##### Tilsynsaktiviteten sett i samanheng med aktivitetskrava.

Det vert vist til at det i brev om aktivitetskrav for 2015 for Møre og Romsdal vart sett opp 36 poeng for opplæringsområdet og 16 poeng for barnehageområdet. Dette etter avklart berekningssystem. Det vert vidare vist til innsendt tilsynsplan for 2015.

Tilsyna i 2015 er gjennomført med utgangspunkt i innsendt tilsynsplan, men med visse justeringar. Omfanget har vore slik:

Det er gjennomført tilsyn med elevane sitt utbytte av opplæringa (FNT 2014-17) i 4 primærkommunar med 1 skole i kvar. Poenga for desse tilsyna skulle då vere 16 dersom ein reknar poeng per skule/ rapport.

Rettleiingsaktiviteten i forkant av tilsynet vart gjennomført med eigne formøte, primært for den aktuelle kommunen, men der også omkringliggjande kommunar har vore invitert, og i varierende grad deltatt. Det har vore gitt rettleiing i rektormøte for dei vidaregåande skulane, som oppfølging av tilsyn med fylkeskommunen i 2014. Elles har det vore orientert om funna frå tilsyna i andre aktuelle fora, som leiarmøte i PPT og i samband med Fylkesmannen sine kommunebesøk i 2015.

I ein av dei større kommunane vi har ført tilsyn med, Molde kommune, har Fylkesmannen deltatt på oppfølgingsmøte i regi av kommunen der hensikta var å spreie erfaringar frå tilsynet til andre skular i kommunen.

Det er gjennomført stadleg tilsyn med 3 kommunar og med 1 skole i kvar, etter kap. 9A tilsvarande full versjon av FNT 2010, og altså 3 rapportar. I forkant av desse tilsyna arrangerte vi eigen fagdag for alle kommunane i

fylket med m.a. rettledning i forbindelse med aktuelle kontrollområde og lovkrava som ligg til grunn for tilsynet. Med rettledning inkludert gir dette 12 poeng.

Det er gjennomført skriftlege forvaltningstilsyn med 2 kommunar etter opplegget for FNT. Dette gir 4 poeng.

Det er ut frå ei risikovurdering gjennomført eit situasjonsbasert tilsyn med ein kommune si oppfyljing av lovkravet om skolefagleg kompetanse etter oppl. § 13-1. Embetet har sjølv utarbeidd tilsynsmateriell med kontrollskjema etc. i samband med dette tilsynet, og vi planlegg tilsyn med fleire kommunar i forhold til dette temaet i 2016. Dette gir 2 poeng.

Til saman har vi såleis 34 poeng på opplæringsområdet etter avklart berekningsmåte.

På barnehageområdet er det gjennomført tilsyn med kommunen som barnehagemyndigheit i 5 kommunar. Tre av tilsyna har vore stadlege tilsyn der kontrollspørsmåla i sentralt utarbeidd kontrollskjema har vore undersøkt, og i tillegg har ein undersøkt spesifikt korleis kommunen har påsett at følgjande bestemmelsar blir følgd av barnehagane: norm for pedagogisk bemanning (jf. forskrift om pedagogisk bemanning §1), reglane for politiattest (jf. barnehagelova § 19) og opplysningsplikt til barnevernet (jf. barnehagelova § 22). Dette gir 12 poeng. Dei to andre tilsyna har vore skriftlege tilsyn der kommunens bruk av reaksjonar og korleis godkjenningsskjema blir praktisert har vore tema. Dette gir 4 poeng, altså 16 poeng til saman.

Embetet ligg noko under aktivitetskravet på skuleområdet. Dette skuldast personalsituasjonen i 2015 med fleire langtidssjukemeldingar, blant to av personalet som er sentrale i tilsynsarbeidet.

### Vurdering av risiko og kva som er vesentleg

Ved val av tilsynsobjekt har ein generelt lagt til grunn embetet sin kunnskap om kommunar og skular gjennom klagehandsaming og anna kjennskap til lokale forhold, altså ei form for risikovurdering. Vi har eit system for registrering av henvendelsar og ulike forhold ved skulen/kommunen. Det er vidare tatt omsyn til tilsynshistorikk og geografi for å få dekt opp alle delar av fylket og skular/ kommunar av ulik storleik.

Ei vidareføring av tilsyn med kap. 9A byggjer på ei risikovurdering ut frå konkrete klagesaker, og tal frå elevundersøkinga. Dette tilsynet er også ei oppfølging av aktivitetar i samband med målretta tiltak mot mobbing. Tilsyna er gjennomført hausten 2015 og er ei direkte oppfølging av rettledning om temaet gjennom eigen fagdag tidleg i mai 2015.

Ved val av tilsynsobjekt for FNT 2014-17 har vi lagt til grunn at vi skal undersøkje ca. 60% av kommunane i løpet av perioden. Vi har dette andre året valt to av dei store kommunane i fylket (Molde og Kristiansund), men også valt skular vi meiner kan ha kome ulikt langt i arbeidet med ei systematisk undervegsvurdering, m.a. på grunnlag av deltaking i satsinga *Vurdering for læring* og elles ut frå Fylkesmannen sin kjennskap til sektoren.

### Metodehandbok og instruksverk

Tilsyna er gjennomført i samsvar med metodehandbok og instruksar for dei tilsyna der slike er utarbeidd. På barnehageområdet har ein også no fullt ut brukt felles metodehandboka, og sentralt utforma kontrollskjema med egne tilleggstema. Utdanningsdirektoratets notat «*Underlagsdokument til kontrollspørsmål for §§ 8 og 16 (veiledning og tilsyn)*» er brukt aktivt.

Ein har i tilsynsprosessane konferert med tilgjengelege koordineringsloggar.

### Kompetanse m.m.

Nytilsette har deltatt på skolering i metodehandboka i regi av Udir og elles på møte om tilsyn. Vi vurderer at vi har fleire medarbeidarar med god kompetanse på feltet, men det har også vore behov for opplæring av nytilsette og medarbeidarar med mindre erfaring med tilsyn. Vi har etablert eit tilsynsforum i avdelinga der vi tar opp og diskuterer ulike spørsmål og problemstillingar i samband til tilsyn. På grunn av nemnde personellsituasjon med høgt langtidsfråver har vi måtta bruke forholdsvis større del av dei gjenverande stillingsressursane til tilsyn for å oppretthalde aktiviteten på området. Andre oppgåver, som oppgåver med bl.a. høyringar og intern kvalitetsutvikling har såleis blitt nedprioritert.

## **31.2 Klagesaksbehandling**

## Innleiing:

Vi har ikkje hatt klagesaker på nokon område der klagar har henvendt seg til fylkesmannen fordi skuleeigar ikkje har følgd opp vedtaket.

## Forskrift om likeverdig behandling av barnehager i forhold til offentlige tilskudd

Følgjande oversikt viser utviklinga i talet på behandla klagesaker i perioden 2008-2015:

|2008|2009|2010|2011|2012|2013|2014|2015|

| 2 | 14 | 5 | 5 | 12 | 9 | 10 | 4 |

Det kom inn fem nye klagesaker i 2015 for tilskotsåra 2014 (to saker) og 2015 (tre saker). Av desse vart to saker (ei for 2014 og ei for 2015) behandla i 2015. Dei to andre vedtaka galdt 2014 og ei sak frå 2011 som hadde pågått i lengre tid. Eigentleg vart det i denne saka oppheva to vedtak i same brev, så det kan hende det hadde vore meir korrekt å registrere dette som to separate vedtak. I 2014 kom det berre inn ei ny klagesak. Fylkesmannen er usikker kor stor vekt som bør leggjast på auken frå 2014 til 2015, ettersom det er vedteke ny forskrift frå 2016. Det nye regelverket vil gjere ein del problemstillingar frå tidlegare år uaktuelle. Samstundes ser vi at det kan kome opp nye problemstillingar, som til dels har vore fortløpande avklart av Utdanningsdirektoratet. Førebels kjenner vi ikkje til kva utslag dette vil gi på klagesakene.

Per 31.12.2015 hadde Fylkesmannen tre ubehandla klagesaker. Ei av disse gjeld tilskotsåret 2014 (mottoken i desember 2015), dei to andre gjeld 2015. Noko av grunnen til at sakene frå 2015 ikkje er behandla, har vore behov for juridiske avklaringar frå Utdanningsdirektoratet.

Som Fylkesmannen har påpeika tidlegare, er mange av problemstillingane i klagesakene i stor grad av forvaltningsrettsleg og saksbehandlingsmessig art. I særleg grad gjeld dette kommunens plikt til å dokumentere sine vedtak. Det viser seg ofte at det i saker som kjem til Fylkesmannen ikkje eigentleg er fremma konkret klage, men spurt etter dokumentasjon. I staden for å oppfylle dokumentasjonskravet, hender det at kommunane sender saka over til Fylkesmannen som klagesak. Av og til får då Fylkesmannen den dokumentasjonen som barnehagen har bede om for å vurdere om det er grunnlag for å fremje klage. Dette er eit poeng som Fylkesmannen har lagt vekt på i rettleingsarbeidet andsynes kommunane (sjå omtale under 31.4 Informasjon, veiledning og kunnskapsinnhenting).

## Klage på spesialpedagogisk hjelp for forskolebarn § 5-7:

Framleis er dette klagesaker under kap. 5 i opplæringslova. Dei er krevjande å behandle fordi den sakkunnige vurderinga frå PPT har ein tendens til å omhandle alle sider ved barnet sin livssituasjon og behov, og fokuserer i for liten grad særskilt på opplæringslova § 5-7 for kva som er spesialpedagogisk hjelp. På denne måten blir også kommunen si saksbehandling lite presis på kva som er tiltak innanfor barnehagelova og/eller opplæringslova. Nokre kommunar ser tiltak etter opplæringslova og barnehagelova i samanheng, men det er likevel ikkje alltid klart kva for tiltak som er styrking etter barnehagelova og kva som er spesialpedagogiske tiltak etter opplæringslova. Tekstane i rettleiaren til spesialpedagogisk hjelp har vore til god hjelp i vår rettleiing til kommunane (og foreldra).

I 2015 har vi behandla 6 klagesaker. For 2 klagesaker stadfesta vi kommunen sitt vedtak, medan 4 klagesaker fekk medhald eller delvis medhald. Dette er ein nedgang i forhold til 2014. I 2014 behandla vi 18 klagesaker, men 12 av dei var frå ein kommune.

## Klage på spesialundervisning § 5-1:

Grunnskulen: Av 18 klagesaker, stadfesta vi kommunen sitt vedtak for 14 klagesaker, medan vi gav medhald eller delvis medhald for 3 klagesaker og 1 er oppheva. I hovudsak er det bra kompetanse, både ved utgreiing og saksgang, i PPT og i skolane/kommunane i slike saker. Talet på klagesaker i fjor (2014), var 22.

Vidaregåande opplæring: Vi har behandla 1 klagesak for dei vidaregåande skulane, og den vart stadfesta. Det er etter måten få klagesaker frå vidaregåande opplæring. Ei av årsakene til det, er at alle klagesakene frå dei vidaregåande skulane blir sendt om fylkeskommunen (skuleeigar) for ny gjennomgang/kvalitetssikring. Etter vår vurdering gjer fylkeskommunen som skuleeigar ei bra vurdering/behandling av slike saker, før sakene blir sendt vidare til oss eller at fylkeskommunen gjer eit nytt vedtak.

## Klage på eleven sitt skolemiljø § 9a-3:

I 2015 behandla vi 5 klagesaker. 4 vart stadfesta og 1 vart oppheva. I 2014 hadde vi berre 2 klagesaker.

Vi er usikker på kva som kan vere grunnen til at talet på klagesaker har gått ned i 2014 og 2015 i forhold til 2013. Vi har hatt ein god del henvendinger, utan at det har enda med klage. Så alt i alt bruker vi mykje tid på ulike spørsmål kring kap 9a. Av Elevundersøkinga ser vi at det er mange skular som har utfordringar med mobbing og krenkande atferd. Men vi ser av vår samhandling med kommunane at skular/kommunar har fått ein auka kompetanse til å behandle slike saker. Sjølv om "Elevane sitt skulemiljø" er eit tilbakevendande tema i våre møte med kommunen, så trur vi likevel at det nasjonale tilsynet på opplæringslova kap 9a, har medverka til ein generell auke i denne kompetansen.

Når det gjeld kap 9a-saker, så har vi i Region Midt etablert ei gruppe med saksbehandlaraar frå kvart embete som har faste møte der saker om psyko-sosialt miljø vert drøfta, Dette er god kompetanseheving og fører til at vi får ei meir lik saksbehandling i embeta. Vi har også etablert ei gruppe på avdelinga som jobber spesielt med dette temaet. Vi har hatt god nytte av instruksjonen for behandling av klager etter kap 9a som Udir har utarbeidd. I tillegg har vi laga rutiner for korleis vi skal handtere ulike typer spørsmål/henvendingar Fylkesmannen får.

### **Klage på skyss § 7-1:**

Talet på skoleskyssaker er om lag det same som i 2014 (17 saker) Sakene er spredt jamt utover kommunane, og er ganske likt fordelt mellom avstand, «særleg farleg skuleveg» og måten skyssen er organisert på.

### **Klage på skoleplassering - § 8-1**

Det er omtrent same tal på klagesaker som i 2014 (9 saker). Det er fleist saker frå kommunar som har faste opptakskrinser. Mange klager kjem då frå elevar som bur i grensa mellom to krinsar.

### **Klage på standpunkt og orden og åtferd 2015**

Vi ser at det dei tre siste åra har vore ein markant nedgang i talet på klager på standpunktarakterar. I åra fram til 2012 låg talet på klager stabilt på i overkant av 100 klager i året, har talet gått jamt ned: i 2012 ned til 80, i 2013 ned til 64, i 2014 ein oppgang til 71 og i 2015 fekk embetet 48 klager på standpunktarakterar. I tillegg fekk embetet i 2015 inn ei klage på åtferds karakter. Fylkesmannen stadfesta karakteren skulen hadde sett. I 2015 handsama embetet ingen klager på ordens karakter.

Resultatet av klagehandsaminga i embetet – 48 klager:

- Avvist: 40 %
- Tilbake for ny vurdering: 60%

Etter at skulen har gjort ny vurdering, har vi fått kopi av nye enkeltvedtak.

Desse viser:

- Karakter endra: 39 %
- Karakter uendra: 61 %

Når det gjeld nedgangen vi ser i talet på standpunktklager, ser vi den i samanheng med auka fokus på god undervegs vurdering i fylket. Dette fokuset meiner vi i høg grad har samanheng med den nasjonale satsinga «Vurdering for læring», samt rettleingsaktivitet med fokus på undervegs vurdering i samband med fellesnasjonalt tilsyn med elevane sitt utbytte av opplæringa.

I 2015 har totalt 26 av 36 kommunar og 6 private skular i Møre og Romsdal delteke i satsinga «Vurdering for læring», pulje 4, pulje 5 og pulje 6. Fokuset på god undervegs vurdering, men også på samanhengen mellom undervegs- og sluttvurderinga meiner vi er viktig for å forstå kva som ligg bak nedgangen i klager. Elevar som har fått undervegs vurdering i tråd med dei fire prinsippa i VFL, kjenner måla for opplæringa, dei har fått tilbakemeldingar om status undervegs og framovermeldingar for å auke kompetansen sin i faga. Elevar som har fått god undervegs vurdering i tråd med forskrifta veit kor dei ligg kompetansemessig i faga, - før dei får standpunktarakteren.

Av dei 48 klagene på standpunktarakterar i fag ser vi i 2015 ein kraftig auke i talet på klager i praktisk-estetiske fag. I 2014 var 43 % av klagene klager i desse faga, i 2015 har dette talet stige til 83 %. Vi ser ein auke i talet på klager på standpunktarakterar i mat og helse (29 %) kroppsøving (23 %), og men også i valfaga som i 2014 hadde 6 % av alle klager til 17 % av klagene i 2015. Det positive er sjølvsagt at vi i 2015 ser ein markant nedgang i klager i dei øvrige faga.

Ein anna tendens vi ser etter innføring av valfaga er at talet på klager på standpunktarakterar frå elevar på 8. og

En annen årsrapport viser etter innføring av valfaga er at tallet på klager på standpunkt karakterer fra elever på 8. og 9. trinn har stige kraftig. Totalt sett utgjør klagen fra elever på 8. og 9. trinn 48 % i 2015. Av dei 17 klagen på 9. trinn er 13 av klagen i faget mat og helse og 4 av klagen i valfaga. På 8. trinn er alle 6 klagen i valfaga.

Vi merkar oss elles at det er flest klagar på karakterane 4 og 5. I 2014 utgjorde klagen på desse karakterane 44 % og i 2015 79 %. Fylkesmannen fekk ikkje inn klagar på karakteren 1 eller IV. I 2014 utgjorde klagen på karakteren 1 11 %.

Vi har også i 2015 hatt rutine på at vi sender kopi av våre vedtak som gjeld klage på standpunkt til skuleeigar for at dei betre skal kunne følgje opp skular som treng det.

Vi meiner at embetet har innfridd resultatkrava i tråd med embetsoppdraget. Embetet har gode ressursar og god kompetanse både pedagogisk og juridisk i handsaminga av klagen på standpunkt karakterar. I hovudsak er det tre pedagogar som arbeider intensivt med desse sakene frå dei kjem inn til oss frå slutten av juni til dei siste er ferdig handsama. Embetet har i tillegg ein jurist som deltek i klagehandsaminga ved behov, men særleg i sakene som gjeld orden og åttferd.

### **Klage på karakter ved sentralt gitt eksamen 2015**

Eksamensklagen er behandla av klagenemnder frå andre fylke.

Til sentralt gitt eksamen i grunnskulen våren 2015 blei det vurdert og sett karakter på i overkant av 4000 elevsvar i Møre og Romsdal. Det vart klaga på 40 eksamenskarakterar, 5 i engelsk, 5 i matematikk, 14 i norsk hovudmål, 14 i norsk sidemål og 2 klagar frå elever som hadde fritak frå norsk sidemål. 12 av desse 40 elevane fekk heva karakteren etter klagehandsaminga med ein karakter. 9 av karakterane som vart sett opp var i norsk sidemål. Ingen kandidatlar vart sett ned.

### **Saksbehandlingstid for klagesaker i 2015 - kompetanse/kapasitet**

Resultatkrav for klagesaksbehandlinga er at Fylkesmannen i hovudsak skal behandle klagesaker innan 3 månader. Ved gjennomgang av saksbehandlingstida for klagesakene, finn ein at for nokre saker har saksbehandlingstida overskride 3 månader. Dei fleste gjeld klagesaker etter § 7-1 skuleskyss. Grunnen til det er tilsette som har vore langtidssjuktmedte, jf. kap om tilsyn. Vi har to juristar på avdelinga og i tillegg pedagogar som har god realkompetanse i juss. I tillegg bruker vi juss-kompetanse frå andre avdelingar i embetet etter behov. Så vi vurderer det slik at vi har god kompetanse på feltet.

### Klage i grunnskolen (opplæringsloven med forskrifter)

Type Klage	Sum	Medhold/Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist	Kommentar
Standpunkt i fag	48	0	19	29	0	
Fremskutt skolestart, § 2-1 tredje ledd	2	0	2	0	0	
Permisjon fra opplæring, § 2-11	1	0	1	0	0	
Grunnskoleopplæring for voksne, § 4A-1	2	0	2	0	0	
Spesialundervisning for voksne, § 4A-2	4	0	3	1	0	
Spesialundervisning, § 5-1	19	3	15	1	0	
Skyss, § 7-1	17	4	13	0	0	
Skoleplassering, § 8-1	9	1	8	0	0	
Psykososialt skolemiljø, § 9a-3	5	0	4	1	0	
Bortvisning, § 2-10	1	1	0	0	0	
Standpunkt i orden og oppførsel	1	0	1	0	0	
Sum	109	9	68	32		

Klage i forbindelse med spesialpedagogisk hjelp til barn under opplæringspliktig alder (opplæringsloven)

Type Klage	Sum	Medhold/Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist	Kommentar
Spesialpedagogisk hjelp, § 5-7	6	4	2	0	0	
Sum	6	4	2	0		

Type Klage	Medhold/delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist	Sum
Barnehageloven § 10	0	0	0	0	0
Barnehageloven § 16	0	0	0	0	0
Forskrift om familiebarnehager § 7	0	0	0	0	0
Forskrift om foreldrebetaling § 5	0	0	0	0	0
Forskrift om likeverdig behandling av barnehager i forhold til offentlige tilskudd	0	1	3	0	4
Forskrift om midlertidig og varig dispensasjon og unntak frå utdanningskravet for styrer og pedagogisk leder § 4	0	0	0	0	0
Forskrift om pedagogisk bemanning § 3	0	0	0	0	0
Forskrift om regnskapsplikt for godkjente ikke-kommunale barnehager § 6	0	0	0	0	0

### 31.3 Statistikk og kvalitetsvurdering

#### Basil

Fylkesmannen har følgd opp og sett til at alle kommunane har rapportert i årsmeldingsskjema innan fristen, samt purra opp dei som ikkje hadde godkjent då fristen var ute. Årsmelding 15.12.15 vart kvalitetssikra ved gjennomgang av skjema for kvar barnehage, med tilbakemelding til kommunen om oppretting der det var naudsynt.

Denne gongen viser det seg at det er 8, opplysningar om stilling og personale, særleg der ein tilsett har fleire funksjonar, vaktmester/ reingjøring og dispensasjon frå utdanningskravet som har vore feilrapportert. Det har og vore litt feilrapportering på 4 A, 6 åringar med utsett skulestart. I år har det vore lite feilrapportering på 3 G, dispensasjon frå pedagog norma.

Fylkesmannen hadde i år ikkje ein eigen gjennomgang av årsmeldingsskjemaet og endringane for innrapportering med kommunane, men har erfart at det skal vi gjere før neste innmelding. Vi har rettleia barnehagemyndigheitene undervegs både på BASIL og bruk av UBAS.

Fylkesmannen har og kontrollert at resultatregnskapsskjema for ikkje-kommunale er registrert i Basil, samt purra opp kommunar som ikkje har godkjent innan fristen. Denne gongen har det vore 10 kommunar som ikkje har innrapportert innan fristen.

Fylkesmannen har hatt god dialog med barnehagemyndigheitene, og vi har ofte funne løysing på problemstillingar i Basil saman.

Fylkesmannen deltok med to personar på Basil-samling den 11.november. I år blei den tilsette med mest erfaring innan Basil sjukemeldt då arbeidet med årsrapportane skulle starte. Heldigvis har det vore vist stor forståing hos Udir når ein tilsett med lite erfaring har jobba seg gjennom rapportane. Vi meiner at kompetansenivået hos oss er god. Ressursbruken i Basil har gjennomgåande vore ein person, men har kunne kople inn andre ved behov.

Vi meiner å ha innfridd resultatkrava i høve til oppdraget.

#### Grunnskolen informasjonssystem (GSI)

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har sett til at det ligg føre data frå alle skolar (inkl. private skolar) og skoleeigarar på grunnskoleskjemaet, kulturskoleskjemaet og vaksenopplæringskjemaet.

Vi har rettleia skoleeigarane/skolane, kvalitetssikra innrapporterte data og følgd opp feilmeldingar. Data er overlevert Utdanningsdirektoratet innan fristen.

Vi har evaluert årets GSI-innsamling. Notat er sendt Utdanningsdirektoratet.

Fylkesmannen vurderer GSI-møte i regi av Utdanningsdirektoratet som gode og nødvendige for å bli oppdatert på området. Vi deltok med to personar.

Tal frå GSI er brukt i tilsynsarbeidet og i dialogen med skoleeigarane. Vi har trekt ut relevante data ut frå tilsynstemaet, samanstillt dei og brukt dei som grunnlagsmaterialet i samband med tilsynet.

Vi har brukt ein god del tid og ressursar på å rettleie kommunane og skolane (e-post og telefon), oppfølging (bl.a. purring) og kvalitetssikring av GSI-innsamlinga. Pålogging til GSI via UBAS går bra for dei fleste brukarane. I Møre og Romsdal er det mange kommunar (36) og skolar (205 – 19 av desse privat) + kulturskolar og vaksenopplæringseiningar.

Vi ser at kommunane/privatskolane si kvalitetssikring ikkje alltid er like god, og vi må derfor ta ein del kontaktar som er tidkrevjande. Kontrollane i GSI er med på å lette kvalitetssikringsarbeidet.

Vi har ikkje hatt GSI-samling i fylket dette året, men vurderer samling i 2016.

Eigenvurdering:

Vi har brukt ca. 10 vekerverk på GSI-området i 2015, same som dei siste åra. Fylkesmannen har god kompetanse på feltet og oppgåvene er utført i samsvar med oppdraget.

Vi har oppnådd mål og innfridd resultatkrava i embetsoppdraget.

## **Skoleporten**

Fylkesmannen opplever at utviklinga av Skoleporten har vore svært positiv dei siste åra. Mellom anna er tilgangen til ferske data betre, og statistikk og talmateriale er gjort meir tilgjengeleg. Skoleporten har blitt ein god reiskap også for Fylkesmannen i arbeidet med å hente fram og bearbeide data til bruk m.a. i tilsynsarbeidet.

For å kunne rettleie kommunane er det til stor hjelp at Fylkesmannen har fått utvida tilgang til rapporteringsreiskapen i Skoleporten. Det er også til god hjelp for å få fram rask dataoversikt.

Vi finn det svært nyttig å bli oppdatert på samlingar i regi av Utdanningsdirektoratet. Fylkesmannen i Møre og Romsdal deltok med to saksbehandlarar på samlinga i september.

Vi har god kontakt med sektoren og vurderer behov for rettleiing.

Vi tilbyr oppdatert brukarstøttefunksjon til sektoren, mest pr telefon og e-post.

Skoleporten er også tatt opp på samlingar med kommunane.

Vi ser at dei fleste kommunane brukar rapporteringsreiskapa i Skoleporten til å utforme sine tilstandsrapportar.

I tilsynsarbeidet gjev tilstandsrapportane viktig informasjon, og blir også nytta i utforming av dialogdokumentet som Fylkesmannen bruker på kommunebesøk. Det er gjennomført 10 kommunebesøk i 2015.

Eigenvurdering:

Vi har god kompetanse på feltet. To saksbehandlarar har oppdatert brukarstøttefunksjon. Dette vil også seie at desse kan rettleie i bruk av dei ulike verkty i Skoleporten. Vi bruker om lag fire vekerverk på arbeid med Skoleporten, og vi har utført oppgåvene i samsvar med oppdraget.

Vi har oppnådd mål og innfridd resultatkrava i embetsoppdraget.

## **Statistikkportalen**

Vi fekk ein kort presentasjon av Statistikkportalen på fellesdel av GSI/Skoleporten-samlinga i regi av Utdanningsdirektoratet i september. Her deltok vi med to personar.

Medio oktober deltok ein person på superbrukarsamling for Statistikkportalen i regi av Utdanningsdirektoratet.

Fylkesmannen har som oppgåve å rettleie om praktisk bruk av statistikkportalen, samt tilby brukarstøtte.

Statistikkportalen blei lansert 8. desember 2015.

Eigenvurdering:

Vi har gjennom informasjon på møter og superbrukersamlinga fått god kjennskap/kompetanse til Statistikkportalen. Ettersom portalen blei lansert på slutten av året, har vi ikkje hatt rettleiing og brukarstøtte i 2015.

### **Utdanningsdirektoratets brukaradministrasjonssystem (UBAS)**

To personar har oppdatert brukarstøttefunksjon gjennom heile året. Vi rettleiar og gjev tilgang til skoleeigarar og private skolar. Dette gjeld alle system som ligg under UBAS, inkl. GSI, Skoleporten og Statistikkportalen.

Eigenvurdering:

Fylkesmannen har god kompetanse på feltet og oppgåvene er utført i samsvar med oppdraget. Vi har oppnådd mål og innfridd resultatkrava i embetsoppdraget.

## **31.4 Informasjon, veiledning og kunnskapsinnhenting**

### **Arena for informasjon om nasjonal utdanningspolitikk, rettleiing og dialog med ulike aktørar**

Dei første signala for nasjonal utdanningspolitikk og nasjonale satsingar får vi i oktober når statsbudsjettet blir lagt fram - dette vart presentert på fagmøtet i slutten av november. Dette vart følgd opp og konkretisert vidare på dei fire regionale samlingane for barnehage- og skulefagleg ansvarlege på kommunenivå som vi har i januar/februar. Desse møta er organiserte som dialogmøte og gir høve for Fylkesmannen til å vere tilgjengeleg og til å lytte til kommunane sine tilbakemeldingar. Oppdraget dannar grunnlag for val av tema, men Fylkesmannen nyttar og statistikk og innrapporterte data som bakgrunn for innhaldet i møta. I tillegg har vi andre fagkonferansar, t.d. om eksamen og vurdering i februar der vi informerer om nasjonale satsingar som omhandlar dette området i tillegg til rettleiing i lov og regelverk, jf. pkt 31.2. Målgruppa her er skulefagleg ansvarlege i kommunen, skuleleiarar og eksamensansvarlege på ungdomskulane.

Vi har også faste møte 3-4 gongar pr år med dei 8 regionskontaktane for barnehage og skule der alt nytt blir presentert og det blir drøfta korleis ein får spreidd informasjon om satsingane ut til den enkelte skole/ barnehage. Vi vurderer desse møta som viktige for å nå ut med den nasjonale utdanningspolitikken, men og viktig i vår planlegging og gjennomføring av fagsamlingar og andre tiltak overfor kommunane og andre aktuelle aktørar og samarbeidspartar. Regelverk og endringar innan regelverk har t.d. vore tema på møte, og vi oppfordrar regionane til å invitere Fylkesmannen til regionane sine eigne nettverksmøte, for å kunne arbeide grundigare med særskilte tema og utfordringar. Vidare er rettleiing og regelverksavklaring ei kontinuerleg oppgåve. Regelverksavklaringar vert og gitt som følgje av tilsynsresultat. Gjennom erfaringsdeling og presentasjonar frå kommunar får vi fram gode eksempel.

Samarbeidsrådet for kvalitet i barnehage og opplæring i fylket består av KS, representant for rådmannsutvalet, Høgskulen i Volda, Fylkeskommune, Utdanningsforbundet. Her drøfter vi nasjonale satsingar og bestemmer område som vi ønsker å prioritere, lager Handlingsplan med tiltak som den enkelte part forplikter seg på å arbeide med.

Vi har også særskilte møte med Høgskulen i Volda for å informere om satsingar som Fylkesmannen har i tillegg til nasjonale satsingar og diskuterer korleis høgskulen kan bidra.

Vi er også aktive med informasjon på vår heimeside som vi oppdaterer regelmessig - noko som er fast post på avdelingsmøta som vi har kvar 14. dag.

I januar har vi ein pressekonferanse, og i samband med den utarbeider vi eit pressehefte. Dokumentet inneheld bl.a. oversikt over nasjonale satsingsområde og saker som vil ha særskild fokus komande år. Denne presseinformasjonen sender vi ut til NRK Møre og Romsdal og alle avisredaksjonar i fylket, og i fleire månader etter kan vi sjå saker i media som er henta frå dette dokumentet. Presseheftet er tilgjengleg på vår heimesida.

I 2015 avslutta vi ein runde med kommunebesøk til alle 36 kommunane i fylket, og gjennomførte besøk i 10 kommunar. Embetsleiinga og leiinga for kvar av avdelinga i embetet har då ein dag i ein kommune der både politikarar og administrasjon er med og diskuterer utfordringar på kvar enkelt sektor utfrå eit dialogdokument som Fylkesmannen har utarbeidd på førehand. Her får kommunane informasjon om nasjonal utdanningspolitikk og Fylkesmannen får tilbakemeldingar om korleis den blir iverksett i barnehagar og skular.

### **Neddfor omtalar vi arbeidet med informasjon, rettleiing og kunnskapsinnhenting på ein del område**

## **Barnehage**

### ***Ny forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager***

Ny forskrift trådte i kraft frå 1.1.2016, og avløyste tidlegare *Forskrift om likeverdig behandling av barnehager i forhold til offentlige tilskudd*. Fylkesmannen hadde ein kortare gjennomgang av hovudpunktta i ny forskrift under Fagdagar for barnehage og skole, som Fylkesmannen arrangerte 15. oktober. 17. november vart det arrangert ein dagskonferanse om den nye forskrifta for kommunane som barnehagemyndigheit og for private eigarar. Det var også lagt inn ein kort gjennomgang av §§ 14 a (Krav til bruk av offentlige tilskudd og foreldrebetaling i ikke-kommunale barnehager) og 16 a (Kommunens adgang til å anvende økonomiske reaksjonsmidler overfor ikke-kommunale barnehager) og *økonomiforskrift til barnehageloven*.

Relevante problemstillingar av barnehage-, kommunal- og forvaltningsrettsleg karakter vart også tekne opp under konferansen.

Det har i tillegg vore ein del telefonrettleiing i samband med den nye forskrifta, i tillegg til at ein del regelverksspørsmål har vore lagt fram for Utdanningsdirektoratet, slik det var lagt opp til den første tida etter at forskrifta trådte i kraft. Etter kvart har det vorte færre regelverksspørsmål på dette området, noko som truleg er eit resultat av fleire regelverksavklaringar dei siste åra. Det er likevel førebels noko tidleg å seie korleis den nye forskrifta vil verke inn på informasjonsbehovet på dette området.

### **Retten til barnehageplass per 1.9.2015 - oppfølging og rapportering**

Fylkesmannen var i punkt 31.4 i embetsoppdraget pålagt å rapportere om kommunar som ikkje hadde oppfylt retten til barnehageplass per 1.9.2015. Med grunnlag i ei nettbasert spørjeundersøking rapporterte Fylkesmannen 2.9. at alle kommunane i Møre og Romsdal hadde meldt at dei oppfyller retten til plass. Oppfylling av retten til plass er også eit fast punkt på alle tilsyn på barnehagefeltet.

### **Spesialpedagogisk hjelp og styrking i barnehagen**

Fylkesmannen har deltatt på PPT sin fylkeskonferanse. Vi informerte om spesialpedagogisk hjelp etter opplæringslova og styrking etter barnehagelova. Vi har sett at det har vore problematisk i skilje desse to, og ønskja å bidra til betre regelverksforståing i PPT.

### **Skule/opplæring**

Vi har informert om Dr Sonjas skolepris på møte, brev og på vår heimeside og oppfordra skolar til å søke. I 2016 skal vi gå tidleg ut til skuleeigarar med skular som har høg kvalitet og motivere dei til å søke. Vi har fått ein betre oversikt over kvaliteten på skulane etter at vi har hatt mange tilsyn på "Elevens utbytte av opplæringa".

### **Vurdering for læring - Samlingar i fylkesnettverket**

Som eit ledd i god regelverksetterleving har embetet ønskt at flest mogleg kommunar skal få høve til å delta i satsinga Vurdering for læring. I 2015 har totalt 26 av 36 kommunar og 6 private skular i Møre og Romsdal delteke i satsinga «Vurdering for læring», pulje 4, pulje 5 og pulje 6. Som eit tiltak for støtte kommunane som har delteke/deltek i desse puljene har fylkesmannen også i 2015 lagt til rette for eit fora for erfaringsdeling og kompetanseutvikling: fylkesnettverket Vurdering for læring.

Fylkesnettverket er eit fora for spreing av tema og prinsipp som har vore tema på Udir sine møter. Vi har engasjert ein fagperson frå Høgskulen i Volda som leia fagnettverket, og er ein god ressurs for dei deltakande skulane og kommunane. Vi har også hatt fokus på å sjå samanhengar med andre satsingar retta mot skulen, m.a. ungdomstrinnsatsinga. I tillegg har fylkesnettverket blitt ein god arena der Fylkesmannen kan gje informasjon og rettleiing om kapittel 3 i forskrifta. Her kan nemnast tema knytt til samanhengen mellom undervegsvurdering og standpunktkarakter og informasjon om tilsynet med elevane sitt utbytte av opplæringa. Vi vil også vise til resultatområde 3.2 i årsrapporten og særskilt på den markante nedgangen vi ser i talet klager på standpunktkarakterar. Vi meiner at fokuset kommunane har på god undervegsvurdering, men også på samanhengen mellom undervegs- og sluttvurdering er viktig for å forstå kva som ligg bak nedgangen i klager. Elevar som har fått god undervegsvurdering i tråd med forskrifta, ,veit kvar dei ligg kompetansemessig i faga, - før dei får standpunktkarakteren.

Det har vore fire møter i fylkesnettverket i 2015.

## Møte om eksamen og vurdering 2015

Den 10. februar 2015 arrangerte embetet det årlege møtet om eksamen og vurdering for nærare 150 skuleleiarar og skuleeigarar frå kommunane i fylket. Faste tema var også i 2015 aktuelt om individuell vurdering og eksamen 2015, gjennomgang av PAS/PGS og statistikk og erfaringar frå klagehandsaminga på standpunkt 2014. Vi hadde også innlegg om vurdering i dei praktisk-estetiske faga og ein gjennomgang av kva erfaringar og funn fylkesmannen har gjort etter tilsyn med elevane sitt utbyte av opplæringa, med særleg tanke på undervegsvurdering.

## Vaksenopplæringsfeltet

### Norskopplæring

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har i 2015 fått til saman 549000,- kroner frå Vox til kompetansehevingstiltak for lærarar og leiiarar i norskopplæring for vaksne.

Midlane vart brukt til den årlege Geirangerkonferansen for norsklærarar/leiarar, som i år gjekk over 3 dagar hausten 2015. Tema for norskopplæringa var på dag 1: Vurdering av munnlege ferdigheiter, arbeidsretta norskopplæring. Dag 2: Rolleforståing og læringsleing i vaksenopplæringa. Dag 3: Frå B1 til B2 med rask progresjon, sensor og eksaminator si rolle. Alle kursa vart godt motteke av dei omlag 130 norsklærarar som deltok på konferansen i Geiranger.

Fylkesmannen har hatt god kontakt med Vox og har delteke på møte og kurs/samlingar som Vox har hatt med fylkesmennene og skuleleiarane vår og haust 2015. Vi har også hatt god kontakt både med leiarnettverket og Arbeidsutvalet for leiarnettverket i M&R og har delteke på aktuelle møte med dei både vår og haust.

Det har i 2015 og vore prioritert sensorskolering internt og eksternt på vaksenopplæringssetra i forhold til gjennomføring av munnleg norskprøve. Dei lærarane som fekk skolering på området, har hatt ansvaret for den eksterne sensorskoleringen i fylket. Det jobbes og med å få til eit nettverk i fylket for bruk av eksterne sensorar.

14213,- i ubrukte midlar vart tilbakeført til Vox ved utgang av 2015.

Fylkesmannen vurderer måloppnåinga som god.

### Grunnskoleopplæring

Fylkesmannen har fått 154400 kroner i midlar frå Vox til etterutdanning av lærarar og leiarar i grunnskoleopplæring/grunnleggande ferdigheiter i 2015.

Midlane er brukt til opplæring for om lag 80 lærarar/leiarar på den 3 dagars samlinga i Geiranger hausten 2015. Dag 1: Lesing og skriving som grunnleggande ferdigheit, Stat.ped. generell informasjon og aktuelle tema. Dag 2: Rolleforståing og læringsleing i vaksenopplæringa. Dag 3: Rekning som grunnleggande ferdigheit, kognitiv rehabilitering.

Fylkesmannen har delteke på samlingar Vox har hatt med fylkesmennene og grunnskuleleiarane.

Fylkesmannen vurderer måloppnåinga som god.

Geirangersamlinga - Merknader:

På den 3 dagars konferansen i Geiranger hausten 2015 var det rekordstor oppslutning med 223 deltakarar.

Fylkesmannen hadde ansvar for koordinering, påmelding og gjennomføring av heile arrangementet, noko som var svært tid- og ressurskrevjande. Grunna det sosiale aspektet ved at alle lærarane i vaksenopplæringa får vere saman over heile 3 dagar, ønskjer leiarnettverket å halde fram med Geirangersamlinga kvar haust, og hotellet er alt bestilt til oktober 2016. Fylkesmannen vil vurdere å leggje delar av arbeidet med arrangementet ut til AU mot betaling.

## Fylkeskommunen

Vi har møte med fylkeskommunen og tar opp aktuelle saker og problemstillingar. I samband med tilsynet "Elevens utbytte av opplæringa" har vi hatt møte i rektorkollegiet for å gå gjennom regelverket og ei rettleiing.

både i forkant og i etterkant av tilsynet.

## **Tilbakemeldinger fra kommunene og innbyggerne om statlig politikk er videreformidlet til Utdanningsdirektoratet**

Som det går fram av punkta ovanfor har vi mange arena der vi samhandlar med barnehage - og skuleeigarar, og der vi drøfter effekten av dei nasjonale satsingane .

Det blir formidla tilbake på Utdanningsdirektørmøta, og andre møte som rådgivarane våre har saman med Udir, i tillegg med anna rapportering, t.d. rapportering om Strategi for vidareutdanning, Vurdering for læring.

Vår vurdering er at vi med dei gjennomførte tiltaka samla sett har nådd måla for informasjon, rettleiing og kunnskapsinnhenting overfor kommunane som lokal myndigheit, barnehage- og skuleeigarar, ålmenta og andre aktuelle målgrupper. Vår strategi med tett kontakt og dialog med regionane gjennom regionskontaktane, synest å ha bra effekt.

## **31.5 Eksamen og prøvafeltet**

### **PAS/PGS**

Embetet fekk i 2015 færre spørsmål knytt til brukarstøtte for PAS/PGS enn tidlegare år. Mest tid har gått til rettleiing av nye skuleleiarar og/eller skuleeigarar. Vi registrerer at særleg på skuleeigarnivå er kompetansen på systema for låg, og at mange manglar naudsynt kompetanse til å rettleie skulane. Spørsmåla er i hovudsak knytt til påmelding til nasjonale prøver, kartleggingsprøver og eksamen. Vi har kontinuerleg oppfølging av registreringsarbeidet (påmelding av kandidatar, fagpersonar, resultat) i periodane der dette går føre seg, og følgjer kommunen/skulen opp der vi ser at arbeidet ikkje er i tråd med retningslinene. Vi har også mange spørsmål om generering av fiktive fødselnummer.

På vårt årvisse møte om eksamen og vurdering med alle eksamensansvarlege på kommune- og skulenivå har vi eropplæring og «oppfrisking» i bruk av PAS/PGS som fast post. Vi gjekk då gjennom funksjonane i PAS/PGS som er knytt til påmelding og gjennomføring av eksamen. I tillegg har vi på sensorskuleringa ein fast programpost om bruk av PAS for sensorar. På fellessensuren har vi fortløpande overvaking og kontroll på registrering av resultat på elevar. I 2015 var eksamensgjennomføringa i engelsk og fagkodane i norsk på det næraste 100 % IKT basert.

Til hausteksamen 2015 tok fylkeskommunene i bruk «nye» PAS. Vår vurdering er at fylkeskommunen handterte dette på ein god måte og at gjennomføringa gjekk svært godt. Vi opplever også at informasjonen vi har fått frå Utdanningsdirektoratet om utviklinga av «nye» PAS har vore god og at det er utvikla gode og instuktive presentasjonar og filmar som vi har nytta.

For fylkesmannen er PASHjelp ei viktig støtte. Det er svært nyttig å kunne søke opp og finne løysing på problem som andre har sendt inn. Vi opplever at vi raskt får svar på våre spørsmål.

### **Nasjonale prøver**

Arbeidet med nasjonale prøver er følgd opp og gjennomført etter gjeldande nasjonale retningslinjer.

Vi opplevde det som svært nyttig å bli oppdatert på samlinga i regi av Utdanningsdirektoratet i september. Fylkesmannen i Møre og Romsdal deltok med to personar.

Fylkesmannen følgjer opp fristane for påmelding, gjennomføring og registrering av dei nasjonale prøvene. Vi har brukt ein god del tid og ressursar på å rettleie og følgje opp kommunane og skolane. Vi sender e-post til kommunar og skolar med manglande registreringar.

For at vi skal få oversikt over at alle skolar og elevar på dei aktuelle trinna er påmeldt (inkl. fritak) til dei nasjonale prøvene, samanstillert/kontrollerer vi data frå PAS og GSI (skolar og elevtal).

Kommunane/skolane nei i fylket har blitt innkalt til å melde på alle elevane til dei nasjonale prøvene i PAS og registrere rett status på elevane i PAS etter at Fylkesmannen har brukt ein del tid på oppfølging, puring samt tilsyn. Likevel er det mange kommunar og skolar vi må følgast opp (purre). Resultatet av dette gir auka kvalitet på statistikken.

Det er ulike registreringsrutinar i PAS for eksamen og nasjonale prøver.

For eksamen skal ikkje dei med fritak for vurdering registrerast. Vår erfaring er at dette gjer at rektorar ofte er usikre på om dei med fritak skal meldast opp til nasjonale prøver eller ikkje. Vi reknar med at dette også gjeld for andre fylke og kan vere ei feilkjelde i statistikken.

Vi ser (samanstilling av elevtal i GSI og påmeldt i PAS) at det framleis er ein del skolar i vårt fylke som ikkje melder på alle elevane til dei nasjonale prøvene.

Fylkesmannen nyttar i høg grad resultatata frå dei nasjonale prøvene både i tilsynsarbeidet og i anna dialog med skuleeigarane. I 2015 og 2014 har vi ikkje utført tilsyn med gjennomføring av nasjonale prøver, noko vi gjorde i 2013 då det vart gjennomført tilsyn med seks kommunar i fylket.

### **Sentralt gitt eksamen i grunnskulen og eksamen i grunnskuleopplæring for vaksne 2015**

Informasjon om eksamen vart gitt til kommunane og skulane m.a. på møte om eksamen og vurdering 10. februar 2015. Vi har elles faste punkt i januar, mars, mai og august der vi sender ut brev til kommunar og skular om m.a. fristar, påmelding av kandidatar og registrering av fagpersonar, sensoroppnemningar og om gjennomføring og presiseringar knytt til eksamensgjennomføringa.

Embetet hadde i 2015 ansvar for koordinering av sensur for sentralt gitt eksamen i faga norsk og matematikk. Vi arbeider aktivt ut mot kommunane for å få god tilgang til sensorar i alle tre fag: både erfarne og nye. Oppnemninga av sensorar har vore gjort manuelt i PAS for å sørge for god fordeling mellom fylka/kommunar/skular og vaksenopplæringscenter/kjønn, men også for å kvalitetsikre sensuren med tanke på at ikkje sensorar får elevsvar frå eigen skule/kommune.

Med ønske om å få ei god spreing av sensorkompetanse i fylket har embetet over fleire år ført statistikk over fordelinga av sensorar på både kommune- og skulenivå. Ut frå denne statistikken ser vi at fleire kommunar ikkje foreslår fagpersonar. For å motivere lærarar i desse kommunane har FMMR og FMSF dei to siste åra gitt tilbod til kommunar som over tid ikkje har stilt fagpersonar til disposisjon om å delta på sensorskuleringa. I 2015 deltok to lærarar frå kvart av fylka i eksamensregionen på sensorskuleringa.

Vi har fagleg gode og røynde sensorar i alle oppmannsgruppene.

Sensorskuleringa 2015 vart gjennomført 5.- 6. mai på Hotell Alexandra i Loen med sensorar frå alle faga. Dei fagansvarlege i norsk og matematikk frå Utdanningsdirektoratet leia skuleringane i sine fag. Vi ser det som svært positivt at Utdanningsdirektoratet stiller med sine fagansvarlege på desse samlingane. Som eit neste ledd i skuleringa av sensorane hadde vi den 15. juni fagdag for sensorane. Denne dagen hadde oppmennene ansvar for drøfting og gjennomgang av årets oppgåver etter førehandssensuren.

Vi minner elles om at sensorskuleringa og fellessensuren i vår eksamensregion er ressurskrevjande særleg p.g.a. geografien og lange avstandar. Vi meiner vi har ein modell som er svært teneleg.

Fellessensurmøtet for norsk og matematikk vart gjennomført i Molde 16. juni. Fellessensuren blei gjennomført etter retningslinene, sjølv om vi hadde utfordringar knytt til at ein sensor vart sjukmeldt kvelden før fellessensuren. Løysinga vart å fordele elevsvara på fleire andre sensorar slik at alle elevsvar fekk vurdering av to sensorar.

Utbetaling av utgifter (honorar og reise) knytt til sensuren er gjennomført.

### **Sentralt gitt eksamen i vidaregåande 2015**

Eksamen i vidaregåande skule vart gjennomført etter gjeldande nasjonale retningsliner, bl.a. oppmelding av kandidatar til eksamen og oppdatering av fagpersonregisteret. Fylkesmannen bruker ein del tid på opning for etteroppmelding og retting av feilregistreringar i PAS. Vi registrerer etteroppmeldingar fortløpande og oversender det til fylkeskommunen til informasjon.

### **Kartleggingsprøver (frivillige og obligatoriske), læringsstøttande prøver og karakterstøttande prøver**

Prøvene er gjennomført etter gjeldende nasjonale retningslinjer. Vi har rettleia og følgt opp skolar og skoleeigarar på dette området.

### Rettkjende vitnemål frå vidaregåande skule i Norge når vitnemålet skal brukast som dokument i utlandet

Ingen spørsmål om bekreftelse om rett kopi av vitnemål. Servickontoret påfører apostille på originaldokument som skal framleggast i utlandet.

**Eigenvurdering:** Oppgåvene knytt til resultatområde 31.5 er utførte i samsvar med embetsoppdraget. Vi har god kompetanse på feltet og har brukt i underkant av to årsverk på dette omfattande og detaljerte resultatområdet. Vi meiner embetet har gode kvalitetssikringsrutiner, m.a. egne årshjul for kvart av delområda, for å halde fristar, nå måla og resultatkrava jf. embetsoppdraget. Vi vil også nemne at samarbeidet i sensurregion 7 (FMMR og FMSF) er meget godt.

Vi finn dessutan møta på Utdanningsdirektoratet nyttige og nødvendige, både for å sikre oppdatering og for erfaringsutveksling på feltet.

### Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Særskild Rapportering	Spesifiser dersom avvik fra landsgjennomsnittet totalt eller på enkeltprøver)	Spesifiser dersom stor variasjon mellom skoleeiere innad i fylket	Vurdering av årsak til avvik	Beskrivelse av tiltak over skoleeiere med høy andel elever med fritak
Hvor stor andel av elevene har fått fritak fra deltakelse på nasjonale prøver	Møre og Romsdal ligg litt over landsgjennomsnittet, i alle fag på andelen fritak for 5. og 8. trinn. For 9. trinn ligg vi litt under landsgjennomsnittet. For 5. og 8. trinn har fritaksprosenten gått litt opp frå siste år, medan den har gått litt ned for 9. trinn. I år er det rekning 8. trinn som har størst forskjell mellom nasjonalt (2,4) og Møre og Romsdal (3,5).	Det er variasjonar mellom kommunane i vårt fylke når det gjeld fritak, jf Skoleporten. Ein del kommunar har ikkje fritak (null prosent), medan den kommunen som har høgast fritak er oppe i 20,6% (rekning 8. trinn).	I Møre og Romsdal er det mange små kommunar og skolar. Då vil nokre elevar med fritak slå kraftig ut. Vi har gjennom fleire år følgd opp kommunane og skolane vedr. påmelding og registrering av manglande resultat, og fylkestala har vore stabilt ganske lave dei siste åra.	

### 31.6 Barn og unge – tidlig innsats, spesialpedagogisk hjelp, tilpasset opplæring og økt gjennomføring

Fylkesmannens mål for dette resultatområdet er å bidra til at barnehagemyndigheit, barnehage- og skoleeigarar når måla om tidleg innsats, inkludering og auka gjennomføring, og at barn og unge med særskilte behov skal få tidleg og nødvendig hjelp til rett tid og best muleg tilpassa den enkelte.

Fylkesmannens konkrete aktivitetar for å nå dette målet kan oppsummerast som følgjer:

- "Betre oppvekst" som er ei tverrfagleg satsing i embetete - vi deltek i arveidsgruppe. Eit viktig tiltak på dette området i 2015 har vore kartlegging av barn og unge sine oppvekstvilkår i kommunane sett i lys av barnekonvensjonen, som grunnlag for vidare tiltak frå Fylkesmannen si side. Tildeling av prosjektskjønnsmidlar til prosjekt relevante for satsinga nemnt over. Vi har også gitt prosjektskjønnsmidlar til utviklingsarbeid i barnehage og skule i kommunane i 2015 - både når det gjeld tilpassa opplæring/spesialundervisning og læringsmiljø.

Medarrangør i samarbeid med andre avdelingar i embetet og fylkeskommunen, for tverrfagleg konferanse

- Involvering i samarbeid med andre avdelingar i einheit og fylkeskommunen, for tverrfagleg konferanse 15.-16. april 2015 i samarbeid "Robust oppvekst". Målgruppa var kommunalt og fylkeskommunalt tilsette som jobbar med utsette barn og unge, tilsette i ikkje-kommunale barnehagar og private skular. Betre kvalitet på det tverrfagleg arbeid overfor barn og unge var eit viktig mål med konferansen, og evalueringa viste jamt over positive tilbakemeldingar.
- Presentasjon av statistikk på regionale møte om spes.ped. hjelp m.m., og med utgangspunkt i dette drøftingar med kommunane.
- Deltaking på Fylkesmannens kommunebesøk/ dagsmøte med politisk og administrativ leiing (10 besøk i 2015). Her blei det utarbeidd dialogdokument i forkant. I desse dokumenta og i sjølve møta blei status for kommunane sitt arbeid mot utsette barn og unge tatt opp. M.a. presentasjon av statistikk for bruk av spesialundervisning, spesialpedagogisk hjelp, og gjennomføringsgrad i v.g. opplæring for elevar frå dei aktuelle kommunane.
- Deltaking i leiarforum for PP-tenestene i fylket.
- Deltaking/ medverknad i dialogkonferansen "Ta grep" i regi av Ytre Nordmøre PPT.
- Innlegg på fylkesvis PPT-konferanse i Fosnavåg (for alle tilsette i PPT), og innlegg på anna samling for PPT om ivolivering av PPT i systemretta arbeid i barnehage og skule.
- Samarbeid med barnevern (helse og sosial) i enkeltsaker, og intern skolering i temaet "meldeplikt til barnevernet", planla og gjennomførte dialogkonferanse "God skole er et godt barnevern", plukka ut gruppeleiarar frå barnevern og skole for opplæringsdag i Oslo i forkant av konferansen, det vart ein vellukka konferanse med fornøgd deltakarar.
- Samarbeidsprosjekt med Statped for kompetanseheving for spesialpedagogar i kommunar som arbeider i barnehagen - målet med prosjektet er å oppdage barn med spesielle behov og sette inn tiltaka tidlegare. Utgangspunktet for prosjektet er statistikk frå GSI og Fabris-systemet i Statped som viser at at tiltaka blir sett inn først på småskuletrinnet.
- Deltaking i samarbeidsgruppe i regi av Statped Midt saman med repr for ppt, skuleeigarar, høgskulane og fylkesmannsembeta.
- Jamlege samarbeidsmøte med fylkeskommunen. Fylkeskommunen er også med på våre arenaer overfor kommunane.
- Det reetablerte forumet Samarbeidsrådet for kvalitet i barnehage og oppæring har som uttrykt mål å skape heilskap og samanheng på kvalitetsområdet på ulike nivå, å samordne aktivitetar mellom samarbeidspartar og å utvikle felles strategiar. Vi har utarbeidd ein Handlingsplan med tiltak på 5 område som partane er forplikta til å arbeide med. Dette er eit organ med deltakarar med avgjerdsmynde og deltakarane er forutan Fylkesmannen: kommunane gjennom KS og rådmannsutval, fylkeskommunen, Høgskulen i Volda og Utdanningsforbundet

På bakgrunn av desse aktivitetane og anna kontakt med sektoren meiner vi å ha god oversikt over korleis kommunar, fylkeskommunen og PPT arbeider mot denne gruppa barn og unge. Vi meiner dette bidreg til å sjå sektoroppdraga i samanheng, og vi søker å koordinere innsatsen.

Dette blir vidareført no i 2016, og med endå tydelegare fokus på koordinerte tenestert til målgruppa.

## **31.7 Tilskuddsforvaltning**

### **Kap. 231 post 61 Investeringstilskudd til nye barnehageplasser (avvikla i 2012)**

Tilskota etter denne ordninga vart gitt med bindingstid på vidare drift i 10 år etter at tilskotet vart tildelt. Fylkesmannen har tidlegare år påbegynt eit arbeid med å følgje opp at dette kravet vert følgt opp. Stor saksmengde på andre område – i særleg grad klagesaker på kommunale tilskot til private barnehagar – har ført til at dette arbeidet har vore prioritert ned.

### **Kap. 231 post 64 Tilskudd til faste plasser i midlertidige lokaler (avvikla i 2012)**

Eitt av vilkåra for dette tilskotet var at barnehagen skulle flytte over i permanente lokale innan tre år. Fylkesmannen har tidlegare (2011) rapportert om kontroll av tilskot som vart gitt i 2007. Ein gjennomgang av resterande tildelingar kan tyde på at vi bør sjå nærmare på eitt tilfelle. Fylkesmannen skal vurdere korleis dette bør følgjast opp vidare.

### **Kap. 225 post 60 Tilskudd til landslinjer**

I samsvar med retningslinjene for tilskotet har Fylkesmannen kontrollert og sendt til Utdanningsdirektoratet

søknader vår og haust frå Møre og Romsdal fylkeskommune om tilskot til drift av landsline for yrkessjåførar ved Kristiansund videregående skole. Oversendingane er daterte 13.4 og 13.10.2015.

### **Kap. 225 post 64 Opplæring av barn og unge asylsøkere - videregående.**

Opphavelag tildeling på kr. 2 360 000 er seinare redusert til kr. 369 000. Totalt vart det i 2015 utbetalt kr. 369 880

Som det er gjort greie for i tertialrapporteringar gjennom året, er dette ei ny ordning for Fylkeskommunen. Det har vore ein del feil i søknadene, og dette har ført til vanskar med å rapportere rett tilskotsgrunnlag til Utdanningsdirektoratet.

### **Kap. 225 post 64 Opplæring av unge asylsøkere og barn av asylsøkere - mottak.**

Opphavelag tildeling på kr. 6 450 000 er seinare auka til kr. 8 520 000, som er identisk med totalt utbetalt beløp i 2015.

Som rapportert i Tertialportalen, fører ufullstendige opplysningar frå UDI til at det er vanskeleg å gjere stikkprøvekontrollar, eller følgje opp ordninga på andre måtar. Dette har vi tatt opp med Udir fleire gongar.

### **Kap. 225 post 64 Opplæring av unge asylsøkere og barn av asylsøkere - omsorgssenter.**

Fylkesmannen har ikkje hatt tildelingar eller utbetalingar for denne ordninga i 2015.

### **Kap. 225 post 66 Tilskudd til leirskoleopplæring.**

Utført i samsvar med oppdragsbrev frå Utdanningsdirektoratet.

Fylkesmannen vurderer det slik at mål er oppnådd og resultatkrav er innfridd. Fylkesmannen har bra kompetanse på området, men sjukefråver i haust førte til forseinkingar i utbetalingane. Utbetalt etter søknader vår og haust. Tal er rapportert i Tertialportalen for 2015.

### **Kap. 253 post 70 Tilskudd til folkehøgskoler**

I samsvar med retningslinene for tilskotet har Fylkesmannen i brev av 25.8.2015 rapportert til Utdanningsdirektoratet om gjennomført kontroll med rekneskap og økonomi for folkehøgskolane i fylket per 31.12.2014.

Samla sett meiner Fylkesmannen at rekneskapsoversynet som er oversendt Utdanningsdirektoratet tyder på at folkehøgskolane i Møre og Romsdal har tilfredsstillande kontroll over økonomien, jamvel om ein av skolane hadde negativt årsresultat i 2014. Det er grunn til å merke seg at alle skolane no har positiv eigenkapital, jamvel om den framleis kan synast noko svak for to av skolane, som tidlegare år har hatt til dels stor negativ eigenkapital.

Negativ arbeidskapital ved årsskiftet for tre av skolane kan tyde på stram likviditet, utan at dette er kommentert nærare i revisjons- eller årsmelding. I revisjonsmeldinga for ein av skolane er det påpeika at skattetrekksmidlar ikkje er handsama i samsvar med reglane i skattebetalingslova § 2-12.

### **Svømmeopplæring for nyankomne minoritetsspråklege elevar**

Vi har fordelt midlar og rapportert til Udir i samsvar med oppdraget.

## **Resultatområde 32 Oppgaver for økt kvalitet i barnehagen og grunnpoplæringen**

### **Oppgaver for økt kvalitet i barnehagen og grunnpoplæringen**

Dei første signala for nasjonal utdanningspolitikk og nasjonale satsingar som vi fikk i oktober, vart følgd opp og

konkretisert vidare på dei fire regionale samlingane for barnehage og skulefagleg ansvarlege på kommunenivå som vi har i januar/februar. Desse møta er organiserte som dialogmøte og gir høve for Fylkesmannen til å vere tilgjengeleg og til å lytte til kommunane. I tillegg har vi forskjellige fagmøte gjennom året.

Fylket består av 36 kommunar som er delt inn i 4 regionar. Kvar region arbeider svært godt saman - har felles prosjekt og jobber godt i ulike nettverk, både når det gjeld kvalitetsutvikling og på lov-og regelverksområdet. Fylkesmannen er opptatt av å støtte arbeidet i desse regionane og vi deler ut noko skjønnsmidlar (kr 50 000,-) kvart år til administrasjon for å dekke reise og utgifter dei har bla. til samarbeid med Fylkesmannen. Kvar region vel sin regionskontakt, ein for barnehage og ein for skule. Vi har hatt faste møte med regionskontaktane 3 gonger dette året. Desse møteplassane er nyttig for, ved sida av at dei fire regionane representert på barnehage og skule, er KS, Fylkeskommunen og Høgskulen i Volda faste deltakarar. Vi har også lagt arbeidet i GLØD ig GNIST til denne gruppa og på møta om rekruttering inviterer vi også Utdanningsforbundet. På desembermøtet inviterte vi spesielt Høgskulen Dronning Mauds Minne, NTNU ved sida av Høgskulen i Volda for at regionskontaktane skulle bli orientert om tilboda frå høgskule/universitet. Dette er ein forum for erfaringsutveksling, planleggingå sjå samanheng i satsingane - og derfor har vi også invitert dei fire utviklingsrettleiane i ungdomstrinssatsinga for å få og gje informasjon.

## **32.2 Kompetanseutvikling og rekruttering**

### **Leiing - barnehage**

Vår vurdering er at det er viktig og nødvendig å halde fram med å presisere t.d. kva oppgåver som ligg til kommunen som myndigheit og kva oppgåver kommunen har som eigar.

Ikkje kommunale og private barnehage og skuleeigarar er inviterte til møte og fagsamlingar i vår regi. Vi ser at dette har positiv effekt t.d. når det gjeld deltaking på ulike kompetansetiltak. Med den tydelege innsatsen som er retta mot ulike kompetanse og rekrutteringstiltak, er det viktig å kommunisere og rettleie om kva effekt slike tiltak kan ha. Dette kan bidra til at barnehage og skuleeigarar legg til rette for at tilsette får høve til å delta i ulike tiltak. Aktuelle samarbeidspartar som Høgskulen i Volda, andre kompetansemiljø, KS, fylkeskommunen og fagforeining deltek og på fleire av desse møta/samlingane.

Fylkesmannen har brukt en del tid på å informere, rettleie og motivere til deltaking i statlege tiltak, rekruttere og fordele rettvise midlar som er kome frå utdanningsdirektoratet.

Vi har hatt møter med gruppa som arbeider for «Framtidens barnehage 2014-2020», hatt grupperarbeid på fagsamlingar og drøfta realisering av strategien med regionskontaktane.

Fylkesmannen har vore tilgjengelig og arbeida systematisk og proaktivt med informasjon. Vi har tilpassa informasjons og rettleingsarbeidet dei lokale forholda når vi har hatt kontakt med kommunane. Frå august har det vore ein del endringar i tilsette på avdelinga vår, og det har derfor vore lagt vekt på opplæring av nytilsatt i siste del av året.

Gruppa som jobbar med likestilling har hatt møter to gonger dette året. GLØD er slått saman med GNIST, slik at det er laga ein ny møteplass for aktørane her. Det er lagt til møte med regionskontaktane - der også Utdanningsforbundet, Fylkeskommune og KS er med.

Kompetanseheving for kommune som barnehagemyndigheit er eit kontinuereleg arbeid som gjerast heile året.

### **Kompetanseutvikling og rekruttering**

Det er forventa at Fylkesmannen skal arbeide heilskapleg og langsiktig saman med andre aktørar i sektoren for å nå målet om å fylle dagens pedagognorm, auke talet på tilsette med relevant kompetanse og bidra til å heve kvaliteten i barnehagen.

Fylkesmannen har i året som har gått jobba for at alle tiltak og innsats har hatt felles mål å styrke og fremme kvalitet i barnehage.

### **Kompetanse for framtidens barnehage**

Med Strategi for framtidens barnehage 2014-2020, utarbeider Fylkesmannen i samarbeid med kommunane og tidlegare GLØD nettverket, ein fylkesplan «Kvalitet 2020». I 2015 har vi hatt satsing på kommunen som barnehagemyndigheit, med tiltak på kvalifisering for myndigheitsrolla i framtida. Fylkesmannen har gitt midlar til arbeid med myndigheitsrolla til regionane, og desse skal nyttast i løpet av 2016.

Fylkesmannen gir føringar for kva kompetanseområde som skal satsast på og at kompetansemidlane skal kome både kommunale og ikkje kommunale barnehageeigarar til gode. Vidare oppmodar vi om korleis midlane vert nytta, og involvering og drøfting med tilsette og tillitsvalde.

Vi har store utfordringar når det gjeld å få nok barnehagelærarar i barnehagen, og framleis har vi mange på dispensasjon frå utdanningskravet. Men her ser vi endring då talet på årsverk for pedagogiske leiingar med dispensasjon frå utdanningskravet er redusert til nær halvparten frå 2012. Vi ser også at det er fleire assistentar som har tatt fagbrev som barne og ungdomsarbeidarar, noko som er svært positivt.

Kompetansemidlar til kommunar og barnehagar har uavkorta blitt utbetalt etter fordelingsnøkkel; grunnbeløp per kommune, per barnehage og per barn i barnehagane. Kommunane rapportar på nytta midlar og legg fram plan for kompetanseutvikling. Nokre kommunar har eigne planar, medan fleire kommunar samarbeider med andre og leverer interkommunale kompetanseplanar. Det har vore utfordrande å få inn planar frå alle kommunane, men det er ein føresetnad for utbetaling. Fylkesmannen har eit godt system som fungerer rettferdig. Fylkesmannen har gjort eit godt arbeid med å sikre at alle barnehagemyndigheiter er gjort kjent med dei ulike kompetansetiltaka som dei kan søkje på og vi har motivert til deltaking. Vi har bidrege til økt kvalitet og kapasitet i sektorane gjennom positivitet og grundig oppfylging av oppdraget. Med gode og velfungerande regionsnettverk og gjennom dialog med dei, vurderer vi det slik at innsatsen ut til barnehagane har vore gode. Vi har fått positive tilbakemeldingar frå barnehagemyndigheitene. Vi har innfridd resultatkrava godt ut frå ressursane avdelinga rår over og utfrå dei måla frå Udir.

### **Barnehagekonferansen 2015**

Også i 2015 arrangerte vi Barnehagekonferansen med om lag 500 deltakarar. Målgruppe er pedagogisk personale i barnehagane, kommunane, PPT og høgskuletilsette. Barnehagekonferansen er eit mangeårig samarbeid mellom Høgskulen i Volda, Utdanningsforbundet Møre og Romsdal og Fylkesmannen. Vi byttar på å vere teknisk arrangør. Årets konferanse «MITT ANSVAR- om barnehagelæraren sitt profesjonelle skjønn», omhandla barnehagelæraren sitt arbeid i eit spenningsfelt mellom autonomi og styring. Og ein stilte spørsmål om styring utanfrå er aukande? Og er endringa i styring til beste for barna? Fram til i år har kommunane nytta denne faglege møteplassen til nettverksmøte på Barnehagekonferansen som eit tiltak i den samla planlagde kompetanseutviklinga. I 2015 opplevde vi at mange kommunar ikkje sende sine tilsette på kommunenivå og i frå barnehagane på konferansen, økonomi har vore tema i den forbindelse.

### **Kompetansetiltak for barne- og ungdomsarbeidarar og assistentar i barnehage**

Fylkesmannen fikk midlar som skulle nyttast til tiltaka «fagbrev i barne- og ungdomsarbeiderfaget», «kompetansehevingstudier for assistentar og barne- og ungdomsarbeidare» samt « Barnehagefaglig grunnkompetanse for assistentar og vikarer». Det blei her lagt vekt på stor fleksibilitet og moglegheiter til lokale tilpassingar. Fylkesmannen meiner vi har sikra tilbodet med behovet for kompetanseheving for gruppa og vi sikra kvaliteten ved innrapportering frå alle som har fått midlar. Vi meiner at vi i denne prosessen har nådd gruppa og måla godt. Tiltaket har nådd eit vidt spekter i barne- og ungdomsarbeidarar og assistentar i barnehage. Vi viser til eiga rapportering.

### **Regionale rekrutteringsnettverk og fagsamlingar**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal varsla behov for meir midlar til prosjektnr.21080. Kompetanseheving av aktørar i barnehagesektoren. Midlane skulle brukast til økt aktivitet i rekrutteringsnettverka, til dømes deltaking på utdanningsmessar, auke talet på kvalifiserte søkjarar til barnehageutdanninga, heve status på barnehagen som arbeidsstad, fagsamlingar, seminar og konferansar for aktørar i barnehagesektoren og forberede til messe/kampanjar for neste år. Fylkesmannen valte å gi midlane til regionane med styring på bruken. Valet ble gjort av tidsmessige og etter dialog med regionane på kva behov dei hadde. Vi ser ofte at det har vore vellukka satsingar når regionane har fått valt tiltaka utfrå dei behova dei har, og tiltak som har involvert alle kommunar i ein region.

### **Tilleggsutdanning for barnehagepedagogikk**

Våren 2015 vart det informert om ein forsøksordning der det blir gitt tilbod til tilsette i barnehageåret 2015/2016 om å delta på Tilleggsutdanning i barnehagepedagogikk (TIB). Ordninga vart gjort kjend for barnehageeigarane i juli 2015, med frist for søknad sett til 1. september. Vi hadde i alt 6 personar i Møre og Romsdal som fikk stipend. Vi opplevde lite utfordringar i handsaminga av stipendordninga.

### **Stipendutdanning for ABLU**

Våren 2015 vart det informert om ein forsøksordning der det blir gitt tilbod til tilsette i barnehageåret 2015/2016 om å delta på Arbeidsplassbasert barnehagelærerutdanning (ABLU). Ordninga vart gjort kjend for barnehageeigarane i juli 2015, med frist for søknad sett til 1. september. Vi hadde i alt 30 personar i Møre og Romsdal som fikk stipend, men det var fleire som hadde søkt som ikkje var inne i rett ordning. Desse blei luka ut og fekk ikkje stipend. Fylkesmannen opplevde at det var meir forvirring om kven som var innafor ordninga her

enn for TIB.

Særleg stipendordningar som ABLU og TIB har vore populære med eit søketal på 37 personar. Vi opplever at slike stipendordningar stimulerer tilsette til ta utdanning som barnehagelærarar. Vi ser og ein samanheng med dei som har teke KOMPASS og som seinare tar ABLU eller anna deltidsutdanning

## Grunnskulen

### Komptanse for kvalitet. Strategi for etter- og vidareutdanning 2012 - 2015

Fylkesmannen skal motivere til deltaking og informere om statlege kompetanseutviklingstiltak.

Fylkesmannen har gjort kjent og motivert for ordninga med etter- og vidareutdanninga samt stipendordninga i fylket med å legge informasjon ut på våre heimesider samt at vi informerar om dette på møte med regionar og kommunar. Informasjon er også vidareformidla til fylkeskommune og dei private skuleeigarane i fylket via e-postar og heimeside.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal vurderer måloppnåinga som god. Det var ein stor auke i søknader i 2014 på 225 godkjende lærarar mot berre 81 i 2013, men 2015 låg på omtrent same nivå som 2014 med 227 godkjende søknader.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har mottatt og behandla søknader frå kommunar, fylkeskommune og private skular og betalt ut midlar for vårhalvåret 2015. Vi har også mottatt rapportar frå alle for skuleåret 2014/2015. Vi har oppsummert og gitt ei skriftleg evaluering av arbeidet med strategien for vidareutdanninga i fylket.

Vi har utbetalt vikarutgifter, stipend og studieavgift for våren 2015.

Fylkesmannen har aktivt brukt søkesystemet og følgd opp med dei endringane vi har mottatt frå skuleeigarane og har også hatt veldig god bistand ved spørsmål retta til Utdanningsdirektoratet.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal deltok i møte om vidareutdanninga med Utdanningsdirektoratet. Dette ser vi på som veldig nyttig og vi får god informasjon om kva som skjer utover året i satsinga samt at vi blir presentert for nye ting og statistikk på området.

Det har vorte ei aukande deltaking i vidareutdanningsstrategien for lærarar i vårt fylket etter kvart som ordninga har vorte meir tilpassa og fleksibel der tilboda blir spreidd på fleire høgskular. Vi er svært fornøgd med dei nye tilboda som Høgskulen i Volda har fått. Likevel er det fleire kommunar som melder tilbake at det er store utgifter til reise og opphald, og med dårleg kommuneøkonomi blir det innvilga færre søknader. Vi ser fram til at ordninga blir enda meir fleksibel i tråd med den nye strategien slik at tilbydarane legg tilboda ute i kommunane og reise- og opphaldsutgiftene blir mindre. Vi har gjennomført arbeidet etter oppdraget.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal meiner at embetet har innfridd resultatkrava med informasjon, motivasjon og oppfølging samt rapportering. Ressursar og kompetansen er god.

### Strategi for etter- og vidareutdanning av ansatte i PPT 2013 – 2018

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har mottatt og behandla søknader til etterutdanning frå kommunar og fylkeskommune. Vidare har vi kvalitetssikra søknadene for vidareutdanning. Midlane er betalt ut for 2015. Vi har også mottatt rapportar frå alle søkjarar. Vi har oppsummert og gitt ei skriftleg evaluering av arbeidet med strategien for PPT i fylket.

## Vurdering for læring

- Fylkesmannen har i tråd med oppdraget samanfatta og gitt si oppsummering av undervegsrapportane frå deltakarane i pulje 5 i satsinga Vurdering for læring.
- Fylkesmannen har i tråd med oppdraget informert, motivert til deltaking, rekruttert, valt ut deltakarar, innhenta planar og fordelt midlar i tråd med kriteria til pulje 6 i satsinga Vurdering for læring.
- Fylkesmannen har i tråd med oppdraget informert og invitert kommunar til pulje 7 i satsinga Vurdering for læring.

I tillegg har fylkesmannen også i 2015 lagt til rette for et fylkesnettverk for dei 20 kommunane og ten private skulane som så langt har deltatt /deltak i pulje 4, 5 og 6. Fylkesnettverket er eit fora for spreing av tema og prinsipp som har vore tema på Udir sine møter. Vi har også hatt fokus på å sjå satsinga på Vurdering for læring i samband med andre satsingar retta mot skulen, m.a. ungdomstrinnsatsinga. Vi viser her også til rapportering under resultatområde *31.2 Klagehandsaming* og til punktet som gjeld klage på standpunktarakter. Det har vore fire møter i fylkesnettverket i 2015.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har i tillegg knytt seg ekstern kompetanse frå UH-sektoren og har Siv M. Gamlem i ei bistilling knytt til rettleiing for deltakarane. Gamlem deltek på alle samlingane i fylkesnettverket med faglege innlegg.

Eigenvurdering *Vurdering for læring*: Embetet har innfridd resultatkrava jf. oppdraget. Vi har god kompetanse på området og meiner vi har oppnådd god effekt med tiltaka våre.

### **Læringsmiljøprosjektet – målretta mot mobbing**

Frå vårt fylke har ein kommune og tre skolar deltatt i pulje 2 i Læringsmiljøprosjektet. Denne kommunen vart valt ut av Fylkesmannen etter gitte kriterium. Ein tilsett på oppvekst og utdanningsavdelinga hos Fylkesmannen har følgd prosjektet og den aktuelle kommunen tett gjennom å delta både på samlingar og rettleiingar i kommunen og på felleskonferansar i regi av Udir. Fylkesmannen har ved fleire høve informert om satsinga og oppmuntra til deltaking i møte med skuleeigarane.

Fylkesmannen har også valt ut kommune og skolar til deltaking i pulje 3.

Fylkesmannens oppdrag er også å følgje opp kommunar som ikkje er med i Læringsmiljøprosjektet, men som har høge mobbetal. Fylkesmannen i Møre og Romsdal har i 2015 hatt høgt fokus på læringsmiljø og mobbing i både barnehage og skule. Vi har gitt alle kommunane i fylket tilbod om kompetanseutvikling innanfor det å avdekke, stoppe og forebygge mobbing og relasjonsleiing. Vi har gjennomført rettleiing med kommunane når det gjeld kap. 9a i Opplæringslova, då med fokus på psykososiale skulemiljø. Fylkesmannen har også følgd opp kommunar og skular med høge mobbetal over tid gjennom tilsyn (skulens arbeid med elevanes psykososiale miljø).

Fylkesmannen har gjennom prosjektskjønsmidlar tildelt ressursar til systematisk skulering av PPT-tilsette innan områda mobbing og psykososialt læringsmiljø, der Læringsmiljøsentret står for det faglege innhaldet. Målet med dette prosjektet – «Beredskapsteam mot mobbing» - er å auke kompetansen innan feltet på alle nivå i kommunen, samt bygge regionale beredskapsteam som kan hjelpe kommunane i dei mest komplekse sakene.

Fylkesmannen har fått auka kompetansen sin på feltet gjennom å delta på skuleringa i Læringsmiljøprosjektet og «Beredskapsteam mot mobbing».

Vi meiner vi har nådd målet innanfor dette området.

### **Ungdomstrinn i utvikling 2013 - 2017**

Fylkesmannen har deltatt på samlingar i regi av Udir, delt ut midlar til ressurspersonar og utviklingsrettleiarar i samsvar med rutinar og retningsliner som vi har fått. Vi har hatt eit dialogmøte med dei fire utviklingsrettleiarane i fylket. Utviklingsrettleiarane har blitt invitert til regionale møte, slik at dei blir orientert om anna utviklingsarbeid i fylket og drøfta samanhengar med ungdomstrinnsatsinga. Det er likevel ikkje alle utviklingsrettleiarane som har prioritert desse møta. Vi vurderer det slik at samarbeidet mellom utviklingsrettleiarane burde ha vore betre. Vi ser behov for at arbeidet med ungdomstrinnsatsinga kunne ha vore koordinert betre mellom dei ulike aktørane, og den rolla burde Fylkesmannen fått.

Fylkesmannen har samanfatta tilbakemeldingane frå pulje 2 og rapportert vidare til Udir innan gitt frist.

### **Regelverk i praksis**

Fylkesmannen er informert om satsinga via utdanningsdirektørmøte og har deltatt med fire personar i prosjektet. Dei har vore med på samlingane og drive utviklingsarbeid gjennom gitte mellomarbeid. Så langt har vi ikkje vore flinke nok til å involvere alle medarbeidarane i satsinga, noko vi skal gjere noko med i 2016. Vi har også deltatt på seminar og inspirasjonssamlingar, og vi held oss orientert om der som skjer i dei ulike gruppene innan satsinga. Vi sender to personar til Norland for å lære meir korleis dei jobbar med regelverket mot skolar og kommunar i prosjektet.

### **Sensorskulering**

Sensorskuleringa 2015 vart gjennomført 5.- 6. mai på Hotell Alexandra i Loen med sensorar frå alle faga. Dei

fagansvarlege i norsk og matematikk frå Utdanningsdirektoratet leia skuleringane i sine fag. Vi ser det som svært positivt at Utdanningsdirektoratet stiller med sine fagansvarlege på desse samlingane. Som eit neste ledd i skuleringa av sensorane hadde vi den 15. juni fagdag for sensorane. Denne dagen hadde oppmennene ansvar for drøfting og gjennomgang av årets oppgåver etter førehandssensuren.

Med ønske om å få ei god spreiring av sensorkompetanse i fylket har embetet over fleire år ført statistikk over fordelinga av sensorar på både kommune- og skulenivå. Ut frå denne statistikken ser vi at fleire kommunar ikkje foreslår fagpersonar. For å motivere lærarar i desse kommunane har FM MR og FMSF dei to siste åra gitt tilbod til kommunar som over tid ikkje har stilt fagpersonar til disposisjon om å delta på sensorskuleringa. I 2015 deltok to lærarar frå kvart av fylka i eksamensregionen på sensorskuleringa.

Vi minner elles om at sensorskuleringa og fellessensuren i vår eksamensregion er ressurskrevjande særleg p.g.a. geografien og lange avstandar. Vi meiner vi har ein modell som er svært teneleg.

## 32.6 Urfolk og nasjonale minoriteter

Fylkesmanne i Møre og Romsdal har ikkje oppdrag her.

## Ressursrapportering

Vi ser av ressursrapporten at vi har brukt mindre ressursar på tilsynsaktivitet i 2015 enn 2014. Grunnen til det er at vi har hatt langtidssjukmeldingar av to personar som normalt er sentrale i tilsynsarbeidet vårt. Vi har ikkje lukkast å få inn andre fagpersonar så belastninga på dei andre i avdelinga har vore enorm. Men dette forklarar nedgang i ressursbruken i rapporten på tilsyn. Når det gjeld samla ressursbruk, har vi ei viss auke frå 2014 til 2015. Vi er svært fornøgd med at vi får kr 400 000,- til Adminstrasjon kompetanseutvikling istaden for små beløp knytt til enkeltprosjekt. På den måten kan vi planlegge meir på sikt. Spørsmålet er om dette kan leggst inn fast slik at vi kan tilsette fagpersonar fast.

Resultatområde	Kapittel 0525	Fagdep.
31.1 Tilsyn	kr 1 865 301,55	kr 0,00
31.9 Andre forvaltn.oppg. - barnehagen og grunnopplæring (rest 31)	kr 2 947 956,67	kr 1 658 582,31
Økt kvalitet i barnehage og grunnopplæringen	kr 1 702 387,83	kr 705 109,43
36 Landsdekkende oppgaver KD	kr 10 505,20	kr 0,00
Sum:	kr 6 526 151,00	kr 2 363 691,00

## Landbruks- og matdepartementet

### Resultatområde 21 Matsikkerhet

#### 21.1 Økt matproduksjon og trygg mat

##### Sentrale utviklingstrekk og drivkrefter

Strukturendringane held fram. Mange går ut av næringa, samtidig som mange mjølkeprodusentar aukar produksjonen og investerer i nybygg. Jordbruket blir meir og meir kapital- og kompetanseintensivt. Dette må også sjåast i samband med kravet om lausdrift som blir gjeldande frå 2024. Det er all grunn til å tru at lausdriftskravet er sterk medverkande kraft både til fråfall og satsing. Fleire vil satse på produksjon av industrijordbær, og det er godt trykk i miljøa som arbeider med lokal foredling. Dette er små produksjonar samanlikna med mjølk, men dei bidrar til å gi næringa breidde og allsidigheit.

## **Den regionale partnerskapen**

Det regionale næringsprogrammet blir laga i samarbeid mellom fylkesmannen, Bondelaget, Bonde- og småbrukarlaget, Allskog, fylkeskommunen og Innovasjon Norge. Partnerskapen har 3 faste møter, og fleire etter behov. Desse møta er den formelle arenaen mellom forvaltning og næring, men det er også den viktigaste verkstaden for framtidstenking og strategisk planlegging.

Fylkesmannen tar rolla som nav og tilretteleggjar på alvor. Det regionale partnerskapet har tre faste møter gjennom året, og møtes elles etter behov. I tillegg til faglaga og Allskog, blir nøkkelpersonar frå Innovasjon Norge og fylkeskommunen rekna inn i partnerskapet. Fylkesmannen har etablert ein årleg arena der alle aktørar (IN, FM og FK) rapporterer til næring på bruk av virkemiddel som er stilt til disposisjon over jordbruksavtalen. Fylkesmannen opplever kommunikasjonen og samarbeidet i partnerskapen som god.

Fylkesmannen er aktiv deltakar i hoppid.no, saman med Møre og Romsdal fylkeskommune og Innovasjon Norge. Det er etablert hoppid.no-kontor i nesten alle kommunane i fylket. Hoppid.no kontora gir rettleiing i spørsmål knytt til etablering av eiga bedrift. Gjennom hoppid.no-samarbeidet er førstelinjearbeidet retta mot etablerar styrka og systematisert, på tvers av sektorane.

## **Veterinære tenester og samarbeid med Mattilsynet**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal inviterer til årleg samhandlingsmøte på leiarnivå med Mattilsynet. Samarbeidet har blitt utvida, og vi har fått på plass faste rutinar og møtepunkt for samhandling og samarbeid. Utvekslinga av informasjon har blitt betre, og konkret har dette m.a. gjort at vi har stoppa utbetaling av tilskot i saker der dyrehaldet ikkje er godt nok. Vi har eit klart inntrykk av at samarbeidet har gitt bedre grunnlag for saksbehandling og oppfølging både hos mattilsynet og hos fylkesmannen.

Veterinære tilskot er fordelt og utbetalt. Fylkesmannen fekk kr 1.066.489,- i 2015 som stimuleringstilskot til delar av kyst og øysamfunn for å sikre tilgang på veterinære tenester i næringssvake område. Kommunar med vanskeleg kommunikasjon grunna ferje og med store avstandar mellom bruka, vart prioritert. Fleire kommunar søkjer stimuleringstilskot enn for berre nokre år sida, så fleire kommunar får avslag på sin søknad.

# **Resultatområde 22 Landbruk over hele landet**

## **22.1 Bruk av landbruksarealer**

### **Utmarksbeite**

48 beite-/sankelag frå Møre og Romsdal søkte om driftstilskot i 2015, mot 51 i 2014. Satsane for ordinært tilskot per dyr var for beitesesongen 2015, kr 15,- per sau/lam/geit, og kr 20,- per storfe/hest. I 2015 vart det søkt om tilskot til 23 investeringar gjennom ordninga tiltak i beiteområda, og løyvd til saman kr. 1.051.115,-. Av desse midla var kr 551 115,- inndradde middel av frå tidlegare år. 17 beitelag/beite-brukarar fekk løyving til prosjekt av ulike slag; fleire sperregjerder, samleklever, radiobjeller og andre mindre tiltak. I tillegg vart det løyvd middel til organisering av 8 beitelag som SA. Møre og Romsdal sau og geit fekk løyvd kr. 50.000,- til planlegging og tilrettelegging av utleige av radiobjeller.

Vi har utfordringar når det gjelder organisering av næringsretta bruk av utmark, også knytt til planarbeid. Vi kunne ønskje at det vert vurdert eit nasjonalt prosjekt på dette temaet, gjerne vidareutvikling av arbeidet nokre fylke stod for i det nasjonale beiteprosjektet.

Tildeling av middel til radiobjeller er eit vanskelig område. Hos oss blir bjøllene forvalta gjennom Sau og Geit, som leiger ut bjøllene. Vi godtar berre kostnader til investeringar, ikkje drift. Andre fylkesmenn praktiserer dette på ein annan måte, og vi ser gjerne at slike spørsmål blir avklara sentralt.

### **Førebyggjande tiltak mot rovviltsskadar:**

Møre og Romsdal høyrer til forvaltningsregion 6, saman med trøndelagsfylka. Løyvinga for 2015 til Møre og Romsdal var kr 2.375.000,-.

Det aller meste av rovvilttapa skuldast jerv. Vi har også mål om auka bestand av gaupe, og vi ser at bestanden er i ferd med å byggje seg opp, særleg midt i fylket. Jerven har ei åtfærd som gjer at han tek flest lam på seinsommaren og mot hausten. Vårt viktigaste førebyggjande tiltak i tillegg til uttak av rovvilt, har derfor vore tidleg sankning, og

sekundære tiltak som støttar opp om dette, t.d. utvida tilsyn og tilrettelegging for beredskapsbeiting. Vi har også nokre vellukka vaktarhundprosjekt og kadaversøk med hund i fleire av dei hardast ramma rovviltområda. Tilrettelegging for auka beiting i områda rundt innmark fell saman med landbrukspolitiske intensjonar og satsing på kulturlandskap. I mange tilfelle er det derfor nytta kommunale SMILmiddel eller middel frå tiltak i beiteområda som delfinansiering av slike prosjekt.

I Møre og Romsdal blir søknadar om middel til førebyggjande og konfliktdempjande tiltak samanstilt og innsendt felles frå kommunane. Dei har med det høve til å samordne dei ulike tilskotsordningane. Vi har fleire eksempel på at dette vert gjort. Vi har hatt ei utfordring med å få dei til fullt ut å nytte Miljødirektoratet sitt elektroniske søknadssenter.

Vi oppmodar i tillegg aktuelle søkjarar om å vurdere spesielt utvalde kulturlandskapsområde i fylket i samband med aktuelle beredskapsbeite. Vi har gjort fleire forsøk, men har enno ikkje lukkast med å lage større inngjerda område som fleire kan nytte i samband med tidleg sanking. Hovudutfordringa er gjerdehald, eigedomsstruktur og omfattande teigdeling.

Rovdyr er eit stort problem på Romsdalshalvøya, i indre fjordstrok og i fjellområda. Ei like stor utfordring er tapa som skuldast anaplasmose (infeksjon frå flåttoverførte bakteriar) og alveld. Det blir satsa på å finne løysingar på desse store utfordringane. Vi har hatt fokus på dette gjennom eige arbeid, og gjennom å initiere og støtte aktuelle forskingsprosjekt. Arbeidet rundt alveld har gjort at vi siste året har kome mykje lenger i å forstå sjukdomen, og dermed kunne sette inn effektive mottiltak.

Tapa er urovekkandesjølvt om gjennomsnittleg tapsprosent for fylket har gått ned dei seinare åra. Tapa i einskilde besetningar er framleis opp mot 50%. I 2011 kom lammetapa over 12%, og tapa var tilnærma like store i kommunar utan freda rovvilt som i fjellområda. 2012 var eit svært godt beiteår, med lavt tap både til freda rovvilt og sjukdommane alveld og anaplasmose. Lammetapet var på 8,4 % i 2012, og er det lågaste sidan 1995. Beitesesongen 2013 var også god, med lavt lammetap 8,7%. Tapa kom seint i beitesesongen, og det vart sett inn mindre av tiltaket tidleg sanking enn ein vanlegvis ville gjort. Årsaka til det var at vi i dei indre områda, som har store tap til rovdyr, også var ramma av store vinterskadar og avlingsskadar på enga. Det var lite haustbeite å ta dyra heim til. I beitesesongen 2014 viste lammetapstapet frå organisert beitebruk eit tap på 8,35%, som er relativt lågt i Møre og Romsdal, etter eit greitt beiteår i fjellet. Det vart registrert lite tap tidleg i sesongen, som kan vere ein effekt av hiuttak av jerv om våren. Med ein gong ein på seinsommaren registrerte tap i dei indre fjellområda vart det satt i verk tidleg sanking i alle dei råka områda. Beitesommaren 2015 viste seg å bli den beste i «manns minne». Kjøløg sommar ga graset gode vilkår, og lamma vokste svært godt. Det var hiuttak og felling av vaksen jerv i Trollheimen, i tillegg til at dei gjennomførde idleg sanking. Etter at Trollheimen vart tatt ut av yngleområde for jerv er tapa i dei områda sjunke frå 18-20% i snitt til om lag 8%. Dette gjev eit lavt snittall for fylket, men tapsområda har flytta seg til Sunndalsfjella og fjellområdet mellom Rauma og Norddal i Reinheimen. Snittetapet vart soleis lågt i fylket i 2015, medan enkeltbesetningar har veldig store tap, nokre nesten 50%.

Det har også dei seinare åra vore aukande og uforklarlege tapstal på Romsdalshalvøya. Det er registrert yngling av gaupe her i fleire år, som moglegvis kan forklare dei store tapstala. Det vart arrangert gaupejaktkurs med stor interesse. Utfordringa for å få til effektiv jakt har vore samordning av grunneigarinteresser.

I nokre område er tapsårsakene svært samansette. Både sjukdom og rovvilt er heilt klart viktige faktorar. Samtidig er sjuke dyr lettare bytte for rovdyr. Dette er utfordrande for forvaltninga av erstatningsordningane. Topografi og effektivt renovasjonssystem i naturen gjer det svært utfordrande å finne kadaver, og det kan oppstå konflikt mellom dyreeigar og forvaltning om årsak til tapa. Dette er uheldig – både av omsyn til ei ryddig og «korrekt» forvaltning, men også for omdømmet mot storsamfunnet.

Vi legg stor vekt på tiltak som kan gi betre dokumentasjon av årsaker, og nøkkelen er openbart tidleg funn av kadaver. Vi har satsa på radiobjøller på vaksne søyer, der dei satellittbaserte bjøllene gjev betre resultat i nokre område, men dette har i liten grad hjulpet oss til å finne daude lam. Ny type «lammenodar» frå Telespor er prøvd ut i 2015, men vi er langt frå fornøgd med teknologien. Elektronisk utstyr har vore finansiert både med miljøpolitiske verkemiddel (FKT-middel) og med landbrukspolitiske verkemiddel (Tilskot til tiltak i beiteområda). Samstundes har det vore brukt FKT-middel til kurs i trening av kadaversøkjande hundar. Vi ser behovet for å leggje enda meir vekt på dokumentasjonen av tilsyna framover. Vi vil ta grep for meir bruk av GPS, og det blir sett inn kurs og motivasjonstiltak for å få fleire sauebønder til å bruke denne teknologien. Overvaking ved hjelp av droner er også etterspurd. Sei seinare åra har vi og brukt ein god del FKT-middel til kompetansebygging og etablering av nettverk for dei kommunale fellingslaga.

## **Regionalt kartsamarbeid**

Landbruksavdelinga møter fast i Geovekstgruppa, og er med på å prioritere tiltaka. Landbruket sine interesser

blir tatt med i prioriteringane, og vi er integrert part der landbruket har interesser. Det er utfordrande at behova er så pass ulike frå sektor til sektor, og det er klart at interessene til samferdsel og kommunal sektor langt på veg blir forande for prioriteringane. Vi er usikre på om det er rasjonelt å styre pengeflyten til desse prosjekta gjennom Fylkesmannen.

### Arealressurskart.

Gardskartprosessen er gjennomført i alle kommunane. I løpet av dei åra gardskartprosessen varte arrangerte vi kurs for kommunane kvart år, både teoretisk innføring, feltkurs og programvarekurs. I 2015 vart planlagt kurs avlyst av NIBIO, pga for lita påmelding. Dei påmelde fekk tilbod om alternativ oppfølging.

AR5 har vore tema på fleire fagsamlingar for kommunane, både under tilskottsseminar i august og under eit forvaltningsseminar i oktober. Vi har påpeika at eit oppdatert kart er avgjerande for rett utmåling av arealbaserte tilskot. Kartet blir brukt direkte i regionale miljøtilskot, og vil snart også bli brukt direkte i produksjonstilskot. Alle kommunane har levert 1. gangs periodisk vedlikehald, og 19 har levert 2. gangs periodisk vedlikehald. 23 av kommunane leverte kontinuerlig vedlikehald i 2015. Det er betre enn tidlegare år, men framleis for få. Kontinuerlig vedlikehald skal leverast kvart år, så vi vil sette inn tiltak, for å bidra til at alle leverer kontinuerlig vedlikehald kvart år.

### Tapsstatistikk sau på utmarksbeite

Embeter	Antall sau sluppet (innen organisert beitebruk)		% tilslutning til org. beitebruk i fylket	Tapsprosent		Total tapsprosent	
	Sau	Lam		Sau	Lam	2015	2014
FMMR	33473	51169	63,3	2,5	7,8	5,7	6,2
<b>Sum</b>	<b>33473</b>	<b>51169</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>		

## 22.2 Eiendomspolitikk

Fylkesmannen driv fortløpande rettleiing av kommunane per e-post og telefon. Spørsmåla frå kommunane fordeler seg jamt over saksområdet. Det er likevel flest spørsmål knytt til konsesjonsregleverket.

Embetet arrangerete ikkje eiga fagsamling om særlovene i landbruket i 2015. Utvalde tema vart integrert i felles forvaltningssamling for landbrukstilsette i kommunane 13.-14. oktober. Innan eigedomspolitikk prioriterte vi praktisk kontroll med driveplikt, i tillegg til påfyllingskurs i generell forvaltningsrett, som har vore eit etterspurd tema.

Vi nytta ikkje kontrollheimelen i jordlova § 3 i 2015. I samband med årets forvaltningskontrollar bad vi fem kommunar orientere om rutinar for oppfølging av buplikt og driveplikt. Gjennomgangen viste at kommunane fører jamleg kontroll med buplikt, medan det er mindre systematisk tilsyn med driveplikt. To av fem kommunar hadde skriftleg oversikt eller rutine for oppfølging av buplikt. Ingen kommunar hadde skriftlege rutinar eller resultatkrav for kontroll eller oppfølging av driveplikt. Berre ein av fem kommunar opplyste at dei handheva kravet om tiårige leige kontraktar for leigejord.

### Saker for fylkesmannen i 2015 - jord-, odels- og konsesjonslov

Ved utgangen av 2015 hadde Fylkesmannen totalt handsama 8 klagesaker etter jordlova. Alle sakene gjaldt gjaldt frådeling etter jordlova § 12. Fire av sakene gjaldt i tillegg omdisponering av dyrka jord etter jordlova § 9. Alle vedtaka blei stadfesta av Fylkesmannen. Vi har ikkje hatt ikkje saker som gjaldt pålegg eller varig fritak frå driveplikt etter jordlova.

Vidare handsama Fylkesmannen to klagesaker etter konsesjonslova. Den eine gjaldt klage over avslag på konsesjon, der odelsrettshavar søkte om konsesjon fordi vedkommande ikke skulle oppfylle lovbestemt buplikt. Den andre saka gjaldt avvisning av klage på konsesjonsvilkår.

Som førsteinstans handsama Fylkesmannen i 2015 ein søknad om frådelling og ein søknad om konsesjon. Vi har ikkje hatt saker som gjeld odelsfrigjering etter odelslova kap. VIII.

Vi har rapportert praktisering av jord-, odels- og konsesjonslov i 2015 i eige rapporteringsskjema til Landbruksdirektoratet.

### **Overprøving av kommunale vedtak utan klage i 2015**

Fylkesmannen innhenta 2 kommunale jordlovssaker for overprøving etter forvaltningslova § 35 tredje ledd i 2015. I den eine saka, som var under handsaming ved årsskiftet 2015/2016, vart kommunen sitt vedtak omgjort til avslag 26.1.16. Den andre saka var avslutta utan vedtak herifrå.

## **22.3 Forvaltning av inntekts- og velferdspolitiske tiltak og kontroll**

**Sjå rapport gjennom Tabelldata for detaljar.**

### **Fylkesmannen som kompetansesenter**

Rådgeving mot kommunane var ei sentral oppgåve også i 2015. Vi følgjer opp sakshandsaminga gjennom telefonar og epostar, og vi arrangerer kurs og samlingar. Dette gjeld heile landbruksoppdraget, men forvaltning av tilskotsordningane er særleg krevjande. Fylkesmannen opplever samarbeidet som godt, og vi trur at terskelen for kommunetilsette til å søkje hjelp og råd er lav.

Funksjonen som kompetansesenter har blitt viktigare – som konsekvens av at ressursane i kommunal landbruksforvaltning har gått ned. Tilsette i kommunal landbruksforvaltning får ofte ansvar for andre oppgåver, og landbruksoppgåvene blir ofte gjort av personale som ikkje har utdanning eller erfaring frå landbruksområdet. Mangel på tilfredsstillande kompetanse på kommunenivå gjer at Fylkesmannen i stor grad må fylgje opp kommunale vedtak for å sikre at sakshandsaming og utforming av vedtak er korrekt utført.

I 2015 hadde vi to kommunesamlingar. I februar 2015 hadde vi gjennomgang av den nye PT-forskrifta som tema på samlinga, med innleiar frå Landbruksdirektoratet. Samlinga i august 2015 hadde to hovudtema: Det nye landbruksregisteret, med nye oppgåver for kommunane, og nye emne innafor regelverket for produksjonstilskot, særleg det som gjekk på areal, miljøplan, gjødslingsplan. I tillegg vart det fokusert ein del på avkortingar og trekk.

### **Landbruksvikarordninga:**

Det er ei stor utfordring for avløysarlaga å rekruttere landbruksvikarar til å dekke behovet i heile fylket. Avløysarlaga dekkjer alle kommunane i fylket. Avtalene laga har med vikarane sine, ser ut til å variere. Eit av laga har ingen vikarar med beredskapsavtale, men det største laget har beredskapsavtale med 90 av 97 vikarar.

Fordelinga av årsverk mellom avløysarlaga er slik:

Landbruk Nordvest 12,3  
Indre Nordmøre landbrukstenester 3,0  
Vanylven avløysarlag 1,0  
Midsund avløysarlag 0,2  
Storfjord landbrukstenester 3,0  
Sum tal årsverk: 19,5

Foreløpige tal for 2015 viser at 160 føretak har fått sjukdomsavløyning i 2881 dagar og anna avløyning i 1124 dagar. I førebelse rapportar for 2015 er det rapportert at 0 bruk ikkje har fått avløyning. Avløysarlaga har i alt 111 vikarar sysselsett i dei 19,5 årsverka i fylket. 17 er faste og 94 har beredskapsavtale. Det er vanskeleg å rekruttere kvalifisert arbeidskraft. Mange deltidsstillingar gir god fleksibilitet, men det kan også signalisere mangel på arbeidskraft. Det same gjer det lave talet på faste vikarar. Det må fokuserast på rekruttering av gode vikarar. Særleg mjølkeproduksjonen blir stadig meir teknologisk avansert. Datastyrt mjølkerobotar og føringssystem er vanleg driftsutstyr på så godt som alle nyare mjølkebruk, og dette krev grundig opplæring på kvart enkelt bruk.

### **Oversikt over behandling av klager og dispensasjonssøknader 2015 - antall**

#### **Klagebehandling**

Produksjonstilskudd		Miljøvirkemidler		Andre tilskuddsordninger	
Innvilget	Avslått	Innvilget	Avslått	Innvilget	Avslått
3	3	0	0	1	1

Dispensasjonssøknader

Produksjonstilskudd			Miljøvirkemidler			Andre tilskuddsordninger		
Innvilget	Delvis innvilget	Avslått	Innvilget	Delvis innvilget	Avslått	Innvilget	Delvis innvilget	Avslått
10	0	3	0	0	0	0	0	0

Fylkesmannens kontroll av landbruksvirksomheten i 2015

1. Hvor mye ressurser er avsatt til kontroll?

Årsverk: 0,7

Antall personer: 7

2. Gjennomførte kontroller av kommunenes landbruksforvaltning(forvaltningskontroller)

Kommune:	<b>Fræna kommune</b>
Orninger/omfang:	Tilskot til avløyning ved sjukdom mv. Søknader 2014
Registrerte avvik:	Påvist eitt avvik. Kommunen hadde ikkje innhenta dokumentasjon på næringsinntekt.
Oppfølging av avvik:	Rapporteringa gjeld oppfølging av forvaltningskontroll i 2014. Kommunen har i 2015 orientert at ein no pålegg søkar å legge fram dokumentasjon i form av godkjent likning. Avviket er lukka på bakgrunn av orienteringa.

Kommune:	<b>Gjemnes kommune</b>
Orninger/omfang:	NMSK: tilskot til skogkultur og kommunal føretakskontroll, tilskot til vegbygging og drift med taubane, hest o.a.
Registrerte avvik:	Påvist eitt avvik. Kommunen sikra ikkje skogeigar si underskrift på søknad om tilskot. Utbetaling skjedde på grunnlag av rekning for samvirke.
Oppfølging av avvik:	Kommunen fekk frist til 20.1.16 for å melde tilbake kva endringar som er gjort i rutinar eller retningslinjer for å lukke avviket. Kontrollen er ikkje avslutta og vil bli følgd opp i 2016.

Kommune:	<b>Haram kommune</b>
Orninger/omfang:	1)Regionalt miljøtilskot. Søkansomgang august 2015. 2)Stimuleringstilskot kommunale veterinærtenester.
Registrerte avvik:	Påvist eitt avvik under ordning for regionalt miljøtilskot. Kommunen hadde utført klagehandsaming i sakshandsamingssystemet eStil, utan at klage eller handsaming var dokumentert eller journalført.
Oppfølging av avvik:	Kommunen er bedt om å utarbeide nye sakshandsamingsrutinar, og har fått ny frist til 4.3.2016 for endeleg tilbakemelding. Kontrollen er ikkje avslutta og vil bli følgd opp i 2016.

Kommune:	<b>Hareid kommune</b>
Orninger/omfang:	Organisering av interkommunale landbrukskontor, jf. koml. kap. 5. Omfatta felles landbrukskontor for Hareid, Ulstein og Herøy kommune.
Registrerte avvik:	Ulovleg organisering. Felleskontor organisert som interkommunalt styre og tildelt vedtaksmynde i strid med koml. § 27 nr.1.
Oppfølging av avvik:	Kommunane har i brev 2.12.2015 orientert at ein vil starte arbeid med omorganisering. Det er venta at dette vert gjort som ledd i anna organisasjonsarbeid, herunder kommunereforma. Kontrollen av avslutta på bakgrunn av orienteringa.

Kommune:	<b>Norddal kommune</b>
Orninger/omfang:	NMSK: tilskot til skogkultur og kommunal føretakskontroll, tilskot til vegbygging og drift med taubane, hest o.a.
Registrerte avvik:	Forvaltningskontrollen avdekte ikkje forhold som gav grunnlag for avvik.
Oppfølging av avvik:	Kontrollen er avslutta utan oppfølging.

Kommune:	<b>Norddal kommune</b>
Orninger/omfang:	Erstatning for avlingssvikt. Søknader 2014
Registrerte avvik:	Påvist to avvik. 1)Kommunen hadde ikkje utført stadleg kontroll etter utbetring av innmeldte vinterskader på eng. 2) Kommunen kontrollerte ikkje arealopplysningar opp mot søknad om produksjonstilskot.
Oppfølging av avvik:	Rapporteringa gjeld oppfølging av forvaltningskontroll gjennomført i 2014. Kommunen har i 2015 utarbeidd ny skriftleg handsamingsrutine for ordninga. Avvika er lukka på bakgrunn av kommunen si orientering.

Kommune:	<b>Stranda kommune</b>
Orninger/omfang:	1)Produksjonstilskot; tilskot til dyr på beite (12/16 veker), tilskot til dyr på utmarksbeite. Søknadsomgangen august 2015. 2) Stimuleringstilskot kommunale veterinærtenester.
Registrerte avvik:	Kontrollen avdekte ikkje forhold som gav grunnlag for avvik.
Oppfølging av avvik:	Kontrollen er avslutta utan oppfølging.

Kommune:	<b>Tingvoll kommune</b>
Orninger/omfang:	NMSK: tilskot til skogkultur og kommunal føretakskontroll,tilskot til vegbygging og drift med taubane, hest o.a.
Registrerte avvik:	Påvist eitt avvik under ordninga skogkultur. Kommunen sikra ikkje skogeigar si underskrift på søknad om tilskot. Utbetaling skjedde på grunnlag av rekning frå samvirke.
Oppfølging av avvik:	Kommunen fekk frist til 20.1.16 til å melde tilbake kva endringar som er gjort i rutinar eller retningslinjer for å lukke avviket. Kontrollen er ikkje avslutta og vil bli følgd

	opp i 2016.
Kommune:	<b>Vanylven kommune</b>
Orninger/omfang:	1)Produksjonstilskot: tilskot til dyr på beite (12/16) veker, tilskot til dyr på utmarksbeite. Søknadsomgangen august 2015. 2)Tilskot til avløysing ved sjukdom mv. Tilskot til avløysing ved sjukdom mv.
Registrerte avvik:	Påvist to avvik under ordning for sjukdomsavløysing. 1) Kommunen hadde i sakshandsaming nytta sjølvmelding som dokumentasjon på inntekt, i staden for godkjent likning. I enkeltsaker mangla dokumentert inntektsgrunnlag. 2) I enkeltsak hadde kommunen brukt feil sats ved trekk for sjukepengar. I same sak var tilskot utbetalt før sjukepengetrekk førelåg frå NAV.
Oppfølging av avvik:	Kommunen har gitt tilbakemelding på endringar av rutinar og iverksette tiltak i brev 5.1.16. Avvika er lukka på bakgrunn av kommunen si orientering.

Kommune:	<b>Vestnes kommune</b>
Orninger/omfang:	NMSK: tilskot til skogkultur og kommunal føretakskontroll, tilskot til vegbygging og drift med taubane, hest o.a.
Registrerte avvik:	Påvist to avvik. 1)Kommunen mangla formell delegering av vedtaksmynde til tilsette i administrasjonen. 2) Kommunen nytta ikkje standardisert søknadsskjema, og sikra ikkje skogeigar sin signatur på søknad om tilskot.
Oppfølging av avvik:	Kommunen har gitt tilbakemelding på endringar av rutinar og iverksette tiltak i brev 17.12.15. Avvika er lukka på bakgrunn av kommunen si orientering.

Kommune:	<b>Ørskog kommune</b>
Orninger/omfang:	Organisering av interkommunale landbrukskontor, jf. koml. kap. 5. Omfatta felles landbrukskontor for Skodje, Stordal, Sula, Ålesund og Ørskog kommune.
Registrerte avvik:	Kontrollen avdekte ikkje forhold som gav grunnlag for avvik.
Oppfølging av avvik:	Kontrollen er avslutta utan oppfølging.

**3. Gjennomførte foretakskontroller. Foretakene kan anonymiseres ved A, B, C etc.**

Foretak:	<b>A</b>
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot: husdyrtilskot sau over 1 år. Avløysartilskot. Omfatta perioden 2010-2013.
Hjemmel for kontroll:	Forskrift om produksjonstilskudd mv. i jordbruket §§ 10,13, jf. forvaltningslova § 35 c)
Registrerte avvik:	A hadde for heile perioden søkt og fått tilskot for drift med sau over 1 år, medan reell drift var enklare driftsform (utegangarsau).
Oppfølging av avvik:	Embetet gjorde vedtak om omgjering og krav om tilbakebetaling 28.9.15. Kravet vart lempa til 40 % av påvist avvik, og utgjorde kr. 182

avvik:	419,20,-. Vedtaket er påklaga og oversendt Landbruksdirektoratet for endeleg handsaming. Klagesaka er ikkje avslutta.
Foretak:	<b>B,C</b>
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot: driftsfellesskap. Omfatta perioden 2010-2013.
Hjemmel for kontroll:	Forskrift om produksjonstilskudd mv. i jordbruket §§ 10, 13, jf. forvaltningslova § 35 c)
Registrerte avvik:	B og C nekta å utlevere rekneskap/bokføring for kontroll, trass i fleire varsel og rettsleg forkynning om kontroll. Kontrollen vart ikkje gjennomført på grunn av manglande medverknad frå B og C.
Oppfølging av avvik:	Embetet gjorde vedtak om omgjering og krav om tilbakebetaling ovanfor B og C den 10.9.15 og 3.12.15. Krav utgjorde kr. 585 867,- for B og kr. 139 819,- for C. Vedtaket overfor B påklaga. Klaga er oversendt Landbruksdirektoratet for endeleg handsaming. Vedtaket overfor C er ikke påklaga, og saka er oversendt Landbruksdirektoratet for utferding av faktura.
Foretak:	<b>D,E, F</b>
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot: driftsfellesskap. Omfatta mogleg driftsfellesskap mellom D og E i perioden 1.1.13 til 1.8.15, og mellom D,E og F i perioden 1.8.14 til 1.8.15.
Hjemmel for kontroll:	Forskrift om produksjonstilskudd mv. i jordbruket § 10.
Registrerte avvik:	Kontrollen avdekte ikkje forhold som gav grunnlag for avvik.
Oppfølging av avvik:	Kontrollen er avslutta utan oppfølging.

#### 4. Andre kommentarer/ innspill:

Alle bruk med svin- eller fjørfeproduksjon i fylket er kontrollert ved datalister. Fylkesmannen har sendt ut tre vedtak om innkrevjing av standardisert erstatning, og i tillegg tre brev med varsel om overproduksjon eitt år som gjer at produksjonen må justerast ned det neste året.

## Resultatområde 23 Økt verdiskaping

### 23.1 Næringsutvikling innen jordbruk og bygdenæringer

«Beskrive kort tiltak for økt satsing innen landbruksbasert vare- og tjenesteproduksjon innenfor Regionalt næringsprogram»

Med regionalt næringsprogram som ramme samarbeider næringa om fleire tiltak for å løfte vare- og tenesteproduksjonen. Vi er tungt inne i Veivalgprosjekta som blir styrt av Tine, i prosjekt for å få større kjøttproduksjon basert på grovfor, og i eliteprogrammet Best på fôr som blir gjennomført i samarbeid med NLR og Tine. Denne lista er ikkje uttømmende.

#### Stort etterspørsel etter utviklingsmidlar

Fylkesmannen fekk i 2015 ei løysing på kr 4,8 mill. kroner til utøreiings- og tilretteleggingstiltak. I desse midla

Fylkesmannen fikk i 2015 en løyving på kr 7,6 mill. kroner til utgreiings- og tilretteleggingsmidlar. I desse midla gjekk det også inn dei tidlegare midlane til økologisk landbruk. Fylkesmannen løyvde 5,1 mill. kroner til utgreiings- og tilretteleggingsmidlar (inkludert inndregne midlar). Mesteparten av utgreiings- og tilretteleggingsmidla vert brukte til utviklingstiltak i landbruket sine egne organisasjonar. Midla vert brukte aktivt til å gjennomføre tiltak i landbruksmeldinga som vart vedteke i fylkestinget i 2012. Dette er blant anna prosjekt som skal auke rekrutteringa til næringa, fremje reiseliv og lokal matproduksjon, betre fôrproduksjonen og styrke mjølkeproduksjonen.

### **Høgt investeringsnivå i tradisjonelt landbruk – særleg mjølkeproduksjon og storfekjøtt**

Størstedelen av investeringsmidla, 23,6 mill. kroner, er løyvde til mjølkeproduksjon på storfe. Deretter kjem investeringar i oppdrett av anna storfe, 5,8 mill. kroner og lokalmat med 3,1 mill. kroner. Det er løyvd 2,5 mill. kroner i tilskott til sauehald. Det er jamt stor etterspurnad etter investeringsmidla og særleg til investeringar i det tradisjonelle landbruket

### **Aukande marknad for lokal kvalitetsmat**

Det skjer mykje positivt kring lokalmatsatsinga i Møre og Romsdal. Vi har over 100 lokalmat-produsentar her i fylket, og talet på både produkt og produsentar aukar. Vi har fleire lokalmatprodusentar som har markert seg nasjonalt, og fleire satsar på å vidareutvikle drifta si. Næringa har etter kvart blitt meir profesjonell, og tida er inne for å rette meir av ressursane inn mot vekst og strategiutvikling hos etablerte produsentar.

### **Mobilisering i matnettverk**

Felles for dei fleste produsentane i Møre og Romsdal er at dei får selje alt dei produserer. Dei viktigaste marknadene er egne gardsutsal og horecamarknaden, både i og utanfor fylket. Men sal på torg, messer er butikk er også viktig for mange.

I tillegg til det tradisjonelle partnerskapet har fylkesmannen også støtta Hanen Møre og Romsdal, Bondens Marknad Møre og Romsdal og ein del regionale nettverk, slik at dei kan utvikle organisasjonane og verte meir attraktive salsorganisasjonar for sine medlemar. Vi har mange gode samarbeidspartnarar i arbeidet for ei styrka satsing på lokal mat. I tillegg til det regionale partnerskapet med Fylkeskommune, Innovasjon Norge, Hoppid har vi viktige regionale kompetansmiljø som Matnavet i Midt-Norge, Matkontaktane, Klippfiskakademiet og avdelingsleiararane ved restaurant-og matfag og dei vidaregåande skulane. Kvar vinter arrangerer vi fagdagar for lokalmat, dvs. MRmat i Møre og Romsdal. Kursa er ein del av Matnavet i Midt-Norge sitt kompetansetibod, så Matnavet har det faglege ansvaret. MRmat er eit to-dagars tilbod med praktiske kurs om produksjon, servering og sal av lokale mat- og drikke-spesialitetar. I 2015 arrangert i MRmat på Fræna vgs. og på Hustadvika Gjestegård. Det var rekordstor deltaking med over 60 produsentar og 30 elevar.

### **Mat og reiseliv**

Samarbeidet med Matnavet, fylkeskommunen og næringsaktørane er godt og fylkesmannen har dei siste åra teke initiativ til arrangement og fellestiltak som kan fremje samarbeidet mellom reiselivet og lokalmat-næringa. Dei tre siste åra har Møre og Romsdal vore utstillarar på IGW saman med dei tre andre fjord-fylka, og fylkesmannen har invitert aktuelle aktørar innan landbruk, lokalmat og reiseliv til felles deltaking på regiondagen. I 2015 var ikkje fjordfylka invitert som utstillarar på IGW, men Møre og Romsdal deltok likevel med ein liten delegasjon på regiondagen. Både Møre og Romsdal Bondelag, Klippfiskakademiet, Borgund vgs. (Restaurant – og matfag) og Den Norske Matfestivalen i Ålesund var representert, og vi ser klart at desse møta har gjeve resultat i form av tverrfagleg kompetanse, inspirasjon og auka motivasjon for å samarbeide om tiltak og arrangement på heimebane. Turen til IGW i 2015 fungerte også som ei oppfølging av konferansen om lokalmat og reiseliv under Den Norske Matfestivalen i 2014.

### **Mat og kulturlandskap**

I april var fylkesmannen med på å arrangere eit eige seminar om kjekjøtt i samarbeid med Stranda og Norddal. Seminaret vart arrangert på bakgrunn av ynskje frå geitenæringa om å sjå nærare på potensialet for lønsam produksjon av kjekjøtt. Det var god oppslutning om seminaret som samla 36 deltakarar frå ulike bransjar: Geitbønder, slakteribransjen, foredlingsindustri, lokalmatprodusentar, kokkar, hotellnæringa og rådgjevingstenesta.

### **Gylne Måltidsøyeblikk**

Då vi fekk i oppdrag å arrangere måltidskokurransen «Gylne måltidsøyeblikk», oppretta fylkesmannen ei tverrfagleg arbeidsgruppe for å planlegge arbeidet, der både landbruk og helse- og sosial-avdelinga var med. Arbeidsgruppa oppretta så ein jury etter kriteria frå LMD. Tiltaket vart gjennomført som forutsatt, med god pressedekning og god kvalitet i konkurransen.

### **Økologisk landbruk (Denne teksten ligg også på 24.5 - Økologisk jordbruk)**

Det økologiske miljøet i Møre og Romsdal er lite, og investeringsviljen i økologisk landbruk har ikkje vore stor

dei siste åra. Slik dette er pr. 2015, synes det vanskeleg å tyne opp nasjonale ambisjonar på området. I denne situasjonen har Fylkesmannen lagt vekt på å jobbe næringsutvikling med fokus på lokal foredling og sterkare samordning med lokalmat-satsinga. Fleire av produsentane av lokalmat har også det økologiske perspektivet, men denne koblinga synes å bli svakare – ikkje sterkare. Samarbeidet med NORSØK er godt. Det økologiske miljøet i Møre og Romsdal er ikkje stort, og rekrutteringa er svak.

I tillegg har vi vore aktive med informasjonstiltak for å få fokus på økologisk jordbruk mellom barn og unge. Møre og Romsdal dei siste åra hatt særleg fokus på økologiske skulehagar. Vi har gjeve tilskot til oppstart og utviklings av slike prosjekt. NORSØK (tidlegare Bioforsk Økologisk) på Tingvoll har vore ein god medspelar på kompetanseutvikling og praktisk tilrettelegging av skulehagar. Interesse for andelslandbruk er fortsatt til stades. Fleire nye har vore under utvikling i 2015.

### **Innovasjonscamp**

Samarbeid med "Ungt Entreprenørskap" i Møre og Romsdal knytt til fylkeskommunen har Fylkesmannen si landbruksavdelinga vore vertskap, laga oppgåver og vore rettleiar for 3 vekesprosjekt på innovasjonscampar i ein ungdomsskule. I tillegg har vi vore bidragsytar på laging av oppgåver og jury til innovasjonscamp som har strekt seg over ein dag på to vidaregåande skular her i fylket. Skulane og elevane gjev veldig positive tilbakemeldingar på dette arbeidet så dette er ein nyttig aktivitet for å sørge for rekruttering til landbruket..

### **«Beskrive tverrsektorielt samarbeid og resultat i arbeidet med Inn på tunet generelt og Inn på tunet-løftet i kommunene spesielt.»**

**Inn på tunet** Tilbydarnettverket "Inn på tunet Møre og Romsdal" vart stifta i 2014. Dette nettverket har fått midlar frå Fylkesmannen for å utvikle organisasjonen. Nettverket har gjeve oppdrag til ein prosessutviklar utanfor nettverket til å vere prosjektmedarbeidar/konsulent og utføre konkrete oppgåver i samband med bygging av organisasjonen. Medlemstalet er aukande. Fylkesmannen er observatør i styret og deltakar i arbeidsgruppe som arbeider med utvikling av organisasjonen.

Kommunane Stranda, Sykkylven og Norddal har i eit prosjektsamarbeid med Byrg Kompetanse AS og ein Inn på tunet bonde fått skjønsmidlar frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal til å utvikle samarbeidsmodellar for aktivitets- og arbeidsretta tenestar. Byrg skal vere koordinator og det skal søkast eit best mogleg samarbeid med Inn på tunet næringa i dei aktuelle kommunane for å utvikle tenestetilbodet til kommunane på ein innovativ og kvalitetssikra måte.

Vi har ikkje nådd ønska tal godkjente Inn på tunet bruk og arbeider fortsatt for å få auke dette talet. Talet på bønder i næringa synes stabilt, men få nyetableringar gjev nedgang på sikt då det vil vere ein viss del av tilbydarane som sluttar å drive av ymse grunnar. Den lille auken på tal nyetablerarar fører med seg minkande etterspurnad etter utdanning på området. Kommunane etterspør kunnskap om Inn på tunet som ordning og tilbod i liten grad.

### **«Utarbeide oversikt over antall årsverk i landbruksforvaltningen i kommunene og i Fylkesmannens landbruksavdeling per 31.12.2015. Oversikten presenteres i årsrapporten»**

Møre og Romsdal har 36 kommunar, og 25 «landbrukskontor». Til saman hadde desse kontora 44 årsverk, medrekna utmarksforvaltning og sekretariat for viltneemnder mv. Fylkesmannen Landbruksavdelinga har 18 årsverk.

### **«Beskriv hvilke tiltak som er gjennomført for å styrke kommunenes arbeid innenfor landbruks- og matområdet, herunder omfanget av den landbrukspolitiske dialogen med kommunene og det landbrukspolitiske engasjementet i kommunene.»**

I tillegg til tiltaka som er nemnt under rapporten for 1144.77 blir kommunane invitert spesielt til landbrukspolitisk konferanse som går på vår kvart år. Vi samordnar arbeidet med næringsutviklinga, slik at landbruksforvaltninga kan spele på verktøykassa som blir disponert av Hoppid kontora. I 2015 starta vi prosess med nokre kommunar i framkant av kommunereform (sjå under).

### **«Beskriv prioriteringer og konkret bruk av midler over kap. 1144 post 77 Regionale og lokale tiltak i landbruket til kommunerettet arbeid, inkludert en regnskapsmessig oversikt og vurdering av arbeidet.»**

Midlane til kommuneretta arbeid (160 000) vart i 2015 brukt til 3 tiltak,

**Fagsamling tilskot, 12. august 2015                      Kr 43 954**

Alle kommunane blir invitert til dagssamling i august. Temaet er regelverk og sakshandsaming knytt til PT, RMP og avløyning, samt gjennomgang av regelverk og rutinar i samband med føretakskontrollane. Alle 36 kommunane deltok på arrangementet som gjekk over ein dag. Kurs, utveksling av erfaringar og praktiske øvingar. Denne samlinga er fast kvar haust, og heilt nødvendig for å få god kvalitet i forvaltinga av PT og RMP.

**Forvaltningssamling for kommunane , 13. og 14. oktober 2015                      Kr 112 896**

Alle kommunane deltok på lunsj til lunsj samling. Vekt på arealforvaltning, særlovene i jordbruket og forvaltningslov. Andre tema var kontroll (både forvaltningskontroll og føretakskontroll), samt erfaringar frå prosjekt i Nordland (driveplikt etter jordlova). Vellykka arrangement.

**Prosess Landbruksforvaltning 2020 (fleire møter)                      kr 4757**

Fylkesmannen har tatt grep for å synleggjere landbruksforvaltninga i samband med kommunereformprosessen. Arbeidsgruppa kartlegg og eksponerer det kommunale landbruksoppdraget. Arbeidet vart ikkje ferdig i 2015, og blir vidareført i 2016. Beløpet vart brukt til å dekkje kostnader for kommunetilsette som deltok i arbeidet. Førebuingane til kommunefusjonar er strategisk og praktisk svært viktig for kommunal landbruksforvaltning, og vi vil med dette prosjektet synleggjere oppgåver og tilsette slik at landbruk ikkje blir salderingspost når dei nye organisasjonane skal etablerast. Viktig men vanskeleg arbeid.

## **23.2 Skogbruk**

### ***Skogkultur:***

Areal med tilplanta areal har auka markert dei siste åra. I 2015 blei det planta 3124 da. Dette er berre litt meir enn føregåande år, men det var da ekstraordinær planting grunna frosttørke. Det er ikkje planta så vidt mykje sidan år 2001. Det er nesten berre gran som vert planta. Auken i plantetal kjem som følge av auka hogst, og ikkje av skogreising. Foryngelses- og resultatkontrollane viser at avverka areal i hovudsak vert planta til att. Vi ventar tre vekstsesongar med planting grunna oppblomstring av gransnutebille i åra etter hogst, og nokre felt er derfor ikkje tilplanta på kontrolltidspunktet. Dette gjer og at auken i planta areal kjem noko seinare enn hogstauken.

Det er utført ungskogpleie på 3901 da. Dette er ca. 1000 da meir enn i 2014. Behovet for ungskogpleie er nok likevel langt større.

Men aukande skogkulturaktivitet trass uendra statleg tilskotspott viser at skogeigarane brukar meir eigne midlar (m.a. skogfond) og at kommunane har sett ned tilskotssatsane.

Aktiviteten innan skogkultur heng tett saman med kva for kommunar som sett inn ekstra ressursar til å arbeide med dette. Fylkesmannen arbeider for at kommunane skal samarbeide om å leige inn fagpersonar for å avdekke behov og utføre praktisk arbeid med tilgang på kompetent arbeidskraft.

Forynging og ungskogpleie er prioritert i høve til andre tiltak ved tildeling av NMSK-midlar til kommunane.

Det er nytta i 3,4 mill. kr. i tilskotsmidler til skogkultur, dvs. heile løyvinga, til skogkultur i Møre og Romsdal i 2015.

***Skogbruksplanlegging:*** Det er stor interesse for skogbruksplanlegging i fylket. Dei styrka sertifiseringskrava knytt til tømmerkjøparar gir oss store utfordringar med tanke på at det er liten dekning av skogbruksplaner med mis-registreringar. I Tingvoll kommune er skogbruksplanane levert skogeigarane og planprosjektet vert snart avslutta. I Sunndal kommune vil planane bli levert i år. Stranda, Norddal og Sykkylven kommunar har gjort avtale om skogbruksplanlegging som vil bli starta i år. Det same gjeld Halså og Aure kommunar. Rauma og Vestnes er i ein forprosjektfase med tanke på å etablere planprosjekt.

Alle prosjekta som blei sett i gong i fjor ga stort behov for tilskotsmidlar. Løyvinga i 2016 vil gå til prosjekt som allereie er i gong, og tilgangen på midlar vil derfor vere avgrensande for vidare aktivitet. Heile løyvinga til fylket, i underkant av 4,4 mill. kroner, blei løyvd til skogbruksplanprosjekt i 2015.

**Avverkning:** Det vart også i 2015 sett ny rekord for hogst i Møre og Romsdal, med totalt 282 000 m<sup>3</sup>. Dette er over dobbelt så mykje som i 2011 (132 159 m<sup>3</sup>). Andelen gran er aukande, med over 90 % av totalen. Dei føregåande åra har auka hogst kome dels som følgje av opprydding etter stormar, noko som ikkje er tilfelle i 2015. Skogreisinga etter krigen gjev no utslag i jamt høgare avverkning enn føregåande år.

Det vert no avverka gran over heile fylket, i motsetjing til tidlegare da det meste av hogsten føregjekk nord i fylket.

Allskog er den største tømmerkjøparen i fylket med om lag 77 % av volumet i 2015, medan Nortømmer har auka sin andel opp til 18 %.

Ei utfordring som har vore diskutert i fleire år, er hogst av ung skog. Skog som økonomisk og biologisk burde få stå 10-20 år lengre, men som av praktiske omsyn hos kjøpar og låg skogkompetanse hos seljar, blir hogd.

Utfordringane på infrastruktur syner seg gjeldande her i fylket, på skogsvegar, kommunale- og offentlege vegar. Under 20 % av dei kommunale vegane i fylket er godkjende for 50 tonns vogntogvekt eller meir. På fylkesvegane har opp mot 80 % av vegane vore godkjend for 50 tonn, men det vert store utfordringar for tømmertransporten da veglista og godkjende vogntogvekter justerast ned, utan god kommunikasjon med næringa.

**Skogsvegbygging:** Interessa for bygging av skogsvegar er framleis stor, og auka hogstaktivitet synleggjer behovet. Det er framleis stort ønske om planlegging og utbygging av skogsvegar, og det er aukande fokus på hogstmoden skog til grunn føre vegbygging og drift, noko som på kort og lang sikt skal betre skogeigars økonomi og virkesflyten i fylket.

Utfordrande terreng og kostbare prosjekt aukar behovet for god planlegging og det trengs fokus på området, da det innimellom er store sprang mellom prosjekterte kostnader og kostnad pr meter ved ferdig vegprosjekt.

Det er løyvd om lag 6,1 millionar til bygging av skogsvegar i Møre og Romsdal i 2015.

**Tilleggsløyving:** Fylket vart tildelt ei tilleggsløyving sommaren 2015 på kr 900 000 etter synleggjering av behov og investeringsønskje i fylket. På slutten av året gjorde Landbruksdirektoratet ei omfordeling av ubrukte midlar til ikkje fulldekte vegprosjekt, og på tampen av året vart det løyvd 360 000 kr til slike prosjekt i Møre og Romsdal.

Det er løyvd om lag 4,4 millionar til driftstilskot i 2015 og med brev om avvikling av tilskot til gravedrifter frå Landbruksdirektoratet 23.03.2015, vart det løyvd 1,4 millionar til slike drifter med krav om at dei vart avslutta i løpet av året. Om lag 400 000 kr i førehandsløyve til gravedrifter er trekt inn, da driftene ikkje vart gjennomført ut innan utgang 2015. Krav om ferdigstilling av gravedrifter på 2015 var tydeleg formidla til alle aktørar i fylket da krav om avvikling kom.

Til taubanedrifter er det i 2015 løyvd 2,67 millionar, og siste rest av uavklara Dagmar tilskot utgjorde i 2015 kr 309 000

Driftstilskot er redusert med omlag 800 000 kr frå 2014 til 2015.

**Hovudplan for skogsbilvegar:** Arbeidet er satt i gang igjen, og gjennom eit prosjekt med ein masterstudent frå NMBU sommaren 2015, vart det gjort ei revidering/rekartlegging av alle dekningsareal utan tilfredsstillande vegløyving i fylket. Test for analyse vart innsendt til Nibio og ut frå denne er resten av plankarta no innsendt for analyse med mål om ferdigstilling av planane i 2016.

**Bioenergi og trebruk:** Se rapportering 24.2

## Resultatområde 24 Bærekraftig landbruk

### 24.1 Samfunns- og arealplanlegging

## Jordvern og kulturlandskap

KOSTRA-tal for 2014 viser at det vart omdisponert 783 dekar dyrka og dyrkbar jord, til anna enn landbruk. Dette er fordelt på 463 dekar dyrka og 320 dekar dyrkbar jord, ei stor auke frå 2013 som var på totalt 688 dekar og 334 dekar dyrka og 354 dekar dyrkbar jord.

I arealsaker har vi på vegne av landbruksinteressene hatt motsegn på 5 av 19 kommune(del)planer og 1 av 34 reguleringsplaner, og vi har klaga på totalt 4 dispensasjonsvedtak.

Det er ei pedagogisk utfordring å formidle at eit sterkt jordvern er framtidssretta arealforvaltning då fleire og fleire matprodusentar legg ned verksemda og i staden vil byggje bustadar og næring på landbruksjorda som ikkje vert drive lenger. Vi grunngjev ofte med at Stortinget og regjeringa har krav om auka matproduksjon og sjølvforsyningsgrad, den globale usikkerheita med klimaendring og tap av landbruksareal, og at sjølv om ikkje matjorda lenger er i aktiv drift, så er det jordsmonnet ein skal bevare som ein framtidig ressurs.

Framleis så er det ei utfordring at regulering ofte er grunneigarstyrt og at andre samfunnsmessige interesser vert vektlagt sterkare enn jordvern gjennom dispensasjonssaker i LNF-område. Ei anna utfordring er å finne grensa for motsegn og klage, særskilt etter signalet om større vekt på lokaldemokratiet.

For 2015 har vi hatt auka fokus på arbeidet med tydelege tilbakemeldingar gjennom oppstart av planarbeid i kommunane, der vi har signalisert og spesifisert kva vi særskilt forventar i planomtalen/konsekvensutgreiinga. Dette gjer det lettare for kommunane i sine vurderingar jf. jordvernsyn og for vår vurdering i etterkant i høve innslagspunkt for motsegn. Vi deltek i planforum for å komme tidlig inn i prosessen, og vi prioriterer å dra på synfaring med kommunen før eventuell motsegn/klage. Vi inviterer/oppmodar kommunane til avklaringsmøter i etterkant av offentleg høyring, og på det grunnlag er alle motsegner, bortsett frå kommuneplan Sande, vorte løyst for mekling.

## Utvalde kulturlandskap: Fjellgardane og seterdalane i Øvre Sunndal

I 2015 fekk området i Øvre Sunndal tildelt kr. 850.000 til skjøtsel, drift, vedlikehald, restaurering, investering m.v. (Forskrift 630 hj. 02 ) Kort oppsummert vart midlane nytta slik: Skjøtsel av areal: kr. 271.488, bidrag til dyr på utmarksbeite kr 232.980. Det resterande , kr 345.490 er løyvt til registrering og restaurering av bygningar, informasjonstiltak, m.m. Restaurering av bygningane i Svøu har halde fram.

Det er 5 aktive brukarar som driv areala på 21 bruk i området og dei skjøttar 772 da dyrka areal og innmarksbeite. Dei brukarane som ikkje har husdyr skjøttar 41 da. I alt er det omlag 100 da med ulike naturbasefigurar.

Husdyrholdet på dei 5 aktive bruka innafor området er: 1 bruk med ammekyr , 1 bruk med melkeproduksjon på storfe pluss sau, 1 bruk med sau pluss litt storfe, 2 bruk med sau.

Det er no inngått 17 avtaler i alt. 5 av disse avtalene gjeld aktive brukere som har både skjøtsel av areal og dyr på utmarksbeite. 3 avtaler er bare for skjøtsel av areal. I tillegg er det 7 brukere som har dyr på utmarksbeite i området, 3 av disse er grunneiere, 4 leier beite. 2 nye avtaler i år gjeld grunneiere som har fått innvilget tilskudd til restaurering av bygningar og en avtale om sankegarde for storfe. I alt var det 2958 sauer og lam og 185 storfe som vart slepte på utmarksbeite i området i 2015. Det er gjennomført setring på Gammelsetra i Grøvdalen som tidlegare år.

Dei ekstra skjøtelsbidraga gjennom ordninga for utvalde kulturlandskap er svært viktige for å oppretthalde drift på bruka i området. Det er også veldig gledeleg at det på øverste bruket Røymo er bygd ny stor sauefjøs. To nye og sikre bruer i Åmotan vart ferdige i friluftslivets år 2015. (Tilskotsløyving 2014)

Det vil vere viktig å kunne formidle verdiane desse områda har til "utsida" av landbruksnæringa. Det er ønskeleg, men krevjande, å få etablert ny næringsvirksomheit i området.

## Verdensarvområdet Vestnorsk fjordlandskap Geirangerfjorden:

Verdensarvområdet Vestnorsk fjordlandskap Geirangerfjorden / Herdalen fekk i 2015 tildelt kr 1.225.000 gjennom Landbruksdirektoratet og kr 1.000.000 frå Miljødirektoratet, til saman kr 2.225.000 (Forskrift 485). Av desse midlane gjekk kr 927.024 til arealbidrag og kr 1.046.500 til beitebidrag. Det er og gjeve støtte til andre tiltak som ekstra gjerding og ryddingsarbeid. Når det gjeld areal og/eller beitebidrag har vore utbetaling til 60 ulike foretak. Satsane til areal og beitebidrag har vore uendra alle åra. Skjøtta areal er 1335 da. Det er ein liten auke i forhold til året før. For heile verdensarvområdet har det vore små endringar i dyretalet, men ein liten nedgang på sau og lam og ein liten auke på geit og kje. Dvretal i alt for heile området: Sauer og lam: 3548, geiter

og kje 2569, hestar 31 og storfe 220. I sjølve Geiranger har det vore ein svært liten auke når det gjeld småfe, men storfe er det er ikkje att i bygda. I dag er det berre eitt bruk att i Geiranger som driv mjølkeproduksjon på geit.

Det er ei utfordring å oppretthalde jordbruksdrifta på ein del av areala i Geiranger. Verdensarvmidlane er såleis svært viktige for å oppretthalde aktivitet. Driftsbygningane, spesielt i Geiranger, er nedslitne. Gode investeringsordningar til driftsapparatet vil derfor vere avgjerande. Ei gruppe er i gang med å vurdere om det kan vere mogeleg å få bygd ein ny stor driftsbygning til småfe. Vanskane med rekruttering innan landbruket er minst like store innafor verdensarvområdet som andre stader i nærområdet. Fylkesmannen har god kontakt med brukarane i området og det er godt samarbeid med kommunane Norddal og Stranda. Arbeid for å koble satsinga på kulturlandskapet i verdensarvområdet enno tettare opp mot innsatsen på reiseliv og kultur er viktig.

## 24.2 Klimautfordringene

### Utfordringar i arbeidet..

Utfordringane som gjer at vi ikkje får større trykk er lav pris på alternativ energi, og restriksjonar på bruk av biorest til jordbruk. Dette er problematisert der det er aktuelt å kombinere avfall med marint opphav med husdyrgjødsel. Låg kompetanse om industriell bruk av tre blant utbyggjar, arkitekt planleggjar og entreprenør. For låg utviklingstakt og innovasjonsgrad blant treindustrien.

### Biogass

Det er stor oppmerksomheit rundt biogassanlegg som delvis er basert på husdyrgjødsel. FMLA er tett på arbeidet med forsøksgeneratoren ved NORSØK, og vi er integrert i energiarbeidet gjennom fylkeskommunen.

### Reduksjon av klimagassar til luft

Reduserte utslepp til luft har fått brei plass i det regionale miljøprogrammet. Av ei totalramme på 17 mill kroner setter vi av ca 7 millionar til "miljørett" spreining av husdyrgjødsel. Vi trur at tiltaka gjennom miljøprogrammet har ført til ein varig endring av praksis til tidlegare spreining, og dermed reduserte utslepp. Fylkesmannen er også deltakar i fleire klimarett FoU prosjekt. Kartlegging av parametere som påvirker emisjon av lystgass (Norsøk), og forsøk med omgraving av myr (NIBIO, prosjekt Drainimp) er dei to tydeligaste eksempla.

### Infomidlar Klima- og miljøprogram

Disponible midlar 2015 var kr 253.811. Midlane var utlyste og løyvde på 5 tiltak. Største løyvinga, kr 89.750, gjeld evaluering av tidlegspreining av husdyrgjødsel, RMP. Vidare er det løyvd midlar til heftet 'Overskotsmasser, problem eller ressurs', prosjektet 'Berekraftig/miljøvenleg landbruk i Eidsdal', prosjektet 'Berekraftig matproduksjon i eit beiteland' og til fylkesmannen sin kulturlandskapspris.

### Bioenergi

*Aktivitet/status:* Gjennom bedriftsnettverket «Innovasjonstre» for treindustrien på Nordmøre har det blitt arbeidet med produksjon av brenselstflis frå 3 sagbruk. Fagturar og berekningar er gjennomført for kunstig tørking av flis. Forventa avgjerd frå sagbruka er i løpet av våren 2016, potensielle kundar er lokale anlegg. I tillegg har eit anna sagbruk i Ørskog kommune bygd tørkeanlegg for brenselstflis og investert i flisfyringsanlegg. Ved Tine sitt anlegg i Elnesvågen er det ved årsskiftet 2015/2016 opna eit nytt flisfyringsanlegg med eit årleg flisbehov på om lag 20.000  $\text{lm}^3$ . Anlegget har lokal flisleverandør. FMMR sin rolle er rådgjeving og legge til rette for auka kompetanse blant involverte aktørar.

FMMR har tatt initiativ til å opprette eit prosjekt om auka gardsvarmeanlegg i fylket i samarbeid med NORSØK, Innovasjon Norge og Møre og Romsdal fylkeskommune. Målet er at prosjektet skal bidra til oppretting av 10 nye gardsvarmeanlegg per år i den neste 3-års perioden. Søknadar om finansiering er sendt, men er enda ikkje avklart.

*Utfordringar:* Låge straumprisar er ei stor utfordring for lønnsmda til alternative energikjelder. I tillegg er fortsatt flismarknaden i fylket mangelfull som gjer at «import» frå andre landsdelar er nødvendig.

### Trebruk

*Aktivitet:* Prosjektet «Tredrivaren» er no finansiert for 3 nye år (2015 -2017). Tredrivaren er eit samarbeidsprosjekt med Innovasjon Norge, fylkeskommunen, Møre og Romsdal skognæringsforum, Møre og Romsdal arkitektforening og Trefokus. FMMR er prosjekteigar og bidrar med ei 30% stilling til prosjektleiing. Finansieringa av Tredrivaren kom først på plass hausten 2015. Prosjektet har mål om å auka bruke av tre og bidra til utvikling av regional treindustri.

---

I 2015 har det vore gjennomført ulike fagturar med tema som landbruksbygg, idrettshallar og forretningsbygg i

tre. Fagkveld om landbruksbygg i tre og ulike foredrag for å synleggjere potensialet for auka bruk av tre er gjennomført. Kontakt med ulike utbygningsprosjekt og oppfølging av bedriftsnettverket Innovasjonstre på Nordmøre. Innovasjonstre arbeider med fleire FOU prosjekt i dei ulike bedriftene og ser nærmare på ulike tiltak for å betre bedriftane si konkurransevne. Tre drivaren arbeider med ei bedrift på Nordmøre som ser på mulighetene for oppretting av ny foredlingsindustri, der blant anna produksjon av protein frå skog til fiskefôr inngår.

Nytt magasin og utstillingsbygg ved Romsdalsmuseet i Molde er bygd i tre og blir opna februar 2016. Påbygget til Grøn Fjordsenter i Geiranger er bygd i massivtre og er tatt i bruk i 2015. Nye Romsdal VGS i Molde er vedtatt bygd i massivtre (byggstart 2016). I tillegg er eit leilegheitsbygg i Stranda i massivtre under bygging. Det er i tillegg stor interesse for bruk av tre i landbruksbygg. Nytt for 2016 er at vi legg inn økonomiske stimuli for å få meir bruk av tre i driftsbygningar (næringsprogrammet)

### **24.3 Produksjon av miljøgoder og reduksjon av forurensninger**

Miljøprogrammet er det viktigaste verktøyet vi har. Etter endringane i 2013 har RMP blitt langt meir målretta mot klima og avrenning. Vi har klart å få ei varig endring i praksis rundt gjødselspreiing, og vi arbeider no med å dokumentere effektane. Vi opplever også at legitimiteten rundt RMP har blitt langt større mellom bøndene. Vi arbeider med å integrere RMP tettare i arbeidet med vannforskrifta, og ser mellom anna på mulighetene for å følgje opp erosjonsutsatte område spesielt. Omlegginga av RMP har vore ein suksess, men samtidig må det arbeidast meir med gode rutiner for kontroll av ordningane. Tidspunkt for spreining er naturlegvis vanskeleg å kontrollere i ettertid - dette må gjennomgåast i 2016.

Tilskot til drenering har hatt god effekt - aktiviteten har tatt seg merkbart opp, sjølv om tilskotet berre dekkjer ein ubetydeleg del av kostnadane. Vi er usikre på om etterspørselen kjem til å halde seg oppe på same nivået.

#### **Regionalt miljøprogram for Møre og Romsdal**

Profilen i Regionalt miljøprogram vart vart endra i revisjonen frå 2013. Fokuset på skjøtselstiltak vart svekka, og ressursar vart flytta til miljørett handtering av husdyrgjødsel. Desse endringane vart gjort i nært samarbeid med faglaga, og effektane av tiltaka er langt bedre enn kva vi kunne håpe på. Fleire bønder er i posisjon til å søkje RMP, og statusen til programmet har blitt langt bedre. Endringane har markert bidratt til meir miljørett bruk av husdyrgjødsel. Vår konklusjon er at omlegginga har gjort RMP til eit potent verktøy for å løfte miljøstandarden i landbruket. Dei aktuelle tiltaka er tidlegare spreining (før 10. august), og bruk av tilførselsslantar. Behovet for dispensasjonsøknadar har gått markert ned, Gevinsten er betre miljø, betre utnytting av gjødsel og sparte kostnader for bøndene.

Før søknadsomgangen i 2013 rekna vi med at det kunne bli søkt om tilskot til tidleg spreining på 50 - 70.000 dekar, men det vart søkt om tilskot til tidleg spreining på heile 108.000 dekar og bruk av tilførselsslantar på om lag 10.000 dekar i 2013. I 2014 har dreininga i retning av meir miljørett bruk av husdyrgjødsel halde fram. Det vart søkt om tilskot til spreining om lag 152.000 dekar, og det vart brukt tilførselsslantar på omlag 18.400 dekar. I 2015 ser det ut til at det er godkjent om lag 127.000 dekar tidleg spreining, og 19.500 dekar med tilførselsslantar. Kald og våt vår kan kanskje forklare at arealet for tidleg spreining har gått ned.

Samarbeidet med næringa og andre forvaltningsorgan om miljøvirkemidla er godt. Vi har lagt opp til tettare samarbeid med Miljøvernavdelinga på fleire punkt, m.a. utslepp til luft, avrenning, hekkeplassar for utryddingstrua arter, skjøtsel av artsrike slåtteenger og skjøtsel av kystlynghei. Vi har utvikla dette samarbeidet vidare i 2015 med skjøtsel av kystlynghei og forankring av enkelttiltak mot vassrammedirektivet.

Det ser ut til at regelverket blir både forstått og fulgt. Ingen dispensasjonar og berre ei klage vart behandla i 2015.

#### **Særlege miljøtiltak i jordbruket (SMIL)**

Møre og Romsdal fekk tildelt kr. 5.300.000 til SMIL ordninga i 2015. I tillegg kjem midlar overførte frå 2014 og noko inndregne midlar gjennom året. Mesteparten av inndregne midlar er løyvde på nytt. Nordre Sunnmøre landbrukskontor, som har 5 kommunar, fekk tildelt ei rammetildeling. (samla kr 260.000). Dette gav fleksibel bruk av tilskotsmidlane i desse kommunane.

Samla løyvingar frå kommunane er slik: Forskrift 500: Spesielle tiltak i kulturlandskapet: 180 tilsagn, kr.5.266.379. Forskrift 034: Investeringsstilskot til miljøtiltak: 20 tilsagn, kr 878.925. Forskrift 207 hjemmel 02: Områdetiltak : 1 tilsagn, i alt kr 20.000. Samla tilsagn for desse tre ordningane er kr.6.165.304. Løyvingar til saker som gjeld biologisk mangfald er omlag som tidlegare år. Det kan vere vanskeleg for kommunane å

Det var 2 klagesaker innafør SMIL-ordninga dette året. Kommunen sine vedtak vart oppretthaldne. Ansvaret pr 31/12-15 var kr 17.043.886. (Kr 18.584.976 året før) Fylkesmannen arbeider vidare med å få redusert størrelsen på ansvaret og antal saker med overskriden arbeidsfrist.

Det er stor etterspørsel etter SMILmidlar. Ordninga er godt innarbeidd, og har godt omdømme mellom bøndene. Forvaltningsmessig er det krevjande å fordele så pass små midlar på så mange kommuner (36). Mange kommunar skal etter kvart revidere den kommunale strategien og dette gjev eit godt høve til å kople SMIL nærmare til RMP.

### Drenering av jordbruksjord:

Det er gjeve tilsagn om tilskot til drenering i 180 saker. Samla løyvd tilskot er kr. 3.394.930. (forskrift 505) Systematisk grøfting, profilering og omgraving utgjer ca 93 % av løyvinga, resten er anna grøfting og avskjeringsgrøfter. Arbeid på eige areal utgjer 83% av tilskotsbeløpet, 17% er på leigd areal. Tilskotsordninga utløyser investeringar på i størrelsesorden 30 mill.kr.

### Tilskudd fra regionalt miljøprogram utbetalt 2015 etter søknadsomgang 2014 - kroner utbetalt til hovedområder

Embeter	Kulturlandskap	Biologisk mangfold	Kulturmiljøer og kulturminner	Friluftsliv og tilgjengelighet	Avrenning til vassdrag og kyst	Utslipp til luft	Plantevernmiddel	Andre miljøtiltak
FMMR	6932305	549800	1996452	0	432500	7524582	0	0
<b>Sum</b>	<b>6932305</b>	<b>549800</b>	<b>1996452</b>	<b>0</b>	<b>432500</b>	<b>7524582</b>		

## 24.4 Økologisk landbruk

(også rapportert på 23.1)

Det økologiske miljøet i Møre og Romsdal er lite, og investeringsviljen i økologisk landbruk har ikkje vore stor dei siste åra. Slik dette er pr. 2015, synes det vanskeleg å fylle opp nasjonale ambisjonar på området. I denne situasjonen har Fylkesmannen lagt vekt på å jobbe næringsutvikling med fokus på lokal foredling og sterkare samordning med lokalmatsatsinga. Fleire av produsentane av lokalmat har også det økologiske perspektivet, men denne koblinga synes å bli svakare – ikkje sterkare. Vi har så langt ikkje fått særleg drahjelp frå ordninga med føregangsfylke, og ordninga har ikkje bidratt til å gi oss meir slagkraft. Samarbeidet med NORSØK er godt, og vi ser etter innsatsområde der vi kan dra gjensidig nytte av kompetanse og organisasjon. Det økologiske miljøet i Møre og Romsdal er ikkje stort, og rekrutteringa er svak.

FMLA har satsa på informasjonstiltak for å få fokus på økologisk jordbruk mellom barn og unge. Møre og Romsdal dei siste åra hatt særleg fokus på økologiske skulehagar. Vi har gjeve tilskot til oppstart og utvikling av slike prosjekt. NORSØK (tidlegare Bioforsk Økologisk) på Tingvoll har vore ein god medspelar på kompetanseutvikling og praktisk tilrettelegging av skulehagar.

Vi ser ei viss interesse for andelslandbruk. Fleire nye blitt etablert i 2015.

## Ressursrapportering

**Resultatområde Kapittel 0525 Fagdep.**  
 Oppgaver under LMDkr 11 578 072,82 kr 0,00  
 Sum: kr 11 578 072,00 kr 0,00

## Klima- og miljødepartementet

### Resultatområde 01 Naturmangfold

### Naturoppsyn/samarbeid med SNO på tvers av fagområde

Vi har eit godt og løpande samarbeid med SNO sett ut frå dei ressursane dei representerer. Innanfor gitte rammer har SNO gjort eit utmerka arbeid og profilert forvaltninga positivt. SNO har alt for små ressursar til å kunne føreta nødvendig tilsyn og skjøtsel. Vi ser behov for tettare oppfølging frå SNO, og når det gjeld melding av lovbrøt til politiet. Det blei sett inn forsterka oppsyn på Runde, og dette meiner vi bør vidareførast.

### Heilskapleg vassforvaltning

Vi er svært nøgd med at vi har fått tildelt ekstra midlar over ordinær ramme til arbeidet med vassforvaltninga. Dette har gjort oss i stand til å tilsette ein person i fast stilling, noko som gjev moglegheit for meir kontinuitet i arbeidet. Arbeidet med vassforskrifta er sett som ei varig oppgåve som vil krevje stor innsats òg dei neste åra framover og vidare mot neste planperiode. For å komme godt i gang med neste planperiode vil det vere spesielt viktig med fokus på forbetring av kunnskapsgrunnlaget.

Fylkesmannen prioriterer samordning internt og eksternt for å sikre ei best mogleg heilskapleg vassforvaltning innanfor dei ressursane som er avsett. Vi har god dialog med Fylkeskommunen og prioriterer å bistå dei med faglege råd i arbeidet som vassregionmynde.

Vi har hatt fokus på å forbetre kunnskapsgrunnlaget gjennom bruk av overvakingmidlar i kystnære sjøområder med store areal- og interessekonfliktar. Fylkesmannen har dei siste åra medfinansiert slik overvaking saman med fylkeskommunen, kommunar og aktuelt næringsliv. Vi har dei siste åra medfinansiert overvaking av Romsdalsfjorden som ein av fire nasjonale modellfjordar med fokus på vill anadrom fisk og påverknad frå lus. Vi har òg prioritert å bruke overvakingmidlar til å betre kunnskapsgrunnlaget i Bolgsvaet og Bolgvågen i Kristiansund kommune fordi dette er ein resipient med store interessekonfliktar.

Vurdering av påverknad frå akvakultur er ikkje inkludert i gjeldande vassforvaltningsplan. Det kjem venteleg med i neste planperiode.

### Miljøomsyn i vassdragsreguleringssaker

Desse sakene blir fulgt opp fortløpande. Vi har prioritert å dra på synfaring i dei fleste sakene og meiner vi har ei solid fagleg oppfølging av vassdragsreguleringssaker.

### Forvaltning av anadrome laksefisk og innlandsfisk

Vi er no ferdig med gjennomgangen av alle kultiveringsanlegga, med besøk på kvart anlegg og ein diskusjon om aktiviteten i åra framover. Vi har ut frå dette skaffa oss eit godt grunnlag for å oppdatere den fylkesvise kultiveringsplanen i 2016. Vi har set i verk tiltak for å betre fangstatistikken i utvalde vassdrag og har hatt møte med aktuelle elveeigarar/JFF om dette. Av spesielle tiltak vi har jobba med kan vi nemne biotopforbetrande tiltak i sjøaurevassdraga på Smøla, oppgangshindre i Bondalselva (Ørsta), Solnørelva (Skodje) og utbetring av fisketrapp i Rødalselva (Fræna). Ny fisketeljar vart set i drift i Vågsbøelva i Eide kommune. Denne viser seg å vere plassert feil i vassdraget og det er eit mål å få flytta denne i 2016. Fiskereglane etter anadrom laksefisk i Nåsvatnet vart endra i 2015.

### Reetablering i Raumaregionen

I 2015 vart det satt ut sjøaure og laks i alle dei 9 vassdraga i denne smitteregionen. Det gjeld elvene Måna, Innfjordelva, Istra, Rauma, Isa, Glutra, Litlelva, Breivikelva og Skorgeelva. All sjøauren er produsert i Herje genbank. Laksen er produsert i Haukvik genbank og i Hamre genbank. Totalt er det satt ut 2,5 million individ som rogn eller yngel, og der 1,8 million er laks og 700 000 er sjøaure.

I tillegg til at utsetting av laks er avgjerande for reetableringa av laks, er dette og viktig for at det skal kunne fangast lakseyngel for analyse slik at Raumaregionen kan friskmeldast.

### Herje genbank

2015 var eit utfordrande år ved Herje genbank. I forbindelse med bygging av Herje kraftverk skulle genbanken òg få ny og betre vassforsyning. Kraftverket vart ferdigstilt i 2015, men er no ute av drift etter at dei fikk brot på tilførselsrøret i september. Dette gjer at genbanken ikkje har fått på plass den nye vassforsyninga ennå. Førebuing på å ta ny vassforsyning inn i genbanken førte til vesentlege oppgraderingsbehov. I tillegg heva vi HMS-standarden og installerte kjøleanlegg for å kunne styre utvikling av rogn fram mot utsett. 2015 står att som året med størst investering sidan anlegget blei etablert for om lag 30 år sida.

### Fiskesperre i Driva

Vi organiserte møte i Regional koordineringsgruppe for smitteregion Driva 02.03. og møte i

Referansegruppa den 16.04. Etter at vi fekk midlar til prosjektstilling for regionen tildelte vi desse midlane til Sunndal kommune. Dei lyste ut stilling som Prosjektleder for bekjemping av Gyrodactylus salaris i Driva. Sunndal kommune lyste ut stilling i november. Person er tilsett og startar 1. mars 2016. Ny nettstad for Drivaregionen.no er utarbeidd og lansert.

### Forvaltning av vilt

Fylkesmannen har i stor grad handsama innkomne klager på tildeling av kvoter for hjortevilt for storviltjakta tok til, eller tidleg i jakta.

Det er fordelt kr 200.000,- i tilskot til vilttiltak. Vi har prioritert vidareføring av overvaking og kartlegging av hubro, havørn og grågås, samt gjeve tilskot til to ulike prosjekt som omhandlar overvaking av oter.

### Forvaltning av rovvilt

Fylkesmannen har handsama erstatningssøknader som omfattar 1095 sau tapt på beite i 2015. To tredelar av sauene er enten dokumentert eller sannsynleggjort drept av jerv, gaupe, kongeørn eller anna freda rovvilt, og får rovviltskadeerstatning.

Det vart utbetalt erstatning for 719 sauer i Møre og Romsdal i 2015. Dette er 198 færre sauer enn i 2014, då det vart erstatta 917 dyr. Ser ein attende på erstatningane dei siste ti åra, er det 2007 som står att som eit ekstremår med over 2200 erstatta sauer, medan tapa var lågast i 2012 med 579 erstatta sauer.

Erstatninga er ytt på grunnlag av sannsynleggjort eller dokumentert skade. 655 sauer er erstatta på grunn av jerveskade, 50 på grunn av gaupeskade, 11 på grunn av kongeørnskade og 3 på grunn av anna freda rovvilt. Rauma og Sunndal er dei to kommunane i fylket med flest rovviltskader. Tapa i desse to kommunane utgjør 67,5 % av det samla utbetalte erstatningsbeløpet for heile fylket. Det er jerven som er den store skadevaldaren i begge kommunane.

Det er fleire beiteområde med store sauetap som har fått dokumentert freda rovvilt som skadevaldar gjennom SNO sine kadaverundersøkingar. Tapa er forholdsvis godt dokumenterte i kommunane med store tap til jerv. Sjølv om talet på erstatningssøknader har gått ned i Møre og Romsdal i 2015 samanlikna med fjoråret, er talet på innmeldte kadaver til SNO sine rovviltkontaktar gått opp. I år er det ved obduksjon dokumentert at jerv har avliva totalt 40 sauer, gaupe har tatt 10, kongeørn 8 og freda rovvilt 1. I 2014 var det til samanlikning dokumentert 28 jerveskadar, 8 gaupeskadar, 8 kongeørnskadar og 20 ulveskadar.

### Forvaltning av villrein

Fylkesmannen har forvalta tilskotts- og driftsmidlar for Ottadalen villreinnemnd. Det er gjennomført ein anbodskonkurranse for sekretariatsordninga for villreinnemnda. Fylkesmannen har delteke på årsmøtet til villreinnemnda, og har bidrege til regional plan for Ottadalsområdet. Fylkesmannen har også bidrege i arbeidet med regional plan for Dovrefjellområdet, og har reist vesentleg innvending til delar av denne planen, jfr plan- og bygningslova § 8-4.

### Forvaltning av verneområde og oppretting av nye verneområde

Fylkesmannen har gjennomført tiltak for 1,35 MNOK i dei små verneområda. Dette gjeld informasjon, skjøtsel, fjerning av søppel, tilrettelegging og uttak av framande artar.

Det er ferdigstilt forvaltningsplanar for Oltervågen nr og Osen nr, og laga utkast til fleire andre.

Det er behandla 25 dispensasjonssaker i dei små verneområda, og det er gjeve løyve for 22 av dei, ein søknad fekk delvis løyve, medan to vart avslått.

Det viser seg at det blir gjort mange inngrep i verneområda utan løyve. Dette vert som oftast oppdaga i samband med forvaltningsplanarbeid og skjøtselstiltak. Fylkesmannen har følgd opp 2 ulovlege tiltak i naturreservat i samarbeid med SNO.

### Kulturlandskap

Nasjonalt verdifulle kulturlandskapsområde: Det er gjennomført re-kartlegging av naturtyper i kulturlandskapet i tre område; Grøvuassdraget, Tautra og Norangsdalen. Fylkesmannen har gitt tilskot til skjøtsel av naturbeitemarker på Tautra og Hustadvika.

Utvalde kulturlandskap i jordbruket: Godt samarbeid med landbruksavdelinga og kulturavdelinga hos fylkeskommunen, både når det gjelder metodikk, avtaler og rapportering.

Regionalt miljøprogram og SMIL: Vi har samarbeid med landbruksavdelinga om ei ny tilskotsordning til skjøtsel av kystlynghei gjennom Regionalt miljøprogram. Miljøvernavdelinga har ansvar for å inngå skjøtelsavtaler for kystlynghei og slåttemark, som det er stilt krav om. Miljøvernavdelinga har vore lite involvert i høve til SMIL-saker, men det er ein del arbeid med samordning av offentlege tilskot til kulturlandskapsforemål.

#### Forvaltning av trua og sårbare artar og naturtyper

Fylkesmannen har gitt tilskot til sjøfuglkartlegging, flaggermuskasser, sikring av krykkjekoloni i Ålesund, re-kartlegging av kystblåstjerne i Haram og kartlegging av sopp i samband med nasjonalt fagkurs i Molde.

Det er fordelt 2,1 mill. kr i til skjøtsel og utstyr frå tilskotsordninga for trua naturtyper.

Slåttemark og slåttemyr: 143 slåttemarklokaliteter (820 daa) og 2 slåttemyrlokalitetar vart skjøtta i samsvar med skjøtelsplan i 2015 (145 skjøtelsavtaler). 177 skjøtelsplanar er ferdigstilte i perioden 2010-2015. Gjennom handlingsplan for slåttemark (2010-2015) har vi lukkast med å få til aktiv skjøtsel på dei fleste A-lokalitetane i fylket (85 stk.).

Kystlynghei: Fylkesmannen har informert grunneigarar og kommunar om at kystlynghei vart utvald naturtype i 2015. Hittil er det inngått skjøtelsavtaler for 12 lokalitetar. Det er gitt tilskot til skjøtsel av 10 lokalitetar gjennom Regionalt miljøprogram og/eller tilskotsordninga for trua naturtyper i 2015. I tillegg pågår restaurering av kystlynghei i 3 verneområde, i samarbeid med Statens naturoppsyn.

Faggrunnlag for trua beitemarkssoppar i Noreg: Fylkesmannen i Møre og Romsdal har hatt ansvar for kartlegging av beitemarkssoppar også i 2015. Årets vel 300 funn blir tilgjengelege på Artskart innan 01.03.2016.

#### Framande organismar

Vi har godt samarbeid med 6 kommunar og Statens vegvesen om kartlegging av framande planteartar. Fylkesmannen i Møre og Romsdal har løyvt skjønnsmidlar til kommunane til kartlegging og utrydding av utvalde artar.

Det er tatt ut framande planter i verneområde, som sitkagran, gran, bergfuru, rynkerose og parkslirekne. SNO har drive storstilt fjerning av mink i Sør-Smøla landskapsvernområde. Vi har behandla 5 søknader om utsetting av utanlandske treslag. Alle søknadar er innvilga, og eitt løyve om sitkagran er påklaga.

Vi har ikkje prioritert arbeidet med å koordinere arbeidet mot framande artar utanfor verneområda.

## **Resultatområde 03 Friluftsliv**

#### Ivaretaking av attraktive friluftsområder

Dette følger vi opp løpande gjennom behandling av saker etter plan- og bygningslova og vassressurslova (vassdragssaker).

#### Fylkesmannen si rolle som grunneigar/rettighetshavar på vegne av staten i dei statlege sikra områda

Denne oppgåva følgjer vi opp fortløpande.

#### Forvaltning og drift av dei statlege sikra friluftsområda

Vi har prioritert dette feltet sterkare i 2015 enn på mange år, og har som del av VP for 2016 satt oss som mål å komme ajour med arbeidet på dette feltet.

#### Tilrettelegging for jakt og fiske

Vi har noko kontakt med kommunar for å få utarbeida forvaltningsplaner for grågås. Grågåsbestandane er for

store fleire stader i ytre strok, og er i ferd med å etablere seg og auke innover i fjordstroka. Gjeldande jakttider på grågås legg unødige hindringar i vegen for ei god forvaltning. Jakttidene opnar ikkje opp for utvikling av attraktive jakttilbod. Det vil seie at ordinær jakt ikkje er eigna til å styre bestandsutviklinga på ønskja måte.

Vi informerer om jakt på og felling av store rovdyr etter førespurnad. Fylkeslaget av NJFF har fått midlar frå FKT-potten for å arrangere jaktkurs på rovvilt.

## **Resultatområde 04 Forurensning**

### Skipsverft og sediment

Vi har brukt i overkant av eitt årsverk på denne oppgåva i år. Arbeidet med Borgundfjord-prosjektet i Ålesund har hatt høg prioritet. I januar gjennomførte vi møter med alle grunneigarane som har fått pålegg om undersøkingar av miljøgifter i grunnen. Innsendte planar for prøvetaking frå alle lokalitetane har vore til vurdering hos oss for å sikre god standard på gjennomføringa. Alle grunnundersøkingane vart utført i løpet av året og dei aller fleste rapportane vart mottatt innan utgangen av 2015. Vi har deltatt på alle aktuelle møter om opprydding i sjøen i regi av kommune og Miljødirektoratet.

Fylkesmannen har og prioritert å involvere seg i miljømudring ved Fosnavåg hamn, då vi trur at det kan gje verdifull erfaringar til seinare oppryddingsarbeid. Rapport utarbeida av Rambøll hausten 2015 viser at det er mykje grunnforureining i hamneområdet, og det ligg an til at grunneigarane vil få pålegg om å utarbeide tiltaksplanar for opprydding på land før miljømudringa skal utførast.

Eldre rapportar frå prioriterte skipsverftlokalitetar har blitt gjennomgått i år. Vi fann at fleire av desse rapportane hadde betydelege manglar, spesielt med tanke på prøvetetthet og spreingsvurderingar, og har difor sendt ut krav om suppleringar til fleire verft. Dette arbeidet vil fortsette i 2016. Vi har gjennomført tilsyn ved dei siste verfta som ikkje vart besøkt under tilsynsaksjonen i 2014.

Vi ga 12 løyver til mudring, dumping eller utfylling og gjennomførte 4 tilsyn i 2015. Nokre få tiltak har stoppa opp i søknadsprosessen pga. strenge krav til dumping. Vi har òg avdekt tiltak utført utan naudsynte løyve etter forureiningslova. Vi har utarbeida informasjon og rettleiing til nettsida vår slik at det skal vere lettare for tiltakshavarar og kommunar å sette seg inn i regelverk og krav.

### Grunnforureining

Vi har jobba med grunnforureining ved dei prioriterte skipsverfta og i områda rundt Aspevågen i Ålesund (sjå avsnitt om skipsverft og sediment.). Oppryddinga vi påla Sula kommune ved eit gammalt deponi, vart stadfesta ved klagehandsaming hjå Miljødirektoratet i 2014, men tiltak har latt vente på seg. Vi har i år brukt mykje tid på å rettleie kommunen, og oppryddinga vil skje i 2016.

### Akutt forureining

Vi har hatt nokre få hendingar med akutt forureining av mindre karakter som kommunen har handsama utan hjelp frå oss.

I Møre og Romsdal har det vore fleire branntilløp og brannar på avfallsanlegg også i 2015. Desse har skapt akuttutslepp til luft, grunn og resipient. Den største brannen var på eit mottaksanlegg som allereie var under særskild oppfølging frå Fylkesmannen pga store mengder restavfall på lager. Kommunen handterte den akutte brannsituasjonen i lag med politiet. Vi har hatt tett dialog med verksemda underveis.

I Ålesund kommune har det vore ein hendelse med langvarig ulmebrann i ein avfallsilo til eit forbrenningsanlegg. Brannen varte totalt i nesten to månader. Vatn frå overrislingsdyser samla seg opp over tid inne i siloen. I fare for at heile siloen skulle rase saman, måtte verksemda bore hol i siloen for å få slept ut sløkkevatn. Det var hydrogensulfid i vatnet, noko som førte til store luktutslepp til nabolaget. Fylkesmannen har påpeika verksemdas ansvar for å utgreie om utsleppet kan ha ført til andre skadar i området. På slutten av året oppsto ein ny mindre brann i same silo, men vatn frå sløkking vart da leda inn tilbake i omnen, og utan anna akuttutslepp enn mindre mengder røyk som seiv ut gjennom portane. Kommunen handterte den akutte brannsituasjonen i lag med politiet. Vi har hatt tett dialog med verksemda underveis.

### Avfall og gjenvinning

Vi har ein god dialog med avfallsbransjen via Avfallsforum Møre og Romsdal, der vi mellom anna sitt i styret.

Det har vore arrangert to konferansar der vi har deltatt i programkomite og med innlegg.

Vi har i år hatt fokus på tilsyn av anlegg for mottak, sortering og mellomlagring av ordinært avfall for fyrste gong på mange år. Dette har vore nyttig, og vi ser behov for auka fokus òg på denne bransjen. Låg prising, opphopping og ulovlig bruk av avfall ser ut til å vere eit problem fleire stader. Vi har fleire anlegg som er under særskild oppfølging. Desse har det vore svært ressurskrevjande å følgje opp. I slike saker blir ikkje vår arbeidsinnsats dekt inn gjennom gebyr.

I løpet av året har vi utarbeidd ny mal for løyve til deponi. Den gamle malen frå 2007 er utdatert og med ønske om å skilje løyvet til deponi frå andre aktivitetar. Heilt på slutten av året hadde vi møte med dei tre aktive deponia i fylket der vi gikk gjennom malen.

Løyver til handsaming av slam er svært mangelfulle eller manglar heilt i fylket, og her har vi ein stor oppryddingsjobb framover.

### Avfallsplaner i hamner

Som tidlegare meldt har vi ikkje prioritert å sette inn store ressursar for å følgje opp at avfallsplanar blir sendt inn. Vi har framskaffa ein oversikt over hamner i 18 av 36 kommunane i fylket, som utgjør omtrent 350 hamner. Vi har ingen store offentlige trafikkhamner. Antall hamner i fylket er estimert til omtrent 700, og så langt har vi fått inn 7 planar som inkluderer til saman 40 hamner. Ingen har så langt fått godkjent avfallsplan.

### Avløp

Vi har god dialog med dei kommunane som er omfatta av kap. 14. Vi har fått på plass to av fire utsleppsløyver og reknar med å være ferdig med dei to siste våren 2016. I tillegg er det ein kommune som manglar eit anlegg i sitt løyve, dette forventar vi å få oppdatert i 2016. Det er i utsleppsløyva opna opp for ei gradvis tilknytning av eksisterande anlegg og oppdatering av desse samt sanering av anlegg som ikkje tilfredsstillar kravet til reinsing.

Vi har ikkje gjennomført revisjonar eller inspeksjonar av anlegg i år. Vi planlegg å utføre kontrollar etter at anlegga er ferdig innkjørte.

Oppfølging av kommunen som myndigheitsforvaltar innan avløp er svært krevjande i et fylke med mange små kommunar. Vi har ikkje full oversikt, men har inntrykk av at direkte utslepp til sjø er utbredt, og at mange gamle anlegg har svært dårlig reinsegrad. Mange kommunar slit med mangel på kompetanse innan avløp. Nettsida Miljøkommune er eit godt hjelpemiddel for oss når vi skal rettleie kommunane.

### Luftforureining

Vi har ikkje mottatt klage på luftforureining i 2015. Arbeid med luftforureining skjer fyrst og fremst gjennom plan og rettleiing til kommunane. I tillegg følg vi aktivt opp avfallsforbrenningsanlegg og har prioritert kontroll av anlegg for reine brenslar. Aksjonen avdekte at det er behov for betre avklaring rundt kva som kan brukast som reinse brenslar.

### Støy

Støyomsyn i plansaker har vore høgt prioritert i plansakene og er eit av 3 tema der det var flest motsegner i 2015. Dette kallar vi tekniske motsegner, det vil sei at det manglar støyutgreiingar, ikkje avklarande føresegner o.a. Støy er eit aukande problem i arealkonfliktar og det er viktig med konkrete støykrav i planbestemmelsene.

Redusert aktivitet innafor oljenæringa har medført at det i år har kome fleire oljeriggar til land, og som blir liggjande i opplag svært nære bustadar. I Averøy kommune har støy frå riggane har vore svært problematisk for dei næraste naboane. Reguleringsplanane for områda er svært gamle og er ikkje tilpassa denne aktiviteten, og det er ikkje lagt føringar for støy. Kommunelegen, greip tilslutt inn i saka i forhold til folkehelsa i området.

Det er uklar ansvarsfordeling mellom ulike forurensningsmynde når det gjeld ulike typar utslepp frå oljeriggar som ligg til land.

## **Resultatområde 05 Klima**

### Reduksjon av klimagassutslepp

Energieffektivisering i næringslivet følger vi opp i forbindelse med utsleppsløyver, tilsyn og bedriftenes

eigenkontrollrapportering.

Mange kommunar har i sin planstrategiar og samfunnsdelar til kommuneplanen vedteke at dei skal rullere sine klima- og energiplanar. Det var ingen nye planar på høyring i 2015. Vi har fram til no ikkje hatt kapasitet til å gå inn og sjekke gjennomføringsgrad og effekten av eksisterande planer i kvar enkelt kommune.

Mot slutten av året fikk vi på plass ei styrking innafor planområdet som gjer at vi framover skal få meir fokus på koordinering av ulike klimatiltak i forbindelse med planarbeid i kommunane. Dette er noko vi vil ta tak i samråd med Beredskap og Landbruksavdelinga, samt Møre og Romsdal Fylkeskommune.

#### Tilpasning til klimaendringar

Behov for hensyntaking når det gjeld utfordringar knytt til meir ekstremnedbør blir ivareteke gjennom kommuneplanarbeidet. I tillegg har vi teke i bruk ny mal for utleppsløyver for avløpsreinseanlegg, der krav til betre handtering av overvatn i dei største bykommunane er spesifisert.

## **Resultatområde 00 Tverrgående virkemidler**

#### Tilsyn og konsesjonshandsaming

Tilsyn er høgt prioritert og vi har år gjennomført totalt 91 tilsyn. Det siste året har vi hatt meir fokus på erfaringsutveksling for å sikre meir einskapleg praksis internt. Vi deltok på alle tilsynsaksjonar initiert av Miljødirektoratet, noko som er ein fin anledning til å få til betre nasjonal samhandling. Vi deltok på fellesaksjonar innafor vaskeri- og renseri (16 tilsyn), biloppsamlingsplasser (8 tilsyn), mineralavfall (10 brevkontrollar) og mudre- og utfyllingssaker (4 tilsyn). I tillegg har vi hatt interne bransjevise «aksjonar» på dei frekvensbaserte tilsyna for å på den måten få effektivisert aktiviteten. Vi har i år gjennomført 82 inspeksjonar, 4 revisjonar og 5 uttrykkingstilsyn. Gebyrinntekta for tilsyn kom på 1 MNOK.

Uttrykkingstilsyn er ein effektiv måte å handsame klager som kommer inn på verksemdar vi er myndigheit for. Vi ser òg stor nytte i å dra på oppfølgingstilsyn hjå verksemdar med alvorlege avvik.

Vi har òg prioritert arbeidet med oppdatering av gamle konsesjonar, for å sikre meir einskapleg rammer for næringslivet og vilkår i tråd med dagens krav og forventningar. Vi har gitt 38 nye løyver og endra 23. Ein søknad vart avslått fordi området ikkje var regulert til formålet. Det er fakturert for 1,3 MNOK innanfor konsesjonshandsaming.

Gebyrintekta samla vart på 2,3 MNOK, noko som er 0,3 MNOK under budsjett. Gebyrrelatert aktivitet har vore stor i avdelinga men vart meir krevjande enn planlagt på grunn av to langtidssjukemeldingar.

#### Miljøomsyn i planlegging

Blir fulgt opp løpande gjennom planbehandlinga. Vi fører statistikk for kvar plantype og for dispensasjonar som er grunnlaget for ein eigen årsrapport om dette til KMD.

Vi har hatt meir fokus på arbeidet med meir einskapleg praksis, og der vi dei siste åra jobba mykje med å kople saman data frå ulike aktuelle kunnskapsdatabaser, for å kunne lage kartlag for plansjekk etter ulike tema. Det siste temaet som er trekt inn i GisLink er arealplanar som er på høyring. Det gir høve til svært effektiv behandling av plansaker sidan dei fleste relevante temakart er tilgjengeleg i same kartportal som planframlegget.

#### Kunnskapsgrunnlag og miljøinformasjon

Kart og geodata – GIS link: Kartportalen GisLink ([www.gislink.no](http://www.gislink.no)) er ei nettbasert kartteneste som er open for allmenn bruk. Portalen vart etablert i 2004 og er eigd og drifta av fylkesmennene og fylkeskommunane i Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag. GisLink gjev oppdatert informasjon til kommunar, regional forvaltning, private verksemdar og ålmenta.

GisLink er under kontinuerleg utvikling, og vil truleg bli konvertert til nytt format 1. halvår 2016 (HTML5).

Naturbase: Vi har arbeid ein del med kvalitetssikring og oppdatering av data, og har ikkje vesentlege etterslep på data som skal inn i naturbase.

Det er gjort ei re-kartlegging i Rindal kommune. Prosjektet gjaldt mellom anna kvalitetssikring av område som

blei tilrettelagt for naturbase av NINU i 2004 og var ei vidareføring av kartleggingsprosjektet som NINA hadde i kommunen i 2007-2008.

Det er også re-kartlagt lokalitetar med kystlynghei og slåttemark, og gjort registreringar av nye lokalitetar med slåttemark.

Arbeidet med re-kartlegging og kvalitetsheving av naturtypelokalitetar i skog er påbegynt.

Sidan versjon 4.0 av naturbase blei skrinlagt, er det trong til ei vesentleg nysatsing for å betre tilgangen på eksisterande naturdata. I dagens situasjon går det fleire planprosessar der eksisterande kunnskapsgrunnlag ikkje blir fanga opp.

Etter at Miljødirektoratet tok vekk informasjon om hjortevilt og hønefugl frå naturbase, har denne kunnskapen vore etterspurd lokalt både av kommunar og av firma som arbeider med planlegging. Vi ser fram til at dette blir gjort tilgjengeleg att, som ein vesentleg del av kunnskapsgrunnlaget for god planlegging.

Vann-nett: Vann-nett og vannmiljø er sentrale baser for å samanstille kunnskapen om tilhøva i vatn. Det har vore ein krevjande jobb å ferdigstille Vann-nett i samband med at den regionale vassforvaltningsplanen skulle inn i høyringsfasen. Spesielt mykje tid har gått med til arbeidet med sterkt modifiserte vassforekomstar.

Fylkesmannen stiller spørsmål ved om den høge presisjonsgraden og omfanget av det som skal leggest inn i Vann-nett er hensiktsmessig sidan kunnskapsgrunnlaget er så vidt tynt, og skjønnsrommet så stort.

Vannmiljø: Data prioriterast for innlegging ut frå relevans og viktigheit for andre prosessar, men det er eit etterslep i registreringane. Ei tungvint registreringsrutine gjer at data ikkje alltid blir rapportert inn av konsulentar og tiltakshavarar og Fylkesmannen får meir arbeid med dette.

Forureining: Databasen er godt oppdatert og er eit viktig verktøy innan forureiningsområdet. Det er potensiale for å effektivisere arbeidsoppgåver knytt til saksbehandling og tilsyn ved å integrere databasen meir i dette arbeidet.

Grunnforurensning: Vi har haldt Databasen Grunnforureining oppdatert gjennom året. Vi formidlar viktigheita av at saksbehandlarar hjå kommunane også heldt databasen oppdatert. Vi viser då til miljokommune.no for rettleiing. Det er langt fram til at alle kommunane nyttar databasen aktivt. Vi håper at arbeidet som no gjerast for å forbetre databasen også vil hjelpe kommunane i å sjå nytta av å bruke denne aktivt.

## **Ressursrapportering**

<b>Resultatområde</b>	<b>Kapittel 0525</b>	<b>Fagdep.</b>
Naturmangfold	kr 5 246 248,00	kr 3 558 876,53
4 Forurensing	kr 815 938,59	kr 577 206,69
Andre oppgaver under KLD	kr 2 270 745,23	kr 0,00
11 Klima	kr 0,00	kr 0,00
12.2 Tilsyn og konsesjonsbehandling	kr 391 070,12	kr 1 591 399,88
12.3 Kunnskapsgrunnlag og miljøinformasjon	kr 584 572,68	kr 0,00
Sum:	kr 9 308 574,00	kr 5 727 483,00

## **Samferdselsdepartementet**

### **Resultatområde 91 Oppdrag for samferdselsdepartementet**

#### **91.1 Avkjørselssaker etter vegloven**

Fylkesmannen hadde ingen saker på dette området i 2015

## **91.2 Konesjon til anlegg og drift av taubaner**

Fylkesmannen har i 2015 fornya 1 konesjon for taubane.

## **Statens Helsetilsyn**

### **Resultatområde 41 Tilsyn og klagesaksbehandling etter barnevernloven**

#### **41.1 Hendelsesbasert tilsyn**

Fylkesmannen har behandla 24 hendelsesbaserte tilsynssaker i 2015.

#### **41.2 Planlagt tilsyn**

Fylkesmannen har gjennomført tilsyn som systemrevisjon som inngår i Helsetilsynet sitt LOT i 3 barneverntenester. Tilsynet gjaldt kommunane sitt arbeid med meldingar og tilbakemelding til meldar. Eit tilsyn vart gjennomført som systemrevisjon og to som eigenvurderingstilsyn.

Fylkesmannen har hatt fristtilsyn i tre barneverntenester. I den eine tenesta var det gjeve konkrete pålegg og tilsynet har følgd opp at det vart gjennomført.

Fylkesmannen har i 2015 ført tilsyn med 7 barneverninstitusjonar med totalt 17 avdelingar. Det er 5 statlege institusjonar og 2 private. Det har vore i alt 21 tilsynsbesøk.

#### **41.3 Klagesaker**

I 2015 behandla Fylkesmannen i Møre og Romsdal 15 klagar frå bebuarar i institusjon eller frå deira føresette. Alle sakene gjaldt klagar på enkeltvedtak, jf. § 26 første ledd.

#### **41.9 Andre oppdrag**

Fylkesmannen har kontrollert alle slutførte fristskjema frå kommunane. Talet på barnevernsaker har auka i mange år, men frå 2013 har vi ikkje sett denne tendensen.

I 2014 fekk 1830 barn hjelpetiltak og 447 var under omsorg. Så langt vi ser av rapporteringa for 2. halvår 2015, ligg tala omlag på same nivå.

## **Resultatområde 73 Klager på individuelle tjenester etter lov om sosiale tjenester i Nav**

### **73.1 Klager på individuelle tjenester etter lov om sosiale tjenester i Nav**

Fylkesmannen har behandla 158 saker etter lov om sosiale tjenester i NAV (STL).

Vi mottok 85 saker i 2012, 98 i 2013, 107 i 2014 og 162 saker i 2015.

Vedtaket blei stadfesta i 74% av sakene, endra i 14% av sakene og oppheva i 11% av sakene.

90% av sakene er behandla innan 3 månader.

Vi viser elles til rapportering til Statens helsetilsyn for 2015 gjennom NESTOR.

Fylkesmannen hadde i 2015 opplæring i lov og rundskriv for nytilsette i NAV. Opplæringa gikk over 2 dagar. Vi har også delteke med innlegg på NAV Møre og Romsdal sitt innføringskurs for nytilsette i 2015.

Fylkesmannen gjennomførte også ein fagdag om *EØS-borgarar og tenester frå NAV* i samarbeid med NAV Eures. 121 deltok.

I tillegg hadde fylkesmannen to-dagars grunnkurs og to dagars vidaregående kurs i økonomisk rådgiving/gjeldsrådgiving for dei som har slike oppgåver ved NAV-kontora. Fylkesmannen i Hordaland var fagleg ansvarleg for kursa.

Nytt om sosialtenestelova, korleis den er å forstå og skal andvendas, er tema på alle 4 møter med Navleiarar i Møre og Romsdal.

## **Resultatområde 74 Tilsyn etter lov om sosiale tjenester i Nav**

### **74.1 Hendelsesbasert tilsyn**

Vi viser til årsrapport og rapportering i NESTOR til Statens helsetilsyn.

Fylkesmannen får dagleg spørsmål frå folk pr. telefon, brev eller epost om forhold rundt sosialtenestelova i NAV. I dei aller fleste tilfella gir fylkesmannen råd og rettleiing, og det blir ikkje noko sak ut av det.

Fylkesmannen avslutta 6 tilsynssaker i 2015. 3 av sakene blei avslutta utan tilsynsmessig oppfølging etter lokal avklaring. I dei 3 sakene som fekk tilsynsmessig oppfølging, blei det påpeikt lovbrudd i 2 saker og det blei gitt råd/rettleiing i 1 sak.

Saksbehandlingstida for dei 3 sakene med tilsynsmessig oppfølging har variert frå 36 til 175 dagar med median på 1,9 månader.

## 74.2 Planlagt tilsyn

Vi viser her til innsendt samla rapport og planer.

Vi har gjennomført 14 egenvurderingstilsyn til personer mellom 17 - 23 år. Vi hadde planlagt ein systemrevisjon med samme tema, dette ble utsatt til 2016

Vi har også delt erfaringar frå tilsyn + fagleg påfyll i eigen 2 dagers konferanse i 2016 skal NAV kontor som har hatt tilsyn dele sine erfaringer og kva som er gjort for å sikre forsvarleg handtering av KVP

På bakgrunn av ei risikovurdering blei det bestemt at vi skal gjennomføre KVP tilsyn (systemrevisjon) i 2016. Varsel om dette blei sendt to kommunar i desember 2015

I 2015 har vi gitt råd og rettleiing til 3 kommunar der det blei avdekt avvik under KVP systemrevisjon i 2015. To av desse har fått svært tett oppfølging. Den 3dje er ikkje i mål enno. Vi ser at det er ei utfordring for kommunane å forstå korleis dei reint konkret skal få til system og styring.

## Resultatområde 82 Tilsyn og klagesaksbehandling som gjelder helse- og omsorgstjenest

### 82.1 Hendelsesbasert tilsyn

Hendelsesbaserte tilsynssaker:

- 185 tilsynssaker (61 lokal avklaring)
- median saksbehandlingstid 2,5 mnd.

Henvendelser fra politiet:

- Fylkesmannen har i 4-5 saker blitt rådspurt om etterforskning i saker.
- i tillegg har Fylkesmannen bedt Helsetilsynet i en enkeltsak begjære offentlig påtale.

### 82.2 Planlagt tilsyn

Vi gjennomførte 33 tilsyn med helse og omsorgstjenesta. Dei var utvalgt etter risikovurdering. Vi har og valgt å fortsette med 4a tilsyn, og finn etter fleire år dei samme avvika. Pasientane mangler samtykkevurderingar og det er uklart lovforståelse hos dei tilsette. Egenvurderingstilsyn hos primærlegar viste avik på dokumentasjon mht til forskrivning.

### 82.3 Klager på helse- og omsorgstjenester etter pasient- og brukerrettighetsloven m.fl.

Rettighetsklager

117 saker, 97 % innen 3 måneder og 4 saker med saksbehandlingstid på mer enn 4 måneder.

### 82.9 Andre oppdrag

Fylkesmannen har kartlagt organisering av legevaktstjenesten i fylket. Dette gjennom informasjonsinnhenting fra kommuneoverlegene. Sendt orientering til Hdir.

Det blir vist til rapportering for helse- og omsorgstjenestelova i Nestor. Fylkesmannen har ikkje gjennomført

stadlege tilsyn i samsvar med oppdraget. Vi har kun gjennomført stedlige tilsyn i de sakene vi har prioritert spesielt. P.g.a resurssituasjonen har vi øket bemanning med 2 personer fra 2014, men har hatt sykemeldinger og har prioritert saksbehandling som vi i løpet av 2015 har fått god kontroll på. Vi vil prioritere stedlige tilsyn i 2016.

## **Resultatområde 83 Folkehelse**

### **83.2 Planlagt tilsyn**

Det vart ikkje påvist avvik under tilsyna - folkehelse i 2015.

### **83.3 Klagesaker**

Behandlet en klagesak i miljørettet helsevern. Men har likevel hatt flere henvendelser fra enkeltpersoner og kommuner om veiledning i denne type saker. Også tema på kommuneoverlegemøte.

## **Utenriksdepartementet**

### **Resultatområde 92 Oppdrag for Utenriksdepartementet**

#### **92.1 Apostiller**

Fylkesmannen behandla 1491 dokument i 2015.

#### **92.2 Forberedelse av saker om honorære konsuler**

Fylkesmannen har innhenta politiattest og uttale frå kommunen i ei sak fra Utenriksdepartementet, vedkommande godkjenning av Honorær konsul i 2015.

## **Andre**

### **Ressursrapportering**

<b>Resultatområde</b>	<b>Kapittel 0525 Fagdep.</b>	
Andre faglige oppg. på oppd. for statlige virk.	kr 2 154,60	kr 0,00
Andre faglige oppgaver for ikke-statlige virk.	kr 1 200,74	kr 0,00
Sum:	kr 3 355,00	kr 0,00